

LENIN

UTVALGTE VERKER I 12 BIND



**Den
proletariske
revolusjonen
og renegaten
Kautsky**
og andre
artiklar og talar

Oktober

10

Mai 1918—Juni 1919

LENIN
Utvalgte verker i 12 bind
Band 10

Arbeidarar i alle land, gå saman!

LENIN

Utvalgte verker i 12 bind

Band 10

Den proletariske revolusjonen
og renegaten Kautsky
22. mai 1918—juli 1919,
og andre artiklar



FORLAGET OKTOBER A/S
OSLO 1978

LENIN: UTVALGTE VERKER I 12 BIND

Utgjeve i samsvar med 4. russiske utgåva
frå Marx-Engels-Lenin-instituttet
Moskva 1946

Band 10: Den proletariske revolusjonen og renegaten Kautsky,
22. mai 1918—juli 1919 og andre artiklar.

© Forlaget Oktober, Oslo 1978.

1. opplag, 1978.

Prenta hos A/S Duplotrykk, Oslo 1978

ISBN 82-7094-210-3

INNHALD

FØREORD FRÅ FORLAGET.....s.	7
OM HUNGERSNAUDA	
Brev til arbeidarane i Petrograds.	8
TIL ALLE GUVERNEMENTS- OG	
DISTRIKTSSOVJETA.....s.	18
KAMERATAR ARBEIDARAR, FRAM TIL	
DEN SISTE AVGJERANDE KAMPEN!....s.	20
TALE PÅ DAGEN TIL DEI RAUDE OFFISE-	
RANE 24. NOVEMBER 1918s.	25
DEN PROLETARISKE REVOLUSJONEN OG	
RENEGATEN KAUTSKY.....s.	27
Føreord.....s.	29
Korleis Kautsky gjorde Marx om til ein	
vanleg liberalars.	32
Borgarleg og proletarisk demokrati.....s.	45
Kan det vera likskap mellom den utbytta	
og utbyttaren?s.	55
Sovjeta må ikkje våga å verta stats-	
organisasjonars.	63
Den grunnlovgevande forsamlinga og	
Sovjetrepublikkens.	71
Sovjetforfatningas.	81
Kva er internasjonalisme?s.	92
Kryping for borgarskapet forkledd	
som «økonomisk analyse».....s.	108
VEDLEGG I	
Tesar om Den grunnlovgevande forsamlinga .s.	139
VEDLEGG II	

Den nye boka til Vandervelde om staten	s. 145
VUNNE OG BOKFØRT	s. 154
DEN ÅTTANDE KONGRESSEN TIL RKP(b) .	
18.—23. mars 1919	s. 157
2. melding om partiprogrammet 19. mars . .	s. 157
6. melding om arbeidet på landsbygda	
23. mars	s. 181
BREV TIL ARBEIDARANE I PETROGRAD	
OM HJELP TIL AUSTFRONTEN	s. 202
TESAR FRÅ SENTRALKOMITEEN I RUSS-	
LANDS KOMMUNISTISKE PARTI (bolsje-	
vikane) OM STODA PÅ AUSTFRONTEN . .	s. 204
DEN TREDJE INTERNASJONALEN OG	
PLASSEN HANS I HISTORIA	s. 208
HELSING TIL DEI UNGARSKE ARBEIDA-	
RANE	s. 218
AKTA DYKK FOR SPIONAR!	s. 224
EIN STOR OPPTAKT	
Heltemotet til arbeidarane bak fronten,	
«Kommunistiske Subbotnikar»	
NOTAR	s. 261
PERSONREGISTER	s. 275

FØREORD FRÅ FORLAGET

Denne boka er eit band i Lenin-serien *Utvalgte verker i 12 bind* frå Forlaget Oktober.

Dette bandet går inn som nummer 10 i serien. Saman med band 11 tek det for seg perioden frå 1918—1920, dvs. tida med utanlandsk militærintervensjon og borgarkrig.

Dette bandet inneheld talar og skrifter av Lenin frå 22. mai 1918 til juli 1919.

Utvalet i dette bandet og i serien som heilskap svarer til det som vart laga ved Marx-Engels-Lenin-instituttet under rettleiing av Stalin fyrst i 1930-åra. Den utgåva vi gjev ut no, fylgjer den 4. russiske utgåva frå 1946.

Notane og personregisteret bak i boka står forlaget til svars for. Når det gjeld notane nedst på sidene, er Lenins egne ført opp utan signatur, medan notane frå forlaget er merkte med — *Red.*

OM HUNGERSNAUDA

BREV TIL ARBEIDARANE I PETROGRAD¹

Kameratar, her om dagen fekk eg vitjing frå delegaten dykkar, ein partikamerat, ein arbeidar ved Putilov-verka. Denne kameraten la fram eit detaljert og svært opprivande bilete av hungersnauda i Petrograd. Vi veit alle at matsituasjonen er like tilspissa i mange av industriguvernementa, at hungersnauda bankar like hjartelaust på døra til arbeidarane og dei fattige i det heile.

Om side om side med dette finn vi ein orgie av profitorverksemd med korn og andre matvarer. Hungersnauda kjem ikkje av at det ikkje er korn i Russland, men av at borgarskapet og dei rike i det heile strir den siste avgjerande kampen mot herredømet til dei som slit, mot staten til arbeidarane, mot sovjetmakta, om dette spørsmålet som er det viktigaste og mest tilspissa av alle, brødspørsmålet. Borgarskapet og dei rike i det heile, medrekna dei rike på landsbygda, kulakkane, set seg imot kornmonopolet. Dei bryt sund den kornfordelinga staten har sett i verk med dette for auga og i interesse av å forsyna heile folkesetnaden med brød, og i fyrste rekkje å forsyna arbeidarane, dei som slit, dei som treng det. Borgarskapet bryt ned dei faste prisane. Dei spekulerer med korn. Dei gjer ein profitt på eitt hundre, to hundre rublar eller meir på kvart einaste pud* med korn. Dei bryt ned kornmonopolet og ei rett

* *Pud* — russisk vekt mål. Tilsvaerar noko over 16 kg (36 pund).
— *Red.*

fordeling av kornet med å ty til mutingar og korrupsjon og med å gje medviten stønad til alt som peikar i retning av å øydeleggja makta til arbeidarane, som strevar etter å gjera til røyndom det fremste, grunnleggjande og sentrale prinsippet i sosialismen: «Den som ikkje arbeider, skal heller ikkje eta.»

«Den som ikkje arbeider, skal heller ikkje eta» — det forstår kvar einaste slitar. Kvar arbeidar, kvar fattig- og jamvel mellombonde, alle som har kjent naud i livet, alle som nokon gong har levd av sitt eige arbeid, vil seia seg samd i dette. Ni tidelar av folkesetnaden i Russland vil seia seg samde i denne sanninga. I denne enkle, grunnleggjande og fullstendig sjølsagde sanninga ligg grunnlaget for sosialismen, den utømande kjelda til styrken hans, den uknuselege lovnaden om at han skal vinna endeleg siger.

Men det saka gjeld, er at ein ting er å skriva under på denne sanninga, å sverja truskap til henne, å godta henne med munnen. Det er noko heilt anna å vera god for å gjera henne til røyndom. Når hundretusenviis og millionvis av menneske lid hungerskvaler (i Petrograd, i guvernementa utanfor jordbruksområda og i Moskva) i eit land der dei rike, kulakkane og profitørane løyner millionar på millionar av pud med korn — i eit land som kallar seg sjølv ein sosialistisk sovjetrepublikk — då er det noko som kvar einaste medviten arbeidar og bonde må tenkja alvorleg og grundig over.

«Den som ikkje arbeider, skal heller ikkje eta» — korleis skal dette setjast ut i livet? Det er klårt som dagen at for å setja dette ut i livet, krev vi fyrst eit statleg kornmonopol, dvs. absolutt forbod mot all privat handel med korn, tvungen levering av alt kornoverskot til staten til faste prisar, absolutt forbod mot all hamstring og løyning av kornoverskot, same kven som gjer det. For det andre krev vi så streng registrering som råd av alt kornoverskot, lytefri organisering av korntransporten frå stader med overflod til stader med skort, og at det vert bygd opp reservar for forbruk, for foredling

og for såkorn. For det tredje krev vi ei rettvís og skikkeleg fordeling av brød mellom alle innbyggjarar i staten, under kontroll av arbeidarstaten, den proletariske staten — ei fordeling som ikkje vil tillata nokre privilegium eller føremoner for dei rike.

Ein treng berre tenkja som aller snarast over desse vilkåra for å rå med hungersnauda, for å sjå at dei foraktelege anarkistiske skravlekokoppane er botnlaust tåpelige. Dei nektar for at ei statsmakt (og det ei makt som er nådelaustr streng mot borgarskapet og nådelaustr fast mot dei som bryt ned styret) er naudsynt for overgangen frå kapitalismen til kommunismen og for å fri det arbeidande folket frå alle former for undertrykking og utbytting. Nett no står revolusjonen vår direkte, konkret og praktisk framfor oppgåvene med å gjera sosialismen til røyndom. I det ligg den uvurderlege fortienesta hans. Nett no og nett i samband med dette spørsmålet som er det viktigaste av alle spørsmål — spørsmålet om brød — vert det fullstendig klårt at det trengst eit revolusjonært styre av jarn, eit proletariatets diktatur, ei organisering av innsamlinga av matvarer, transporten av dei og fordelinga i masseomfang, i landsmålestokk. Og det må då takast med i rekninga kva som trengst til titals og hundretals millionar menneske. Det må reknast med vilkåra for og resultata av produksjonen i eitt år og mange år frametter (for stundom er det uår, stundom krev jordforbetringar som er naudsynte for å auka kornavlingane fleire års arbeid, og så vidare).

Romanov og Kerenski let etter seg til arbeidarklassen eit land som var fullstendig utarma av rovkrigen, den kriminelle og særskilde fælslege krigen deira, eit land som russiske og utanlandske imperialistar hadde plukka reint. Det vil vera nok brød til alle berre så lenge vi held greie på kvart einaste pud så strengt som råd, berre så lenge kvart einaste pud vert fordelt fullstendig jamnt. Det er og ein akutt mangel på brød til maskinane, dvs. drivstoff. Jarnbanane og fabrikkane vil måtta stogga,

arbeidsløyse og hungersnaud vil føra ulykke over heile nasjonen, dersom vi ikkje set inn alt vi har for å få i stand ei streng og nådelaus sparemd med forbruket og ei skikkeleg fordeling. Vi står framfor ein katastrofe, han er svært nær. Og ein utolande og vanskeleg mai vil verta fylgd av ein endå meir vanskeleg juni, juli og august.

Det statlege kornmonopolet vårt eksisterer i lovs form, men i praksis hindrar borgarskapet det på kvart einaste steg. Den rike på landsbygda, kulakken, parasitten som i tiårsvis har stole frå heile grannelaget sitt, vil helst gjera seg sjølv rik med profitørverksemd og ulovleg spritbrenning. Det gjer så godt for lommeboka hans, og han kan leggja skulda for hungersnanda over på sovjetmakta. Dette er og lina til dei som forsvarar kulakken politisk, dei konstitusjonelle demokratane², dei høgresosialrevolusjonære³ og mensjevikanane⁴. Dei «arbeider» ope og løynt mot kornmonopolet og mot sovjetmakta. Partiet til dei haldningslause, dvs. dei venstresosialrevolusjonære⁵, syner også her kor haldningslause dei er. Dei gjev etter for dei lystne hyla og skrika til borgarskapet, dei skrik ut mot kornmonopolet, dei «protesterer» mot matdiktaturet, dei let borgarskapet få lov å audmykja seg, dei er redde for å slåss mot kulakkane, og dei flagrar hysteriske rundt og rår til at dei faste prisane skal aukast, at privat handel skal tillatast, osb.

Dette partiet til dei haldningslause speglar i politikken av noko som slektar på det som skjer i det vanlege livet, når kulakken eggjar fattigbøndene opp imot sovjeta og mutar dei. Dette gjer dei med, lat oss seia, å la nokre fattigbønder få eit pud korn ikkje for seks, men for tre rublar. Slik kan fattigbonden, som på denne måten har vorte korrupt, «skaffa seg ein slant» med å profitera. Han kan «sno til seg ein skilling» med å selja dette kornpudet til ein profitørpris på eitt hundre og femti rublar, og sjølv verta ein av dei som klandrar sovjeta som har forbode privat handel med korn.

Kvar og ein som er i stand til å tenkja, kvar og ein som er villig til å tenkja lite grann etter, vil sjå klårt kva line denne kampen fylgjer.

Anten vil dei framskridne og klassemedvitne arbeidarane sigra og samla massane av fattigbønder kring seg, få i stand streng orden, eit nådelaut hardt styre, eit verkeleg proletariatets diktatur. — Anten tvingar dei kulakken til å gje etter og innfører ei skikkeleg fordeling av mat og brensle for heile landet.

— Eller så vil borgarskapet, med hjelp frå kulakkane og med indirekte stønad frå dei haldningslause og vasekoppane (anarkistane og dei venstresosialrevolusjonære), styrta sovjetmakta og setja inn ein russisk-tysk eller ein russisk-japansk Kornilov. Han vil stilla folket andsynes ein arbeidsdag på seksten timar, nokre gram brød for veka, masseskyting av arbeidarar og tortur i fangehola, slik det har vore i Finland og Ukraina.

Anten — eller.

Nokon mellomveg finst ikkje.

Landet er i ei sær sars fortvila stode.

Kvar og ein som gjer seg tankar om det politiske livet, kan ikkje unngå å sjå at dei konstitusjonelle demokratane, dei høgresosialrevolusjonære og mensjevikaner held på å koma til ei forståing om kven som ville vera mest «hyggjeleg» av ein russisk-tysk eller ein russisk-japansk Kornilov, om kven som ville knusa revolusjonen mest effektivt og pålitande — ein krona eller ein republikansk Kornilov.

Det er på tide at alle klassemedvitne og framskridne arbeidarar kjem til ei forståing. Det er på tide dei vaknar og innser at kvart einaste minutt med utsetjing kan tyda undergang for landet og undergang for revolusjonen.

Halvgjorde tiltak er til inga nytte. Klager fører oss ingen stad. Freistnader på å sikra seg brød eller brensle «i smått», «kvar for seg», dvs. til «vår» fabrikk, «vår» verkstad, vil berre auka nedbrytinga og gjera det lettare

for profitørane å driva den sjølv gode, skitne og lyssky verksemda si.

Dette, kameratar, arbeidarar i Petrograd, er grunnen til at eg har teke meg den fridomen å retta dette brevet til dykk. Petrograd er ikkje Russland. Arbeidarane i Petrograd er berre ein liten del av arbeidarane i Russland. Men dei er ei av dei beste, mest framskridne, mest klassemedvitne, mest revolusjonære, stødige avdelingane av arbeidarklassen og heile det arbeidande folket i Russland. Dei er av dei som sist vil gje etter for tomme frasar, for haldningslaus fortviling og for audmykingane frå borgarskapet. Og det har hendt ofte ved kritiske stunder i livet til nasjonane at jamvel små framskridne avdelingar frå framskridne klassar har drege resten etter seg, har nørt massane med revolusjonær eldhug og fullført uhorvelege historiske storverk.

«Det var førti tusen av oss ved Putilovverka,» sa delegaten for Petrograd-arbeidarane til meg. «Men fleirtalet av dei var 'mellombels' arbeidarar, ikkje proletarar, og dei var ein upåliteleg, uformeleg hurv. No er det femten tusen att. Men dei er proletarar, og dei er røynte og stålsette i kampen.»

Dette er den sorten fortropp for revolusjonen — i Petrograd og over heile landet — som må la oppropet lyda, og må *reisa seg i lag*. Dei må forstå at berginga for landet ligg i deira hender, at det vert kravd eit heltemot av dei som ikkje er mindre enn det dei la for dagen i januar og oktober 1905 og i februar og oktober 1917. Dei må forstå at det må organiserast eit stort «*korstog*» mot kornprofitørane, kulakkane, snyltarane, dei som skaper kaos og dei som tek imot mutingar, eit stort «*korstog*» mot dei som gjer vald på den strengaste orden i staten når det gjeld å samla inn, transportera og fordela brød til folket og brød til maskinane.

Landet og revolusjonen kan berre bergast gjennom eit massekrafttak frå dei framskridne arbeidarane. Vi treng titusenvi framskridne og stålsette proletarar som er klassemedvitne nok til å forklåra sakene til milliona-

ne av fattigbønder over heile landet og ta leiinga over desse millionane. Vi treng proletarar som er faste nok til utan miskunn å kasta ut frå rekkjene sine og skyta alle som let seg «freista» — noko som verkeleg hender — av freistingane til å profitera og vender seg om frå å kjempa for saka til folket til å verta røvarar. Vi treng proletarar som er stødige nok og trugne nok mot revolusjonen til å bera på organisert måte alle tyngslene med *korstoget* og føra det ut til alle landsendar for å oppretta orden, for å grunnfesta dei lokale organa til sovjetmakta, og for å føra kontroll i lokalsamfunna med kvart einaste pud med korn og kvart einaste pud med brenslé.

Det er så visst vanskelegare å gjera dette enn å syna heltemot nokre få dagar utan å forlata den vante staden sin, utan å gje seg med i eit korstog, å avgrensa seg til eit impulsivt opprør mot det idiotiske ubeistet Romanov eller tosken og skrytmakaren Kerenski. Heltemot som vert synt i langvarig og seigt organisasjonsarbeid på nasjonalt plan, er uendeleg meir vanskeleg enn heltemot som vert synt i eit opprør, men det står og uendeleg mykje høgare. Men styrken i partia til arbeidarklassen, styrken til arbeidarklassen, har alltid lege i at dei ser faren djervt, endeframt og ope i andletet, at dei ikkje er redde for å vedgå faren, og vurderer nøkternt kreftene i leiren «vår» og i «den andre» leiren, leiren til utbytтарane. Revolusjonen går frametter, han utviklar seg, og han veks. Oppgåvene vi står andsynes veks og. Kampen veks seg breiare og djupare. Brød og brenslé skal fordelast skikkeleg, det skal skaffast til vege større mengder av dei, og *arbeidarane* skal føra sær s streng rekneskap og kontroll med dei på nasjonalt nivå — dette er det røynglege og viktigaste forspelet til sosialismen. Det er ikkje lenger ei «allmenn revolusjonær» oppgåve, men ei *kommunistisk* oppgåve, ei oppgåve som krev at det arbeidande folket og dei fattige utfordrar kapitalismen til eit avgjerande slag.

Og dette slaget er verd at det får all den styrken ein

har. Vanskane er store. Men det er og saka vi kjempar for: å avskaffa undertrykking og utbytting.

Når folket svelt, når arbeidsløysa vert stendig verre, då er kvar og ein som løyner eit ekstra pud med korn, kvar og ein som held eit pud med brenslé unna staten, ein gjennomført brotsmann.

I ei slik tid — og for eit verkeleg kommunistisk samfunn er dette alltid tilfelle — er kvart einaste pud korn og brenslé i sanning heilag, og det endå meir enn dei heilage tinga prestane nyttar for å forvirra tankane til dumme folk når dei lovar dei himmerike som løn for slaveri på jord. Og for å fri denne verkeleg heilage tingen frå alle restar av «heilagskapen» til prestane, må vi *eigna han til oss praktisk*. Vi må få til skikkeleg fordeling av han i *praksis*, vi må samla inn alt som finst av han utan unntak. Kvart einaste grann overskotskorn må førast inn til statslagra. *Heile landet må sopast reint* for kornoverskot som vert halde løynt eller ikkje er kome på lager. Vi treng den faste handa til arbeidaren for å stramma opp alt arbeidet med å auka produksjonen av drivstoff, og å tryggja så stor sparsemd som råd med drivstoffet og så stor effektivitet som råd når det skal transporterast og forbrukast.

Vi treng eit masse-«korstog» av dei framskridne arbeidarane til kvar einaste viktig produksjonsstad for korn og brenslé, til kvart einaste viktig knutepunkt for tilførsel og fordeling — eit masse-«korstog» for å auka arbeidsinnsatsen til det tidoble, for å hjelpa dei lokale organa for sovjetmakta med rekneskap og kontroll og radera ut profitørverksemd, mutingar og slendrian med våpenmakt. Dette er inga ny oppgåve. Historia stiller eigentleg ikkje opp nye oppgåver. Alt ho gjer er å auka omfanget og siktemåla med dei gamle oppgåvene etter som siktemåla for revolusjonen, vanskane i han og det storfelte i dei verdshistoriske måla for han aukar.

Eit av dei største og urikkande resultata av Oktober-revolusjonen — sovjetrevolusjonen — er at den framskridne arbeidaren, *som leiaren* for dei fattige, *som lei-*

aren for dei massane som slit på landsbygda, *som den som byggjer opp staten til slitarane*, har «gått ut mellom folket». Petrograd og andre proletariske sentra har gjeve tusenvis på tusenvis av dei beste arbeidarane sine til landsbygda. Avdelingane som kjempar mot slike som Kaledin og Dutov, og matavdelingane, er ikkje noko nytt. Men katastrofen er så nær og stoda så tilspissa, at det tvingar oss til å gjera *ti gonger meir enn før*.

Når arbeidaren vart leiar for fortroppen til dei fattige, vart han ikkje med det nokon helgen. Han leidde folket framover, men han vart og smitta av den sjukdommen som heiter småborgarleg oppløysing. Di færre avdelingar det var av dei best organiserte, mest klassemedvitne, mest disiplinerte og stødigaste arbeidarane, di oftare utarta desse avdelingane, di oftare sigra småeigarinstinkta frå fortida over det proletarisk-kommunistiske medvitet for framtida.

Når arbeidarklassen har teke til med den kommunistiske revolusjonen, kan han ikkje på ein blunk kasta til sides veikskapane og lastene han har arva frå samfunnet til godseigarane og kapitalistane, samfunnet til utbyttarane og snyltarane, det samfunnet som byggjer på skitten egoisme og personleg vinning for nokre få og fattigdom for dei mange. Men arbeidarklassen kan sigra over den gamle verda med hennar laster og veikskapar — *og til sist vil han sikkert og uunngåeleg sigra over henne*, dersom det vert sett inn stendig større avdelingar av arbeidarar mot fienden, avdelingar som er stendig meir opplyste av røynslene og herda gjennom påkjenningane i kampen.

Slik og berre slik er tilstanden i Russland i dag. Kvar for oss og splitta vil vi ikkje vera i stand til å rå med hungersnauda og arbeidsløysa. Vi treng eit masse-«korstog» av framskridne arbeidarar til kvar einaste kant av dette veldige landet. Vi treng ti gonger fleire *jarnavdelingar* av proletariatet. Dei skal vera klassemedvitne og grenselaust brennhuga for kommunismen. Då vil vi sigra over hungersnauda og arbeidsløysa. Då

skal vi gjera revolusjonen til eit verkeleg forspel til sosialismen, og då skal vi og vera i den stillinga at vi kan føra ein sigerrik forsvarskrig mot dei imperialistiske gribbane.

22. mai 1918

N. Lenin

Pravda nr. 101,
24. mai 1918

Prenta i samsvar
med *Pravda*-teksten

TIL ALLE GUVERNEMENTS- OG DISTRIKTSOVJETA

Det vi må gjera dersom fienden gjer åtak på Den russiske føderative sovjetrepublikken, som har prova den *faste* fredsviljen sin.

(Direktiv til alle lokale sovjet og heile folkesetnaden)

I Ukraina har det hendt meir enn ein gong at bøndene og arbeidarane har sett seg imot at gods skal transporterast vekk eller øydeleggjast, av di dei har vona å kunne ha att noko for seg sjølve. Dei vart hardt straffa. Okkupantane tok alt: Korn, krøtter, kol, metall og maskinar, og førde det til Tyskland. Dømet frå Ukraina bør vera ein avskrekkande lærdom for heile Russland.

Dersom fienden freistar gå til offensiv, har den lokale folkesetnaden difor plikt på seg til å utføra den fylgjande ordren på det strengaste under leiing av dei lokale sovjeta:

I fyrste rekkje må alle depota som hæren har, sendast vekk. Alt som ikkje kan sendast vekk, må brennast eller sprengjast.

Korn og mjøl må sendast vekk eller gravast ned. Det som ikkje kan gravast ned, må øydeleggjast.

Buskapen må drivast vekk.

Maskinar må sendast vekk, anten heile eller demonterte. Det som ikkje kan sendast vekk, må øydeleggjast.

Metall som ikkje er transportert vekk, må gravast ned.

Lokomotiv og jarnbanevogner må førast vekk.

Skinneene må rivast opp.

Bruene må minerast og sprengjast.

Skogar og åkrar i ryggen på fienden må setjast i brann.

Frammarsjen til fienden må gjerast vanskeleg med al-

le krefter og middel. Det må leggjast ut bakhald. Skytevåpen og blanke våpen må takast i bruk.

Områda bak fronten må tryggjast. Difor må alle spionar, provokatørar, kvitegardistar og kontrarevolusjonære svikarar som beinveges eller omveges stør fienden, utryddast utan unntak.

2. juni 1918

Formannen i Den allrussiske sentrale
eksekutivkomiteen

J. Sverdlov

Formannen i Rådet for folkekommissærer

V. Uljanov (Lenin)

Prenta i *Pravda* nr. 54

23. februar 1942

KAMERATAR ARBEIDARAR, FRAM TIL DEN SISTE AVGJERANDE KAMPEN!

Sovjetrepublikken er omringa av fiendar. Men han vil slå fiendane sine både innanlands og utanlands. Mellom det arbeidande folket er det alt merkande ei stigande stemning som vil tryggja sigeren. Vi ser alt kor ofte det kjem gneistar og eksplosjonar frå den revolusjonære storbrannen i Vest-Europa, og det gjev oss forsikring om at sigeren for revolusjonen til arbeidarane i verda ikkje er langt unna.

Den ytre fienden til Den russiske sosialistiske sovjetrepublikken nett no er den britiske, franske, amerikanske og japanske imperialismen. Denne fienden går til åtak på Russland. Han plyndrar landområda våre, har teke Arkhangelsk og har rykt fram frå Vladivostok til Nikolsk-Ussuriiski (dersom vi skal tru dei franske avisene). Denne fienden har muta generalane og offiserane i det tsjekkosllovakiske regimentet.⁶ Denne fienden går til åtak på det fredelege Russland like vilt og grådig som tyskarane gjorde i februar. Den einaste skilnaden er at britane og japanarane er ute etter å ta og plyndra russisk land og å styrta sovjetstyret slik at dei kan «reisa opp att fronten», dvs. på nytt å dra Russland inn i den imperialistiske krigen (eller enklare: røvar-krigen) mellom Storbritannia og Tyskland.

Dei britiske og japanske kapitalistane ynskjer å setja inn att makta til godseigarane og kapitalistane i Russland, for å dela det byttet som er vunne i krigen med dei. Dei ynskjer å lekkjebinda dei russiske arbeidarane og bøndene til den britiske og franske kapitalen. Dei

ynskjer å pressa ut av dei renter for dei milliardane dei har gjeve i lån, og å sløkkja ut logen til den sosialistiske revolusjonen som har brote ut i vårt land og som trugar med å spreia seg over heile verda.

Dei ville britiske og japanske imperialistane er ikkje sterke nok til å okkupera og leggja Russland under seg. Jamvel nabolandet vårt, Tyskland, er ikkje sterkt nok til det. Det synte den «røynsla» dei gjorde i Ukraina. Britane og japanarane rekna med å ta oss på senga. Det glapp. Arbeidarane i Petrograd fylgt av arbeidarane i Moskva, og etter Moskva av arbeidarane i heile det sentrale industriområdet, reiser seg stendig meir samla, held ut stendig betre, syner større mot og vert stendig fleire. Dette er eit sikkert teikn på at vi vil vinna.

Då dei britiske og japanske kapitalistiske røvarane sette i gang åtaket sitt på det fredelege Russland, rekna dei og med ein allianse med den indre fienden til sovjetstyret. Vi veit alle kven denne indre fienden er. Det er kapitalistane, godseigarane, kulakkane og deira avkom, som hatar styret til arbeidarane og dei arbeidande bøndene — dei bøndene som ikkje syg blodet av sambygdingane sine.

Ei bølge av kulakkopprør feiar over Russland. Kulakken hatar sovjetstyret som pesten og er budd på å hengja og massakrera hundretusenvís av arbeidarar. Vi veit svært godt at dersom kulakkane skulle få overtaket, ville dei slakta ned hundretusenvís arbeidarar utan nåde i allianse med godseigarane og kapitalistane. Dei ville få i stand att øydeleggjande tilhøve for arbeidarane, oppheva åttetimarsdagen og gje verkstadene og fabrikkane attende til kapitalistane.

Det var det som hende i alle tidlegare europeiske revolusjonar. Veikskapen til arbeidarane førte då med seg at kulakkane lyktes i å venda tilbake frå ein republikk til eit monarki, frå eit styre av det arbeidande folket til tyranniet til utbyttaarane, dei rike og snyltarane. Dette hende rett framfor augo våre i Latvia, Finland, Ukraina og Grusia. Overalt gjekk dei griske, oppblåsne

og dyriske kulakkane i lag med godseigarane og kapitalistane imot arbeidarane og imot dei fattige i det heile. Overalt let kulakkane hemntrongen sin gå ut over arbeidarklassen med utruleg villskap. Overalt gjekk dei i lag med *dei utanlandske kapitalistane* mot arbeidarane i sitt eige land. Slik er det kadettane, dei høgresosial-revolusjonære og mensjevikane har gått fram. Vi treng berre minnast storverka deira i «Tsjekkoslovakia».⁷ Slik var det dei venstresosialrevolusjonære og gjekk fram i den grove dumskapen og haldningssløysa si då dei gjorde opprør i Moskva og på den måten gav hjelp til kvitegardistane i Jaroslavl og tsjekkarane og dei kvite i Kazan. Det er ikkje til å undrast over at Kerenski og venene hans, dei franske imperialistane, lovprisa desse venstresosialrevolusjonære.

Det finst ingen tvil. Kulakkane er ville fiendar av sovjetstyret. Anten massakrerer kulakkane store mengder arbeidarar, eller så undertrykkjer arbeidarane nådeløst opprøra som det rovgriske kulakkmindretallet av folket har gjort mot styret til det arbeidande folket. Nokon mellomveg kan ikkje finnast. Fred kan det ikkje vera tale om: Jamvel om dei har kringla, kan kulakken lett koma til ei semje med godseigaren, tsaren og presnten, men *aldri* med arbeidarklassen.

Det er grunnen til at vi kallar kampen mot kulakkane den *siste*, avgjerande kampen. Det tyder ikkje at det ikkje kan verta mange fleire kulakkopprør, eller at det ikkje kan koma mange fleire åtak på sovjetstyret frå den utanlandske kapitalismen. I orda *siste* kampen ligg det at den siste og største av *utbyttarklassane* har gjort opprør mot oss i vårt land.

Kulakkane er dei mest brutale, kjenslelause og ville utbyttarane. I historia til andre land har dei frå tid til anna sett inn att makta til godseigarane, tsarane, presntane og kapitalistane. Kulakkane er meir talrike enn godseigarane og kapitalistane. Like fullt er dei eit mindretal.

Lat oss gå ut ifrå at det er kring femten millionar

bondefamiliar i Russland, om vi tek Russland slik det var før røvarane tok frå henne Ukraina og andre land-område. Av desse femten millionane er truleg ti millionar fattige bønder som lever av å selja arbeidskrafta si eller lever i trældom under dei rike, eller manglar overskot på korn og har vorte svært utarma som følgje av børene av krigen. Om lag tre millionar må ein sjå som mellombønder, medan knapt to millionar er kulakkar, rike bønder, kornprofitørar. Desse blodsugarane har vakse seg rike på den nauda folk har lidd i krigen. Dei har sopa inn tusenvis og hundretusenvis av rublar med å skruva prisane på korn og andre produkt i været. Desse edderkoppene har vakse seg feite på kostnaden til dei bøndene som krigen har ruinert, på kostnaden til dei sveltande arbeidarane. Desse blodiglene har soge blodet av det arbeidande folket og vorte rikare etter som arbeidarane i byane og fabrikkane har svolte. Desse vampyrane har samla jordeigedomane på sine hender, dei held fram å slavebinda dei fattige bøndene.

Nådelaus krig mot kulakkane! Død over dei! Hat og forakt for dei partia som forsvarar dei, dei høgresosial-revolusjonære og mensjevikane, og dei venstresosial-revolusjonære av i dag! Arbeidarane må knusa opprøret til kulakkane med jarnhand, kulakkane som går inn i ein allianse med dei utanlandske kapitalistane mot det arbeidande folket i sitt eige land.

Kulakkane gjer seg føremon av fåkunna, mangelen på samhald og isolasjonen mellom fattigbøndene. Dei eggjar dei opp mot arbeidarane. Stundom mutar dei dei med å gje dei høve til å «skaffa seg ein slant», eit hundre rublar eller så, med å profitera i korn (til same tid som kulakkane stel mange tusen rublar frå fattigbøndene). Kulakkane freistar vinna stønad frå mellombøndene, og stundom lykkast dei.

Men det er ingen grunn til at arbeidarklassen skulle krangla med mellombonden. Arbeidarane kan ikkje koma over eins med kulakken, men dei kan freista få til, og dei freistar få til, ei *semje* med mellombonden.

Arbeidarregjeringa, bolsjevikregjeringa, *har prova* det i gjerning.

Vi prova det med å vedta lova om «sosialisering av jorda» og føra henne ut i livet strengt. Den lova inneheld *ei lang rekkje* konsesjonar til interessene og synspunkta til mellombonden.

Vi prova det (for eit par dagar sidan) med å *tredobla* kornprisane,⁸ for vi innser fullt ut at inntektene til mellombonden ofte slett ikkje står i høve til prisane på fabrikkvarer i desse dagar, og *må* aukast.

Ein kvar klassemедvitен arbeidar vil forklåra dette for mellombonden, og tolmодig, uthaldande og stendig på nytt slå fast for han at sosialismen fører uendeleg større føremoner med seg for han enn eit styre av tsarane, godseigarane og kapitalistane.

Arbeidarregjeringa har aldri gjort urett og vil aldri gjera urett mot mellombonden. Men regjeringa til tsarane, godseigarane, kapitalistane og kulakkane gjorde ikkje alltid berre urett mot mellombonden. Dei beintfram kjøvde, plyndra og ruinerte han. Og dette er sant i alle land utan unntak, medrekna Russland.

Programmet til den klassemедvitне arbeidaren er så nær allianse som råd og fullstendig einskap med fattigbøndene. Det er konsesjonar til og semje med mellombøndene. Det er nådelaus undertrykking av kulakkane, desse blodsugarane, vampyrane, folkeplyndrarane og profitørane, som feiter seg på hungersnauda. Slik er politikken til arbeidarklassen.

Skreven i fyrste halvdelен
av august 1918
Fyrst prenta 17. januar 1925
i *Rabotsjaja Moskva* nr. 14

Prenta i
samsvar med
manuskriptet

TALE PÅ DAGEN TIL DEI RAUDE OFFISERANE 24. NOVEMBER 1918⁹

(Tordnande applaus, «Internasjonalen» vert sunge.)

Eg helsar dykk på vegne av folkekommissærane. Alltid når eg tenkjer over oppgåvene for hæren vår og dei raude offiserane, minnest eg noko som hende på eit tog på dei finske jarnbanane for ikkje så lenge sidan.

Eg la merke til at passasjerane smilte til noko ei gammal finsk kvinne sa, så eg bad nokon om å omsetja det. Ho jamførte dei revolusjonære soldatane med dei gamle soldatane og sa at dei fyrste verna dei fattige, medan dei andre hadde verna interessene til borgarskapet og godseigarane. «Tidlegare måtte den fattige betala dyrt for kvar einaste vedpinne han tok utan løyve,» sa den gamla kona. «Men når du møter ein soldat i skogen i dag, vil han jamvel gje deg ei handsrekning med vedbøra di. Du treng ikkje vera redd mannen med børsla lenger,» sa ho.

Eg trur det er vanskeleg å tenkja seg at den raude hæren kan få nokon betre attest enn denne.

Storparten av dei gamle offiserane var dei bortskjemte og utskjemde yndlingssønene til kapitalistane. Dei hadde ingen ting sams med den menige soldaten. Når vi no byggjer den nye hæren vår, må vi derfor velja offiserane våre berre mellom folket. Berre raude offiserar vil vinna nokon respekt mellom soldatane og vera i stand til å styrkja sosialismen i hæren vår. Ein slik hær vil vera uovervinneleg.

Izvestia nr. 258
26. november 1918

Prenta i samsvar
med *Izvestia*-teksten

DEN PROLETARISKE REVOLUSJONEN OG RENEGATEN KAUTSKY¹⁰

FØREORD

Brosjyren til Kautsky, *Proletariatets diktatur*, som nyleg er komen ut i Wien (Wien 1918, Ignaz Brand, 63 s.), er eit særst lysande døme på den fullstendige og skamlause fallitten til Den andre internasjonale,¹¹ den som alle ærlege sosialistar i alle land har tala om i lang tid. Den proletariske revolusjonen tek no til å verta eit praktisk spørsmål i ei rekkje land. Derfor er det svært viktig å granska renegatsofismen* til Kautsky og den fullstendige forsakinga hans av marxismen.

Men aller fyrst må det strekast under at heilt frå krigens tok til, har han som skriv dette ei rekkje gonger peika på at Kautsky har brote med marxismen. Fleire artiklar frå tida mellom 1914 og 1916 i *Sotsial-Demokrat*¹² og *Kommunist*¹³, som kom ut utanlands, tok for seg dette emnet. Desse artiklane vart seinare samla og gjeve ut av Petrograd-sovjetet under tittelen *Mot straumen* av G. Sinovjev og N. Lenin (Petrograd 1918, 550 sider). I ein brosjyre som kom ut i Genève i 1915 og samstundes vart omsett til tysk og fransk,** skreiv eg fylgjande om «kautskyanismen»:

«Kautsky, den leiande autoriteten i Den andre internasjonale, er eit særst typisk og slåande døme på korleis ei godtaking av marxismen i ord, i praksis har ført til at han vert snudd om til 'struvisme' eller 'brentanoisme' (dvs. til ein borgarleg-liberal teori som godtek den

* *Sofisme* — spissfindig ordkløyving. — *Red.*

** Sjå Lenin «Sosialisme og krig» (1915), Forlaget Oktober 1976, s. 20—21.

ikkje-revolusjonære 'klasse'-kampen til proletariatet. Han vart uttrykt klårast av den russiske skribenten Struve og den tyske økonomen Brentano). Eit anna døme er Plekhanov. Med hjelp av openberr sofisme vert marxismen ribba for den revolusjonære levande anda si. *Alt* vert godkjend i marxismen *utanom* dei revolusjonære kampmetodane, propagandaen og førebuingane for desse metodane, og oppsedinga av massane i denne leia. Kautsky 'forsonar' på ein prinsipplaus måte den grunnleggjande ideen i sosialsjåvinismen, godtaking av forsvar for fedrelandet i den krigen som no er i gang, med diplomatiske narrekonsesjonar til venstrefløya — han avstår frå å røysta for krigskredittar, han hevdar i ord at han står i opposisjon, osb. I 1909 skreiv Kautsky ei bok om tidbolken med revolusjonar som nærmar seg og om samanhengen mellom krig og revolusjon. I 1912 skreiv han under på Baselmanifestet¹⁴ om å nytta krigen som truga til føremon for revolusjonen. Men no overgår han seg sjølv i å rettferdiggjera og skjønsmåla sosialsjåvinismen. Liksom Plekhanov går han i lag med borgarskapet og gjer narr av kvar einaste tanke om revolusjon og alle steg i retning av den beinveges revolusjonære kampen.

Arbeidarklassen kan ikkje spela den verdshistoriske rolla si utan at han fører ein nådelaus kamp mot dette fråfallet, denne haldningsløysa, denne undergjevnaden for opportunismen og denne makelause forflatinga av dei marxistiske teoriane. Kautskyanismen er ikkje noko slumpetreff. Han er det samfunnsmesige produktet av motsetningane innan Den andre internasjonale, ei blanding av lojalitet mot marxismen i ord og underkasting for opportunismen i handling.» (G. Sinovjev og N. Lenin: *Sosialisme og krig*, Geneve 1915, s. 13—14).

Vidare. I boka mi *Imperialismen, det nyaste stadiet i kapitalismen**, som vart skriven i 1916 og kom ut i

* Dette var det opphavslege namnet på *Imperialismen, det høgaste stadiet i kapitalismen*. — Red.

Petrograd i 1917, gjekk eg i detalj igjennom den teoretiske feilslutninga i alle argumenta til Kautsky om imperialismen. Eg siterte Kautskys definisjon av imperialismen: «Imperialismen er eit produkt av den høgt utvikla industrielle kapitalismen. Den har sin grunn i at kvar einaste industriell kapitalistisk nasjon strevar etter å vinna kontroll over eller å annektera alle store *jordbruksområde* (understreka av Kautsky), utan omsyn til kva nasjonar som bur der.» Eg synta kor fullstendig feil denne definisjonen er, og korleis han var «tillempa» for å dekkja over dei mest grunnleggjande motseiingane i imperialismen, og deretter til forsoning med opportunisten. Eg gav min eigen definisjon på imperialismen: «Imperialisme er kapitalisme på det utviklingssteget då herredømet til monopola og finanskapitalen er grunna, då kapitaleksporten har vorte avgjort viktig, då dei internasjonale trustane har teke til å dela verda mellom seg, og då oppdelinga av alle landområda på kloten mellom dei største kapitalismaktene er fullført.» Eg synta at kritikken Kautsky gjev av imperialismen, ligg på eit endå lågare plan enn den borgarlege og spissborgarlege kritikken.

Til sist, i august og september 1917 — det vil seia før den proletariske revolusjonen i Russland (25. oktober — (7. november) — 1917) — skreiv eg ein brosjyre (som kom ut i Petrograd fyrst i 1918) med tittelen *Staten og revolusjonen. Den marxistiske teorien om staten og oppgåvene til proletariatet i revolusjonen**. I kapittel VI i den boka, det som ber overskrifta «Korleis opportunistane vulgariserer marxismen», har eg gjeve Kautsky særskilt merksemd. Eg synta at han hadde forvrengt ideane til Marx fullstendig, gjort om på dei slik at dei høvde til opportunisten, og at han hadde «fornekta revolusjonen i gjerning medan han godkjende han i ord».

* «Staten og revolusjonen» (1917), *Utvalgte verker i 12 bind*, b. 8, Forlaget Oktober 1976. — Red.

I grunnlaget ligg dei viktigaste teoretiske mistaka Kautsky gjer i brosjyren sin om proletariatets diktatur i desse opportunistiske forvrengingane av ideane til Marx om staten — dei forvrengingane eg avslørte i detalj i brosjyren min *Staten og revolusjonen*.

Desse innleiande merkandene var naudsynte, for dei syner at eg skulda Kautsky for å vera renegat* *lenge før* bolsjevikane tok statsmakta og han fordømde oss for det.

KORLEIS KAUTSKY GJORDE MARX OM TIL EIN VANLEG LIBERALAR

Det grunnleggjande spørsmålet Kautsky drøftar i brosjyren sin gjeld sjølve kjernen i den proletariske revolusjonen, nemleg proletariatets diktatur. Dette er eit særskild viktig spørsmål for alle land, særleg for dei framskridne, særleg for dei krigførande, og særleg i desse dagar. Ein kan seia utan å vera redd for å overdriva at dette er nøkkelproblemet for heile den proletariske klassekampen. Det er difor naudsynt å ta det for seg særskilt.

Kautsky stiller spørsmålet slik: «Motsetninga mellom dei to sosialistiske straumdraga» (dvs. det bolsjevikiske og det ikkje-bolsjevikiske) «er motsetninga mellom to fullstendig ulike metodar: Den *diktatoriske* og den *demokratiske*» (s. 3).

Lat oss i forbifarten peika på at Kautsky kallar dei som ikkje er bolsjevikar i Russland, dvs. mensjevikane og dei sosialrevolusjonære, sosialistar. Då rettar han seg etter *namna* deira, dvs. etter eit ord, og ikkje etter den *røynelege stillinga* dei tek i kampen mellom proleta-

* *Renegat* — svikar, fråfallen. — Red.

riatet og borgarskapet. For ein storarta måte å forstå og nytta marxismen på! Men meir om dette seinare.

No må vi ta for oss hovudpunktet, nemleg den store oppdaginga Kautsky har gjort om den «grunnleggjande motsetninga» mellom «demokratiske og diktatoriske metodar». Dette er kjernen i saka, det er dette som er det vesentlege i brosjyren til Kautsky. Og det er ei så forferdeleg teoretisk ugreie, ei slik fullstendig forsaking av marxismen at ein må vedgå at Kautsky har overgått Bernstein til gagns.

Spørsmålet om proletariatets diktatur er eit spørsmål om tilhøvet mellom den proletariske staten og den borgarlege staten, mellom det proletariske demokratiet og det borgarlege demokratiet. Ein skulle tru dette var ei soleklår sak. Men Kautsky liknar ein skulemeister som er vorten knusktørr etter å ha sitert dei gamle historiebøkene gong på gong. Han vender difor hardnakka ryggen til det tjuande hundreåret og andletet mot det attande. For hundreogfyrste gong tygg han på utruling keisamt vis i løpet av fleire punkt drøv på den gamle lekse om tilhøvet mellom det borgarlege demokratiet og eineveldet og mellomalderen!

Det høyrest nett ut som han tygg småstein i søvne!

Men dette tyder at han mislykkast fullstendig i å forstå kva som er kva! Ein kan ikkje anna enn smila av freistnadene til Kautsky på å få det til å sjå ut som om det finst folk som preikar «forakt for demokratiet» (s. 11) og så bortetter. Det er den slags tøv Kautsky nyttar for å skoddeleggja og forvirra saka. Han talar på same måte som liberalarane. Han talar om demokrati allment og ikkje om *borgarleg* demokrati. Han unngår jamvel å nytta denne presise klassenemninga og freistar i staden å tala om «før-sosialistisk» demokrati. Denne pratmakaren nyttar nestan ein tredel av brosjyren sin, tju sider av sekstitre, på dette tøvet som er så hyggeleg for borgarskapet. Dette er jamgodt med å stasa opp det borgarlege demokratiet og å tilsløra spørsmålet om den proletariske revolusjonen.

Men trass i alt er tittelen på brosjyren til Kautsky *Proletariatets diktatur*. Alle veit at dette er sjølv *kjernen* i læra til Marx. Etter ei mengd tøv som ikkje har noko med saka å gjera, *måtte* også Kautsky sitera orda til Marx om proletariatets diktatur.

Men den *måten* «marxisten» Kautsky gjorde det på, var ein rein farse! Berre høyr:

«Dette synet» (som Kautsky kallar «forakt for demokratiet») «kviler på eit einaste ord av Karl Marx». Dette er ordrett det Kautsky seier på side 20. Og på side 60 tek han opp att det same til og med i den forma at dei (bolsjevikane) «mintes lagleg det vesle ordet» (det er bokstaveleg det han seier — *des Wörtchens!!*) «om proletariatets diktatur som Marx ein gong nytta i eit brev i 1875».

Her er det «vesle ordet» til Marx:

«Mellom det kapitalistiske og det kommunistiske samfunnet ligg perioden med den revolusjonære omforminga av det eine til det andre. Til dette svarar og ein politisk overgangsperiode då staten ikkje kan vera noko anna enn proletariatets revolusjonære diktatur.»*

Aller fyrst: Å kalla dette klassiske resonnementet til Marx, som summerer opp heile den revolusjonære læra hans, «eit einskild ord» og jamvel «eit lite ord», er ei forærming mot og fullstendig oppgjeving av marxismen. Det må ikkje gløymast at Kautsky kjenner Marx nestan utanat, og skal ein døma etter alt han har skrive, har han i skrivebordet eller i hovudet sitt ei rekkje småskuffar der alt Marx nokon gong skreiv, er så omhugsammt arkivert at det ligg klårt til å siterast. Kautsky *må* *vita* at både Marx og Engels i breva sine så vel som i dei trykte verka sine *ei rekkje gonger* tala om proletariatets diktatur, både før og særleg etter Pariskommunen. Kautsky må kjenna til at nemninga «proletariatets diktatur» berre er ei meir historisk konkret og vit-

* Sjå Marx, *Kritikk av Gotha-programmet*, Forlaget Oktober 1977, s. 26. — *Red.*

skapleg nøyaktig formulering av oppgåva til proletariatet med å «knusa» den borgarlege statsmaskinen. Dette snakka både Marx og Engels om *i førti år*, mellom 1852 og 1891, kvar gong dei summerte opp røynslene frå revolusjonen i 1848, og endå meir frå 1871.

Korleis kan ein forklåra denne uhyrlege forvrenginga som denne marxistiske pedanten Kautsky har gjort av marxismen? Når det gjeld dei filosofiske røtene til dette fenomenet, er det jamgodt med å setja eklektisisme* og sofisme i staden for dialektikken. Kautsky er ein gamal meister i den slags skifting. Sett ut ifrå ein praktisk politisk synsstad, er det jamgodt med å leggja seg på rygg for opportunistane, det vil i siste omgang seia for borgarskapet. Etter at krigen braut ut, har Kautsky hatt ein så snøgg framgang i denne kunsten å vera marxist i ord og ein lakei for borgarskapet i gjerning, at han no er vorten ein virtuos* på dette området.

Ein vert endå meir overtydd om dette når ein går igjennom den storveges måten som Kautsky «tolkar» «det vesle ordet» til Marx om proletariatets diktatur på. Berre høyr:

«Marx forsømde diverre å syna oss i større detalj korleis han tenkte seg dette diktaturet ...» (Dette er tvers igjennom ein løgnfrase frå ein renegat, for faktisk gav Marx og Engels oss ei heil rekkje svært utførlege rettleiingar, som Kautsky, den marxistiske pedanten, med vilje har oversett.) «Bokstavleg tyder ordet diktatur at demokratiet skal avskaffast. Men sjølv sagt bokstavleg sett tyder dette ordet også at ein einskild person sit med all makt utan å vera bunden av lover i det heile — eit eineherredøme som skil seg frå despotiet berre

* *Eklektisisme* — å velja ut einskilddelar (tankar) frå ulike system og setja dei saman att som ein sjølv finn det for godt. — *Red.*

* *Virtuos* — stor meister (vert særleg nytta om musikarar med svært god teknikk). — *Red.*

på den måten at det ikkje er tenkt som nokon varig statsinstitusjon, men som eit mellombels naudtiltak.

Uttrykket proletariatets diktatur, som såleis ikkje er diktaturet til eit einskild individ, men til ein klasse, gjer det *i seg sjølv* umogleg at Marx i denne samanhengen tenkte seg eit diktatur i den bokstavlege tydinga av uttrykket.

Her talar han ikkje om noka *styreform*, men om ein *tilstand*, som naudsynleg vil veksa fram overalt der proletariatet har vunne politisk makt. At Marx ved dette høvet ikkje hadde noka styreform i tankane, vert prova av at han meinte overgangen i Storbritannia og Amerika kunne skje fredeleg, dvs. på ein demokratisk måte.» (s. 20)

Vi har med vilje gjeve att dette resonnementet i heilskap, slik at lesaren kan sjå klårt kva metodar «teoretikaren» Kautsky nyttar.

Kautsky valde å ta for seg spørsmålet på ein slik måte at han tok til med å definera «ordet» diktatur.

Vel og bra. Kvar og ein har ein ukrenkjande rett til å ta for seg eit spørsmål på den måten han sjølv tykkjer best om. Vi må berre skilja mellom ein alvorleg og ærleg og ein uærleg tilnærmingssmåte. Kvar og ein som ynskjer å ta det alvorleg når han tek for seg spørsmålet på denne måten, må gje *sin eigen definisjon* av «ordet». Då vert spørsmålet stilt klårt og greitt. Men det gjer ikkje Kautsky. «Bokstavleg,» skriv han, «tyder ordet diktatur avskaffing av demokratiet.»

For det fyrste er dette ingen definisjon. Dersom Kautsky ynskje å unngå å gje ein definisjon av omgrepet diktatur, kvifor valde han då nett denne måten å nærma seg spørsmålet på?

For det andre er det klårt og tydeleg feil. For ein liberalar er det naturleg å tala om «demokrati» allment. Men ein marxist vil aldri gløyma å spørja: «For kva for ein klasse?» Alle veit til dømes (og «historikaren»

Kautsky veit det og) at oppreistar eller jamvel sterk gjæring mellom slavane i oldtida straks avslørte at oldtidsstaten i sitt vesen var eit *slaveeigardiktatur*. Avskaffa dette diktaturet demokratiet *mellom*, og *for* slaveeigarane? Alle veit at det gjorde det ikkje.

«Marxisten» Kautsky kom med denne uhyrleg meiningslause og usanne utsegna av di han «*gløynde*» klassekampen ...

For å gjera den liberale og usanne påstanden til Kautsky om til ein marxistisk og sann påstand, må ein seia: Diktatur tyder ikkje med naudsyn at demokratiet vert avskaffa for den klassen som utøvar diktaturet over andre klassar. Men det det verkeleg tyder, er at demokratiet vert avskaffa (eller sterkt avgrensa materielt, noko som og er ei form for avskaffing) for den klassen som diktaturet vert utøvd over eller imot.

Men same kor sann denne påstanden er, gjev han ikkje nokon definisjon av diktatur.

Lat oss ta for oss den neste setninga til Kautsky:

«Men sjølvsagt, bokstaveleg sett tyder dette ordet også at ein einskild person sit med all makt utan å vera bunden av lover i det heile ...»

På same måten som ein blind hvalp som snusar på måfå fyrst i ei retning og så i ei anna, snublar Kautsky tilfeldig over *ein* sann ide (nemleg at diktatur er eit styre som ikkje er bunde av lover i det heile). *Like fullt let han vera* å gje nokon definisjon på diktatur, og i tillegg gjorde han ein tydeleg historisk tabbe, nemleg at diktatur tyder herredømet til ein einskild person. Dette er jamvel grammatisk feil, sidan diktatur òg kan utøvast av ei handfull personar, eller av eit oligarki*, eller av ein klasse, osb.

Kautsky går så vidare til å peika på skilnadene mellom diktatur og despoti. Men sjølv om det han seier er

* *Oligarki* — fåmannsvelde. — *Red.*

opplagt feil, vil vi ikkje hefta oss bort med det i og med at det ikkje har noko å seia for det spørsmålet som interesserer oss. Alle kjenner til korleis Kautsky har det med å venda seg bort frå det tjugande hundreåret og til det attande, og frå det attande hundreåret til den klassiske oldtida. Og vi vonar at når det tyske proletariatet har nådd fram til diktaturet sitt, vil dei minnast korleis han har hug til dette og nemna han ut til lat oss seia lærar i oldtidshistorie ved eitt eller anna gymnas. Å freista koma seg unna å definera proletariatets diktatur med filosofering om despoti*, er anten grov dumskap eller svært klossete juks.

Resultatet vert som vi ser at Kautsky, som har sett seg føre å drøfta diktaturet, ramsa opp ei mengd openberre lygner, men nokon definisjon kom han ikkje med! Like vel kunne han i staden for å lita på åndsevne sine ha nytta minnet sitt til å henta ut frå «småskuffane» alle dei døma der Marx talar om diktatur. Hadde han gjort det, ville han for visst ha kome fram til anten fylgjande definisjon eller til ein som i det vesentlege fell saman med han:

Diktatur er eit herredøme som byggjer beinveges på valdsmakt og er ubunde av lover i det heile.

Det revolusjonære diktaturet til proletariatet er eit herredøme som er vunne og halde oppe med valdsbruk frå proletariatet mot borgarskapet, eit herredøme som er ubunde av lover i det heile.

Denne enkle sanninga, ei sanning som er soleklår for kvar einaste klassemedviten arbeidar (som representerer folket, og ikkje eit øvre lag av småborgarlege slynglar som er muta av kapitalistane, slik sosialimperialistane i alle land er), denne sanninga, som er opplagt for kvar einaste representant for dei utbytta klassane som kjempar for å verta fri, denne sanninga som er udiskutabel for kvar marxist, må ein «dra ut med makt» frå

* *Despoti* — eineveldig hardstyre. — *Red.*

den sprenglærde hr. Kautsky! Korleis kan det forklårast? Rett og slett med den spyttseikarhaldninga som leiarane for Den andre internasjonale, som kryp og smeikjer stakkarsleg i tenesta til borgarskapet, er gjennomsyra av.

Fyrst gjorde Kautsky ein lur vri då han forkynnte det openbert meiningslause at ordet diktatur bokstavleg tala tyder diktaturet til ein einskild person. Så kunngjorde han med denne lure vrien som grunnlag at orda til Marx om diktaturet til ein klasse «fylgjeleg» *ikkje* var meint bokstavleg (men i ei tyding der diktatur ikkje inneber revolusjonær valdsbruk, men å vinna fleirtalet «fredeleg» under det borgarlege — merk dykk det — «demokratiet»).

Ein må nemleg skilja mellom ein «tilstand» og ei «styreform». Det er eit storveges djuptgåande skilje. Det er som å dra eit skilje mellom «tilstanden» av dumskap hos ein mann som tenkjer toskete og «forma» for dumskapen hans.

Kautsky *finn det naudsynt* å tolka diktatur som ein «tilstand av herredøme» (dette er det ordrette uttrykket han nyttar alt på neste sida, s. 21) for då *forsvinn den revolusjonære valdsbruken og den valdelege revolusjonen*. «Tilstanden av herredøme» er ein tilstand som alle fleirtal finn ut at dei lever i ... eit «demokrati»! Takk vere ein slik svindel *forsvinn* lykkelegvis *revolusjonen* glad og nøgd!

Men svindelen er for grov, og han vil ikkje berga Kautsky. Ein kan ikkje løyna den kjensgjerninga at diktatur føreset og ber i seg ein «tilstand» som renegatar tykkjer svært dårleg om, ein tilstand med *revolusjonær valdsbruk* frå ein klasse mot ein annan. Det er skire meiningsløysa å dra eit skilje mellom ein «tilstand» og ei «styreform». Å tala om styreformer i denne samanhengen er trefald tåpeleg. Kvar einaste skulegut veit at monarki og republikk er to ulike styreformer. Det er naudsynt å forklåra hr. Kautsky at *båe* desse styreformene, liksom alle overgangs-«styreformer» under kapi-

talismen berre er variantar av den *borgarlege staten*, det vil seia av *borgarskapets diktatur*.

Til sist. Å tala om styreformer er ikkje berre ei tåpeleg, men og ei svært grov forfalsking av Marx, som her tala svært klårt om denne eller hin *statsforma*, og ikkje om styreformer.

Den proletariske revolusjonen er umogleg utan at den borgarlege statsmaskinen vert øydelagt med valds-makt og *ein ny* vert sett i staden for han. Denne nye er, med orda til Engels, «ikkje lenger er ein stat i den eigentlege tydinga av ordet».*

Men av di han er ein renegat, må Kautsky tilsløra og lyga om alt dette.

Sjå på kva slag stakkarslege tilsnikingar han nyttar. Den fyrste tilsnikinga: «At Marx ved dette høvet ikkje hadde noka styreform i tankane, vert prova av at han meinte overgangen i Storbritannia og Amerika kunne skje fredeleg, dvs. på ein demokratisk måte.»

Styreforma har absolutt ingen ting med dette å gjera, for det finst monarki som ikkje er typiske for den borgarlege *staten*, til dømes slike som ikkje har nokon militærklick, og det finst republikkar som er heilt typiske i så måte, t.d. slike som har ein militærklick og eit byråkrati. Dette er ei allment kjent historisk og politisk kjensgjerning, og Kautsky kan ikkje forfalska henne.

Dersom Kautsky hadde ynskt å argumentera på alvorleg og ærleg vis, kunne han ha spurt seg sjølv: Finst det historiske lover i samband med revolusjonen som ikkje kjenner nokon unntak? Og svaret ville ha vore: Nei, det finst ingen slike lover. Slike lover gjeld berre for det typiske, for det Marx ein gong kalla den «ideelle» i tydinga den gjennomsnittlege, normale typiske kapitalismen.

Vidare: Var det noko i syttiåra som gjorde England og Amerika til unntak *i høve til det vi no diskuterer?*

* Sjå brev frå Engels til Bebel 18.—28. mars 1875, Marx-Engels *Verk*, b. 34, tysk utg. 1973, s. 125—131. — *Red.*

Det vil vera klårt for alle som i det heile kjenner dei kra-
va vitskapen stiller når det gjeld dei historiske problema
at dette spørsmålet må stillast. Å la vera å stilla det er
jamgodt med å forfalska vitskapen, å gje seg til med so-
fisme. Og når spørsmålet er stilt, kan det ikkje rå no-
kon tvil om svaret:

Proletariatets revolusjonære diktatur er *vald* mot
borgarskapet. Og det vert *særskilt* tvingande naudsynt
med slik vald, slik Marx og Engels ei rekkje gonger har
forklára i detalj (særleg i *Borgarkrigen i Frankrike** og i
forordet til han), ved at det finst *militarisme* og *byrå-
krati*. Men det var nett desse institusjonane som *ikkje
fanst* i Storbritannia og Amerika i syttiåra, då Marx
gjorde undersøkingane sine (dei finst for visst i Storbri-
tannia og Amerika *no*)!

Kautsky må beint fram ty til svindel ved kvart einaste
steg for å dekkja over fråfallet sitt!

Og legg merke til korleis han av vanvare synte heste-
hova då han skreiv: «fredeleg, *dvs. på ein demokratisk
måte*»!

Då Kautsky definerte diktatur, freista han så godt
han kunne å løyna for lesarane det grunnleggjande sær-
draget i dette omgrepet, nemleg revolusjonær *valds-
bruk*. Men no kjem sanninga fram: Spørsmålet gjeld
motsetninga mellom *fredelege* og *valdelege revolusjo-
nar*.

Dette er kjernen i saka. Kautsky må ty til alle desse
tilsnikingane, sofisteriet og forfalskingane berre for å
frita seg sjølv frå *valdeleg* revolusjon og for å løyna at
han fråseier seg revolusjonen, at han går over på sida til
den *liberale* arbeidarpolitikken, *dvs. på sida til borgar-
skapet*. Dette er kjernen i saka.

«Historikaren» Kautsky forfalskar historia så skam-

* Sjå Marx, «Borgarkrigen i Frankrike» (1871) i Marx-Engels *Verk*,
b. 17, tysk utg. 1976, s. 313—366, og Engels, Innleiing til Marx,
«Borgarkrigen i Frankrike» (1891) i Marx-Engels *Verk*, b. 22, tysk
utg. 1976, s. 188—200. — *Red.*

meleg at han «gløymer» den grunnleggjande kjensgjer-ninga at den førmonopolistiske kapitalismen — som i røynda nådde høgdepunktet sitt i syttiåra — merkte seg ut med eit relativt sett høgsmål av godhug for fred og fri-dom, som fylgje av dei grunnleggjande *økonomiske* særdraga sine, som vart mest typisk uttrykt i Storbri-tannia og i Amerika. På den andre sida særmerkjer im-perialismen, dvs. monopolkapitalismen som modnast endeleg fyrst i det tjugande hundreåret, seg ut ifrå dei grunnleggjande *økonomiske* særdraga sine med eit minstemål av godhug for fred og fridom, og med ei maksimal og altfemnande utvikling av militarismen. Å «oversjå» dette når ein drøftar i kor stor grad ein frede-leg eller valdeleg revolusjon er typisk eller sannsynleg, er å krøkja seg i hop til å stå på line med ein heilt ordi-nær lakei for borgarskapet.

Andre tilsnikinga: Pariskommunen var eit proletaria-tets diktatur, men han vart vald med *allmenn* røyste-rett, dvs. utan å ta røysteretten frå borgarskapet, dvs. «*demokratisk*». Og Kautsky seier triumferande: «...Proletariatets diktatur var for Marx» (eller ifylgje Marx) «ein tilstand som med naudsyn fylgjer av det rei-ne demokratiet, dersom proletariatet er i fleirtal» (*bei überwiegendem Proletariat*, s. 21).

Dette argumentet til Kautsky er så fornøyeleg at ein verkeleg vert plåga av ei sann *embarass de richesses* (ei rådløyse som skriv seg frå den rikdomen ... av innven-dingar som kan reisast mot det). For det fyrste er det velkjent at blomen, generalstaben, dei øvre sjikta av borgarskapet, flykta frå Paris til Versailles. I Versailles var «sosialisten» Louis Blanc — noko som forresten provar at påstanden til Kautsky om at «alle straum-drag» i sosialismen tok del i Pariskommunen er feil. Er det ikkje latterleg å framstilla kløyvinga av innbuarane i Paris i to krigførande leirar, der det eine femnde om heile den militante og politisk aktive delen av borgar-skapet, som eit «reint demokrati» med «allmenn røy-sterett»?

For det andre førte Pariskommunen krig mot Versailles som arbeidarregjeringa i *Frankrike* mot den borgarlege regjeringa. Kva har «reint demokrati» og «allmenn røysterett» å gjera med det, når Paris avgjorde lagnaden til Frankrike? Då Marx gav uttrykk for det synet at Pariskommunen hadde gjort eit mistak då dei ikkje tok hand om den banken som hørde heile Frankrike til,* gjekk han då ikkje vekk ifrå prinsippa og praksisen i «det reine demokratiet»?

Faktisk er det tydeleg at Kautsky skriv i eit land der politiet forbyd folk å le «i samanstimlingar», elles ville Kautsky ha vorte drepen av spotten.

For det tredje er eg så fri å minna hr. Kautsky, som kan Marx og Engels utanboks, om fylgjande vurdering som Engels gav av Pariskommunen sett ut ifrå ... «det reine demokratiet»:

«Har desse herrane (dei anti-autoritære) nokon gong sett ein revolusjon? Ein revolusjon er visseleg det mest autoritære som finst til. Det er ei handling der ein del av folkesetnaden tvingar viljen sin på den andre delen med hjelp av rifler, bajonettar og kanonar. Alt dette er i høgste grad autoritære hjelpemiddel. Og det partiet som sigrar, må halde herredømet sitt oppe med hjelp av den skrekken som våpna deira fører over på dei reaksjonære. Ville Pariskommunen ha vara meir enn ein dag om han ikkje hadde bruka autoriteten til det væpna folket mot borgarskapet? Kan vi ikkje tvert om klaga han for at han gjorde for lite bruk av autoriteten?»**

Her er det «reine demokratiet» dykkar! Tenk korleis Engels ville ha gjort narr av den vulgære småborgaren, «sosialdemokraten» (i den franske tydinga frå førtiåra og i den allmenne europeiske tydinga frå 1914—18) som

* Sjå Engels, Innleiing til Marx, «Borgarkrigen i Frankrike» (1871) i Marx-Engels *Verk*, b. 22, tysk utg. 1972, s. 196. — *Red.*

** Sjå Engels, «Om autoritet» (1873) i Marx/Engels *Verk*, b. 18, tysk utg. 1976, s. 308. — *Red.*

fekk det føre seg at han skulle tala om «reint demokrati» i eit klassesdelt samfunn!

Men det greier seg. Det er umogleg å rekna opp all den ulike meiningsløysa til Kautsky, sidan kvar einaste setning han kjem med er ein botlaus avgrunn av fråfall.

Marx og Engels analyserte Pariskommunen særskild detaljert og synta at fortienestene hans låg i freistnaden på å knusa, å bryta sund det «ferdiglaga statsmaskineriet». Marx og Engels såg denne konklusjonen som så viktig at dette var den *einaste* forandringa dei innførte i 1872 i det (delvis) «forelda» programmet i *Det kommunistiske manifestet*.^{*} Marx og Engels synta at Pariskommunen hadde avskaffa hæren og byråkratiet, hadde avskaffa *parlamentarismen*, hadde øydelagt «denne snyltarutveksten, staten», osb. Men den vise Kautsky dreg på seg nattlua og tek opp att eventyret om «reint demokrati» som liberale professorar har fortalt tusen gonger.

Det er ikkje å undrast at Rosa Luxemburg 4. august 1914 kunngjorde at det tyske sosialdemokratiet var eit *stinkande lik*¹⁵.

Tredje tilsnikinga: «Når vi talar om diktaturet som ei styreform, kan vi ikkje tala om diktaturet til ein klasse, sidan ein klasse, som vi alt har peika på, berre kan herska, men ikkje regjera ...» Det er «organisasjonar» eller «parti» som regjerer.

Dette er ei røre, ei forferdeleg røre, hr. «rørete rådgjevar»! Diktatur er inga «styreform», det er tåpeleg tullprat. Og Marx talar ikkje om «styreforma», men om forma eller typen *stat*. Det er noko heilt ulikt, noko fullstendig ulikt. Det er og heilt feil å seia at ein *klasse* ikkje kan regjera. Noko så meiningslaust kunne berre ha vorte uttrykt av «ein parlamentarisk idiot» som ikkje ser noko anna enn borgarlege parlament og ikkje legg merke til noko anna enn «regjeringsparti». Kva

^{*} Sjå Marx og Engels, *Det kommunistiske partis manifest*, Forlaget Oktober 1975, s. 7. — Red.

som helst europeisk land kan forsyna Kautsky med døme på at ein herskande *klasse* regjerer, til dømes godseigarane i mellomalderen, trass i at dei var utilstrekkeleg organiserte.

For å summera opp: Kautsky har på ein måte som ikkje har sitt like, forvrent omgrepet proletariatets diktatur og har gjort Marx om til ein vanleg liberalar. Det vil seia at han har sjølv sokke ned på nivået til ein liberalar som kjem med banale frasar om «reint demokrati», stasar opp og dekkjer over klasseinnhaldet i det *borgarlege* demokratiet, og vik framfor alt unna for at den undertrykte klassen skal nytta *revolusjonær vald*. Med å «tolka» omgrepet «proletariatets revolusjonære diktatur» på ein slik måte at han fjernar den revolusjonære valdsbruken til den undertrykte klassen mot undertrykkarane sine, har Kautsky slege verdsrekorden i liberal forvrenging av Marx. Renegaten Bernstein har synt seg som ein liten kvalp jamført med renegaten Kautsky.

BORGARLEG OG PROLETARISK DEMOKRATI

Det spørsmålet som Kautsky har røra til så skammeleg står i røynda slik:

Dersom vi ikkje skal gjera narr av sunt folkevett og av historia, er det berrsynt at vi ikkje kan tala om «reint demokrati» så lenge som det finst ulike *klassar*. Vi kan berre tala om *klassedemokrati*. (Lat oss i parentes seia at «reint demokrati» ikkje berre er ein *fåkunnig* frase som avslørar manglande forståing både for klassekampen og for kva natur staten har. Men det er og ein tvers igjennom innhaldslaus frase, sidan demokratiet i det kommunistiske samfunnet vil *visna bort* i endringsprosessen og verta ein vane, men aldri verta «reint» demokrati.

«Reint demokrati» er ein frase som er full av lygn frå ein liberalar som ynskjer å narra arbeidarane. Historia kjenner eit borgarleg demokrati som kjem i staden for føydalismen, og eit proletarisk demokrati som kjem i staden for det borgarlege demokratiet.

Når Kautsky brukar dusinvis av sider på å «prova» den sanninga at det borgarlege demokratiet er progressivt jamført med mellomaldertilhøva, og at proletariatet tvillaust må nytta det ut i kampen sin mot borgarskapet, er det i røynda berre liberalt vas som er meint på å narra arbeidarane. Dette er sjølvsaagt, ikkje berre i det opplyste Tyskland, men og i det uopplyste Russland. Kautsky kastar rett og slett «lærd» skit i augo på arbeidarane når han med viktig mine talar om Weitling og jesuittane i Paraguay og mange andre ting *for å unngå* å fortelja om den *borgarlege* kjernen i det moderne, dvs. *kapitalistiske*, demokratiet.

Kautsky tek frå marxismen det som er godtakande for dei liberale, for borgarskapet (kritikken av mellomalderen og den progressive historiske rolla til kapitalismen allment og til det kapitalistiske demokratiet særskilt). Han forkastar, går stilt forbi, dekkjer til alt det som *ikkje er godtakande* for borgarskapet i marxismen (den revolusjonære valdsbruken til proletariatet mot borgarskapet for at det skal øydeleggjast). Dette er grunnen til at Kautsky i kraft av den objektive stillinga si og utan omsyn til kva subjektiv overtyding han kan ha, uunngåeleg provar at han er ein lakei for borgarskapet.

Sjølv om det borgarlege demokratiet er eit stort historisk framsteg jamført med mellomaldertilhøva, vil det alltid vera, og er under kapitalismen nøydd til å vera snevert, innskrenka, falskt og hyklende, eit paradisi for dei rike og ei snare og eit svik mot dei utbytta, mot dei fattige. Det er denne sanninga, som er ein heilt vesentleg del av læra til Marx, som «marxisten» Kautsky ikkje har griedd å skjøna. Når det gjeld dette spørsmålet — det grunnleggjande — tilbyd Kautsky «søtsaker» for

borgarskapet i staden for vitskapleg kritikk av dei vilkåra som gjer kvart einaste borgarleg demokrati til eit demokrati for den rike.

Lat oss fyrst minna den høglærde hr. Kautsky om dei teoretiske påstandane til Marx og Engels som denne pedanten så skammeleg har «gløymt» (for å gleda borgarskapet) og så forklåra saka så populært som mogleg.

Ikkje berre den antikke staten og føydalstaten, men og «den moderne representative staten er eit instrument for at kapitalen skal kunne utbytta lønsarbeidet» (Engels i verket sitt om staten).* «Sidan staten berre er ein overgangsinstitusjon som vert brukt i kampen, i revolusjonen, for å halda motstandarane nede med makt, blir det reint tullprat å snakka om ein 'fri folkestad'. Så lenge proletariatet *treng* staten, *treng* det han ikkje i interessene til fridomen, men for å halda motstandarane sine nede, og så snart det vert råd å snakka om fridom, vil staten i seg sjølv slutta å vera til.» (Engels, i brevet sitt til Bebel 28. mars 1875.) «Men i røynda er ikkje staten anna enn ein maskin ein klasse nyttar for å undertrykkja ein annan. Og det gjeld ikkje mindre den demokratiske republikken enn monarkiet.» (Engels: Innleiing til *Borgarkrigen i Frankrike* av Marx.)** Allmenn røysterett er «eit gradmål for kor moden arbeidarklassen er. *Det kan ikkje verta meir og kjem aldri til å verta meir i den staten vi no har.*» (Engels i verket sitt om staten).*** Hr. Kautsky tygg på svært keisamt vis drøv over fyrste delen av denne påstanden som er godtakande for borgarskapet. Men den andre delen, som vi

* Sjå Engels, «Opphavet til familien, staten og privateigedomen» (1884) i Marx/Engels *Verk*, b. 21, tysk utg. 1975, s. 167. — Red.

** Sjå Engels, Innleiing til Marx, «Borgarkrigen i Frankrike» (1891) i Marx/Engels *Verk*, b. 22, tysk utg. 1972, s. 199, — Red.

*** Sjå Engels, «Opphavet til familien, privateigedomen og staten». (1884) i Marx/Engels *Verk*, b. 21, tysk utg. 1975, s. 168. — Red.

har utheva og som ikkje er godtakande for borgarskapet, går Kautsky stilt forbi!) «Kommunen skulle vera eit arbeidande ... og ikkje eit parlamentarisk organ. Det skulle vera utøvande og lovgjevande på same tid ... I staden for at den allmenne røysteretten skulle avgjera ein gong kvart tredje eller sjette år kva medlemer av den herskande klasse som skulle uttrykkja og undertrykkja (ver- und zertreten) folket i nasjonalforsamlinga, skulle han tena folket som var delt inn i kommunar, liksom den individuelle røysteretten tener kvar ein annan arbeidskjøpar som søkjer arbeidarar, formenn og bokholdarar til næringsverksemda si.» (Marx i verket sitt om Pariskommunen, *Borgarkrigen i Frankrike*). *

Kvar einaste ein av desse påstandane, som den høg-lærde hr. Kautsky kjenner svært godt til, er eit slag i andletet hans og berrlegg fråfallet hans. Ingen stad i brosjyren sin legg Kautsky for dagen den minste forståing for desse sanningane. Heile brosjyren hans er rein spott imot marxismen!

Ta dei grunnleggjande lovene til dei moderne statane, ta administrasjonen deira, ta forsamlingsfridomen, pressefridomen eller «likskap for lova for alle statsborgarar». Då vil ein sjå prov overalt for hykleriet i det borgarlege demokratiet, det kvar einaste ærleg og klassemedviten arbeidar kjenner så godt. Det er ikkje ein einaste stat, same kor demokratisk han er, som ikkje har smutthol eller atterhald i forfatninga si der borgarskapet får garantert at det vert mogleg å senda troppar mot arbeidarane, å innføra unntakstilstand og så frametter, i tilfelle av «forstyrring av offentleg orden», og i røynda i tilfelle den utbytta klassen «forstyrrar» den slavebundne tilstanden sin og freistar oppføra seg som noko anna enn slavar. Kautsky stasar opp det borgarlege demokratiet skamlaust, og let til dømes vera å nemna korleis det særskildt demokratiske og republikanske borgarska-

* Sjå Marx, «Borgarkrigen i Frankrike» (1871), i Marx/Engels *Verk*, b. 17, tysk utg. 1976, s. 339—40. — *Red.*

pet i Amerika og Sveits tek seg av streikande arbeidrarar.

Den vise og lærde Kautsky held stilt om desse sakene! Denne lærde politikaren skjønar ikkje at det er forakteleg å halda stilt om denne saka. Han likar betre å fortelja arbeidarane eventyr om slikt som at demokrati tyder «å verna mindretalet». Det er ikkje til å tru, men det er ei kjensgjerning! I det herrens år 1918, i femte året av den verdsfemnande imperialistiske nedslaktinga og strøypinga av internasjonalistiske mindretal (dvs. slike som Renaudel og Longuet, Scheidemann og Kautsky, Henderson og Webb osv.) i alle «demokratia» i verda, syng den lærde hr. Kautsky svært, svært søte lovsongar om å «verna mindretalet». Dei som er interesserte kan lesa dette på side 15 i brosjyren til Kautsky. Og på side 16 fortel dette lærde ... individet dykk om whigane og toryane i England i attande hundreåret*!

For ein storarta lærdom! For ei raffinert kryping for borgarskapet! For ein sivilisert måte å liggja på magen framfor kapitalistane og sleika støvlane deira! Om eg var Krupp eller Scheidemann eller Clemenceau eller Renaudel, ville eg ha betalt hr. Kautsky fleire millionar, ha løna han med judaskyss, lovprisa han framfor arbeidarane og gått sterkt inn for «sosialistisk einskap» med «respektable» menn som han. Å skriva brosjyrar mot proletariatets diktatur, å snakka om whigane og toryane i England i attande hundreåret, å hevda at demokrati tyder «å verna mindretalet» og halda stilt om *pogromane*** mot internasjonalistane i den «demokratiske» republikken Amerika — er ikkje det å utføra lakeitene-ste for borgarskapet?

* *Whigane og toryane* — parti i det britiske parlamentet. Toryane representerte godseigarinteressene, whigane det framveksande borgarskapet. — *Red.*

** *Pogrom* — organisert forfylgjing, særleg nytta om jødeforylgjingane i Aust-Europa. — *Red.*

Den lærde hr. Kautsky har «gløymt» — truleg tilfeldig — ein «bagatell», nemleg at det styrande partiet i eit borgarleg demokrati berre let vernet om mindretalet femna om eit anna *borgarleg* parti, medan proletariatet i alle *alvorlege, djuptgripande og grunnleggjande* saker vert møtt med unntakstilstand eller pogromar i staden for «vern av mindretalet». *Di meir utvikla eit demokrati er, di meir overhengande trugar pogromar eller borgarkrig i samband med kvar djuptgåande politisk usemje som er farleg for borgarskapet.* Den lærde hr. Kautsky kunne ha studert denne «lova» om det borgarlege demokratiet i samband med Dreyfussaka¹⁶ i det republikanske Frankrike, i samband med lynsjing av negrar og internasjonalar i den demokratiske republikken Amerika, med dømet Irland og Ulster i det demokratiske Storbritannia¹⁷, med hetsen mot bolsjevikane og gjennomføringa av pogromar mot dei i april 1917 i den demokratiske republikken Russland. Eg har med vilje valt døme ikkje berre frå krigstida, men og frå førkrigstida, fredstida. Men den sleiske hr. Kautsky vil heller lata att augo for desse kjensgjerningane frå tjugande hundreåret, og i staden fortelja arbeidarane vidunderleg nye, merkverdig interessante, uvanleg lærerike og utruleg viktige ting om whigane og toryane i attande hundreåret!

Ta det borgarlege parlamentet. Kan det tenkjast at den lærde Kautsky aldri har høyrte at di *høgare* demokratiet er utvikla, di *meir* vert dei borgarlege parlamenta underlagt børsane og bankierane? Dette tyder ikkje at vi ikkje må gjera bruk av det borgarlege parlamentet (bolsjevikane gjorde betre bruk av det enn truleg noko anna parti i verda, for i 1912—14 vann vi heile arbeidarkurien i den fjerde думаen)¹⁸. Derimot tyder det at berre ein liberalar kan gløyma dei *historiske avgrensingane og den mønsterbundne naturen* til det borgarlege parlamentariske systemet slik Kautsky gjer det. Jamvel i den mest demokratiske borgarlege staten møter det undertrykte folket for kvart einaste steg den skrikande

motseiinga mellom den *formelle* likskapen som «demokratiet» til kapitalistane kunngjer, og dei tusenvis av *verkelege* avgrensingar og smutthol som gjer proletarane til *lønsslavar*. Det er nett denne motseiinga som opnar augo på folk for kor rote og full av lygn og hykleri kapitalismen er. Det er denne motseiinga agitatorane og propagandistane for sosialismen utan stans held fram for folket *for å bu dei* på revolusjon! Og no når tidbolken til revolusjonen har *teke til*, vender Kautsky han ryggen og gjev seg til å lovprisa dei vakre sidene til det *døyande* borgarlege demokratiet.

Det proletariske demokratiet, som sovjetstyret er ei av formene for, har ført med seg ei utvikling og ei utviding av demokratiet som aldri før i verda for det overveldande fleirtalet av folkesetnaden, for det utbytta og arbeidande folket. Å skriva ein heil brosjyre om demokratiet, slik Kautsky har gjort, der det er sett av to sider til diktatur og dusinvis til «reint demokrati», og *ikkje å merka seg* denne kjensgjerninga, det er å forvrenge emnet fullstendig på liberalt vis.

Ta utanrikspolitikken. Ikkje i nokon borgarleg stat, ikkje eingong i dei mest demokratiske, vert han ført ope. Folket vert narra overalt, og i det demokratiske Frankrike, Sveits, Amerika og Storbritannia vert det gjort i umåteleg større omfang og umåteleg meir raffinert enn i andre land. Sovjetregjeringa har rive det mystiske sløret vekk frå utanrikspolitikken på ein revolusjonær måte. Kautsky har ikkje lagt merke til dette, han teier still om det, jamvel om dette er *grunnleggjande* viktig i tidbolken til røvarkrigane og dei løynlege traktatane om «oppdeling i interessesfærer» (dvs. om å dela verda mellom dei kapitalistiske bandittane). For spørsmålet om fred, om liv og død for titals millionar menneske avheng av dette. Sjå kva struktur staten har. Kautsky pirkar på alle vis på «bagatellar», ned til å argumentera med at vala under sovjetforfatninga er «indirekte», men han ser ikkje poenget. Han greier ikkje sjå *klassenaturen* til statsapparatet, til statsmaskineriet.

Under det borgarlege demokratiet *jagar* kapitalistane folket vekk frå administrativt arbeid, frå pressefridomen, forsamlingsfridomen osb. med tusenvis av knep, som er meir utspekulerte og effektive di lenger det «reine» demokratiet er utvikla. Sovjetregjeringa er den *fyrste* i verda (eller strengt teke den andre, sidan Paris-kommunen tok til med dette) som *får med seg* folket, særleg det *utbytta* folket, i det administrative arbeidet. Med tusen hinder vert det arbeidande folket *stengde ute* frå å ta del i dei borgarlege parlamenta (som *aldri avgjer* viktige spørsmål under det borgarlege demokratiet, dei vert avgjorte av børsen og bankane). Arbeidarane veit og kjenner, ser og skjønar fullt ut at dei borgarlege parlamenta er institusjonar som er *framande* for dei, *reiskaper borgarskapet nyttar for å undertrykkja* arbeidarane, institusjonane til ein fiendtleg klasse, det utbytande mindretalet.

Sovjeta er den beinveges organiseringa til det arbeidande og utbytta folket sjølve, som *hjelper* dei å organisera og administrera sin eigen stat på alle moglege måtar. Og når det gjeld dette, er det fortroppen til det arbeidande og utbytta folket, byproletariatet, som har fordelan av at storføretaka samlar dei best. Det er lettare for dei enn for alle andre å velja og halda kontroll med dei som vert valde. Sovjetforma for organisering *hjelper* automatisk til å samla heile det arbeidande og utbytta folket rundt fortroppen sin, proletariatet. Det gamle borgarlege apparatet — byråkratiet, dei privilegia som rikdom, borgarleg utdanning, sosiale kontaktar osb. fører med seg (desse røynelege privilegia er meir varierte di høgare det borgarlege demokratiet er utvikla) — alt dette forsvinn under sovjetforma for organisering. Pressefridomen er ikkje lenger hykleri, for prenteverka og papirlagra er tekne frå borgarskapet. Det same gjeld dei beste bygningane, palassa, herskaphusa og herregardane. Sovjetmakta tok tusen på tusen av desse beste bygningane frå utbyttarane med eitt slag. På den måten gjorde ho forsamlingsfridomen — og utan

den vert demokratiet ein svindel — *ein million gonger* meir demokratisk for folket. Indirekte val til sovjet på høgare plan gjer det lettare å halda sovjetkongressar, dei gjer *heile* apparatet mindre kostbart, meir fleksibelt, lettare tilgjengeleg for arbeidarane og bøndene på ei tid då livet sydar og det er naudsynt å kunna kalla tilbake ein lokal representant svært snøgt eller å gjera han til utsending på ein allmenn sovjetkongress.

Det proletariske demokratiet er *ein million gonger* meir demokratisk enn noko borgarleg demokrati. Sovjetmakta er ein million gonger meir demokratisk enn den mest demokratiske borgarlege republikken.

For ikkje å sjå dette må ein anten tena borgarskapet medvite, eller vera politisk steindaud og ute av stand til å sjå det røynelege livet utanfor dei støvete sidene i borgarlege bøker, vera fullstendig gjennomsyra av borgarleg-demokratiske fordommar og såleis objektivt ha gjort seg til lakei for borgarskapet.

For ikkje å sjå dette må ein vera ute av stand til å *legga fram spørsmålet* frå synsstaden til dei *undertrykte* klassane:

Finst det eit einaste land i verda, jamvel mellom dei mest demokratiske borgarlege landa, der den *vanlege gjennomsnittlege* arbeidaren, den vanlege gjennomsnittlege *landarbeidaren* eller halvproletaren i landsbyen i det heile (dvs. representanten for dei undertrykte, for det overveldande fleirtalet av folkesetnaden) får nytta godt av noko som tilnærma kjem opp imot ein slik *fridom* som å halda møte i dei beste bygningane, ein slik *fridom* som å nytta dei største prenteverka og papirlagra til å uttrykkja tankane sine og forsvara interessene sine, ein slik *fridom* som å setja inn menn og kvinner frå sin eigen klasse til å administrera og «få skikk på» staten, som i Sovjet-Russland?

Det er latterleg å tru at hr. Kautsky i noko som helst anna land eingong kunne finna ein av tusen godt opplyste arbeidarar eller landarbeidarar som ville vera i nokon tvil om kva han skulle svara. Ut ifrå dei brotstykk

av sanninga som den borgarlege pressa må vedgå, sympatiserer arbeidarane i heile verda instinktivt med Sovjetrepublikken nett av di dei ser han som eit *proletarisk* demokrati, *eit demokrati for dei fattige* og ikkje eit demokrati for dei rike, slik kvart einaste borgarleg demokrati i røynda er, og det jamvel dei beste.

Dei som styrer oss (og dei som «får skikk på» staten vår) er borgarlege byråkratar, borgarlege medlemer i nasjonalforsamlingane, borgarlege domarar. Dette er den enkle, sjølvsegde og udiskutable sanninga som ti-tals og hundretals millionar menneske frå dei undertrykte klassane i alle dei borgarlege landa, medrekna dei mest demokratiske, veit av eiga røynsle og kjenner og skjønar kvar dag.

Men i Russland er den byråkratiske maskinen fullstendig knust og jamna med grunnen. Dei gamle domarane er alle sende på dør, den borgarlege nasjonalforsamlinga er oppløyst, og det er vorte *langt lettare tilgjengeleg* representasjon for arbeidarane og bøndene. Sovjeta *deira* har kome i staden for byråkratane, eller sovjeta *deira* er sette til å kontrollera byråkratane, og sovjeta *deira* har fått retten til å velja domarane. Denne kjensgjerninga er i seg sjølv nok for alle dei undertrykte klassane til at dei skal godta at sovjetmakta, dvs. den forma for proletariatets diktatur som vi har no, er ein million gonger meir demokratisk enn den mest demokratiske borgarlege republikken.

Kautsky skjønar ikkje denne sanninga, som er så klår og sjølv sagt for kvar einaste arbeidar, for han har «gløymt», «lært seg av med» å stilla spørsmålet: Demokrati *for kva klasse*? Han argumenterer frå synsstanden til det «reine» (dvs. klasselause? eller at det står over klassane?) demokratiet. Han argumenterer som Shylock*: Mitt «pund kjøt», og ikkje meir. Likskap for

* *Shylock* — tittelpersonen i Shakespeares «Kjøpmannen i Venedig» Ein rå pengeutlånar som jamvel kravde at dei som hadde gjeld til han, skulle betala med sitt eige kjøt. — *Red.*

alle statsborgarar, elles er det ikkje noko demokrati.

Vi må spørja den lærde Kautsky, «marxisten» og «sosialisten» Kautsky:

Kan det vera likskap mellom dei utbytta og utbyttarane?

Det er skremmande, det er utruleg at eit slikt spørsmål må stillast når ein drøftar ei bok den ideologiske leiaren for Den andre internasjonale har skrive. Men «har ein sagt a, så får ein seia b», og når eg har gjeve meg ut på å skriva om Kautsky, må eg forklåra den lærde mannen kvifor det ikkje kan vera nokon likskap mellom utbyttaren og den utbytta.

KAN DET VERA LIKSKAP MELLOM DEN UTBYTTA OG UTBYTTAREN?

Kautsky argumenterer på fylgjande vis:

1) «Utbyttarane har alltid vore berre eit lite mindretal av folkesetnaden» (s. 14 i brosjyren til Kautsky). Dette er umotseieleg rett. Når ein tek dette som utgangspunkt, korleis skal ein då argumentera? Ein kan argumentera på marxistisk, sosialistisk vis. I det tilfellet vil ein gå ut ifrå tilhøvet mellom dei utbytta og utbyttarane. Eller ein kan argumentera på liberalt, borgarleg-demokratisk vis. Og i det høvet vil ein gå ut ifrå tilhøvet mellom fleirtalet og mindretalet.

Om vi argumenterer på marxistisk vis, må vi seia: Utbyttarane formar uunngåeleg staten (og vi talar om demokratiet, dvs. ei av statsformene) om til ein reiskap for at klassen deira, utbyttarane, skal herska over dei utbytta. Av det følgjer at så lenge det finst utbyttarar som herskar over fleirtalet, dei utbytta, må den demokratiske staten uunngåeleg vera eit demokrati for utbyttarane. Ein stat for dei utbytta må skilja seg grunnleggjande frå ein slik stat. Han må vera eit demokrati for

dei utbytta og eit middel for å *undertrykkja utbyttarane*. Og å undertrykkja ein klasse tyder ulikskap for den klassen, at han er stengt ute frå «demokratiet».

Om vi argumenterer på liberalt vis, må vi seia: Fleirtalet avgjer, mindretalet bøyer seg. Dei som ikkje bøyer seg, vert straffa. Det er det heile. Ingen ting trengst seiast om klassekarakteren til staten allment, eller om «reint demokrati» særskilt, for det er uvedkomande. For eit fleirtal er eit fleirtal, og eit mindretal er eit mindretal. Eitt pund kjøt er eitt pund kjøt, og meir er det ikkje med den saka.

Og nett på denne måten er det Kautsky argumenterer.

2) «Kvifor laut herredømet til proletariatet få, og med naudsyn få, ei form som ikkje kan samsvarast med demokratiet?» (s.21). Så fylgjer ei svært detaljert og svært ordrik forklåring som vert stødd opp med sitat frå Marx og valresultata frå Pariskommunen om at proletariatet er i fleirtal. Konklusjonen er: «Eit regime som har så sterke røter i folket, har ikkje den minste grunn for å forgripa seg på demokratiet. Det kan ikkje alltid greia seg utan vald i tilfelle då det vert nytta vald for å undertrykkja demokratiet. Vald kan berre møtast med vald. Men eit regime som veit at det har folket i ryggen, vil berre nytta vald for å *verna* demokratiet, og ikkje for å *øydeleggja* det. Det ville beint fram vera sjølv mord om det freista kvitta seg med det mest pålitande grunnlaget sitt — allmenn røysterett, denne djupe kjelda til ein mektig moralsk autoritet.» (s. 22)

Som de ser har tilhøvet mellom dei utbytta og utbyttarane forsvunne i argumenta til Kautsky. Alt som står att er fleirtal allment, mindretall allment, demokrati allment, «det reine demokratiet» som vi alt kjenner så godt.

Og merk dykk at alt dette er sagt *i samband med Pariskommunen*. For å gjera tinga klårare skal eg sitera Marx og Engels for å syna kva dei sa om emnet diktatur *i samband med Pariskommunen*:

Marx: «... Når arbeidarane byter ut borgarskapets diktatur med det revolusjonære diktaturet sitt ... for å bryta ned motstanden frå borgarskapet ... gjev arbeidarane staten ei revolusjonær overgangsform ...»*

Engels: «... Og det partiet som sigrar» (i ein revolusjon) «må halda herredømet sitt oppe med hjelp av den skrekken som våpna deira fører over dei reaksjonære. Ville Pariskommunen ha vara meir enn ein dag, om han ikkje hadde bruka autoriteten til det våpna folket mot borgarskapet? Kan vi ikkje tvert om klandra han for at han gjorde for lite bruk av den autoriteten ...»**

Engels: «Sidan staten difor berre vert ein overgangs-institusjon som skal brukast i kampen, i revolusjonen, for å halda motstandarane nede med makt, vert det reint tullprat å snakka om ein «fri folkestat». Så lenge proletariatet treng staten, treng det han ikkje i interessene til fridomen, men for å halda motstandarane sine nede, og så snart som det vert råd å snakka om fridom, vil staten i seg sjølv slutta å vera til ...»***

Kautsky ligg så langt borte frå Marx og Engels som himmelen frå jorda, som ein liberal ligg frå ein proletarisk revolusjonær. Det reine demokratiet og endeframme «demokratiet» som Kautsky talar om er berre ei omskriving av «den frie folkestaten», dvs. *skire tullpratet*. Kautsky spør med den lærde mina til ein særers lærd skrivebordsnarr, eller så uskuldig som ei tiårs skulejente: Kvifor treng vi eit diktatur når vi har eit fleirtal? Og Marx og Engels forklårar:

- For å bryta ned motstanden frå borgarskapet,
- For å fylla dei reaksjonære med frykt,

* Sjå Marx, «Politisk likesæle» (1873) i Marx/Engels *Verk*, b. 18, 1976, tysk utg. s. 300. — *Red.*

** Sjå Engels, «Om autoritet» (1873) i Marx/Engels *Verk*, b. 18, 1976, s. 308. — *Red.*

*** Sjå Brev fra Engels til Bebel 18.—28. mars 1875, Marx/Engels *Verk*, b. 34, tysk utg. 1973, s. 192. — *Red.*

— For å halda oppe autoriteten til det væpna folket mot borgarskapet,

— Slik at proletariatet kan halda motstandarane sine nede med makt.

Kautsky skjønar ikkje desse forklåringane. Dåra av «reinleiken» til demokratiet, blind for den borgarlege karakteren det har, hevdar han «konsekvent» at fleirtalet, sidan det er i fleirtal, ikkje treng «bryta ned motstanden» til mindretalet eller «halda det nede med makt». Det er tilstrekkeleg å undertrykkja *einskildtilfelle* med brot på demokratiet. Kautsky, som er dåra av «reinleiken» til demokratiet, gjer *av vanvare* den same vesle feilen som alle borgarlege demokratar alltid gjer. Han tek nemleg formell likskap (som ikkje er anna enn juks og hykleri under kapitalismen) for å vera verkeleg likskap! Snakk om småting!

Utbyttaren og den utbytta kan ikkje vera like.

Same kor lite triveleg denne sanninga er for Kautsky, så utgjør ho like fullt kjernen i sosialismen.

Ei sanning til: Det kan ikkje verta nokon verkeleg, røyndleg likskap før alle høve ein klasse har til å utbytta ein annan, er heilt øydelagte.

Utbyttarane kan slåast med eitt slag om det kjem ein oppreist som lykkast i sentrum, eller om hæren gjer opprør. Men sett bort ifrå i svært sjeldne og særskilte tilfelle kan ikkje utbyttarane øydeleggjast med eitt slag. Det er umøgleg å eksproprierar alle godseigarane og kapitalistane i noko stort land med eitt slag. Vidare løyser ikkje ekspropriasjon åleine, som ei legal eller politisk handling, saka på langt nær, for det er i røynda naudsynt å *avsetja* godseigarane og kapitalistane, å *byta ut* styringa deira over fabrikkane og godsar med eit annleis styre, i røynda arbeidarstyre. Det kan ikkje vera nokon likskap mellom utbyttarane — som i mange generasjonar har stått i ei betre stode på grunn av utdanninga si, dei velståande tilhøva dei lever under og vanane deira — og dei utbytta, der fleirtalet jamvel i dei mest framskridne og mest demokratiske borgarlege republikkane

vert trakka ned, er tilbakeliggjande, uvitande, kua og splitta. I ei lang tid etter revolusjonen vil utbyttarane uunngåeleg halda fram å ha ei rekkje store praktiske fordelar: Dei har framleis pengar (sidan det er umogleg å avskaffa pengane straks med ein gong). Dei har ein del lausøyre — ofte er det ein bra slump. Dei har framleis kontaktar av ymse slag, er vane med å organisera og styra, dei kjenner alle «løyndomane» (skikkane, metodane, framgangsmåtane og moglegheitene) med å leia og administrera. Dei har ei overlegen utdanning, dei har nær kontakt med det høgare tekniske personellet (som lever og tenkjer som borgarskapet), dei har utan jamføring større røynsler i krigskunsten (dette er særskild viktig), og så vidare og frametter.

Dersom utbyttarane vert slegne berre i eitt land — og det er sjølvsaagt det typiske, i og med at revolusjonar samstundes i ei rekkje land er eit sjeldant unntak — vil dei *framleis vera sterkare enn dei utbytta*, for dei internasjonale kontaktane til utbyttarane er enorme. At ein del av dei utbytta mellom dei minst framskridne mellomombøndene, handverkarane og liknande grupper av folkesetnaden kan finna på å fylgja utbyttarane — og verkeleg gjer det — har vorte prova i *alle* revolusjonar, medrekna Kommunen (for det var og proletarar mellom Versaillesstroppane,¹⁹ men det har den særskilde lærde Kautsky «gløymt»).

Å lata som om det som avgjer saka i ein djuptgåande og alvorleg revolusjon under slike omstende, rett og slett er tilhøvet mellom fleirtalet og mindretalet, det er toppen på dumskap, ein svært tåpeleg fordom frå ein vanleg liberalar. Det er ein freistnad på å *narra folket* med å løyna ei fastslegen historisk sanning for dei. Denne historiske sanninga er at i kvar einaste djuptgåande revolusjon er *regelen ein langvarig, hardnakka og desperat* motstand frå utbyttarane, som i ei rekkje år framleis har viktige praktiske fordelar i høve til dei utbytta. Utbyttarane vil aldri — sett bort ifrå i dei sentimentale fantasiane til den sentimentale toskan Kautsky — un-

derkasta seg avgjerdene til det utbytta fleirtalet utan at dei freistar dra nytte av fordelane sine i eit siste desperat slag eller ei rekkje slag.

Overgangen frå kapitalismen til kommunismen tek ein heil historisk epoke. Heilt til denne epoken er over, går utbytтарane uunngåeleg med von om atterreising, og denne *vona* vert vendt til *freistnader* på atterreising. Etter det fyrste alvorlege nederlaget kastar dei styrta utbytтарane, som ikkje hadde venta å verta styrta, aldri hadde trudd det var mogleg, aldri hadde ofra det ein tanke — seg med tidobla energi, med rasande brennhug og hundredobla hat ut i slaget for å vinna att «paradiset» som var teke frå dei, på vegne av familiane sine, som har ført eit slikt søtt og lett liv og som «den menige hopen» no dømer til ruin og armod (eller til «simpelt» arbeid...). I kjølvatnet til dei kapitalistiske utbytтарane fylgjer dei breie laga av småborgarskapet, som fleire ti-års historisk røynsle frå alle land ber vitnemål om vil vakla og nøla, marsjera bak proletariatet eine dagen og neste dagen verta redde vanskane i revolusjonen. Dei vert slegne med panikk ved fyrste nederlaget eller halv-nederlaget til arbeidarane, dei vert nervøse, spring omkring utan mål og meining, sutrar og spring frå den eine leiren til den andre — nett liksom mensjevikanane og dei sosialrevolusjonære hos oss.

Under slike omstende, i ein epoke med desperat hard krig, då historia stiller spørsmålet om vere eller ikkje vere for utgamle og tusenårgamle privilegiar — å snakka i ei slik tid om fleirtal og mindretal, om reint demokrati, om at diktatur ikkje er naudsynt og om likskap mellom utbytтар og den utbytta! For ein uendeleg dumskap og botnlaus spissborgarskap som skal til for det!

Men i tiåra med etter måten «fredeleg» kapitalisme mellom 1871 og 1914 samla det seg opp Augias-stallar*

* *Augias-stall* — frå gresk mytologi. I denne stallen hadde det samla seg opp så mykje møkk og lort at helten Herakles måtte leia ei heil elv igjennom for å få han rein. — *Red.*

av spissborgarskap, idioti og fråfall i dei sosialistpartia som tilpassa seg etter opportunismen...

* * *

Lesaren vil venteleg ha merka seg at Kautsky i det utdraget frå brosjyren hans vi har sitert ovanfor, talar om ein freistnad på å gjera overgrep mot den allmenne røysteretten (som han forresten kallar ei djup kjelde til mektig moralsk autoritet. I samband med den same Pariskommunen og det same spørsmålet om diktatur tala Engels derimot om autoriteten til det væpna folket mot borgarskapet — ein særskild karakteristisk skilnad mellom synet til ein spissborgar og ein revolusjonær på «autoriteten»...).

Ein må merka seg at spørsmålet om å ta røysteretten frå utbyttarane er eit *reint russisk* spørsmål, og ikkje eit spørsmål om proletariatets diktatur allment. Dersom Kautsky hadde lagt hykleriet til side og kalla brosjyren sin *Mot bolsjevikane*, ville tittelen ha vore i samsvar med innhaldet, og Kautsky kunne med full rett ha tala rett ut om røysteretten. Men Kautsky ynskjer å stå fram i fyrste rekkje som «teoretikar». Han kalla brosjyren sin *Proletariatets diktatur — allment*. Fyrst i andre delen av brosjyren, frå 6. avsnittet og utetter, talar han særskilt om sovjeta og om Russland. Det emnet han tek for seg i fyrste delen (som eg tok sitatet ifrå) er *demokrati og diktatur allment*. Når Kautsky talar om røysteretten, *avslørar han seg* som ein motstandar mot bolsjevikane *som ikkje bryr seg eit grann om teori*. For teori, dvs. tenkinga om det allmenne (og ikkje det nasjonalt særskilte) klassegrunnlaget for demokrati og diktatur, bør ikkje ta for seg eit særskilt spørsmål slik som røysteretten, men med det allmenne spørsmålet om kor vidt demokratiet kan *haldast ved lag for dei rike, for utbyttarane*, i den historiske perioden då utbyttarane vert styrta og staten deira vert bytt ut med staten til dei utbytta.

Dette er måten, den einaste måten, ein teoretikar kan leggja fram spørsmålet på.

Vi kjenner dømet med Pariskommunen, vi kjenner alt grunnleggjarane av marxismen sa om han og med tilvising til han. På grunnlag av dette materialet gjekk eg til dømes igjennom spørsmålet om demokrati og diktatur i brosjyren min *Staten og revolusjonen*, som vart skriven før Oktoberrevolusjonen. *Eg sa ikkje noko som helst* om å setja grenser for røysteretten. Og det må seiast no at spørsmålet om å setja grenser for røysteretten er eit særskilt nasjonalt og ikkje eit allment spørsmål i samband med diktaturet. Ein må gå inn på spørsmålet om å setja grenser for røysteretten med å studera dei *særskilte vilkåra* til den russiske revolusjonen og den *særskilte vegen* han har utvikla seg langs. Dette vil vi gjera lenger ute i denne brosjyren. Men det vil vera eit mistak å garantera på førehand at alle dei proletariske revolusjonane vi står framfor i Europa eller fleirtalet av dei, med naudsyn vil verta fylgde av avgrensingar i røysteretten for borgarskapet. Det kan verta slik. Etter krigen og røyntslene frå den russiske revolusjonen er det sannsynleg at det vert slik. Men det er *ikkje absolutt naudsynt* for å utøva diktaturet. Det er ikkje eit *ufråvikeleg* særdrag ved det logiske omgrepet «diktatur». Det kjem ikkje inn som eit *ufråvikeleg* vilkår i det historiske og klassemessige omgrepet «diktatur».

Det ufråvikelege kjenneteiknet, det naudsynte vilkåret for diktaturet er at utbyttarane som *klasse* vert undertrykte med *valdsmakt* og fylgjeleg at «det reine demokratiet», dvs. likskapen og fridomen, vert *brote når det gjeld* denne klassen.

Dette er den måten, den einaste måten, spørsmålet kan stillast på teoretisk. Og når Kautsky let vera å stilla spørsmålet slik, har han synt at han ikkje berre går imot bolsjevikane som teoretikar, men som ein som smiskar for opportunistane og borgarskapet.

Spørsmålet om kva land og kva nasjonale særdrag kapitalismen har der demokratiet for utbyttarane på ein

eller annan måte vil verta avgrensa (heilt eller delvis) eller brote, er eit spørsmål om dei særskilte nasjonale draga ved den eine eller den andre kapitalismen, eller den eine eller den andre revolusjonen. Det teoretiske spørsmålet er eit anna: Er proletariatets diktatur mogleg *utan å bryta demokratiet* i høve til *utbyttarklassen*?

Det er nett dette spørsmålet, det *einaste* som er teoretisk viktig og vesentleg, som Kautsky har unngått. Han har sitert alle slags utdrag frå Marx og Engels, *utanom dei* som gjeld dette spørsmålet, og som eg har sitert ovanfor.

Kautsky snakkar om kva som helst, om alt som liberalarar og borgarlege demokratar kan godta, og går ikkje ut over deira idekrins. Men han snakkar ikkje om hovudsaka, nemleg den kjensgjerninga at proletariatet ikkje kan sigra *utan at det bryt motstanden* til borgarskapet, *utan at det undertrykkjer motstandarane sine med valdsmakt*, og at der det er «undertrykking med valdsmakt», der det ikkje er nokon «fridom», *der er det sjølv sagt ikkje noko demokrati*.

Dette har ikkje Kautsky skjøna.

* * *

Vi skal nå gå igjennom røynslene frå den russiske revolusjonen og den usemja mellom sovjeta av representantar og den grunnlovgjevande forsamlinga som førte til at den sist nemnde vart oppløyst og røysteretten vart teken frå borgarskapet.

SOVJETA MÅ IKKJE VÅGA Å VERTA STATSORGANISASJONAR

Sovjeta er den russiske forma for proletariatets diktatur. Dersom ein marxistisk teoretikar som skriv eit verk

om proletariatets diktatur verkeleg hadde studert emnet (og ikkje berre teke opp att dei småborgarlege klagemåla mot diktaturet slik Kautsky gjorde då han song dei gamle mensjevikiske songane på nytt), ville han fyrst ha gjeve ein allmenn definisjon av diktatur. Så ville han ha undersøkt dei særmerkte nasjonale formene det får, sovjeta, og han ville ha kritisert dei som ei av formene for proletariatets diktatur.

Det seier seg sjølv at ein ikkje kunne venta noko alvorleg av Kautsky etter den liberalistiske «tolkinga» si av læra til Marx om diktatur. Men måten han gjekk laus på spørsmålet om kva sovjeta er, og framgangsmåten hans då han tok det for seg, er særskild karakteristisk.

Sovjeta, seier han, og minnest då dei oppstod i 1905, skapte «den mest omfattande (*umfassendste*) forma for proletarisk organisering, for ho femna alle lønsarbeidarane» (s.31). I 1905 var dei berre lokale organ, i 1917 vart dei ein nasjonal organisasjon.

«Sovjetforma for organisasjon», held Kautsky fram, «har alt ei stor og ærerik historie bak seg, og ho har ei endå mektigare framtid framfor seg, og ikkje berre i Russland. Det tykkjest overalt som om dei gamle metodane for den økonomiske og politiske kampen til proletariatet er utilstrekkelege» (*versagen*). Dette tyske uttrykket er noko sterkare enn «utilstrekkeleg» og noko svakare enn «makteslaus») «mot dei uhorvelege økonomiske og politiske kreftene som finanskapitalen rår over. Desse gamle metodane kan ikkje forkastast, dei er framleis uunnverlege i normale tider, men frå tid til anna kjem det oppgåver som dei ikkje kan rå med, oppgåver som berre kan fullførast framgangsrikt som resultat av at alle dei politiske og økonomiske maktreiskap arbeidarklassen rår over vert kombinerte.» (s.32)

Så fylgjer ei drøfting av massestreiken og «fagforei-

ningsbyråkratiet» — som ikkje er mindre naudsynt enn fagforeiningane, men er «gagnlause for det føremålet å leia dei veldige masseslaga som meir og meir vert eit teikn i tida...»

«Såleis,» konkluderer Kautsky, «er sovjetforma for organisasjon eit av dei viktigaste fenomena i vår tid. Ho ber lovnad om å få avgjerande mykje å seia i dei store avgjerande slaga mellom kapitalen og arbeidet som vi no marsjerer imot.

Men har vi rett til å krevja meir av sovjeta? Etter novemberrevolusjonen (ny rekning, eller oktober etter vår rekning) i 1917 sikra bolsjevikane saman med dei venstresosialrevolusjonære eit fleirtal i dei russiske sovjeta av arbeidarrepresentantar. Etter at den grunnlovgevande forsamlinga var oppløyst, gav dei seg i veg med å forma om sovjeta frå ein *kamporganisasjon* for ein *klasse*, slik dei hadde vore fram til då, til ein *statsorganisasjon*. Dei øydela det demokratiet det russiske folket hadde vunne i marsrevolusjonen» (ny rekning, eller februar etter vår rekning). «I tråd med dette har bolsjevikane slutta kalla seg *sosialdemokratar*. Dei kallar seg *kommunistar*» (s.33, Kautskys uthevingar).

Dei som kjenner den russiske mensjeviklitteraturen vil straks få auga på kor slavisk Kautsky kopierer Martov, Axelrod, Stein & co. Ja, «slavisk», for Kautsky forvengjer kjensgjerningane på latterleg vis for å stø opp om dei mensjevikiske fordomane. Kautsky gjorde seg t.d. ingen umak med å spørja dei han hadde opplysningane sine frå (Stein i Berlin, eller Axelrod i Stockholm) *når* spørsmålet vart reist fyrste gong om å byta namn på bolsjevikane til kommunistar, og om kva det tyder at sovjeta er statsorganisasjonar. Dersom Kautsky hadde gjort desse enkle undersøkingane, ville han ikkje ha ført desse lattervekkjande linene i pennen, for baa desse

spørsmåla vart reist av bolsjevikane i april 1917, t.d. i «Tesene» mine 4. april 1917*, dvs. lenge før revolusjonen i oktober 1917 (og sjølv sagt lenge før den grunnlovgevendende forsamlinga vart oppløyst 5. januar 1918).

Men dei argumenta til Kautsky som eg nett har sitert i heilskap, representerer *kjernen* i heile spørsmålet om sovjeta. Kjernen er: Burde sovjeta ta sikte på å verta statsorganisasjonar (i april 1917 sette bolsjevikane fram slagordet: «All makt til sovjeta!» og på partikonferansen til bolsjevikane same månaden kunngjorde dei at dei ikkje var nøgde med ein borgarleg parlamentarisk republikk, men kravde ein arbeidar- og bonderepublikk av Pariskommune- eller sovjettypen). Eller skulle ikkje sovjeta arbeida for dette, men unnlata å ta makta i sine eigne hender, unnlata å verta statsorganisasjonar og verta verande «kamporganisasjonane» til ein «klasse». (Slik uttrykte Martov det då han med dette uskuldige ynsket skjønma at sovjeta under leiinga til mensjevikane var *ein reiskap for å underleggja arbeidarane under borgarskapet*)?

Kautsky tek opp att orda til Martov slavisk, plukkar ut *einskildbitar* av den teoretiske striden mellom bolsjevikane og mensjevikane og overfører dei ukritisk og tankelaust på det allmennteoretiske og allmenneuropeiske området. Resultatet vert ei slik røre at det kallar fram ein homerisk latter** hos kvar klassemedviten russisk arbeidar om han hadde lese desse argumenta til Kautsky.

Når vi forklårar kva spørsmålet gjeld, vil kvar einaste arbeidar i Europa (utanom ei handfull inngrodde sosialimperialistar) møta Kautsky med ein liknande latter.

* Sjå Lenin «Oppgåvene til proletariatet i den revolusjonen vi er inne i» (1917), i *Utvalgte verker i 12 bind*, Forlaget Oktober 1978, b. 7, s. 11—17. — Red.

** *Homerisk latter* — Rå, uhemma latter. — Red.

Kautsky har gjort Martov ei bjørneteneste med å utvikla mistaket hans til ei skirande meningslause. Sjå berre kva slags argument det er Kautsky har fått i stand.

Sovjeta femner om alle lønsarbeidarar. Dei gamle metodane for den økonomiske og politiske kampen til proletariatet er utilstrekkelege mot finanskapitalen. Sovjeta har ei stor rolle å spela i framtida, og det ikkje berre i Russland. Dei vil spela ei avgjerande rolle i store avgjerande slag mellom kapital og arbeid i Europa. Dette er det Kautsky seier.

Framifrå. Men vil ikkje «dei avgjerande slaga mellom kapital og arbeid» avgjera kva for ein av dei to klassane som vil ta statsmakta?

Slikt vil vi ikkje ha noko av! For himmelens skuld!

Sovjeta som femner om alle lønsarbeidarane, *må ikkje verta statsorganisasjonar* i dei «avgjerande» slaga.

Men kva er staten?

Staten er ikkje anna enn ein maskin ein klasse brukar for å undertrykkja ein annan.

Såleis må den undertrykte klassen, fortroppen til heile det arbeidande og utbytta folket i det moderne samfunnet, arbeida fram mot «dei avgjerande slaga mellom kapital og arbeid», *men han må ikkje røra* den maskinen kapitalen nyttar for å undertrykkja arbeidet! — *Han må ikkje bryta ned* denne maskinen! — *Han må ikkje gjera bruk av* den altfemnande organisasjonen sin *for å undertrykkja utbyttarane!*

Framifrå, hr. Kautsky, storveges! «Vi» godkjenner klassekampen — på same måten som alle liberalarar godkjenner han, dvs. utan at borgarskapet vert styrta ...

Her vert det klårt at Kautsky har brote fullstendig både med marxismen og sosialismen. I røynda er det desertering til den borgarleige leiren, som er budd på å gå med på alt utanom omforming av organisasjonane til den klassen dei undertrykkjer til statsorganisasjonar. Kautsky kan ikkje lenger halda oppe stillinga si som

den som freistar forlika alt og å koma unna alle djuptgåande motseiingar berre med frasar.

Anten avviser Kautsky fullstendig at arbeidarklassen skal ta statsmakta, eller så går han med på at arbeidarklassen kan ta over den gamle borgarlege statsmaskinen. Men han vil under ingen omstende gå med på at arbeidarklassen må bryta ned og knusa denne maskinen og byta han ut med ein ny proletarisk maskin. Same kva måte argumenta til Kautsky vert «tolka» eller «forklára» på, er det klårt at han har brote med marxismen og gått over til borgarskapet.

Alt i *Det kommunistiske manifestet* skildra Marx kva slag stat den sigrande arbeidarklassen treng. Han skreiv: «Staten, dvs. proletariatet organisert som herskande klasse».* No har vi ein mann som gjer krav på at han framleis er marxist, og som kjem fram og kunngjer at proletariatet, som er fullt organisert og fører «det avgjerande slaget» mot kapitalen, *ikkje må* gjera om klasseorganisasjonen sin til ein statsorganisasjon. Her har Kautsky avslørt «den overtrua på staten» som i Tyskland — slik Engels skreiv det i 1891 — «har vorte ein del av den vanlege tankegangen til borgarskapet, og jamvel til mange arbeidarar».** Kjemp, arbeidarar! Det er spissborgaren vår «samd» i (like eins som kvar einaste borgar er «samd», sidan arbeidarane kjempar i alle høve, og det einaste som kan gjerast er å finna åtgjerder for å skjemma egga på sverda deira). Kjemp, men *våg dykk ikkje til å vinna!* Øydelegg ikkje statsmaskinen til borgarskapet, byt ikkje ut den borgarlege «statsorganisasjonen» med den proletariske «statsorganisasjonen»!

Kven som helst som oppriktig deler det marxistiske synet at staten ikkje er anna enn ein maskin ein klasse nyttar for å undertrykkja ein annan, og som i det heile

* Sjå Marx og Engels, *Det kommunistiske partis manifest*, Forlaget Oktober 1975, s. 38. — Red.

** Sjå Engels, Innleiing til Marx, «Borgarkrigen i Frankrike» (1890) i Marx/Engels *Verk*, b. 22, tysk-utg. 1972, s. 198. — Red.

har gjort seg tankar om denne sanninga, kunne aldri ha kome fram til den meiningslause konklusjonen at dei proletariske organisasjonane som er i stand til å slå finanskapitalen, ikkje må forma seg om til statsorganisasjonar. Det var dette punktet som avslørte småborgaren som «når alt er sagt og gjort», trur at staten står utanfor eller over klassane. Sant å seia — kvifor skulle proletariatet, «denne *eine klassen*», få lov til å føra stendig krig mot *kapitalen*, som ikkje berre herskar over proletariatet, men over heile folket, over heile småborgarskapet, over alle bøndene, når «denne *eine klassen*», proletariatet, ikkje får lov til å forma om organisasjonen sin til ein statsorganisasjon? Av di småborgarskapet er *redde* klassekampen og ikkje fører han fram til den logiske konklusjonen hans, *til hovudmålet med han*.

Kautsky har køyrt seg fullstendig fast og har røpa seg fullstendig. Merk dykk, han går sjølv med på at Europa går fram mot avgjerande slag mellom kapital og arbeid, og at dei gamle metodane for den økonomiske og politiske kampen til proletariatet er utilstrekkelege. Men desse gamle metodane var nett å nytta ut det *borgarlege* demokratiet. Av det fylgjer ...?

Men Kautsky er redd for å tenkja på kva som fylgjer.

... Av det fylgjer at berre ein reaksjonær, ein fiende av arbeidarklassen, ein leigesvein for borgarskapet, no kan venda andletet mot den forelda fortida, måla ut dei gode sidene til det borgarlege demokratiet og babla om reint demokrati. Det borgarlege demokratiet *var* progressivt jamført med tilhøva i mellomalderen, og det måtte nyttast ut. Men no er det *utilstrekkeleg* for arbeidarklassen. No må vi sjå frametter i staden for baketter — mot å byta ut det borgarlege demokratiet med *proletarisk* demokrati. Og medan førebuiingsarbeidet til den proletariske revolusjonen, skipinga og opplæringa av den proletariske hæren, var mogleg og naudsynt *innanfor ramene* til den borgarleg-demokratiske staten, vil det å halda proletariatet innanfor desse ramene no, når

vi har nådd stadiet med «avgjerande slag», tyda å svika saka til proletariatet, tyda å vera renegat.

Kautsky har gjort seg særleg til lått med å ta opp att argumenta til Martov *uten å merka seg* at hos Martov grunna dette argumentet seg på *ein anna* argument som han, Kautsky, ikkje nyttar! Martov sa (og Kautsky tek opp att etter han) at Russland enno ikkje er modent for sosialismen. Av det fylgjer logisk at det er for tidleg å forma om sovjeta frå kamporgan til statsorganisasjonar (les: Tida er inne til å forma om sovjeta, med hjelp av mensjevikleiarane, til reiskaper for å leggja arbeidarane *inn under* det imperialistiske borgarskapet). Kautsky *kan* likevel *ikkje* seia rett ut at Europa ikkje er modent for sosialismen. I 1909, då han enno ikkje var nokon renegat, skreiv han at det ikkje var nokon grunn til å vera redd ein *for tidleg* revolusjon, at kven som helst som hadde gjeve slepp på revolusjonen av di han var redd nederlaget, ville ha vore ein svikar. Kautsky tør ikkje gje slepp på dette *beint ut*. Og så får vi noko meiningslaust som avslører dualismen og feigskapen til småborgaren fullstendig: På den eine sida er Europa modent for sosialismen og går fram imot avgjerande slag mellom kapital og arbeid. Men på den andre sida *må ikkje kamporganisasjonen* (dvs. den organisasjonen som stig fram, veks og vinn styrke under kampen), organisasjonen til proletariatet, fortroppen og organisatoren, leiaren for dei undertrykte, verta forma om til ein statsorganisasjon!

Frå ein praktisk politisk synsstad er tanken at sovjeta er naudsynte som kamporganisasjonar, men ikkje må formast om til statsorganisasjonar, uendeleg meir meiningslaus enn frå ein teoretisk synsstad. Jamvel i fredstid, når det ikkje er nokon revolusjonær situasjon, gjev massekampen arbeidarane fører mot kapitalistane — t.d. massestreiken — opphav til stor harme på båe si-

der, til rasande kjensler i kampen. Borgarskapet held ustandseleg fast ved at dei må verta verande, og er meint på å verta verande «herrar i eige hus» osb. Og i revolusjonstider, når det politiske livet når kokepunktet, vil ein organisasjon som sovjeta — som femner om *alle* arbeidarane i *alle* industrigreinene, *alle* soldatane, og alle dei arbeidande og fattigaste delane av folkesetnaden på landsbygda — ein slik organisasjon vil av seg sjølv, med utviklinga av kampen, med den enkle «logikken» i åtak og forsvar, uunngåeleg koma til å stilla spørsmålet *på spissen*. Freistnaden på å ta ei mellomstilling og «forsonna» proletariatet med borgarskapet, er rein dumskap og dømt til å mislykkast ynkeleg. Det var det som hende i Russland med preiket til Martov og andre mensjevikar, og det vil uunngåeleg skje i Tyskland og andre land, dersom sovjeta lykkast i å utvikla seg i noko stort omfang og greier stå saman og styrkjast. Å seia til sovjeta: Kjemp, men ikkje ta heile statsmakta i dykkar hender, ikkje vert statsorganisasjonar, det er jamgodt med å preika klassesamarbeid og «sosial fred» mellom proletariatet og borgarskapet. Det er latterleg jamvel å tru at ei slik stilling midt oppe i ein vill kamp, kunne føra til noko anna enn skamleg feilslag. Men det er Kautskys evige lagnad å sitja mellom to stolar. Han lest vera usamd med opportunistane om alt i teorien, men *i praksis* er han samd med dei om alt vesentleg (dvs. om alt som har med revolusjon å gjera).

DEN GRUNNLOVGJEVANDE FORSAMLINGA OG SOVJETREPublikken

Spørsmålet om den grunnlovgevande forsamlinga og at bolsjevikane oppløyste henne, er kjernepunktet i heile brosjyren til Kautsky. Han kjem stendig vekk attende til dette. Heile dette litterære produktet til den ideologi-

ske leiaren for Den andre internasjonale, er overfylt med allslags ymt om at bolsjevikane har «øydelt demokrati» (sjå eit av sitata etter Kautsky ovanfor). Spørsmålet er verkeleg interessant og viktig, av di tilhøvet mellom borgarleg demokrati og proletarisk demokrati her vart stilt overfor revolusjonen i *praktisk* form. Lat oss sjå korleis den «marxistiske teoretikaren» vår har teke for seg dette spørsmålet.

Han siterer mine «Tesar om den grunnlovgjevande forsamlinga»,* som vart offentleggjort i Pravda 26. desember 1917. Ein skulle tru at ein ikkje kunne ynskja noko betre prov for korleis Kautsky tek for seg dette emne på alvorleg vis, slik som han siterer dokumenta. Men sjå på *korleis* det er han siterer. Han seier ikkje at det var nitten av desse tesane. Han seier ikkje at dei tok for seg tilhøvet mellom den vanlege borgarlege republikken med ei grunnlovgjevande forsamling og ein sovjetrepublikk, så vel som *historia* om usemja i revolusjonen vår mellom den grunnlovgjevande forsamlinga og proletariatets diktatur. Kautsky overser alt dette, og fortel rett og slett lesaren at «to av dei» (av tesane) «er særskilt viktige»: Ein slår fast at det oppstod ei splitting mellom dei sosialrevolusjonære etter vala til den grunnlovgjevande forsamlinga, men før ho kom saman (Kautsky nemner ikkje at dette var den femte tesen). Den andre viser at sovjetrepublikken allment er ei høgare demokratisk form enn den grunnlovgjevande forsamlinga (Kautsky nemner ikkje at dette var den tredje tesen).

Berre frå denne tredje tesen siterer Kautsky ein del i heilskap, nemleg fylgjande avsnittet:

«Sovjetrepublikken er ikkje berre eit høgare slag demokratisk institusjon (jamført med den *vanlege* borgarlege republikken med ei grunnlovgjevande forsamling på toppen), men den einaste forma som er i stand til å

* Sjå vedlegg I til «Den proletariske revolusjonen og renegaten Kautsky». — *Red.*

tryggja den mest smertefrie** overgangen til sosialismen» (Kautsky utelet ordet «vanleg» og innleiingsorda til tesen: «For overgangen frå det borgarlege til det sosialistiske systemet, for proletariatets diktatur»).

Etter at Kautsky har sitert desse orda, bryt han ut med storfeldt ironi:

«Det er berre synd at bolsjevikane nådde fram til denne konklusjonen fyrst når dei fann ut dei var i mindretal i den grunnlovgevande forsamlinga. Før det var det ingen som hadde kravd henne meir høglytt enn Lenin.»

Dette er bokstavleg det Kautsky seier på side 31 i boka si!

Det er beint fram ei perle! Berre ein spyttleikar for borgarskapet kunne leggja fram spørsmålet på ein slik rang måte at det gav lesaren inntrykk av at alt snakket til bolsjevikane om ein høgare statstype, var ei oppfinning som kom til verda dagen *etter* at dei fann ut dei var i mindretal i den grunnlovgevande forsamlinga! Ei slik illgjeten lygn kunne berre koma frå ein slyngel som har selt seg til borgarskapet, eller — noko som er heilt ut det same — som har festa tillit til Axelrod og løyner kjelda for opplysningane sine.

For alle kjenner til at alt fyrste dagen eg kom til Russland, 4. april 1917, las eg offentleg tesane mine der eg kunngjorde at ein stat av same type som Pariskommu-

** I forbifarten: Kautsky freistar tydelegvis å vera ironisk og tek ei rekkje gonger opp att uttrykket «mest smertefri» overgang. Men sidan han bommar på målet, gjer han ei lita forfalsking nokre sider lenger nede og feilsiterer det som «smertefri» overgang! Men slike middel er det sjølv sagt enkelt å leggja all slags meiningsløyse i munnen på ein motstandar. Forfalskinga hjelper han å vika unna sjøve innhaldet i argumentet, nemleg at den mest smertefrie overgangen til sosialismen berre er mogleg når alle dei fattige er organiserte til siste mann (sovjeta) og når kjernen i statsmakta (proletariatet) hjelper dei å organisera seg.

nen stod langt over den borgarlege parlamentariske republikken. Seinare slo eg fast dette på trykk *ei rekkje gonger*, slik som t.d. i ein brosjyre om politiske parti som vart omsett til engelsk og offentleggjort i januar 1918 i *Evening Post* i New York*. Ikkje nok med det. Konferansen for bolsjevikpartiet i slutten av april 1917 vedtok ein resolusjon som gjekk ut på at ein proletar- og bonderepublikk stod langt over ein borgarleg parlamentarisk republikk, at partiet vårt ikkje ville vera tilfreds med den sistnemnde og at partiprogrammet burde forandrast i samsvar med dette.

Sett på bakgrunn av desse kjensgjerningane, kva skal ein kalla dei knepa Kautsky tyr til for å forsikra dei tyske lesarane sine om at eg har kome med sterke krav om at den grunnlovgjevande forsamlinga skulle koma saman, og at eg fyrst tok til å «redusera» heideren og vyrdnaden til den grunnlovgjevande forsamlinga då bolsjevikane såg at dei var i mindretal i henne? Korleis kan eit slikt knep orsakast?** Med å hevda at Kautsky ikkje kjende korleis tilhøva verkeleg var? Om det var tilfelle, kvifor gav han seg då til med å skriva om dei? Eller kvifor sa han ikkje ærleg ifrå om at han skreiv på grunnlag av opplysningar frå mensjevikane Stein, Axelrod & co.? Med å lata som han er objektiv, ynskjer Kautsky å løyna rolla si som tenar for mensjevikane, som er misnøgde av di dei har lidd nederlag.

Men dette er ein rein bagatell jamført med det som skal koma.

Lat oss gå ut ifrå at Kautsky ikkje ville eller ikkje kunne (?) skaffa seg frå dei som gav han opplysningar, ei omsetjing av resolusjonane og fråsegnene til bolsjevi-

* Brosjyren «Dei politiske partia i Russland og oppgåvene for proletariatet» vart prenta i *Evening Post* 15. januar 1918. — *Red.*

** I forbifarten: Det er mange mensjevikiske lygner av dette slaget i brosjyren til Kautsky! Han er eit spotteskrift som er skriva av ein mensjevik som er vorten bitter.

kane om spørsmålet om kor vidt bolsjevikane ville vera nøgde med ein borgarleg parlamentarisk demokratisk republikk eller ikkje. Lat oss tenkja oss dette jamvel om det er utenkjeleg. Men Kautsky *nemner* tesane mine frå 26. desember 1917 *direkte* på side 30 i boka si.

Kjenner han ikkje desse tesane i heilskap, eller kjenner han berre det som folk som Stein, Axelrod & co. omsette for han? Kautsky siterer den *trede* tesen om det *grunnleggjande* spørsmålet om kor vidt bolsjevikane skjøna at ein sovjetrepublikk står langt over ein borgarleg republikk *før* vala til den grunnlovgjevande forsamlinga, og kor vidt dei fortalde *folket* dette. *Men han teier om den andre tesen.*

Den andre tesen lyder slik: (utheva av meg).

«Samstundes som det revolusjonære sosialdemokratiet har kravd at ei grunnlovgjevande forsamling skal kallast inn, har det heilt frå revolusjonen i 1917 tok til, gong på gong streka under at ein sovjetrepublikk er ei høgare form for demokrati enn den vanlege borgarlege republikken med ei grunnlovgjevande forsamling.»

For å framstilla bolsjevikane som prinsipplause menneske, som «revolusjonære opportunistar» (dette er ei nemning Kautsky nyttar ein eller annan stad i boka si, eg har gløymt i kva samanheng), har hr. Kautsky *løynt for dei tyske lesarane sine* at tesane inneheld ei beinveges tilvising til erklæringar som er tekne opp att «*gong på gong*»!

Dette er dei ynkelege, elendige og foraktelege metodane hr. Kautsky nyttar! Slik er det han har unngått det *teoretiske* spørsmålet.

Er det sant eller er det ikkje sant at den borgarleg-demokratiske parlamentariske republikken står langt *lågare* enn ein republikk som Pariskommunen eller av sovjettypen? Dette er heile poenget, og Kautsky har gått utanom det. Kautsky har «gløymt» alt Marx sa i analysen sin av Pariskommunen. Han har og «gløymt» brevet frå Engels til Bebel 28. mars 1875, der same tanken som den Marx hadde er formulert særleg klårt og

lettforståeleg: «Kommunen var ikkje lenger ein stat i den eigentlege tydinga av ordet.»

Her ser den mest framståande teoretikaren i Den andre internasjonalen i ein særskilt brosjyre om *Proletariatets diktatur*, som tek for seg Russland særskilt, der spørsmålet om ei statsform som er høgare enn en demokratisk borgarleg republikk har vorte reist beinveges og ei rekkje gonger, heilt bort frå nett dette spørsmålet. Korleis skil dette seg i røynda frå å desertera til den borgarlege leiren?

(Lat oss i parentes merkja oss at også på dette feltet går Kautsky berre i spora til dei russiske mensjevikaner. Mellom dei siste er det så mykje folk ein berre vil som kjenner «alle sitata» av Marx og Engels. Like fullt er det ikkje ein einaste mensjevik som frå april til oktober 1917 og frå oktober 1917 til oktober 1918 *nokon gong* har gjort ein *einaste* freistnad på å undersøkje spørsmålet om statstypen til Pariskommunen. Plekhanov har og unngått dette spørsmålet. *Det var han tydelegvis nøydd til.*)

Det seier seg sjølv at det ville vera å kasta perler for svin å diskutera oppløysinga av den grunnlovgjevande forsamlinga²⁰ med folk som kallar seg sosialistar og marxistar, men som i røynda deserterer til borgarskapet på *hovudspørsmålet*, spørsmålet om statstypen til Pariskommunen. Det vil vera tilstrekkeleg å gje att heile teksten til tesane mine om den grunnlovgjevande forsamlinga som eit vedlegg til denne boka. Lesaren vil då sjå at spørsmålet vart lagt fram 26. desember 1917 i lys av teori, historie og praktisk politikk.

Om Kautsky har gjeve fullstendig avkall på marxismen som teoretikar, kunne han i det minste ha undersøkt spørsmålet om kampen mellom sovjeta og den grunnlovgjevande forsamlinga som historikar. Frå mange av verka til Kautsky kjenner vi til at han *visste korleis* han skulle vera ein marxistisk historikar, og at *desse* arbeida hans vil vera ei varig vinning for proletariatet trass i fråfallet hans seinare. Men i dette spørsmålet *vender* Kautsky, jamvel som historikar, *ryggen* til

sanninga. Han overser *velkjende* kjensgjerningar og oppfører seg som ein spyttseikar. Han *ynskjer* å framstilla bolsjevikane som prinsipplause, og han fortel lesarane sine at dei freista *mildna* konflikten med den grunnlovgjevande forsamlinga før dei oppløyste henne. Det er absolutt ikkje noko gale med det, vi har ikkje noko vi må ta i oss att. Eg gjev att tesane i heilskap, og der vert det sagt så klårt som det berre er mogleg: De herrar frå det vaklande småborgarskapet som har forskansa dykk i den grunnlovgjevande forsamlinga, anten forson dykk med proletariatets diktatur, eller så vil vi slå dykk med «revolusjonære middel» (tese 18 og 19).

Slik har eit verkeleg revolusjonært proletariat alltid gått fram, og slik vil det alltid gå fram mot det vaklande småborgarskapet.

Kautsky tek eit formelt standpunkt i spørsmålet om den grunnlovgjevande forsamlinga. Tesane mine seier klårt og ei rekkje gonger at interessene til revolusjonen står over dei formelle rettane til den grunnlovgjevande forsamlinga (sjå tese 16 og 17). Den formaldemokratiske synsstaden er nett synsstaden til den *borgarlege* demokraten som nektar å vedgå at interessene til proletariatet og den proletariske klassekampen står over alt anna. Som historikar ville ikkje Kautsky vore i stand til å nekta for at borgarlege parlament er organa for den eine eller den andre klassen. Men no (for det skitne formålet å forsaka revolusjonen) finn Kautsky det naudsynt å gløyma marxismen sin, og han *vik attende for å stilla spørsmålet*: Kva klasse var den grunnlovgjevande forsamlinga i Russland organ for? Kautsky undersøker ikkje dei konkrete vilkåra. Han *ynskjer* ikkje å sjå kjensgjerningane i augo. Han seier ikkje eitt einaste ord til dei tyske lesarane sine om at tesane ikkje berre inneheldt ei teoretisk klårgjering av spørsmålet om den avgrensa karakteren til det borgarlege demokratiet (tese 1—3), ikkje berre ei skildring av dei konkrete vilkåra som avgjorde mistilhøvet mellom partilistene over kandidatane midt i oktober 1917 og dei røynelege tilhøva i de-

semer 1917 (tese 4—6), men og *historia om klassekampen og borgarkrigen* i oktober—desember 1917 (tese 7—15). Ut frå denne konkrete historia drog vi konklusjonen (tese 14) at slagordet «All makt til den grunnlovgjevande forsamlinga!» i *røynda* hadde vorte slagordet til kadettane og Kaledin-folka og hjelpesmennene deira.

Historikaren Kautsky ser ikkje dette. Historikaren Kautsky har aldri høyrte at allmenn røysterett stundom fører til småborgarlege, stundom reaksjonære og kontrarevolusjonære nasjonalforsamlingar. Den marxistiske historikaren Kautsky har aldri høyrte at forma for val, forma for demokrati er ein ting, og klasseinnhaldet til den institusjonen det gjeld er noko anna. Dette spørsmålet om klasseinnhaldet til den grunnlovgjevande forsamlinga vert stilt og svara på beinveges i tesane mine. Kanhende er svaret mitt feil. Ingen ting ville ha vore meir velkome for oss enn ein marxistisk kritikk av analysen vår frå ein som står utanfor. I staden for å skriva fullstendig tåpelege frasar (og dei er det nok av i boka til Kautsky) om nokon som hindrar kritikk av bolsjevismen, burde han ha gjeve seg til med å laga ein slik kritikk. Men poenget er at han ikkje tilbyr nokon kritikk. Han *reiser* ikkje ein gong *spørsmålet* om ein klasseanalyse av sovjeta på den eine sida og av den grunnlovgjevande forsamlinga på den andre. Det er difor *umogleg* å argumentera, å debattera med Kautsky. Alt vi kan gjera er å *demonstrera* for lesaren kvifor Kautsky ikkje kan kallast noko anna enn ein renegat.

Konflikten mellom sovjeta og den grunnlovgjevande forsamlinga har si historie som ikkje ein gong ein historikar som ikkje står på synsstaden til klassekampen kan oversjå. Kautsky ville ikkje *røra* ved denne røynelege historia. Kautsky har løynt for dei tyske lesarane sine den allment kjende kjensgjerninga (som berre vondsinnane mensjevikar løyner no) at konflikten mellom sovjeta og dei «allmenne statlege» (det vil seia borgarlege) institusjonane var til stades jamvel då mensjevikane rådde, dvs. frå slutten av februar til oktober 1917. I *røynda* tek

Kautsky stilling for forsoning, kompromiss og samarbeid mellom proletariatet og borgarskapet. Same kor mykje Kautsky vil nekta for dette, er det ei kjensgjerning som går fram av heile brosjyren hans. Å seia at den grunnlovgejvande forsamlinga ikkje skulle ha vorte oppløyst, er jamgodt med å seia at kampen mot borgarskapet ikkje skulle ha vorte ført til endes, at borgarskapet ikkje skulle ha vorte styrta og at proletariatet skulle ha gjort fred med dei.

Kvifor har Kautsky tagd om den kjensgjerninga at mensjevikaner var opptekne med dette lite ærefulle arbeidet mellom februar og oktober 1917 og ikkje oppnådde noko som helst? Dersom det var mogleg å forsona borgarskapet med proletariatet, kvifor lykkast ikkje mensjevikaner med å gjera det? Kvifor heldt borgarskapet seg unna sovjeta? Kvifor kalla *mensjevikaner* sovjeta «revolusjonært demokrati» og borgarskapet «folk med eigedom»?

Kautsky har løynt for dei tyske lesarane sine at det var mensjevikaner som i den «epoken» då dei rådde (februar til oktober 1917), kalla sovjeta «revolusjonært demokrati» og *med det* gjekk med på at dei stod over alle andre institusjonar. Det er berre med å løyndes denne kjensgjerninga at historikaren Kautsky fekk det til å sjå ut som om konflikten mellom sovjeta og borgarskapet ikkje hadde noka historie, at ho steig fram på ein augeblik, utan grunn, heilt brått, på grunn av den dårlege framferda til bolsjevikaner. Like fullt var det i røynda *meir enn seks månaders* (ein uhorveleg lang periode i revolusjonstider) *røyndse* med mensjevikiske kompromiss, med freistnadene deira på å forsona proletariatet med borgarskapet, som overtjydde folket om at desse freistnadene var gagnause og dreiv proletariatet vekk frå mensjevikaner.

Kautsky går med på at sovjeta er ein framifrå kamporganisasjon for proletariatet og at dei har ei stor framtid framfor seg. Men så lenge det er tilfelle, fell stillinga til Kautsky saman som eit korthus, eller som draumane

til ein småborgar om at ein kan unngå den tilkvesste kampen mellom proletariatet og borgarskapet. For revolusjon er ein samanhengande og i tillegg desperat kamp, og proletariatet er fortroppklassen for *alle* undertrykte, det er brennpunkt og sentrum for all lengten til dei undertrykte etter å verta frie! Difor spegla og uttrykte sjølv sagt sovjeta, som organet for kampen til det undertrykte folket, stemningane og dei forandra meiningane til desse menneska så mykje snøggare, meir fullstendig og meir trufast enn nokon annan institusjon (det er elles ein av grunnane til at sovjetdemokratiet er den høgaste typen demokrati).

I perioden mellom 28. februar (gamal tidsrekning) og 25. oktober 1917, greidde sovjeta samla *to* allrussiske kongressar av representantar for det overveldande fleirtalet av folkesetnaden i Russland, for alle arbeidarane og soldatane, og for 70 eller 80 prosent av bøndene, for ikkje å nemna det veldige talet på lokal-, ujest-, by-, guvernement-, og regionskongressar. I denne perioden lykkast ikkje borgarskapet i å samla ein einaste institusjon som representerte fleirtalet (utanom denne openlyse humbugen og parodien som vart kalla den «demokratiske konferansen»²¹, og som gjorde proletariatet rasande). Den grunnlovgjevande forsamlinga spegla *den same* stemninga mellom folk og *den same* politiske grupperinga som den fyrste (juni) allrussiske sovjetkongressen. På den tida den grunnlovgjevande forsamlinga sat saman (januar 1918), hadde den andre (oktober 1917) og den tredje (januar 1918) sovjetkongressen kome saman, og båe hadde *synt så klårt som det berre var mogleg* at folket hadde svinga til venstre, hadde vorte revolusjonerte, hadde vendt seg bort frå mensjevikaner og dei sosialrevolusjonære og gått over på sida til bolsjevikaner. *Det vil seia*, det hadde vendt seg bort frå ei småborgarleg leiing, frå den illusjonen at det var mogleg å nå fram til eit kompromiss med borgarskapet, og hadde slutta seg til den proletariske revolusjonære kampen for å styrta borgarskapet.

Slik syner jamvel den *ytre historia* til sovjeta at den grunnlovgjevande forsamlinga var eit *reaksjonært* organ og at det var uunngåeleg at ho laut oppløysast. Men Kautsky held fast ved «slagordet» sitt: Lat «det reine demokratiet» få overtaket sjølv om revolusjonen går til grunne og borgarskapet triumferer over proletariatet! *Fiat justitia, pereat mundus!**

Her fylgjer stutt tala for dei allrussiske sovjetkongressane under historia til den russiske revolusjonen:

Allrussiske sovjetkongressar	kor mange utsendingar	kor mange bolsjevikar	prosent bolsjevikar
Fyrste (3. juni 1917)	790	103	13
Andre (25. oktober 1917)	675	343	51
Tredje (10. januar 1918)	710	434	61
Fjerde (14. mars 1918)	1232	795	64
Femte (4. juli 1918)	1164	773	66

Eitt augekast på desse tala er nok for å skjøna kvifor forsvar for den grunnlovgjevande forsamlinga og snakk (slik som Kautsky kjem med) om at bolsjevikane ikkje har eit fleirtal av folkesetnaden bak seg, berre vert møtt med latter i Russland.

SOVJETFORFATNINGA

Slik eg alt har peika på, er det ikkje noko naudsynt og ufråvikeleg drag ved proletariatets diktatur at røysteretten vert teken frå borgarskapet. Og i Russland sa ikkje bolsjevikane, som lenge før Oktoberrevolusjonen sette fram slagordet om proletariatets diktatur, noko på førehand om å ta røysteretten frå utbyttarane. *Denne* sida ved diktaturet dukka ikkje opp «i samsvar med pla-

* *Fiat justitia, pereat mundus* — (lat.) Lat rettferd skje, endå om jorda går til grunne. — *Red.*

nen» til noko særskilt parti. Det *steig fram* av seg sjølv medan kampen stod på. Sjølvsaugt makta ikkje historikaren Kautsky å merkja seg dette. Han makta ikkje forstå at jamvel då mensjevikane (som gjorde kompromiss med borgarskapet) enno rådde i sovjeta, braut borgarskapet banda med sovjeta av eigen fri vilje, boikotta dei, gjorde seg til motstandarar av dei og intrigerte mot dei. Sovjeta vaks fram utan noka forfatning og eksisterte utan forfatning *i meir enn eitt år* (frå våren 1917 til sumaren 1918). Borgarskapet rasa mot denne sjølvstendige og allmechtige (av di han femnde om alt) organisasjonen til dei undertrykte. Det førte ein samvitslaus, eigennyttig og skitten kamp mot sovjeta. Til sist tok borgarskapet (frå kadettane til dei høgresosialrevolusjonære, frå Miljukov til Kerenski) ope del i Kornilov-mytteriet²². — Alt dette *la grunnen for* at borgarskapet vart formelt stengt ute frå sovjeta.

Kautsky har høyrte om Kornilov-mytteriet, men frå sin høge hest bles han forakteleg av historiske kjensgjerningar og av retninga og forma på den kampen som avgjer *formene* for diktaturet. Og sant å seie, kven ville bry seg om kjensgjerningar der det er tale om «reint» demokrati? Dette er grunnen til at den «kritikken» Kautsky kjem med mot at borgarskapet er fráteke røysteretten, merkjer seg ut med slik ... söt naivitet, som ville ha vore rørande om det galdt eit barn, men er motbydeleg når det gjeld eit menneske som enno ikkje har fått offisielt papir på at han er åndssvak.

«...Om kapitalistane fann ut at dei var eit lite mindretal når røysteretten vart allmenn, ville dei di lettare finna seg i lagnaden sin.» (s. 33) ... Sjarmerande, ikkje sant? Den flinke Kautsky har sett mange historiske døme, og har svært god kjennskap ut ifrå det han sjølv har sett av livet til godseigarane og kapitalistane om at dei gjer rekning med viljen til fleirtalet av dei undertrykte. Den flinke Kautsky går hardt inn for ein «opposisjon», dvs. parlamentarisk kamp. Det er bokstavleg det han seier: «opposisjon» (s. 34 og andre stader).

Kjære lærde historikar og politikar! Du ville ikkje ta skade av å kjenna til at «opposisjon» er eit omgrep som høyrer heime i den fredelege og berre i den parlamentariske kampen, dvs. eit omgrep som svarar til ein ikkje-revolusjonær situasjon, eit omgrep som svarar til at *det ikkje er nokon revolusjon i gang*. Under revolusjonen har vi å gjera med ein nådelaus fiende i ein borgarkrig. Ingen reaksjonære jeremiadar frå ein småborgar som er redd ein slik krig, slik Kautsky er, kan forandra på denne kjensgjerninga. Det er beint fram komisk å undersøkja problema kring ein nådelaus borgarkrig med «opposisjon» som utgangspunkt i ei tid då borgarskapet er budde på å gjera alle slags brotsverk — dømet med Versailles-folka og avtalane deira med Bismarck må tyda noko for kvart einaste menneske som ikkje tek for seg historia på same måte som Gogols Petrusjka* — når borgarskapet kallar inn framande stater til hjelp for seg og intrigerer med dei mot revolusjonen. Det revolusjonære proletariatet skal trekkja nattlua nedover øyro på same måten som «den rørete rådgjevaren» Kautsky og sjå på borgarskapet, som organiserer folk som Dutov, Krasnov og tsjekkarane i kontrarevolusjonære oppreistar og betalar millionar til sabotørar, som ein legal «opposisjon». Overlag djuptenkt!

Kautsky er berre interessert i den formelle, juridiske sida av spørsmålet. Når ein les utgreiingane hans om sovjetforfatninga, må ein uvilkårleg minnst orda til Bebel: «Juristar er fullblods reaksjonære.» Kautsky skriv: «I røynda kan ein ikkje ta røysteretten berre frå kapitalistane. Kva er ein kapitalist i den juridiske tydinga av ordet? Ein som har eigedom? Jamvel i eit land som har kome så langt på vegen med økonomisk framgang som Tyskland, der proletariatet er så talrikt, ville skipinga av ein sovjetrepublikk ta røysteretten frå ei

* *Petrusjka* — person i boka *Døde sjeler* av Nikolai Gogol, ein liv-egen tenar som las ei bok utan å bry seg om innhaldet i ho, men berre interesserte seg for den reint mekaniske leseprosessen. — *Red.*

stor mengd menneske. I dei tre store yrkesgruppene — jordbruk, industri og handel — var det i det tyske riket i 1907 rundt rekna 35 millionar i lønsmottakar- og funksjonærgruppene og sytten millionar i gruppa av sjølvstendige, når familiarne er medrekna. Såleis kan eit parti gjerne ha fleirtal mellom lønsarbeidarane, men vera i mindretal i folkesetnaden som heilskap.» (s. 33)

Dette er eit døme på korleis Kautsky argumenterer. Er ikkje dette den kontrarevolusjonære klynkinga til ein borgar? Kvifor har du, hr. Kautsky, vist bort alle dei «sjølvstendige» til gruppa som skal mista røysteretten, når du veit svært godt at det overveldande fleirtalet av dei russiske bøndene ikkje nyttar leigd arbeidskraft og difor ikkje mistar røysteretten sin? Er ikkje dette ei forfalsking?

Kvifor gav ikkje du, lærde økonom, att dei kjensgjerningane du kjenner så svært godt til, og som du kan finna i dei same tyske statistikkane for 1907 når det gjeld leigd arbeidskraft i jordbruket etter storleiken på bruka? Kvifor gav du ikkje att desse kjensgjerningane for å setja dei tyske arbeidarane, som les brosjyren din, i stand til å sjå *kor mange utbyttarar som finst*, og kor få dei er i høve til det samla talet på «gardbrukarar» i dei tyske statistikkane?

Du gjorde det ikkje fordi fråfallet ditt har gjort deg til ein rein spyttlikkar for borgarskapet.

Kautsky hevdar at nemninga kapitalist juridisk sett er eit uklårt omgrep, og over fleire sider dundrar han laus mot det «vilkårlege» i sovjetforfatninga. Denne «seriøse lærde» har ingen innvendingar mot at det britiske borgarskapet nytta fleire hundreår på å arbeida ut og utvikla ei ny (ny for mellomalderen) borgarleg forfatning. Men som den representanten for lakeivitskapen han er, vil han ikkje la oss, arbeidarane og bøndene i Russland, få noka tid på oss. Han ventar at vi har ei forfatning som er fullt utarbeidd til siste bokstav klår på nokre få månader ...

«Vilkårleg!» Berre tenk for ein avgrunn av skamme-

leg underkasting for borgarskapet og udugande pedanteri som ligg i ei *slik* klandring. I hundreårsvis eller tiårsvis har tvers igjennom borgarlege og for størstedelen reaksjonære juristar i dei kapitalistiske landa sett opp svært detaljerte reglar og føresegner og skrive titals og hundretals bandsterke verk med lover og lovtolkingar for å *undertrykkja* arbeidarane. Dei har gjort dette for å binda *den fattige* på hender og føter og leggja tusenvis av hindringar og vanskar i vegen for kven som helst av det vanlege arbeidande folket. I dette ser ikkje dei borgarlege liberale og hr. Kautsky noko «Vilkårleg»! Dette er «lov» og «orden»! Måtane dei fattige skal «haldast nede» på, er alle gjennomtenkte og nedskrivne. Det finst tusenvis av borgarlege juristar og byråkratar (dei seier ikkje Kautsky noko om i det heile, truleg nett fordi Marx såg det som overlag viktig å *knusa* den byråkratiske maskinen ...) — juristar og byråkratar som veit korleis dei skal tolka lovene på ein slik måte at arbeidarren og gjennomsnittsbonden aldri kan trengja gjennom dei piggrådhindra desse lovene er. Dette er ikkje «vilkårleg» frå borgarskapet si side, dette er ikkje diktaturet til dei skitne og eigennyttige utbytтарane som syg blodet av folket. På ingen måte! Det er «reint demokrati», som vert reinare og reinare for kvar dag som går.

Men no har dei slitande og utbytta klassane, samstundes som den imperialistiske krigen har stengt dei borte frå brørne sine på andre sida av grensa, for fyrste gong i historia skipa sine *eigne* sovjet. *Dei menneska* som borgarskapet undertrykte, kua ned og sløva, har dei fått med på å arbeida med den politiske oppbygginga. Dei har *sjølv* teke til å byggja ein *ny*, proletarisk stat. Midt oppe i ein rasande kamp, medan borgarkrigen logar, har dei teke til å *dra opp* dei grunnleggjande prinsippa for ein stat *utan utbytтарar*. — Då hylar alle dei borgarlege slynglane, heile banden av blodsugarar, med Kautsky som ekko, opp om det «vilkårlege»! Sant og visst, korleis vil desse uvitande menneska, desse arbeidarane og bøndene, denne «mobben» kunna tolka

lovene sine? Korleis kan desse simple arbeidarane få noka rettskjensle utan råd frå utdanna juristar, frå borgarlege skribentar, frå folk som Kautsky og dei vise gamle byråkratane?

Frå talen min 28. april 1918 siterer hr. Kautsky orda: «Folket sjølve avgjer framgangsmåten og tidspunktet for vala.» Og «den reine demokraten» Kautsky leier ut av dette:

«... Fylgjeleg tyder det at kvar einaste forsamling av veljarar kan avgjera framgangsmåten for vala som dei sjølve finn det for godt. Vilkårlege tilhøve og høve til å kvitta seg med uynskt opposisjon i rekkjene til proletariatet sjølve, ville såleis verta ført ut i det ekstreme» (s. 37).

Vel, korleis skil dette seg frå snakket til ein bladsmørrar som er kjøpt av kapitalistane, ein som hylar opp om at folket undertrykkjer flittige arbeidarar som er «villige til å arbeida» under ein streik? Kvifor er *ikkje* dei *borgarlege* byråkratiske metodane for å fastsetja valprosedyrar under «reint» borgarleg demokrati vilkårleg? Kvifor skulle rettskjensla *mellom dei massane som har reist seg til kamp* mot dei som har utbytta dei i lange tider, mellom dei massane som vert lærde opp og stålsatte i denne hardsette kampen, vera mindre enn rettskjensla til ein *handfull* byråkratar, intellektuelle og juristar som er oppseda med *borgarlege* fordomar?

Kautsky er ein sann sosialist. Våg ikkje å reisa mistanke om kor oppriktig denne svært respektable familiefaren, denne særst ærlege medborgaren er. Han stør truge og overtydd opp om sigeren til arbeidarane, til den proletariske revolusjonen. Alt han ynskjer er at dei småborgarlege intellektuelle med honningsøt tale og spissborgarane i nattlue *fyrst, før* massane tek til å røra på seg, *før* dei set i gang ein rasande kamp mot utbyttarane, og for visst *utan* borgarkrig — skulle få setja opp

eit moderat og presist *regelverk for korleis revolusjonen skulle utvikla seg ...*

Denne ovlærde Judas Golovljov* brenn av djup moralsk harme, medan han fortel dei tyske arbeidarane at den 14. juni 1918 vedtok den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen til sovjeta å stengja ute representantane for det høgresosialrevolusjonære partiet og mensjevikanane frå sovjeta. Og Judas Kautsky, som står i fyr og flamme av edel harme, skriv: «Denne åtgjerda er ikkje retta mot særskilte personar som har gjort seg skuld i særskilte straffbare handlingar. Forfatninga til Sovjetrepublikken inneheld ikkje eitt einaste ord om immunitet** for utsendingane i sovjeta. Det er ikkje særskilte *personar*, men særskilte *parti* som er stengde ute frå sovjeta.» (s. 37)

Ja, det er verkeleg forferdeleg, det er eit utoleleg avvik frå det reine demokratiet, ifylgje dei reglane den revolusjonære Judas Kautsky vil gjera revolusjon etter. Vi russiske bolsjevikar skulle fyrst ha garantert immunitet for folk som Savinkov & co., for Lieberdanane²³, folk som Potresov («aktivistane»²⁴) & co. Så skulle vi ha forma ut ei straffelov der vi kunngjer at å delta i den tsjekkiske kontrarevolusjonære krigen eller i alliansen med dei tyske imperialistane i Ukraina eller i Grusia *mot* arbeidarane i eins eige land er «straffbare handlingar». *Fyrst då*, på grunnlag av denne straffelova, ville vi i samsvar med prinsippa for «reint demokrati» ha rett til å stengja ute «særskilte personar» frå sovjeta. Det seier seg sjølv at tsjekkarane, som vert subsidierte av dei britiske og franske kapitalistane med folk som Savinkov, Potresov og Lieberdan som mellommenn (eller takk vere agitasjonen), og folk som Krasnov, som får ammunisjon frå tyskarane med mensjevikanane i

* *Judas Golovljov* — hyklersk og skinheilag godseigar i romanen *Familien Golovljov* av Mikhail Saltykov-Sjtsjedrin. — *Red.*

** *Immunitet* — at dei ikkje kan straffast for noko dei seier eller gjer som representantar i ei vald forsamling. — *Red.*

Ukraina og Tiflis som mellommenn, ville ha sete i ro og venta til vi hadde den rette straffelova vår klår, og at dei som dei demokratar av reinaste slag dei er, ville ha avgrensa seg til rolla som «opposisjon» ...

Det er ikkje nokon mindre moralsk harme som stig opp i Kautsky av at sovjetforfatninga tek røysteretten frå alle som «nyttar leigd arbeidskraft med profitt for auga». «Ein som driv heimearbeid, eller ein liten handverksmeister som berre har ein svein i tenesta», skriv Kautsky, «kan leva og kjenna seg heilt som ein proletar, men han har ingen røysterett.» (s. 36)

For eit avvik frå «reint demokrati»! For ei urettferd! Sant nok har alle marxistar fram til no meint — og tusenvis av kjensgjerningar har gjeve prov for det — at dei små handverksmeistrane var dei mest samvitslause og grådige utbytтарane av leigd arbeidskraft. Men Judas Kautsky tek dei små handverksmeistrane ikkje som ein *klasse* (kven var det som fann opp denne skadelege teorien om klassekampen?), men som einskildindivid, utbytтарar som «lever og kjenner seg heilt som ein proletar». Den vidkjende «sparsame Agnes», som ein trudde var død og gravlagt for lenge sidan, er vekt til live att med hjelp av pennen til Kautsky. Denne «sparsame Agnes» vart oppfunnen og ført inn i tysk litteratur for fleire tiår sidan av en «rein» demokrat, borgaren Eugen Richter. Han spådde uteljande ulykker som ville fylgja av proletarietets diktatur, når kapitalen til utbytтарane vart konfiskert, og han spurte uskuldig: Kva er ein kapitalist i den juridiske tydinga av ordet? Han tok som døme ei fattig, sparsam sydame («sparsame Agnes»), som dei slemme «proletariske diktatorane» ville rundstela til siste skilling. Det var ei tid då alle tyske sosialdemokratar gjorde narr av denne «sparsame Agnes» til den reine demokraten Eugen Richter. Men det var for lenge, lenge sidan, medan Bebel, som var heilt endefram og open om at det var så mange nasjonalliberale²⁵ i partiet sitt, enno levde. Det var for svært lenge sidan, medan Kautsky enno ikkje var nokon renegat.

No er «sparsame Agnes» vekt til live att som den «vesle handverksmeistaren som berre har ein svein i tenesta og som lever og kjenner seg heilt som ein proletar». Dei slemme bolsjevikane gjer urett imot han og tek frå han røysteretten. Det er sant at «kvar forsamling av veljarar» i sovjetrepublikken, slik Kautsky fortel, kan sleppa inn i rekkjene sine ein fattig liten handverksmeister som t.d. kan ha samband med ein eller annan fabrikk, dersom han unntaksvis ikkje er ein utbytтар, og dersom han *verkeleg* «lever og kjenner seg heilt som ein proletar». Men kan ein lita på livskunnskapen, på rettskjensla til eit uregelrett fabrikkmøte med vanlege arbeidarar som går fram (noko så forferdeleg!) utan noko skriftleg regelverk? Ville det ikkje heilt klårt vera betre å gje røysterett til *alle* utbytтарane, til *alle* som nyttar leigd arbeidskraft, heller enn å ta risikoen på at arbeidarane gjer urett mot «sparsame Agnes» og den «vesle handverksmeistaren som lever og kjenner seg heilt som ein proletar»?

* * *

Berre lat dei foraktelege renegatslynglane under full applaus frå borgarskapet og sosialsjåvinistane* skjella ut sovjetforfatninga vår for at ho tek røysteretten frå utbytтарane! Det er fint, for det vil setja auka fart på og vida ut kløfta mellom dei revolusjonære arbeidarane i Europa og folk som Scheidemann og Kautsky, Renaudel og Longuet, Henderson og Ramsay MacDonald, desse gamle leiarane og gamle svikarane av sosialismen.

Massen av dei undertrykte klassane, dei klassemed-

* Eg har nett lese ein leiarartikkel i *Frankfurter Zeitung*²⁶ (nr. 293, 22. oktober 1918) som kjem med ei oppglødd oppsummering av brosjyren til Kautsky. Dette organet til aksjebørsen er nøgd. Og det er ikkje å undrast over! Og ein kamerat skriv til meg frå Berlin at *Vorwärts*²⁷, organet til Scheidemann-folka, har kunngjort i en særartikkel at dei kan skriva under på nestan kvart ord Kautsky har skriva. Hjarteleg til lykke!

vitne og ærlege revolusjonære proletariske leiarane vil stå *på vår side*. Det vil vera nok å gjera slike proletarar og slike folk kjende med sovjetforfatninga vår for at dei straks skal seia: «Dette er verkeleg *våre folk*, dette er eit verkeleg arbeidarparti, dette er ei verkeleg arbeidarregjering, for ho narrar ikkje arbeidarane med å prata om reformar slik *alle dei leiarane som er nemnde ovanfor har gjort*, men kjempar mot utbyttarane på ramme alvor, går til revolusjon på ramme alvor og kjempar *verkeleg* for fullstendig frigjering for arbeidarane.»

Den *kjensgjerninga* at sovjeta etter eit års «røynsle» har teke røysteretten frå utbyttarane, *syner* at sovjeta verkeleg er organisasjonar for dei undertrykte, og ikkje for sosialimperialistar og sosialpasifistar som har seld seg til borgarskapet. Den *kjensgjerninga* at sovjeta har teke røysteretten frå utbyttarane, *syner* at dei ikkje er organ for småborgarleg kompromiss med kapitalistane, ikkje organ for parlamentarisk skravl (på vegne av folk som Kautsky, Longuet og MacDonald), men organ for det verkeleg revolusjonære proletariatet som fører ein kamp på liv og død mot utbyttarane.

«Boka til Kautsky er så godt som ukjent her,» skreiv ein velinformert kamerat til meg frå Berlin for nokre dagar sidan (i dag er det 30. oktober). Eg vil rå ambassadørane våre i Tyskland og Sveits til ikkje å vera knipne med tusenlappane og kjøpa opp denne boka og *dela ho ut gratis* mellom dei klassemedvitne arbeidarane for å trakka dette «europeiske» — les imperialistiske og reformistiske — sosialdemokratiet, som lenge har vore eit «stinkande lik», ned i søla.

* * *

Mot slutten av boka si, på side 61 og 63, klagar hr. Kautsky bittert over at «den nye teorien» (som han kallar bolsjevismen av redsle for å koma bort i analysane til Marx og Engels av Pariskommunen) «finn tilhengja-

rar jamvel i gamle demokrati som til dømes Sveits». «Det er uforståeleg» for Kautsky «korleis denne teorien kan vinna fotfeste mellom tyske sosialdemokratar».

Nei, heilt uforståeleg er det ikkje, for etter dei alvorlege lærdomane av krigen er dei revolusjonære massane i ferd med å gå trøyt og lei av folk som Scheidemann og Kautsky.

«Vi» har alltid gått inn for demokrati, skriv Kautsky. Like fullt vert det venta at vi brått skal gje avkall på det!

«Vi», opportunistane innanfor sosialdemokratiet, har alltid gått imot proletariatets diktatur, og Kolb & co. proklamerte dette *for lenge sidan*. Det veit Kautsky, og han trur forgjeves at han vil kunna løyna for lesarane den innlysande kjensgjerninga at han har «vendt attende til folden» til folk som Bernstein og Kolb.

«Vi», dei revolusjonære marxistane, har aldri gjort det «reine» (borgarlege) demokratiet til noko avgudsbi-lete. Som kjent var Plekhanov i 1903 ein revolusjonær marxist (seinare har han gjort ei sørgjeleg heilomven- ding som har ført han opp i same stilling som ein rus- sisk Scheidemann). Og det året kunngjorde Plekhanov på partikongressen vår, som då vedtok programmet sitt, at under revolusjonen ville proletariatet om naud- synt ta røysteretten frå kapitalistane og *oppløysa kva som helst nasjonalforsamling* som ein fann ut var kon- trarevolusjonær. At dette er det einaste synet som samsvarar med marxismen, vil vera klårt for alle berre ut ifrå dei utsegnene til Marx og Engels som eg har gje- ve att ovanfor. Det fylgjer klårt og greitt av alle dei grunnleggjande prinsippa i marxismen.

«Vi», dei revolusjonære marxistane, heldt aldri slike talar for folket som kautskyanarane av alle nasjonar elsker å halda når dei smiskar for borgarskapet, tilpas- sar seg etter det borgarlege parlamentariske systemet, held stilt om den *borgarlege* karakteren til det moderne demokratiet og berre krev at *det* skal utvidast, berre at *det* skal førast til sin logiske konklusjon.

«Vi» sa til borgarskapet: De, utbyttrarar og hyklarar, pratar om demokratiet, medan de set opp tusenvis av stengsel for kvart einaste steg for å hindra *det undertrykte folket* i å ta del i politikken. Vi tek dykk på ordet og krev i interessene til desse menneska at det borgarlege demokratiet *dykkar* skal utvidast *for å førebu folket på revolusjonen* som skal styrta dykk, utbyttrarane. Og dersom de utbyttrarar freistar by på motstand mot den proletariske revolusjonen vår, vil vi undertrykkja dykk nådelaut. Vi vil ta frå dykk alle rettar. Og ikkje nok med det. Vi vil ikkje gje dykk noko brød, for i den proletariske republikken vår vil ikkje utbyttrarane ha nokon rettar. Ved og vatn skal takast frå dei, for vi er sosialistar på ramme alvor, og ikkje på Scheidemanns eller Kautskys vis.

Dette er det «vi», dei revolusjonære marxistane, sa og vil seia — og dette er grunnen til at det undertrykte folket vil stø oss og stå saman med oss, medan slike som Scheidemann og Kautsky vil verta feia i kloakkummen til renegatane.

KVA ER INTERNASJONALISME?

Kautsky er fullt overtydd om at han er internasjonalist, og han kallar seg sjølv det. Folk som Scheidemann kallar han «regjeringssosialistar». Med forsvaret sitt for mensjevikane (han gjev ikkje ope uttrykk for solidariteten sin med dei, men han gjev truge uttrykk for synspunkta deira) har Kautsky så klårt det berre går an synt kva slags «internasjonalisme» det er han går inn for. Og sidan Kautsky ikkje er åleine, men er talsmann for eit straumdrag som uunngåeleg voks fram i atmosfæren til Den andre internasjonalen (Longuet i Frankrike, Turati i Italia, Nobs og Grimm, Graber og Naine i Sveits,

Ramsay MacDonald i Storbritannia osv.), vil det vera lærerikt å stansa opp ved «internasjonalismen» til Kautsky.

Etter at Kautsky har understreka at også mensjevikanene var til stades på Zimmerwaldkonferansen (ein diplom, javisst, men ... den er flekkete), legg han fram synspunkta til mensjevikane, som han er samde med, på fylgjande vis:

«... Mensjevikane ynskte ein allmenn fred. Dei ynskte at alle dei krigførande skulle vedta formelen: Ingen anneksjonar og ingen skadebøter. Heilt til dette var oppnådd skulle den russiske hæren, ifylgje dette synet, stå klår til slag. Bolsjevikane kravde på si side fred straks for kvar pris. Dei var budde på å slutta separatfred om naudsynt. Dei freista tvinga han fram med å skunda på oppløysinga i hæren, som var ille nok frå før» (s. 27). Etter Kautsky si meining skulle ikkje bolsjevikane ha teke makta, og dei skulle ha sagt seg nøgde med ei grunnlovjevande forsamling.

Slik går internasjonalismen til Kautsky og mensjevikane ut på fylgjande: Å krevja reformar frå den imperialistiske borgarlege regjeringa, men å halda fram å stø henne, og å halda fram å stø krigen denne regjeringa fører heilt til alle i krigen har godteke formelen: Ingen anneksjonar og ingen skadebøter. Dette synet vart ei rekkje gonger uttrykt av Turati, og av dei som stødde Kautsky (Haase og andre), og av Longuet & co som kunngjorde at dei var *for* forsvar av fedrelandet.

Teoretisk syner dette fullstendig manglande evner til å skilja seg frå sosialsjåvinistane, og fullstendig forvirring i spørsmålet om forsvar av fedrelandet. Politisk tyder det å setja småborgarleg nasjonalisme i staden for internasjonalisme, å desertera over til den reformistiske leiren og forneakta revolusjonen.

Frå proletariatet sin synsstad tyder å godkjenna «forsvar av fedrelandet», å rettferdiggjera den krigen som vert ført og vedgå at han vert ført med rette. Og sidan krigen vert verande ein imperialistisk krig (både un-

der eit monarki og under ein republikk), utan omsyn til kva land — mitt eige eller eit anna land — fiendetroppane står i til eit gjeve tidspunkt, tyder å godta forsvar av fedrelandet *i røynda* å stø det imperialistiske rovgriske borgarskapet og å svika sosialismen fullstendig. I Russland heldt krigen fram å vera ein imperialistisk krig jamvel under Kerenski, under den borgarleg-demokratiske republikken, for han vart ført av borgarskapet som herskande klasse (og krig er eit «framhald av politikken»). Og eit særleg slåande uttrykk for den imperialistiske karakteren til krigen, var dei løynlege traktatane om å dela opp verda og plyndra andre land, som tsaren i si tid hadde slutta med kapitalistane i Storbritannia og Frankrike.

Mensjvikane narra folket på sær s forakteleg vis med å kalla denne krigen ein forsvarskrig eller ein revolusjonær krig. Og med å gå god for politikken til mensjvikane, går Kautsky god for lureriet mot folket, går han god for den rolla småborgarskapet spela med å hjelpa kapitalen til å juksa arbeidarane og binda dei til vogna til imperialistane. Kautsky fylgjer ein særmerkt småborgarleg, spissborgarleg politikk med å lata som (og å freista få folket til å tru på den meiningslause tanken) at det *å setja fram eit slagord* forandrar på stoda. Heile historia til det borgarlege demokratiet går imot denne illusjonen, dei borgarlege demokratane har alltid lagt fram alle slags «slagord» for å narra folket. Det som gjeld, er å *prøva* kor truverdige dei er, å jamføra orda deira med det dei *gjer*, å ikkje vera nøgd med idealistiske eller skrytande *frasar*, men å koma ned til *klasse-røyndomen*. Ein imperialistisk krig sluttar ikkje å vera imperialistisk når skrytmakarar eller frasemakarar eller småborgarlege spissborgarar legg fram sentimentale «slagord», men fyrst når den *klassen* som fører den imperialistiske krigen, og er bunden til han med millionvis av økonomiske trådar (og jamvel reip), verkeleg vert *styrta* og får avløyning ved statsroret av den verkeleg revolusjonære klassen, proletariatet. *Det finst ingen an-*

nan måte å koma seg ut av ein imperialistisk krig, og heller ikkje ut av ein imperialistisk røvarfred.

Med å gå god for utanrikspolitikken til mensjevikaner, og med å kunngjera at han er internasjonalistisk og zimmerwaldistisk, avslørar Kautsky fyrst kor fullstendig opprotna det opportunistiske zimmerwaldfleirtalet er (det er ikkje å undrast at vi, *venstrezimmerwaldistane*²⁸ straks tok fråstand frå eit slikt fleirtal!), og for det andre — og det er hovudsaka — går over frå stillinga til proletariatet til stillinga til småborgarskapet, frå den revolusjonære til den reformistiske stillinga.

Proletariatet kjempar for å styrta det imperialistiske borgarskapet på revolusjonært vis. Småborgarskapet kjempar for å «forbetra» imperialismen på reformistisk vis, for å tilpassa seg til han til same tid som dei *underkastar* seg han. Då Kautsky enno var marxist, t.d. i 1909, då han skreiv «*Vegen til makta*», gjekk han inn for den tanken at krigen uunngåeleg ville føra til *revolusjon*, og han tala om at *tidbolken til revolusjonane* kom nærare. Baselmanifestet frå 1912 talar klårt og avgjort om ein *proletarisk revolusjon* i samband med nett den imperialistiske krigen mellom dei tyske og dei britiske gruppene som verkeleg braut ut i 1914. Men i 1918, då revolusjonane verkeleg tok til i samband med krigen, tok Kautsky til å skriva om den reformistiske taktikken til mensjevikaner som internasjonalsisme, i staden for å forklåra at revolusjonane var uunngåelege, i staden for å grunna over og tenkja ut den *revolusjonære* taktikken og måtane og midla for å bu seg på revolusjon. Er ikkje dette fråfall?

Kautsky rosar mensjevikaner for at dei har gått hardt inn for å halda oppe kampkrafta til hæren, og han klandrar bolsjevikaner for å ha auka «oppløysinga i hæren», som alt var nok oppløyst som han var. Dette tyder å rosa reformismen og å underkasta seg det imperialistiske borgarskapet, og å klandra og ta fråstand frå revolusjonen. For under Kerenski tydde det å halda oppe kampkrafta til hæren å halda henne oppe under

borgarleg kommando (jamvel om den var republikansk). Alle veit, og hendingsgangen har stadfesta det slåande, at denne republikanske hæren heldt oppe *Kornilov*-ånda av di offiserane var Kornilov-folk. Dei borgarlege offiserane kunne ikkje hjelpa for at dei var Kornilov-folk, dei kunne ikkje hjelpa for at dei drogst i retning av imperialismen og i retning av å undertrykkja proletariatet med valdsmakt. Alt den mensjevikiske taktikken gjekk ut på i *praksis*, var å la heile grunnlaget for den imperialistiske krigen og heile grunnlaget for det *borgarlege* diktaturet liggja urørt, å lappa på detaljar og pynta på nokre småting («reformer»).

På den andre sida har ikkje ein einaste stor revolusjon nokon gong funne stad og kan ikkje finne stad utan at hæren går i «oppløysing». For hæren er den mest forbeina reiskapen for å stø det gamle regimet, det fastaste bolverket for borgarleg disiplin, han stør opp under herredømet til kapitalen, og held ved lag og fostrar ei ånd av slavisk underkasting og underkuing under kapitalen mellom det arbeidande folket. Kontrarevolusjonen har aldri tola og kan aldri tola væpna arbeidarar side om side med hæren. I Frankrike, skreiv Engels, kom arbeidarane væpna ut av kvar revolusjon. «Difor var fyrste bodet for borgarskapet, som stod ved statsroret, å avvæpna arbeidarane.»* Dei væpna arbeidarane var kimen til ein *ny* hær, den organiserte kjernen til ei *ny* samfunnsordning. Det fyrste bodet for borgarskapet var å knusa denne kjernen og hindra at han fekk veksa. Det fyrste bodet for kvar sigrande revolusjon, slik Marx og Engels ei rekkje gonger la vekt på, var å knusa den gamle hæren, oppløysa han og setja ein ny hær i staden.** Ein ny samfunnsklasse på veg til makta kunne aldri, og kan heller ikkje no, vinna makta og grunn-

* Sjå Engels, Innleiing til Marx, «Borgarkrigen i Frankrike» (1891) i Marx/Engels *Verk* b. 22, tysk utg. 1972, s. 190. — *Red.*

* Sjå Marx, «Borgarkrigen i Frankrike» (1871) i Marx/Engels *Verk* b. 17, tysk utg. 1976, s. 338. — *Red.*

fasta henne utan at den gamle hæren vert fullstendig oppløyst («oppløysing»! hylar dei reaksjonære eller rett og slett feige spissborgarane ved dette høvet), utan ved å gå igjennom ein sær sars vanskeleg og pinefull periode utan nokon hær (den store franske revolusjonen gjekk og gjennom ein slik pinefull periode), og med gradvis, midt oppe i ein hard borgarkrig, å byggja opp ein ny hær, ein ny disiplin, ein ny militær organisasjon av den nye klassen. Før forstod historikaren Kautsky dette. No har renegaten Kautsky gløymt det.

Kva rett har Kautsky til å kalla folk som Scheidemann «regjeringsssosialistar», dersom han *godkjenner* taktikken til mensjevikanane i den russiske revolusjonen? Med å stø Kerenski og ta del i regjeringa hans var mensjevikanane òg regjeringsssosialistar. Kautsky kunne ikkje røma unna denne konklusjonen dersom han stilte spørsmålet om kva *herskarklasse* som fører den imperialistiske krigen. Men Kautsky let vera å stilla spørsmålet om herskarklassen, eit spørsmål som er ufråvikeleg for ein marxist, for berre det å stilla spørsmålet ville avsløra renegaten.

Dei som stør Kautsky i Tyskland, dei som stør Longuet i Frankrike og Turati & co. i Italia, argumenterer på denne måten: Sosialismen føreset fridom og likskap for nasjonane, og at dei har sjølvråde. Når det vert gjort åtak på landet vårt, eller når fiendtlege troppar gjer invasjon på landområdet vårt, er det *fylgjeleg* retten og skuldnaden til sosialistane å forsvara landet sitt. Men teoretisk er eit slikt argument anten rein spott mot sosialismen eller eit svikefullt påskot, samstundes som det ut frå ein praktisk politisk synsstad fell ihop med argumenta til ein heilt uvitande bondeslamp som ikkje ein gong har noko omgrep om samfunnskarakteren, klassekarakteren til krigen, og om oppgåvene til eit revolusjonært parti under ein reaksjonær krig.

Sosialismen er imot valdsbruk mot nasjonar. Det kan ikkje diskutast. Men sosialismen er imot valdsbruk mot folk allment sett. Sett bort ifrå kristne anarkistar

og tolstoianarar* har likevel ingen enno drege den konklusjonen av dette at sosialismen går imot *revolusjonær* valdsbruk. Så å tala om «valdsbruk» allment utan å undersøka kva vilkår som skil reaksjonær valdsbruk frå revolusjonær valdsbruk, er å gå fram som ein spissborger som gjev avkall på revolusjonen, eller så tyder det å narra seg sjølv og andre med sofisteri.

Det same gjeld for valdsbruk mot nasjonar. Kvar krig er valdsbruk mot nasjonar, men det hindrar ikkje at sosialistar er *for* ein revolusjonær krig. Kva klassekarakter krigen har, det er det grunnleggjande spørsmålet ein sosialist står framfor (om han ikkje er renegat). Den imperialistiske krigen frå 1914 til 1918 er ein krig mellom to grupper imperialistisk borgarskap om å dela opp verda, om å dela byttet, og om å plyndra og strøypa små og svake nasjonar. Dette var den vurderinga Basel-manifestet i 1912 gav av den krigen som truga, og ho har vorte stadfesta av kjensgjerningane. Den som vik av frå dette synet på krigen, er ingen sosialist.

Om ein tyskar under Wilhelm eller ein franskmann under Clemenceau seier: «Det er min rett og skuldnad som sosialist å forsvara landet mitt dersom ein fiende invaderer det,» då argumenterer han ikkje som ein sosialist, ikkje som ein internasjonalist, ikkje som ein revolusjonær proletar, men som ein *småborgarleg nasjonalist*. På grunn av at dette argumentet ser bort ifrå den revolusjonære klassekampen til arbeidarane mot kaptalen, ser det bort ifrå vurderinga av krigen som *heilskap* sett frå synsstaden til verdsborgarskapet og verdsproletariatet. Det vil seia at det ser bort ifrå internasjonalismen, og alt som står att er elendig og trongsynt nasjonalisme. Det vert gjort gale mot mitt land, det er alt eg bryr meg om — det er dette argumentet går ut på, og det er her det småborgarlege, nasjonalistiske trongsynet ligg. Det vert det same som om ein når det gjeld indivi-

* *Tolstoianarar* — tilhengjarar av forfattaren Leo Tolstoi (1828—1910), som m.a. stod for ein idealistisk pasifisme. — *Red.*

duell valdsbruk, valdsbruk mot eit individ, skulle hevda at sosialismen går imot valdsbruk, og difor vil eg heller vera svikar enn å gå i fengsel.

Den franskmannen, tyskaren eller italienaren som seier: «Sosialismen går imot valdsbruk mot nasjonar, difor forsvarar eg meg når nokon invaderer landet mitt,» han *svik* sosialismen og internasjonalismen, for ein slik mann *ser berre* sitt eige «land», han set «sitt eige» ... *borgarskap* framfor alt anna, og tenkjer ikkje det minste på dei *internasjonale banda* som gjer krigen til ein imperialistisk krig og *eins eige* borgarskap til eit ledd i lekkja av imperialistisk plyndring.

Alle spissborgarar og alle dumme og uvitande bondeslampar argumenterer på same måten som dei som stør renegaten Kautsky, dei som stør Longuet og Turati & co: «Fienden har gått inn i landet mitt, eg bryr meg ikkje om noko som helst anna.»*

Sosialisten, den revolusjonære proletaren, internasjonalisten, argumenterer på ein annan måte. Han seier: «Kva karakter krigen får (kor vidt den er reaksjonær eller revolusjonær) avheng ikkje av kven det er som går til åtak, eller i kven sitt land «fienden» står. Det avheng av *kva klasse* som fører krigen, og kva politikk denne krigen er eit framhald av. Dersom krigen er ein reaksjonær, imperialistisk krig, det vil seia, dersom den vert ført av to verdsfemnande grupper av det imperialistiske, grådige, rovgriske, reaksjonære borgarskapet, då vert kvart einaste borgarskap (jamvel i eit svært

* *Sosialsjåvinistane* (folk som Scheidemann, Renaudel, Henderson, Gompers & co.) nektar plent å snakka om «Internasjonalen» under krigen. Dei ser på fiendane til «*sine*» respektive borgarskap som «svikarar» mot ... sosialismen. Dei *stør* den hærtakingspolitikken *deira* respektive borgarskap fører. Sosialpasifistane (dvs. sosialistar i ord og småborgarlege pasifistar i praksis) gjev uttrykk for alle slags «internasjonalistiske» kjensler, protestar mot anneksjonar osv., men i *praksis* held dei fram å *stø sine* respektive imperialistiske borgarskap. Skilnaden mellom dei to typane er uinteressant. Det er som skilnaden mellom to kapitalistar, den eine med beiske og den andre med søte ord på tunga.

lite land) ein deltakar i plyndringa, og plikta mi som representant for det revolusjonære proletariatet, er å bu meg på *den proletariske verdsrevolusjonen* som den *einaste* vegen ut av redslene i ei verdsfemnande nedslakting. Eg må ikkje argumentera med utgangspunkt i «mitt» land (for det er argumentet til ein stakkarsleg, dum småborgarleg nasjonalist som ikkje skjønar at han berre er ei leike i hendene på det imperialistiske borgarskapet), men med utgangspunkt i *min del* i førebuingane, i propagandaen og i arbeidet med å skunda på den proletariske verdsrevolusjonen.»

Dette er det internasjonalsmen tyder, og dette er skuldnaden til internasjonalsmen, den revolusjonære arbeidaren, den ekte sosialisten. Dette er *ABC'en* som renegaten Kautsky har «gløymt». Og fråfallet hans vert endå meir openbert når han går over frå å godkjenna taktikken til dei småborgarlege nasjonalistane (mensjevikane i Russland, dei som stør Longuet i Frankrike, folk som Turati i Italia og Haase & co. i Tyskland), til å kritisera taktikken til bolsjevikane. Her er kritikken hans:

«Bolsjevikrevolusjonen grunna seg på den trua at han ville verta utgangspunktet for ein allmenn europeisk revolusjon, at det djerve russiske initiativet ville driva proletarane i heile Europa til å reisa seg.

Ut ifrå denne trua hadde det sjølv sagt ikkje noko å seia kva former den russiske separatfreden kunne få, kva påkjenningar og tap av landområde (bokstavleg: skamfaring og skamhogging, *Verstümmelungen*) det ville føra med seg for det russiske folket, og kva tolkingar det kunne gje for sjølvrådet til nasjonane. På den tida hadde det heller ikkje noko å seia kor vidt Russland var i stand til å forsvara seg eller ikkje. Ifylgje dette synet ville den europeiske revolusjonen vera det beste vernet for den russiske revolusjonen, og han

ville føra med seg fullt og ekte sjølvråde for alle folka som bur på tidlegare russisk landområde.

Ein revolusjon i Europa ville oppretta og grunnfesta sosialismen der. Han ville og verta midlet for å fjerna dei hindringane som kunne oppstå i Russland på vegen fram mot å innføra det sosialistiske produksjonssystemet som fylgje av at landet ligg så langt attende økonomisk.

Alt dette var svært logisk og svært rett tenkt — berre så lenge det viktigaste ein gjekk ut ifrå vart oppfylt, nemleg at den russiske revolusjonen heilt for visst ville utløyst ein europeisk revolusjon. Men kva dersom dette ikkje skjedde?

Fram til no har det ikkje vore noko grunnlag for denne trua. Og proletarane i Europa vert no skulda for at dei har gjeve opp og svice den russiske revolusjonen. Dette er ei skulding som vert reist mot ukjende personar, for kven skal haldast ansvarleg for kva det europeiske proletariatet gjer?» (s. 28)

Og så held Kautsky fram med å forklåra i det vide og breie at Marx, Engels og Bebel meir enn ein gong fór i miss om at ein revolusjon dei hadde venta seg skulle koma, men at dei aldri grunna taktikken sin på forventningar om at revolusjonen skulle koma «*til ein fastsett dato*» (s. 29). Bolsjevikane derimot, seier han, «satsa alt på eitt kort, på ein allmenn europeisk revolusjon».

Vi har med vilje gjeve att dette lange avsnittet for å syna lesarane våre kor «dyktig» Kautsky er i å etterlikna marxismen med å lura inn det banale og reaksjonære spissborgarsynet sitt i staden.

For det fyrste er det å tilskriva ein motstandar ein openberr tåpeleg tanke og så tilbakevisa det, eit knep folk som ikkje er alt for glupe nyttar seg av. Dersom bolsjevikane hadde grunna taktikken sin på forventningar om revolusjon i andre land *til ein fastsett dato*, ville det unekteleg ha vore tåpeleg. Men bolsjevikpartiet har

aldri gjort seg skuld i noko så tåpeleg. I brevet mitt til amerikanske arbeidarar (20. august 1918) avviser eg uttrykkjeleg denne dumme tanken med å seia at vi reknar med ein amerikansk revolusjon, men ikkje til ein fastsett dato. Eg tok fleire gonger for meg nett denne tanken grundig i usemja mi med dei venstresosialrevolusjonære og «venstrekomunistane»²⁹ (januar—mars 1918). Kautsky har gjort seg skuld i ei lita ... berre ei svært lita forfalsking, og det er faktisk på den han grunnar kritikken sin av bolsjevismen. Kautsky har blanda saman ein taktikk som grunnar seg på forventningar om ein europeisk revolusjon i meir eller mindre nær framtid, men ikkje til ein fastsett dato, med ein taktikk som grunnar seg på forventningar om ein europeisk revolusjon til ein fastsett dato. Ei lita, berre ei svært lita forfalsking!

Den siste taktikken er tåpeleg. Den fyrste er *obligatorisk** for ein marxist, for kvar einaste revolusjonær proletar og internasjonalist. Han er *obligatorisk* av di berre den på marxistisk vis tek omsyn til den objektive stoda krigen har ført med seg i alle landa i Europa, og berre den samsvarar med dei internasjonale oppgåvene til proletariatet.

Med å setja det vesle spørsmålet om ein feil som dei bolsjevikiske revolusjonære kunne ha gjort, men ikkje gjorde, i staden for det viktige spørsmålet om grunnlaget for ein revolusjonær taktikk allment, avsver Kautsky hending all revolusjonær taktikk!

Som den politiske renegaten han er, er han *ikkje eingong i stand til å leggja fram spørsmålet* om dei objektive føresetnadene for ein revolusjonær taktikk teoretisk.

Og dette fører oss til det andre punktet.

For det andre er det obligatorisk for ein marxist å rekna med ein europeisk revolusjon dersom ein har ein *revolusjonær situasjon*. Det er *ABC* i marxismen at

* *Obligatorisk* — noko som høyrer naudsynt til, er bindande, må fylgjast. — *Red.*

taktikken til det sosialistiske proletariatet ikkje kan vera den same både når det er ein revolusjonær situasjon og når det ikkje er ein revolusjonær situasjon.

Dersom Kautsky hadde stilt dette spørsmålet, som er obligatorisk for ein marxist, ville han ha sett at svaret gjekk beint imot han. Lenge før krigen var alle marxistar, alle sosialistar, samde om at ein europeisk krig ville skapa ein revolusjonær situasjon. Før Kautsky vart re-negat, godtok han dette klårt og avgjort, i 1902 (i *Den sosiale revolusjonen*) og i 1909 (i *Vegen til makta*). Det vart og godteke i namnet til heile Den andre internasjonalen i Baselmanifestet. Det er ikkje å undrast over at sosialsjåvinistane og dei som stør Kautsky («sentristarne», dvs. dei som vinglar mellom dei revolusjonære og opportunistane) i alle land skyr fråsegnene i Baselmanifestet om denne saka som pesten!

Så forventningane om ein revolusjonær situasjon i Europa var ikkje noko som bolsjevikane hadde vorte dåra av, men den *gjengs oppfatninga* til alle marxistar. Når Kautsky freistar røma unna denne udiskutable sanninga med å nytta slike frasar som at bolsjevikene «alltid trudde at valdsbruken og viljen var allmektig», kjem han rett og slett berre med ein velklingande og tom frase for å *dekkja over* at han dreg seg unna å stilla spørsmålet om ein revolusjonær situasjon, og det på skammeleg vis.

For å gå vidare. Har det verkeleg vorte ein revolusjonær situasjon eller ikkje? Kautsky synte seg ute av stand til å stilla det spørsmålet òg. Dei økonomiske kjensgjerningane gjev eit svar: Hungersnauda og øydeleggingane som krigen har ført med seg over alt ber i seg ein revolusjonær situasjon. Dei politiske kjensgjerningane gjev og eit svar: Heilt sidan 1915 har det vore ein synleg splittingsprosess i *alle* land innan dei gamle og forfalne sosialistpartia, ein prosess der *massane* av proletariatet *forlet* dei sosialsjåvinistiske leiarane og går til venstre, til revolusjonære tankar og kjensler, til revolusjonære leiarar.

Berre ein person som er redd revolusjonen og svik han, kunne greia oversjå desse kjensgjerningane den 5. august 1918, då Kautsky skreiv brosjyren sin. Og no, mot slutten av oktober 1918, veks revolusjonen i *ei rekke* europeiske land. Han veks framfor augo til alt folket og det jamvel svært raskt. Den «revolusjonære» Kautsky, som framleis ynskjer å verta sett på som marxist, har prova at han er ein kortsynt spissborgar som på same vis som dei spissborgarane Marx gjorde til lått i 1847, ikkje maktar sjå at revolusjonen nærmar seg!

No til det tredje punkt.

For det tredje. Kva særdrag må den revolusjonære taktikken ha når det er ein revolusjonær situasjon i Europa? Etter at Kautsky er vorten renegat, er han redd for å stilla dette spørsmålet, som er obligatorisk for ein marxist. Kautsky argumenterer på same måte som ein typisk småborgar, ein spissborgar, eller som ein uvitande bonde: Har ein «allmenn europeisk revolusjon» teke til eller ikkje? Har den det, då er *han* og budd på å verta ein revolusjonær! Men då kan de lita på at kvar einaste slyngel (på same måten som dei slynglane som no stundom hengjer seg på dei sigrande bolsjevikane) vil kunnigjera at han er revolusjonær!

Dersom revolusjonen ikkje har teke til, vil Kautsky snu ryggen til revolusjonen! Kautsky legg ikkje den minste forståing for dagen for den sanninga at ein revolusjonær marxist skil seg frå spissborgaren og småborgaren ved at han maktar å *greia ut* for dei uopplyste massane at den revolusjonen som modnast er naudsynt, *prova* at han er uunngåeleg, *forklára* den nytten han vil gje for folket, og *førebu* proletariatet og heile det arbeidande og utbytta folket på han.

Kautsky tilskriv bolsjevikane ei meiningsløyse, nemlig at dei har satsa alt på eitt kort, på at ein europeisk revolusjon vil bryta ut på ein fastsett dato. Denne meiningsløysa har vendt seg mot Kautsky sjølv, for den logiske konklusjonen på dette argumentet er at taktikken til bolsjevikane ville ha vore korrekt dersom ein euro-

peisk revolusjon hadde brote ut 5. august 1918! Dette er den datoen Kautsky nemner som tidspunktet då han skreiv brosjyren sin. Og då det nokre veker etter denne 5. august vart klårt at revolusjonen heldt på å koma i ei rekkje europeiske land, vart heile fråfallet til Kautsky, heile forfalskinga hans av marxismen og den fullstendige mangelen hans på evne til å tenkja fornuftig eller jamvel å stilla spørsmål på ein revolusjonær måte, avslørt i all si prakt!

Når proletarane i Europa vert skulda for forræderi, skriv Kautsky, er det ei skulding som vert reist mot ukjende personar.

De tek feil, hr. Kautsky! Ta ein titt i speilet, så vil De få sjå desse «ukjende personane» skuldinga er reist imot. Kautsky tek på seg ei naiv mine og lest som han ikkje skjønar *kven* som reiste skuldinga og kva ho *tyder*. I røynda veit Kautsky likevel framifrå godt at skuldingane vart og vert reiste av det tyske «venstre», av spartakistane³⁰, av Liebknecht og venene hans. Denne skuldinga uttrykkjer *eit klårt skjøn* for at det tyske proletariatet sveik den russiske (og verds-) revolusjonen då det kvelte Finland, Ukraina, Latvia og Estland. Denne skuldinga vert i fyrste rekkje og framfor alt ikkje reist mot *massane*, som alltid vert trakka ned, men mot dei *leiarane*, som på same måten som folk som Scheidemann og Kautsky *let vera* å utføra skuldnaden sin til å halda fram med revolusjonær agitasjon, revolusjonær propaganda, revolusjonært arbeid mellom massane for å vinna over tiltaksløysa deira, mot dei som i røynda arbeidde *mot* dei revolusjonære instinkta og vone som alltid gløder djupt nede mellom massane av den undertrykte klassen. Folk som Scheidemann sveik proletariatet direkte, brutalt og kynisk og i dei fleste tilfella ut ifrå egoistiske motiv. Dei gjekk over til borgarskapet. Dei som stødde Kautsky og Longuet gjorde det same, om enn nølande og haltande, og dei sende feige augekast til sida mot dei som nett då var sterkare. I alt han har skrive under krigen, har Kautsky freista *sletta*

ut den revolusjonære ånda i staden for å fostra henne og gløda henne opp.

Den kjensgjerninga at Kautsky ikkje eingong skjønar kor overlag *teoretisk* viktig denne «skuldinga» er om at proletarane i Europa har svike den russiske revolusjonen, og endå meir kor viktig ho er for agitasjonen og propagandaen, vil stå som eit sant historisk monument over kor spissborgarleg sanselaus den «gjennomsnittlege» leiaren for det offisielle tyske sosialdemokratiet er! Kautsky skjønar ikkje at som fylgje av den sensuren som rår i det tyske «riket», er denne «skuldinga» kanhende den einaste forma dei tyske sosialistane som ikkje har svike sosialismen — Liebknecht og venene hans — kan nytta for å få ut *appellen sin til dei tyske arbeidarane* om å kasta vekk folk som Scheidemann og Kautsky, å skuva til sides slike «leiarar», å fri seg frå den meiningslause og fordummande propagandaen deira, å reisa seg i oppstand *trass i dei, utan dei*, og å marsjera over hovuda deira *mot revolusjonen!*

Kautsky skjønar ikkje dette. Og korleis kunne han skjøna taktikken til bolsjevikane? Kan ein venta at ein mann som gjev avkall på revolusjonen allment skal vega og vurdera vilkåra for at revolusjonen skal utvikla seg i eitt av dei «vanskelegaste» tilfella?

Taktikken til bolsjevikane var korrekt. Han var den *einaste* internasjonalistiske taktikken, av di han ikkje grunna seg på feig redsle for verdsrevolusjonen, ikkje på spissborgarleg «manglande tiltru» til han, ikkje på det snevre nasjonalistiske ynsket om å verna eins «eige» fedreland (fedrelandet til eins eige borgarskap) samstundes som ein «gjev blanke» i heile resten. Han grunna seg på ei korrekt *vurdering* av den revolusjonære situasjonen i Europa (ei vurdering som var allment godteken før krigen og før sosialsjåvinistane og sosialpasifistane fall ifrå). Denne taktikken var den einaste internasjonalistiske taktikken, av di han gjorde så mykje som det i det heile gjekk an i eitt land *for* å utvikla, stø og vekkja revolusjonen *i alle land*. Denne taktikken

er rettferdiggjort gjennom den ovstore framgangen han har hatt, for bolsjevismen er vorten *verdsbolsjevisme* (og det ikkje på grunn av det dei russiske bolsjevikane har gjort, men på grunn av den overlag djupe sympatien *folket* overalt har kjent for ein taktikk som er revolusjonær i praksis). Han har lagt fram ein ide, ein teori, eit program og ein taktikk som skil seg konkret og i praksis frå taktikken til sosialsjåvinismen og sosialpassifismen. Bolsjevismen har *gjeve ein nådestøyt* til den gamle forfalne Internasjonale til folk som Scheidemann og Kautsky, Renaudel og Longuet, Henderson og MacDonald, som frå no av vil trakka kvarandre på tærne og drøyma om «einskap» og freista vekkja den døde til liv att. Bolsjevismen *har skapt* det ideologiske og taktiske grunnlaget for ein tredje Internasjonale, for ein verkeleg proletarisk og kommunistisk Internasjonale, som vil ta med i vurderingane både vinningane i den rolege tidbolken og røyntslene *frå tidbolken til revolusjonane, som har teke til*.

Bolsjevikane har gjort tanken om «proletariatets diktatur» tilgjengeleg over heile verda. Dei har omsett desse orda frå latin, fyrst til russisk, og så til *alle* språk i verda, og dei har synt gjennom dømet til *sovjetstyret* at arbeidarane og dei fattige bøndene *jamvel* i eit tilbakeleggjande land, jamvel med den minste røyntsl, utdanning og vanar med å organisera, i eitt heilt år *har vore i stand til* å halda oppe makta til det arbeidande folket, å skapa eit demokrati som er umåteleg mykje høgare og breiare enn alle tidlegare demokrati i verda, og å *ta til* med det skapande arbeidet til titals millionar arbeidarar og bønder for å byggja sosialismen i praksis. Og det har dei gjort midt oppe i veldige vanskar og kamp mot utbytтарane (som vart stødde av borgarskapet i *heile verda*).

Bolsjevismen har i røynda hjelpt til å utvikla den proletariske revolusjonen i Europa og Amerika langt sterkare enn noko parti i noko anna land til no har lykkast i å gjera. Arbeidarane i heile verda skjønar klårare og

klårare for kvar dag som går at taktikken til folk som Scheidemann og Kautsky ikkje har ført dei ut av den imperialistiske krigen og ut av lønsslaveri for det imperialistiske borgarskapet. Samstundes med at dei skjønar at denne taktikken ikkje kan tena som føredøme for alle land, skjønar massane av arbeidarar i alle land klårare og klårare for kvar dag som går at bolsjevismen har peika ut den rette vegen for å sleppa ut av redslene til krigen og imperialismen, at bolsjevismen *kan tena som taktisk føredøme for alle*.

Ikkje berre den allmenne europeiske revolusjonen, men den proletariske verdsrevolusjonen modnast framfor augo på alle, og han har fått hjelp og stønad og er vorten skunda på gjennom sigeren til proletariatet i Russland. Alt dette er ikkje nok for at sosialismen skal sigra fullstendig, seier de? Sjølv sagt er det ikkje nok. Eitt land kan ikkje gjera meir åleine. Men dette eine landet har takk vere sovjetstyret gjort så mykje at jamvel om sovjetstyret i Russland skulle verta knust av verdsimperialismen i morgon, som eit resultat av lat oss seia ei semje mellom den tyske og den engelsk-franske imperialismen — jamvel om desse verste utsiktene skulle gå i oppfylling, ville ein likevel finna ut at den bolsjevikiske taktikken har ført med seg svært stor nytte for sosialismen og hjelpt den uovervinnelege verdsrevolusjonen til å veksa.

KRYPING FOR BORGARSKAPET FORKLEDD SOM «ØKONOMISK ANALYSE»

Dersom tittelen på boka til Kautsky skulle gje eit skikkeleg inntrykk av innhaldet, burde ho som det alt er sagt ikkje ha heitt *Proletariatets diktatur*, men *Eit oppgult av borgarlege åtak på bolsjevikane*.

Dei gamle mensjevikiske «teoriane» om den borgarlege karakteren til den russiske revolusjonen, dvs. den gamle forvrenginga mensjevikane har gjort av marxismen (den som Kautsky *avviste* i 1905!), dei gulpar teoretikaren vår no opp att igjen. Vi må ta for oss dette spørsmålet, same kor keisamt det kan vera for dei russiske marxistane.

Den russiske revolusjonen er ein borgarleg revolusjon, sa alle marxistar i Russland før 1905. Mensjevikane, som bytta ut marxismen med liberalisme, drog fylgjande konklusjon av dette: Proletariatet må difor ikkje gå ut over det borgarskapet kan godta, og det må føra ein kompromisspolitikk med borgarskapet. Bolsjevikane sa at dette var ein borgarleg-liberal teori. Borgarskapet freista gje støyten til reforma av staten etter borgarlege, *reformistiske*, ikkje revolusjonære liner, samstundes som dei tok vare på monarkiet, godseigar-systemet osb. så langt som råd. Proletariatet må gjennomføra den borgarleg-demokratiske revolusjonen til endes, og ikkje la seg «binda» av reformismen til borgarskapet. Bolsjevikane formulerte oppstillinga av *klassekreftene* i den borgarlege revolusjonen på fylgjande vis: Proletariatet, som vinn bøndene over på si side, vil nøytralisera det liberale borgarskapet og knusa monarkiet, mellomaldertilstandane og godseigarsystemet fullstendig.

Det er alliansen mellom proletariatet og bøndene *allment sett* som avslører den borgarlege karakteren til revolusjonen, for bøndene er i det store og heile småprodusentar som eksisterer på grunnlag av vareproduksjon. Vidare, la bolsjevikane til, vil proletariatet vinna til seg *heile halvproletariatet* (heile det arbeidande og utbytta folket), det vil nøytralisera mellombøndene og *styrta* borgarskapet. Dette vil vera ein sosialistisk revolusjon, til skilnad frå ein borgarleg-demokratisk revolusjon (sjå brosjyren min *To taktikkar*, som kom ut i 1905 og vart trykt opp att i *Tolv år*, St. Petersburg 1907).

Kautsky tok omveges del i denne striden i 1905, då han som svar på ein spurnad frå Plekhanov som då var mensjevik, gav uttrykk for eit syn som i det vesentlege gjekk *imot* Plekhanov. Den gongen gav dette opphav til særskilt hard spott i pressa til bolsjevikane. Men no seier ikkje Kautsky *eitt einaste ord* om usemjene den gongen (av redsle for at hans eigne uttaler skal avsløra han!), og med det gjer han det heilt umogleg for den tyske lesaren å skjøna kva som er kjernen i saka. Hr. Kautsky *kunne ikkje* fortelja dei tyske arbeidarane i 1918 at han i 1905 hadde gått inn for ein allianse mellom arbeidarane og bøndene, og ikkje mellom arbeidarane og det liberale borgarskapet, og på kva vilkår han hadde gått inn for denne alliansen, og kva program han hadde drege opp for han.

Kautsky dreg seg no baklengs ut av den gamle stillinga si. Samstundes som han dekkjer seg bak ein «økonomisk analyse» og talar stolt om «historisk materialisme», går han no inn for å underordna arbeidarane under borgarskapet. Med hjelp av sitat av mensjeviken Maslov tygg han opp att dei gamle liberale synspunkta til mensjevikane. Han nyttar sitat for å prova den nye tanken at Russland er tilbakeliggjande. Men det han leier ut av denne nye tanken er det gamle at ein i ein borgarleg revolusjon ikkje må gå lenger enn borgarskapet! Og det trass i alt det Marx og Engels sa då dei jamførte den borgarlege revolusjonen i 1789—93 i Frankrike med den borgarlege revolusjonen i 1848 i Tyskland!*

Før vi går over til hovud-«argumentet» og hovudinnhaldet i den «økonomiske analysen» til Kautsky, bør vi merkja oss at dei aller fyrste setningane til Kautsky avslører ein merkverdig forvirra eller overflatisk tenkje-måte.

«Jordbruket, og særleg småbondedrifta», kunngjer «teoretikaren» vår, «er fram til i dag det økonomiske

* Sjå Marx, «Borgarskapet og kontrarevolusjonen» (1848) i Marx/Engels *Verk*, b. 6, tysk utg. 1975, s. 106—109. — *Red.*

grunnlaget i Russland. Kring fire femdelar, kanhende til og med fem seksdelar av folkesetnaden lever av det». (s. 45) Aller fyrst, min kjære teoretikar, har du tenkt over kor mange utbyttarar det kan vera i denne massen av småprodusentar? For visst ikkje meir enn ein tidel av alt i hop, og i byane endåtil færre, for der er storproduksjonen lenger utvikla. Ta til og med eit utruleg stort tal, lat oss tenkja oss at ein femdel av småprodusentane er utbyttarar som røysteretten er teken frå. Jamvel då vil du sjå at dei 66 prosentane av røystene som bolsjevikanane hadde på femte sovjetkongressen, representerte *fleirtalet av folkesetnaden*. Til dette må vi leggja at det alltid var ein monaleg del av dei venstresosialrevolusjonære som gjekk inn for sovjetmakta. I prinsippet gjekk *alle* dei venstresosialrevolusjonære inn for sovjetmakta, og då ein del av dei i juli 1918 sette i gang ein eventyrprega oppstand, splitta det seg ut to nye parti frå det gamle, nemleg «narodnik-kommunistane» og dei «revolusjonære kommunistane»³¹ (mellom dei framståande venstresosialrevolusjonære som det gamle partiet hadde peika ut til viktige postar i regjeringa, gjekk t.d. Zax til dei fyrste og Kolegajev til dei siste). Så Kautsky har sjølv utan å vilja det vist attende den latterlege fabelen om at bolsjevikanane berre vert stødde av eit mindretal av folkesetnaden.

For det andre, min kjære teoretikar, har du tenkt over at småbondeprodusenten *uunngåeleg* vaklar mellom proletariatet og borgarskapet? Denne marxistiske sanninga, som heile den moderne historia til Europa har stadfesta, «gløymde» Kautsky svært så lageleg, for ho riv rett og slett i fyller den mensjevikiske «teorien» som han tek opp att gong på gong! Hadde ikkje Kautsky «gløymt» dette, kunne han ikkje ha nekta for at det trengst eit proletarisk diktatur i eit land der småbondeprodusentane dominerer.

Lat oss ta for oss hovudinnhaldet i den «økonomiske analysen» til teoretikaren vår.

At sovjetmakta er diktatur kan det ikkje nektast for,

seier Kautsky. «Men er det eit *proletariatets* diktatur?» (s. 34).

«Ifylgje sovjetforfatninga utgjer bøndene fleirtalet av folkesetnaden med rett til å ta del i lovgjeving og administrasjon. Det som vert framstilt for oss som *proletariatets* diktatur ville — dersom det vart sett fylgjestrengt ut i livet, og dersom ein klasse allment sett kunne utøva eit diktatur beinveges, noko som i røynda berre kan utøvast av eit parti — syna seg å vera eit bøndenes diktatur» (s. 35).

Og med stemninga på topp av eit så djuptenkt og dyktig argument freistar vår gode Kautsky vera vittig, og seier: «Det synest difor som om sosialismen vert nådd mest smertefritt når han vert lagt i hendene på bøndene» (s. 35).

Til minste detalj, og med å gje att ei rekkje særers lærde sitat av halvliberalaren Maslov, strevar teoretikaren vår med å prova den nye tanken at bøndene er interesserte i høge kornprisar, i låge løner for arbeidarane i byane, osb., osb. I forbifarten kan nemnast at forkynninga av desse nye tankane vert meir og meir keisam di mindre merksam forfattaren er på dei verkeleg nye særdragane i etterkrigsperioden. Til dømes krev ikkje bøndene pengar, men varer for kornet sitt. Dei har ikkje nok jordbruksreiskaper, og kan ikkje skaffa seg ei tilstrekkeleg mengd av dei for nokon pengesum. Men meir om dette seinare.

Slik skuldar Kautsky bolsjevikane, partiet til proletariatet, for at vi har gjeve over diktaturet, arbeidet med å oppnå sosialismen, til dei småborgarlege bøndene. Storveges, hr. Kautsky! Men kva haldning skulle det proletariske partiet ha teke til dei småborgarlege bøndene etter Dykkar opplyste meining?

Teoretikaren vår vel ikkje å seia noko om dette. Tydelegvis minnest han ordtaket: «Å tala er sølv, men å

teia er gull.» Men han røpar seg med fylgjande argumentet:

«Fyrste tida til Sovjetrepublikken var bonde-sovjeta organisasjonane til *bøndene* i det store og heile. No kunngjer denne republikken at sovjeta er organisasjonar for proletarane og dei *fattige* bøndene. Dei velståande bøndene mistar røysetretten i vala til sovjeta. Den fattige bonden vert her sett på som eit varig masseprodukt av den sosialistiske jordbruksreforma under «proletariatets diktatur» (s. 48).

For ein dødeleg ironi! Det er slikt ein kan få høyra frå kvar borgar i Russland: Dei spottar og gler seg alle over at Sovjetrepublikken ope vedgår at det finst fattige bønder. Dei gjer narr av sosialismen. Det har dei rett til. Men ein «sosialist» som spottar at det etter fire års særøyeleggjande krig framleis er fattige bønder i Russland (og enno vil vera det i lang tid), ein slik «sosialist» kunne berre ha kome til verda i ei tid med massivt fråfall.

Og vidare:

«... Sovjetrepublikken blandar seg inn i tilhøva mellom dei rike og dei fattige bøndene, men ikkje med å omfordela jorda. For å letta brødmangelen i byane vert avdelingar av væpna arbeidarar sende ut på landsbygda for å ta overskotslagra av korn frå dei rike bøndene. Ein del av dette kornet vert gjeve til dei som bur i byane, resten til dei fattige bøndene.» (s. 48)

Sjølvsagt er sosialisten og marxisten Kautsky djupt opprørt over den tanken at slike åtgjerder skal strekja seg lenger ut enn til stroka kring dei store byane (og vi har late dei femna heile landet). Like makelaust, parlaust og undringsverdig skamdjervt (eller toskete)

som ein spissborgar, messar sosialisten og marxisten Kautsky: ... «Dette (eksproprieringa av dei velstående bøndene) fører inn eit nytt element av uro og borgarkrig i produksjonsprosessen» ... (borgarkrig ført inn i «produksjonsprosessen» — det er noko overnaturlig!) ... «som har tvingande trong for fred og tryggleik for å koma seg på fote att». (s. 49)

Å ja, sjølv sagt, marxisten og sosialisten Kautsky må sukka og fella tårer over freden og tryggleiken til utbytтарane og kornprofitørane som hamstrar overskotslagra sine, saboterer lova om kornmonopolet, og fører dei som bur i byane ut i hungersnaud. «Vi er alle sosialistar og marxistar og internasjonalar,» syng folk som Kautsky, Heinrich Weber* (Wien), Longuet (Paris), MacDonald (London) osv. i kor. «Vi går alle inn for revolusjonen til arbeidarklassen. Vi ville berre ... berre setja pris på at revolusjonen ikkje krenkjer freden og tryggleiken til kornprofitørane! Og vi kamuflerer denne skitne underkastinga for kapitalistane med ei 'marxistisk' tilvising til 'produksjonsprosessen' ...» Dersom dette er marxisme, kva er det då å leggja seg på rygg for borgarskapet?

Berre sjå kva teoretikaren vår kjem fram til. Han skuldar bolsjevikane for å framstilla bøndenes diktatur som proletariatets diktatur. Men samstundes skuldar han oss for å føra inn borgarkrig i landdistrikta (noko vi meiner ein burde *rosa* oss for), for å senda ut på landsbygda væpna arbeidaravdelingar som kunnjer offentleg at dei utøvar «proletariatets og dei fattige bøndenes diktatur», og hjelper dei siste med å konfiskera frå profitørane og dei rike bøndene dei overskotslagra av korn som dei hamstrar i strid med lova om kornmonopolet.

På den eine sida står den marxistiske teoretikaren vår for reint demokrati, for at den revolusjonære klassen, leiaren for det arbeidande og utbytta folket, skal

* *Heinrich Weber* — Otto Bauer. Sjå personregistret. — *Red.*

underkasta seg fleirtalet av folkesetnaden (som såleis og femner utbytтарane). På den andre sida forklårar han som eit argument *imot* oss, at revolusjonen uunn-gåeleg må få ein borgarleg karakter — borgarleg, av di livet til bøndene sett under eitt grunnar seg på borgarlege sosiale tilhøve — og til same tid lest han som han held fast ved det proletariske, marxistiske klassestandpunktet!

I staden for «ein økonomisk analyse» får vi ei fyrsteklasses mølje. I staden for marxisme får vi bitar av liberale doktrinar og preik om å leggja seg på rygg for borgarskapet og kulakkane.

Det spørsmålet Kautsky har laga ei slik røre av, vart forklåra i heilskap av bolsjevikane så langt attende som 1905. Ja, revolusjonen vår er ein borgarleg revolusjon *så lenge som* vi marsjerer *saman med* bøndene *sett under eitt*. Dette har vore så klårt som det berre kan vera for oss, vi har sagt det hundrevis og tusenvis av gonger sidan 1905, og vi har aldri freista sløyfe dette naudsynte stadiet i den historiske prosessen eller avskaffa det med dekret. Freistnaden til Kautsky på å «avsløra» oss på dette punktet avslører berre kor forvirra han sjølv er, og kor redd han er for å minnst det han skreiv i 1905, då han enno ikkje var nokon renegat.

Men alt i *april* 1917, lenge før Oktoberrevolusjonen, dvs. lenge før vi tok makta, tok vi til å kunngjera og forklåra offentleg for folket: Revolusjonen kan ikkje stansa no på dette stadiet. Landet har gått framover, kapitalismen er lenger komen, øydelegginga har nådd eit fantastisk omfang, og dette *vil* (anten ein likar det eller ikkje) *krevja* at det vert teke steg framover, *til sosialismen*. For det er *ingen* annan måte å koma vidare fram på, å berga det krigstrøytt landet og *letta* lidningane til det arbeidande og utbytta folket.

Utviklinga har gått nett slik vi sa ho ville. Den retninga revolusjonen har teke, har stadfesta at tankegangen vår var rett. *Fyrst*, med «alle» bøndene mot

monarkiet, mot godseigarane, mot mellomaldertilhøva (og så langt vert revolusjonen verande borgarleg, borgarleg-demokratisk). Så, med dei fattige bøndene, med halvproletarane, med alle dei utbytta, *mot kapitalismen*, medrekna dei rike på landsbygda, kulakkane, profitørane, og så langt vert revolusjonen *sosialistisk*. Å freista reisa ein kunstig kinesisk mur mellom den fyrste og den andre, å skilja dei med *noko som helst anna* enn i kva grad proletariatet er budd og kva grad dei står einskapleg med dei fattige bøndene, tyder å forvregja marxismen noko forferdeleg, å vulgarisera han, å setja liberalismen i staden for han. Det tyder å smugla inn eit reaksjonært forsvar for borgarskapet mot det sosialistiske proletariatet med hjelp av kvasi-vitskaplege tilvisingar til den progressive karakteren til borgarskapet jamført med mellomaldertilstandane.

Som snarast: Sovjeta står for ei umåteleg mykje høgare form og type demokrati nett fordi dei med å samla og dra *massen av arbeidarar og bønder* inn i det politiske livet, tener som eit særskjenslevart gradmål, det som kjem «folket» nærast (i same tyding som Marx i 1871 tala om ein verkeleg folkerevolusjon*) for korleis den politiske og klassemessige modninga til folket veks og utviklar seg. Sovjetforfatninga vart ikkje sett opp etter ein eller annan «plan», ho vart ikkje sett opp i eit studerkammer, og vart ikkje lura inn på det arbeidande folket av borgarlege juristar. Nei, denne forfatninga *voks fram* gjennom utviklinga av *klassekampen* i same høve som *klassemotsetningane* modnast. Nett dei same kjensgjerningane som Kautsky sjølv må gå med på, provar det.

I starten femnde sovjeta om alle bøndene. Det var som fylgje av at dei fattige bøndene var umodne, tilbakeliggjande og uvitande at leiinga gjekk over i hendene på kulakkane, dei rike, kapitalistane og dei små-

* Sjå brev frå Marx til Kugelmann 12. april 1871 i Marx/Engels *Verk*, b. 33, tysk utg. 1966, s. 205. — *Red.*

borgarlege intellektuelle. Dette var den tida då småborgarane, mensjevikane og dei sosialrevolusjonære, dominerte (berre toskar eller renegatar som Kautsky kan sjå på nokon av desse som sosialistar). Småborgarskapet vakla uunngåeleg og uvilkårleg mellom borgarskapets diktatur (Kerenski, Kornilov, Savinkov) og proletariatets diktatur. For som fylgje av dei grunnleggjande draga ved den økonomiske stillinga deira, er småborgarskapet ute av stand til å gjera noko sjølvstendig. Kautsky gjev elles fullstendig slepp på marxismen med at han i analysen sin av den russiske revolusjonen avgrensar seg til å sjå omgrepet «demokrati» berre juridisk og formelt. Dette tener som eit skjerm Brett for at borgarskapet skal kunna løyndominansen sin og som eit middel for å narra folket. Vidare *gløymer* han at «demokrati» i praksis stundom står for *borgarskapets diktatur*, stundom for den maktlause reformismen til småborgarskapet som bøyer seg for dette diktaturet, osb. Ifylgje Kautsky fanst det borgarlege parti i eit kapitalistisk land, og det fanst eit proletarisk parti (bolsjevikane), som leidde fleirtalet, proletarmassane, men *det var ingen* småborgarlege parti! Mensjevikane og dei sosialrevolusjonære hadde ingen *klasserøter*, ingen småborgarlege røter!

Vaklinga til småborgarskapet, til mensjevikane og dei sosialrevolusjonære, hjelpte til å opplysa folket og driva det overveldande fleirtalet av dei, alle dei «lågare sjikta», alle proletarane og halvproletarane, bort frå slike «leiarar». Bolsjevikane vann overtaket i sovjeta (i Petrograd og Moskva innan 8. oktober 1917), då kom splittinga innan dei sosialrevolusjonære og mensjevikane klårare til syne.

Den sigrande bolsjevikrevolusjonen tydde slutten på vaklinga, tydde at monarkiet og godseigarsystemet vart øydelagt fullstendig (det hadde *ikkje* vorte øydelagt før Oktoberrevolusjonen). Vi førte den *borgarlege* revolusjonen *til endes*. Bøndene stødde oss *som heilskap*. Motsetninga deira til det sosialistiske proletaria-

tet kunne ikkje koma fram med ein gong. Sovjeta samla bøndene *i det store og heile*. Klasseskilja mellom bøndene hadde enno ikkje modnast, hadde enno ikkje slege ope ut.

Den prosessen gjekk føre seg sommaren og hausten 1918. Det tsjekkiske kontrarevolusjonære mytteriet vekte kulakkane. Ei bylgje av kulakkoppstandar feia over Russland. Dei fattige bøndene lærde, ikkje av bøker eller aviser, *men av livet sjølv*, at interessene deira stod uforsonleg i motstrid til interessene til kulakkane, dei rike og til borgarskapet på landsbygda. På same vis som kvart anna småborgarleg parti spegla dei «venstresosialrevolusjonære» vaklinga mellom folket, og sommaren 1918 kløyvdest dei. Ein del slo kreftene sine i lag med tsjekkarane (opprøret i Moskva, då Prosjan kunngjorde for Russland at bolsjevikane var styrta, etter at han hadde teke telegrafkontoret — og heldt det i ein time! — vidare forræderiet til Muravjov³², øvstkommanderande for den hæren som kjempa mot tsjekkarane osv.). Den andre delen, den som er nemnt ovanfor, vart derimot ståande i lag med bolsjevikane.

Den veksande matmangelen i byane gjorde spørsmålet om kornmonopolet stendig meir tvingande (dette «gløymde» teoretikaren Kautsky fullstendig i den økonomiske analysen sin, som er eit reint oppattak av banalitetar som var samla saman for ti år sidan frå skriveria til Maslov!).

Den gamle godseigar- og borgarlege, og jamvel demokratisk-republikanske staten hadde sendt ut til landdistrikta væpna avdelingar som praktisk tala stod på pinne for borgarskapet. Hr. Kautsky kjenner ikkje til dette! Han ser ikkje på dette som «borgarskapets diktatur» — for all del! Dette er «reint demokrati», særleg når det har ei borgarleg nasjonalforsamling i ryggen! Heller ikkje har Kautsky «høyr» at sommaren og hausten 1917 arresterte Avksentjev og S. Maslov, i samarbeid med folk som Kerenski, Tsereteli og

andre sosialrevolusjonære og mensjevikar, medlemmer av jordkomiteane. Han seier ikkje eitt ord om det!

Heile poenget er at ein borgarleg stat som utøvar borgarskapets diktatur gjennom ein demokratisk republikk, ikkje kan vedgå for folket at han tener borgarskapet. Han kan ikkje fortelja sanninga, og er nøydd til å hykla.

Men ein stat av same type som Pariskommunen, sovjetstaten, fortel folket *sanninga* ope og rett ut og kunngjer at han er proletariatets og dei fattige bøndenes diktatur. Og med denne sanninga vinn han til seg titals på titals millionar nye statsborgarar som vert haldne nede i kvar demokratisk republikk, men som sovjeta dreg inn i politisk liv, *inn i demokrati*, inn i administrasjonen av staten. Sovjetrepublikken sender avdelingar av væpna arbeidarar, i fyrste rekkje dei mest framskridne, ut i landdistrikta frå hovudstadene. Desse arbeidarane fører sosialismen ut på landsbygda, vinn til seg dei fattige, organiserer dei og opplyser dei, og hjelper dei *å undertrykkja motstanden til borgarskapet*.

Alle som kjenner stoda og har vore i landdistrikta, seier klårt at det er fyrst no, sommaren og hausten 1918, at landdistrikta *sjølve* går gjennom «Oktober»-revolusjonen (dvs. den proletariske revolusjonen). Ting tek til å endra seg. Bylgja av kulakkoppstandar vik attende for ei reising av dei fattige, for ei framvekst av «komitear av fattige bønder».³³ I hæren aukar talet på arbeidarar som vert kommissærar, offiserar og divisjonskommandantar. Den einfaldige Kautsky vert skremt av julikrisa (1918)³⁴ og klagemåla til borgarskapet. Han sprang etter dei som ein hane-kylling og skreiv ein heil brosjyre der han gjev luft til overtydinga at bolsjevikane står på nippet til å verta styrta av bøndene. Denne toskan trudde at krinsen av dei som stødde bolsjevikane vart «innsnevra» då dei venstresosialrevolusjonære braut ut. (s. 37) Men nett til same tid *utvida* den *verkelege* krinsen av dei som

stødde bolsjevismen seg *uhorveleg*, av di titals på titals millionar av fattige i landsbyane fridde seg frå formyndarskapet og innverknaden til kulakkane og landsbyborgarskapet og vakna til *sjølvstendig* politisk liv.

Vi har mista hundrevis av venstresosialrevolusjonære, karakterlause intellektuelle og kulakkar mellom bøndene, men vi har vunne millionar av fattige menneske.*

Eitt år etter den proletariske revolusjonen i hovudstadene og med innverknad og hjelp frå han, har den proletariske revolusjonen teke til i dei fjerne landdistrikta, og han har endeleg grunnfesta makta til sovjeta og bolsjevismen, og har til sist prova at det ikkje er noka kraft i landet som kan stå seg imot han.

Etter at det russiske proletariatet har fullført den borgarleg-demokratiske revolusjonen i allianse med bøndene som heilskap, gjekk det endeleg over til den sosialistiske revolusjonen då det lykkast i å splitta folkesetnaden på landsbygda, i å vinna til seg proletarane og halvproletarane på landsbygda og i å samla dei mot kulakkane og borgarskapet, medrekna borgarskapet mellom bøndene.

Dersom det bolsjevikiske proletariatet i hovudstadene og dei store industrisentra no ikkje hadde vore i stand til å samla dei fattige i landsbyane rundt seg mot dei rike bøndene, ville dette verkeleg ha prova at Russland «ikkje var modent» for ein sosialistisk revolusjon. Bøndene ville då ha vorte verande ein «samla heilskap», dvs. dei ville framleis ha stått under den økonomiske, politiske og moralske leiinga til kulakkane, dei rike, borgarskapet, og revolusjonen ville ikkje ha gått ut over grensene for ein borgarleg-demo-

* På sjette sovjetkongressen (6.—9. november 1918) var det 967 utsendingar med røysterett, 950 av dei var bolsjevikar, og 351 utsendingar med talerett, men ikkje røysterett, av dei var 335 bolsjevikar. Det vil seia at 97% av det samla utsendingstalet var bolsjevikar.

kratisk revolusjon. (Men lat det i parentes vera sagt at jamvel om dette ikkje hadde vore tilfelle, ville det ikkje ha prova at proletariatet ikkje skulle ha teke makta. Det er proletariatet som åleine har ført den borgarleg-demokratiske revolusjonen verkeleg til endes. Det er proletariatet som åleine har gjort noko verkeleg viktig for å føra den proletariske verdsrevolusjonen nærare. Det er proletariatet som åleine har skapt Sovjetstaten, som etter Pariskommunen er det andre steget i retning av den sosialistiske staten.)

På den andre sida, dersom det bolsjevikiske proletariatet med ein gong, i oktober—november 1917, utan å venta på at klassane skulle skilja seg i landdistrikta, utan å vera i stand til å *førebu* det og setja det i verk, hadde freista å «gje påbod om» borgarkrig eller «innføring av sosialismen» i landdistrikta, hadde freista greia seg utan ein mellombels blokk med bøndene i det heile, utan å gje ei rekkje konsesjonar til mellombøndene, osb., då ville det ha vore ei *blanquistisk*³⁵ forvrenging av marxismen, ein freistnad frå *mindretallet* til å tvinga viljen sin inn på fleirtalet. Det ville ha vore teoretisk meiningslaust, det ville ha avslørt at ein ikkje var i stand til å skjøna at ein allmenn bonde-revolusjon *framleis* er ein borgarleg revolusjon, og at utan *ei rekkje overgangar, eller overgangssteg*, kan han ikkje omformast til ein sosialistisk revolusjon i eit tilbakeliggjande land.

Kautsky har rota i hop *alt* når det gjeld dette særskilte teoretiske og politiske problemet, og han har i praksis prova at han ikkje er anna enn ein tenar for borgarskapet som hylar mot proletariatets diktatur.

Kautsky har laga ei liknande, om ikkje større, ihoprotning i samband med eit anna særskilt interessant og viktig spørsmål, nemleg: Var den *lovgevende* verksemda til Sovjetrepublikken når det galdt jordbruksreformer

— den aller vanskelegaste og likevel den viktigaste av dei sosialistiske reformene — grunna på sunne prinsipp og så sett ut i livet på skikkeleg vis? Vi ville vera grenselaust takksame mot kvar einaste vesteuropeisk marxist som etter at han hadde studert i det minste dei viktigaste dokumenta, gav ein *kritikk* av politikken vår. Med det ville han nemleg hjelpa oss veldig, og han ville og hjelpa revolusjonen som modnast over heile verda. Men i staden for kritikk kjem Kautsky med ei utruleg teoretisk røre som gjer marxisme til liberalisme og som i praksis er ei rekkje tomme, giftige, ufine utfall mot bolsjevikane. Lat lesaren døma sjølv:

«Store godseigedomar kunne ikkje haldast ved lag. Dette var eit resultat av revolusjonen. Det var straks klårt. Det vart uunngåeleg å føra dei store godsa over til bondefolkesetnaden.» (Dette er ikkje sant, hr. Kautsky. Du set inn det som er «klårt» for deg i staden for haldninga dei ulike *klassane* hadde til spørsmålet. Historia til revolusjonen har synt at koalisjonsregjeringa mellom borgarskapet og småborgarskapet, mensjevikane og dei sosialrevolusjonære, fylgde ein politikk for å halda storgodsas ved lag. Dette vart prova særleg klårt med lovframlegget til S. Maslov og då medlemene av jordkomiteane vart arresterte.³⁶ Utan proletariatets diktatur ville ikkje «bondefolkesetnaden» ha vunne over godseigarane, som hadde slege lag med kapitalistane.)

«... Men når det gjeld kva former det skulle skje i, var det ingen einskap. Fleire ulike løysingar kunne tenkjast ...» (Kautsky er mest av alt oppteken av «einskapen» mellom «sosialistane», same kven som kallar seg det. Han gløymer at dei viktigaste klassane i det kapitalistiske samfunnet er nøydde til å koma fram til ulike løysingar.) «... Frå ein sosialistisk synsstad ville den mest rasjonelle løysinga ha vore å gjera dei store gods-eigedomane om til statseigedom, og la dei bøndene som fram til då hadde arbeidd der som lønsarbeidarar få driva dei i form av kooperative selskap. Men ei slik

løysing føreset at det finst ein type gardsarbeidarar som ikkje fanst i Russland. Ei anna løysing ville ha vore å gjera dei store godseigedomane om til statseigedom og å dela dei inn i små jordstykke som kunne leigast ut til bønder som åtte lite jord. Hadde det vorte gjort, ville ein i det minste ha oppnådd noko sosialistisk ...»

Som vanleg avgrensar Kautsky seg til det velkjende: På den eine sida kan ein ikkje anna enn å gå med på, og på den andre sida må ein vedgå. Han stiller ulike løysingar *side om side* utan ein tanke — den einaste realistiske og marxistiske tanken — for kva som må vera *overgangsstega* frå kapitalismen til kommunismen under dei og dei *særskilte* vilkåra. Det finst gardsarbeidarar i Russland, men ikkje mange, og Kautsky kom ikkje inn på spørsmålet — som Sovjetregjeringa *verkeleg tok opp* — om metoden for å gå over til ei sams og kooperativ form for å driva jorda. Det merkelegaste er likevel at Kautsky hevdar han ser «noko sosialistisk» i å leiga ut små jordstykke. I røynda er dette eit *småborgarleg* slagord, og det er *ikkje noko* «sosialistisk» i det. Dersom den «staten» som leiger ut jorda *ikkje* er ein stat av same type som Pariskommunen, men ein parlamentarisk borgarleg republikk (og nett det er det Kautsky heile tida går ut ifrå), vert det å leiga ut jord i små stykke ei typisk *liberal reform*.

Kautsky seier ingen ting om at sovjetregjeringa har avskaffa *all* privat eigedomsrett til jorda. Verre enn det: Han tyr til ei utruleg forfalsking og siterer dekreta frå sovjetregjeringa på ein slik måte at han utelet det mest vesentlege.

Etter at Kautsky har slege fast at «småproduksjon strevar etter fullstendig privateige over produksjonsmidla» og at den grunnlovgjevande forsamlinga ville ha vore «den einaste styresmakta» som var i stand til å hindra at jorda vart oppdelt (ein påstand som vil vekka latter i Russland, der alle veit at arbeidarane og bøndene *ser berre* sovjeta som rette styresmakta, med-

an den grunnlovgevande forsamlinga har vorte slagordet til tsjekkarane og godseigarane), held han fram:

«Eit av dei fyrste dekreta til sovjetregjeringa kunngjer:

1. Eigedom retten godseigarane har til jorda er frå no av avskaffa utan noko godtgjersle.
2. Godseigedomane så vel som alle krongodsa, kloster og kyrkjegodsa skal med all buskap, alle reiskaper, bygningar og alt som høyrer til, stillast under rådveldet til jordkomiteane i volosta* og sovjeta av bonderepresentantar i ujest inntil den grunnlovgevande forsamlinga avgjer jordspørsmålet.»

Etter at Kautsky har gjeve att *berre desse to punkta*, konkluderer han:

«Tilvisinga til den grunnlovgevande forsamlinga har berre vorte døde bokstavar. Faktisk kunne bøndene i dei ulike volosta gjera som dei ville med jorda» (s. 47).

Her har vi eit døme på «kritikken» til Kautsky! Her har vi eit «vitskapleg» arbeid som liknar meir på svin del. Kautsky får den tyske lesaren til å tru at bolsjevikane gav seg for bøndene i spørsmålet om den private eigedom retten til jorda, at bolsjevikane let bøndene få lov å gå fram nett som dei ville lokalt («i dei ulike volosta»)!

Men i røynda inneheld det dekretet Kautsky gjev att frå — det fyrste som vart kunngjort, den 26. oktober

* *Volost*, *ujest* — russiske administrative einingar: regionar, kommunar. — *Red.*

1917 (gamal tidsrekning)* — ikkje to, men fem punkt. I tillegg til dette kjem åtte punkt i mandatet³⁷ som — og det vart sagt uttrykkjeleg — «skal tena som rettesnor».

Punkt 3 i dekretet slår fast at godsa er overførte «*til folket*», at «nøyaktige lister over all konfiskert eigedom» skal setjast opp og at eigedomen skal «vernast på strengaste revolusjonært vis». Og mandatet kunngrjer at «privat eigedomsrett til jorda skal opphevast for alltid», at «jord der det vert drive jordbruk på høgt vitskapleg nivå ... *ikkje skal delast opp*», at «all buskapen og reiskapen på dei konfiskerte eigedomane eine og aleine skal kunne nyttast av staten eller ein kommune — alt etter kor store og viktige dei er — og at det ikkje skal betalast noka godtgjerdsle for det og at «all jord skal gå inn i det nasjonale jordfondet».

Vidare, samstundes som den grunnlovgjevande forsamlinga vart oppløyst (5. januar 1918), vedtok den tredje sovjetkongressen *fråsegna om rettane* til det arbeidande og utbytta folket,** som no er ein del av det grunnleggjande lovverket til Sovjetrepublikken. Artikkkel 2, paragraf 1 i denne fråsegna slår fast at «privat eigedomsrett til jord er med dette oppheva» og at «mønstergods og jordbruksføretak vert kunngrjorde som nasjonal eige».

Så tilvisinga til den grunnlovgjevande forsamlinga vert *ikkje* verande døde bokstavar, for eit anna nasjonalt representativt organ som har umåteleg mykje større autoritet i augo til bøndene, tok på seg å løysa jordbruksproblemet.

* Sjå Lenin, «Den andre allrussiske kongressen til sovjeta av arbeidar- og soldatrepresentantar. 4. Melding om jorda 26. oktober» (1917) i *Utvalgte verker i 12 bind*, Forlaget Oktober 1978, b. 9, s. 20—26. — *Red.*

** Sjå Lenin, «Fråsegn om rettane til det arbeidande og utbytta folket» (1917) i *Utvalgte verker i 12 bind*, Forlaget Oktober 1978, b. 9, s. 62—65. — *Red.*

Vidare, 6. (19.) februar vart lova om sosialisering av jorda kunngjort, og ho stadfesta endå ein gong at all privat eigedomsrett til jorda var oppheva, og stilte all jord og *all privat* buskap og reiskap til rådvelde for sovjetstyresmaktene *under kontrollen til Den føderale sovjetregjeringa*. Mellom dei oppgåvene som var knytte til rådveldet over jorda foreskreiv lova:

«Å utvikla eit kollektivt jordbruk, på kostnad av individuelt jordbruk fordi det er meir lønande når det gjeld å spara på arbeid og avkasting, med overgang til sosialistisk jordbruk for auga» (artikkel 11, paragraf e).

Same lova innførde prinsippet om *lik* fordeling av jorda, og gav dette svaret på det grunnleggjande spørsmålet: «Kven har rett til å bruka jorda?»

(Artikkel 20). «Jordstykke innan grensene til Den russiske føderative sovjetrepublikken kan nyttast til offentlege og private føremål. A. Til kultur- og utdanningsføremål: 1) av staten representert gjennom organa for sovjetmakta (føderale så vel som i regionar, guvernement, ujest, volost og landsbyar), og 2) av offentlege organ (under kontroll og med løyve frå dei lokale sovjetstyresmaktene). B. For jordbruksføremål: 3) av jordbrukskommunar, 4) av kooperative jordbrukselskap, 5) av landsbyfellesskap, 6) av individuelle familiar og personar ...»

Lesaren vil sjå at Kautsky har forvrengt kjensgjerningane fullstendig, og han har gjeve den tyske lesaren eit fullstendig falskt syn på jordbrukspolitikken og jordbrukslovgjevinga til den proletariske staten i Russland.

Kautsky prova jamvel at han var ute av stand til å

formulera dei teoretisk viktige grunnleggjande spørsmåla:

Desse spørsmåla er:

1. Lik fordeling av jorda og
2. Nasjonalisering av jorda — tilhøvet mellom desse to åtgjerdene og sosialismen allment, og tilhøvet deira til overgangen frå kapitalismen til kommunismen særskilt.

3. Samdrift som ein overgang frå spreidd gardsdrift i liten målestokk til kollektiv gardsdrift i stor målestokk. Fyller den måten dette spørsmålet vert handsama på i sovjetlovgevinga dei krava sosialismen stiller?

I fyrste spørsmålet er det i fyrste rekkje naudsynt å slå fast dei to fylgjande grunnleggjande kjensgjerningane: A) Då bolsjevikane gjekk igjennom røynslene frå 1905 (eg kan t.d. visa til arbeidet mitt om jordbruksproblemet i den fyrste russiske revolusjonen), peika dei på den demokratisk progressive, den demokratisk revolusjonære tydinga av slagordet «lik fordeling av jorda», og i 1917, *før* Oktoberrevolusjonen, tala dei heilt klårt om dette. B) Då bolsjevikane sette i verk lova om sosialisering av jorda — «ånda» i henne er «lik fordeling av jorda» — kunngjorde bolsjevikane svært uttrykkeleg og klårt: Dette er ikkje vår ide, vi er ikkje samde i dette slagordet, men vi trur skuldnaden vår er å setja dette ut i livet av di det er kravet til det overveldande fleirtalet av bøndene. Og ideen og kravet til fleirtalet av det arbeidande folket er noko som det arbeidande folket må *kasta vrak på av seg sjølve*: slike krav kan korkje «avskaffast» eller «hoppast over». Vi bolsjevikar skal *hjelpa* bøndene å kasta vrak på småborgarlege slagord, å *gå frå* dei så snøgt og lett som mogleg og over til sosialistiske slagord.

Ein marxistisk teoretikar som ynskte å hjelpa revolusjonen til arbeidarklassen med dei vitskaplege analysane sine, burde ha gjeve svar på fylgjande spørsmål: For det fyrste, er det sant at ideen om lik fordeling av jorda har ei demokratisk revolusjonær tyding som går

ut på å føra den *borgarleg*-demokratiske revolusjonen til endes? For det andre, gjorde bolsjevikane rett då dei med røystene sine hjelpte til å få vedteke (og fylgjer heilt ut lojalt) den småborgarlege lova om lik fordeling av jorda?

Kautsky greidde ikkje ein gong *verta vår* kva som teoretisk var kjernen i problemet!

Kautsky vil aldri *verta* i stand til å visa attende det synet at ideen om lik fordeling av jorda har ein progressiv og revolusjonær verdi i den borgarleg-demokratiske revolusjonen. Ein slik revolusjon kan ikkje gå ut over dette. Med at han når grensene sine avslører han di *klårare, snøggare og lettare* for folket at dei borgarleg-demokratiske løysingane er *utilstrekkelege*, og at det er naudsynt å gå ut over grensene deira, å gå vidare til *sosialismen*.

Bøndene, som har styrta tsarismen og godseigarane, drøymmer om lik fordeling av jorda, og inga makt på jorda kunne ha stoppa bøndene, straks dei hadde vorte fri både frå godseigarane og frå den *borgarlege* parlamentariske republikanske staten. Arbeidarane seier til bøndene: Vi skal hjelpa dykk å nå fram til den «ideelle» kapitalismen, for lik fordeling av jorda er småprodusentane si idealisering av kapitalismen. Samstundes vil vi prova for dykk at dette er *utilstrekkeleg*, og at det er naudsynt å gå over til samdrift.

Det ville ha vore interessant å sjå på freistnadane til Kautsky på å motprova at det var rett av proletariatet å leia bondekampen *på denne måten*.

Men Kautsky vel å unngå spørsmålet fullstendig ...

Vidare narrar Kautsky medvite dei tyske lesarane sine med å halda attende for dei at Sovjetregjeringa i *jordlova* si gav *beinveges* føremonar til kommunar og kooperative selskap.

Med alle bøndene heilt fram til den borgarleg-demokratiske revolusjonen er ført til endes, og med dei fattige, dei proletariske og halvproletariske delane av bøndene fram til den sosialistiske revolusjonen!

Dette har vore politikken til bolsjevikane, og det er den einaste marxistiske politikken.

Men Kautsky er heilforvirra og ute av stand til å formulera eit einaste spørsmål! På den eine sida *tør* han *ikkje* seia at arbeidarane skulle ha skilt lag med bøndene i spørsmålet om lik fordeling av jorda, for han innser at det ville ha vore meningslaust (og i tillegg gjekk han i 1905, då han enno ikkje var nokon renegat, sjølv klårt og uttrykkeleg inn for ein allianse mellom arbeidarane og bøndene som eit vilkår for at revolusjonen skulle sigra). På den andre sida siterer han med sympati dei liberale flaue uttalene til mensjeviken Maslov, som «provar» at småborgarleg lik fordeling av jorda er utopisk og reaksjonært *frå sosialismen sin synsstad*, men held stilt om den progressive og revolusjonære karakteren til den småborgarlege kampen for likskap og lik fordeling *frå synsstaden til den borgarleg-demokratiske revolusjonen*.

Kautsky står oppe i ei håplaus forvirring: Merk at han (i 1918) *held fast på* den *borgarlege* karakteren til den russiske revolusjonen. Han seier myndig (i 1918): Gå ikkje ut over desse grensene! Like fullt ser nett den same Kautsky «noko *sosialistisk*» (til å vera ein *borgarleg* revolusjon) i den *småborgarlege* reforma med å leiga ut små jordstykke til dei *fattige* bøndene (noko som kjem nær opp imot lik fordeling av jorda!)

Forstå det de som kan!

I tillegg til alt dette legg Kautsky for dagen ein spissborgarleg mangel på evne til å ta omsyn til den verkelege politikken eit bestemt parti fører. Han siterer dei tome *frasane* til mensjeviken Maslov og *nektar å sjå den verkelege* politikken mensjevikpartiet førte i 1917, då dei i «koalisjon» med godseigarane og kadettane gjekk inn for det som i røynda var *ei liberal jordbruksreform og kompromiss med godseigarane* (prov: arrestasjonen av medlemene av jordkomiteane og framlegget til jordlov frå S. Maslov).

Kautsky makta ikkje merka seg at frasane til P.

Maslov om den reaksjonære og utopiske karakteren til den småborgarlege likskapen i røynda er eit skjerm-brett som skal løyna politikken til mensjevikane for *kompromiss* mellom bøndene og godseigarane (dvs. for å hjelpa godseigarane med å narra bøndene), i staden for at bøndene skulle styrta godseigarane på *revolusjonært* vis.

For ein «marxist» Kautsky er!

Det var bolsjevikane som skilde strengt mellom den borgarleg-demokratiske revolusjonen og den sosialistiske revolusjonen: Med å gjennomføra den fyrste oppna dei døra for overgangen til den siste. Dette var den einaste politikken som var revolusjonær og marxistisk.

Det hadde vore lurare av Kautsky om han ikkje tok opp att dei skrale liberale vitsane: «Til no har aldri småbøndene nokon stad teke til med kollektivt jordbruk under påverking av teoretiske overtydingar» (s.50).

Noko så lurt!

Men småbøndene i eit stort land har til denne tid aldri — ikkje ein einaste stad — stått under innverkna-den til ein proletarisk stat.

Til denne tid har småbøndene aldri nokon stad gått inn i ein open klassekamp av same omfanget som ein borgarkrig mellom dei fattige bøndene og dei rike bøndene, *med* ein proletarisk stat som gjev dei fattige propagandastønad og politisk, økonomisk og militær stønad.

Til denne tid har profitørane og dei rike aldri nokon stad samla seg slike rikdomar av krigen, til same tid som bondemassane har vorte så fullstendig ruinerte.

Kautsky berre mel opp att den gamle leksa, han tygg berre drøv, og han er jamvel redd for å tenkja over dei nye oppgåvene til det proletariske diktaturet.

Men kva, kjære Kautsky, om bøndene *manglar* reiskaper for å driva jordbruk i liten målestokk og den proletariske staten *hjelper* dei å skaffa seg maskinar til kollektiv drift — er det ei «teoretisk overtyding»?

Vi skal no gå over til spørsmålet om nasjonalisering av jorda. Narodnikane våre, medrekna alle dei vens-tresosialrevolusjonære, nektar for at den åtgjerda vi har sett i verk er nasjonalisering av jorda. Dei tek feil i teorien. I den mon vi vert ståande innan rama til vare-produksjonen og kapitalismen, er det å avskaffa den private eigedomsretten til jorda nasjonalisering av jor-da. Omgrepet «sosialisering» uttrykker berre ein ten-dens, eit ynskje, ei førebuing til overgangen til sosialis-men.

Kva haldning bør marxistane ta til nasjonalisering av jorda?

Heller ikkje her greier Kautsky formulera det teore-tiske spørsmålet, eller — noko som er verre — han unngår det med vilje, sjølv om vi frå den russiske litte-raturen kjenner til at Kautsky er klår over den gamle striden mellom dei russiske marxistane i spørsmålet om nasjonalisering, munisipalisering (dvs. å overføra dei store godseigedomane til dei lokale sjølvstyreorga-na) eller oppdeling av jorda.

Når Kautsky hevdar at det å overføra dei store gods-eigedomane til staten og leiga dei ut i små stykke til bønder som eig lite jord, ville vera å oppnå «noko so-sialistisk», er det endefram hån mot marxismen. Vi har alt synt at det ikkje er noko sosialistisk i det. Men det er ikkje alt. Det ville ikkje eingong ha ført den *borgarleg-demokratiske* revolusjonen til endes. Den store ulykka til Kautsky er at han har festa tiltru til mensjevikane. Av det kjem det merkverdige stand-punktet at samstundes som han held hardt på at revo-lusjonen vår har ein borgarleg karakter, og klandrar bolsjevikane for at vi har sett oss føre å gå fram mot sosialismen, gjer han *sjølv* framlegg om ei liberal re-form forkledd som sosialisme. Dette gjer han *utan å føra denne reforma* til det punktet at han ryddar full-stendig vekk alle mellomalderleivningane i tilhøva i jordbruket! Argumenta til Kautsky er på same måten som argumenta til dei mensjevikiske rådgevarane

hans, jamgode med å forsvare det liberale borgarskapet, som er redde revolusjonen, i staden for å forsvare ein konsekvent borgarleg-demokratisk revolusjon.

Og sei meg, kvifor skulle berre dei stor godseigedomane, og ikkje all jorda, gjerast om til statseigedom? Det liberale borgarskapet oppnår gjennom det å ta vare på dei gamle tilstandane i så stor mon som råd (dvs. minst mogleg konsekvens i revolusjonen), og å gjera det så lett som råd å venda attende til dei gamle tilstandane. Det radikale borgarskapet, dvs. det borgarskapet som ynskjer å føra den borgarlege revolusjonen til endes, set fram slagordet om å *nasjonalisera jorda*.

Kautsky, som i ei fjern og uklår fortid for rundt tjue år sidan, skreiv eit framifrå marxistisk verk om jordbruksspørsmålet, er nøydd til å vita at Marx slo fast at nasjonalisering av jorda i røynda er eit *konsekvent* slagord for *borgarskapet*.^{*} Kautsky er nøydd til å kjenna til samanstøyten Marx hadde med Rodbertus, og avsnitta til Marx — som er vel verd å merka seg — i *Teoriar om meirverde*, der det vert forklåra særskilt klårt kor mykje nasjonalisering av jorda tyder for revolusjonen — i borgarleg-demokratisk forstand.

Mensjeviken P. Maslov, som Kautsky — diverre for han — har valt seg som rådgjevar, nekta for at dei russiske bøndene ville seia seg samde i at all jorda (medrekna jorda til bøndene) vart nasjonalisert. I ei viss mon kunne ein sjå dette synet til Maslov i samanheng med den «originale» teorien hans (som berre er ei etterplapring etter dei borgarlege Marx-kritikarane), nemleg at han ikkje godtek den absolutte renta^{**} og

^{*} Sjå Marx, *Teoriar om meirverde* del 2, tysk utg. 1959, s.36 — *Red.*

^{**} *Absolutt rente* — overskot av meirverde som heng saman med at jordbrukskapitalistane nyttar meir arbeidskraft enn industrien gjer, og eignar til seg eit overskot p.g.a. den private eigedomsretten til jorda. — *Red.*

godtek «lova» (eller «kjensgjerninga», som Maslov uttrykker det) «om minkande utbytte».*

Men i røynda synt det seg alt i 1905-revolusjonen at det overveldande fleirtalet av bøndene i Russland, medlemmer av landsbyfellesskap så vel som bønder som dreiv for seg sjølve, gjekk inn for å nasjonalisera all jorda. Revolusjonen i 1917 stadfesta dette, og etter at proletariatet hadde teke makta, vart det gjort. Bolsjevikane vart verande lojale mot marxismen, og dei freista aldri å «sløyfa» den borgarleg-demokratiske revolusjonen (trass i Kautsky, som utan det minste prov skuldar for oss det). I fyrste rekkje hjelpte bolsjevikane dei mest radikale, mest revolusjonære av dei borgarleg-demokratiske ideologane til bøndene, dei som stod proletariatet nærast, nemleg dei venstresosialrevolusjonære, å setja i verk det som i praksis var å nasjonalisera jorda. 26. oktober 1917, dvs. den aller fyrste dagen av den proletariske, sosialistiske revolusjonen, vart den private eigedomsretten til jorda avskaffa i Russland.

Dette la grunnlaget som er det mest fullkomne grunnlaget når det gjeld å utvikla kapitalismen (Kautsky kan ikkje nekta for det utan å bryta med marxismen). Til same tid skapte det eit jordbrukssystem som er *det smidigaste* når det gjeld overgangen til sosialismen. Frå ein borgarleg-demokratisk synsstad *kunne ikkje* dei revolusjonære bøndene i Russland *gå lenger, det kan ikkje vera noko* som er «meir ideelt» sett frå denne synsstad, ikkje noko som er «meir radikalt» (sett frå same synsstad), enn nasjonalisering av jorda og lik fordeling av jorda. Det var bolsjevikane, og berre bolsjevikane, som berre takk vera den *proletariske* revolusjonen, hjelpte bøndene med å føra den borgarleg-demokratiske revolusjonen verkeleg til endes. Og berre på denne måten gjorde dei sitt yteste for å

* *Minkande utbytte* — det at jorda etterkvart skulle verta utpint og gje mindre avlingar. — *Red.*

letta og skunda på overgangen til den sosialistiske revolusjonen.

Ut frå dette kan ein sjå kva slags utruleg rot det er Kautsky tilbyd lesarane sine når han skuldar bolsjevikane for at dei ikkje forstår den borgarlege karakteren til revolusjonen, og sjølv avslører eit slikt avvik frå marxismen at han *ikkje seier noko* om nasjonaliseringa av jorda og held fram den minst revolusjonære (frå ein borgarleg synsstad) liberale jordbruksreforma som «noko sosialistisk»!

Vi har no kome til det tredje spørsmålet som vart formulert ovanfor, nemleg i kor stor mon det proletariske diktaturet i Russland har teke omsyn til at det er naudsynt å gå over til samdrift. Også her gjer Kautsky seg skuld i noko som kjem svært nær opp imot ein svindel: Han siterer berre «tesane» til ein bolsjevik som talar om oppgåva å gå over til samdrift! Etter at «teoretikaren vår» har sitert ein av desse tesane, bryt han ut i triumf:

«Uheldigvis vert ikkje ei oppgåve fullført berre med at ho vert framstilt som ei oppgåve. Nett no er kollektivt jordbruk i Russland dømt til å verta ståande berre på papiret. Til no har aldri småbøndene nokon stad teke til med kollektivt jordbruk under påverking av teoretiske overtydingar» (s.50).

Til denne tid har ingen nokon stad gjort seg skuld i ein litterær svindel som kan måla seg med den Kautsky har sokke ned til. Han siterer «tesar», men seier ingen ting om *lova* til sovjetstyret. Han talar om «teoretiske overtydingar», men seier ingen ting om den proletariske statsmakta som held hand om fabrikkane og varene! Alt det marxisten Kautsky skreiv i 1899 i *Jordbruksspørsmålet* om dei midla som står til rådvelde for den proletariske staten for å få i stand ein gradvis

overgang av småbøndene til sosialisme, det har renegaten Kautsky gløymt i 1918.

Sjølvsagt er nokre få hundre statsstødde jordbrukskommunar og statsbruk (dvs. store gardar som vert drivne av arbeidarsamanslutningar på kostnaden til staten) svært lite. Men kan det kallast «kritikk» at Kautsky overser denne kjensgjerninga?

Den nasjonaliseringa av jorda som det proletariske diktaturet har sett i verk i Russland, er det som best har sikra at den borgarleg-demokratiske revolusjonen vert ført til endes — til og med dersom kontrarevolusjonen skulle sigra og føra med seg ei tilbakevending frå nasjonalisering av jorda til oppdeling av jorda (eg gjekk særskilt igjennom sjansane for at det skulle skje i brosjyren min om jordbruksprogrammet til marxistane i 1905-revolusjonen). I tillegg har nasjonaliseringa av jorda gjeve den proletariske staten maksimalt høve til å gå over til sosialismen i jordbruket.

For å summere opp, Kautsky har i den mon det er snakk om teori, lagt fram for oss ei utruleg røre som er ei fullstendig oppgjeving av marxismen. Og i den mon det er snakk om praksis, har han lagt fram ein politikk for å leggja seg på ryggen for borgarskapet og deira reformisme. Snakk om fin kritikk!

* * *

Kautsky byrjar den «økonomiske analysen» sin av industrien med fylgjande storfelte drøfting:

Russland har ein kapitalistisk storindustri. Kan det ikkje byggjast opp eit sosialistisk produksjonssystem på dette grunnlaget? «Ein skulle tru det dersom sosialisme tyder at arbeidarane i dei ulike fabrikkane og gruvene gjer dei til sin eigedom» (bokstavleg tileigna seg dei for seg sjølve) «for å halda fram med produksjonen i kvar fabrikk for seg» (s.52). «Nett i dag, 5. august, medan eg skriv desse linene,» legg Kautsky til, «kjem det melding frå Moskva om at Lenin har halde

ein tale 2. august der han skal ha sagt: 'Arbeidarane held ei fast hand om fabrikkane, og bøndene vil ikkje gje jorda attende til godseigarane.' Fram til no har slagordet: Fabrikkane til arbeidarane og jorda til bøndene, vore eit anarko-syndikalistisk slagord, og ikkje eit sosialdemokratisk» (s.52—53).

Eg har sitert heile dette avsnittet slik at dei russiske arbeidarane, som tidlegare respekterte Kautsky — og det med full rett — kan sjå sjølve kva slags metodar denne desertøren til den borgarlege leiren nyttar.

Berre tenk dykk: 5. august, då det alt hadde kome ei lang rekkje dekret om nasjonalisering av fabrikkar i Russland — og arbeidarane ikkje hadde «eigna til seg» ein einaste fabrikk, men *alle* hadde vorte gjorde til eigedomen til republikken — 5. august freistar Kautsky på grunnlag av ei openbert uærleg tolking av ei setning i talen min, å få dei tyske lesarane til å tru at fabrikkane i Russland vert gjevne over til einskilte arbeidargrupper! Og etter det tygg Kautsky langt og lenge drøv om kor gale det er å gje fabrikkane over til einskilte arbeidargrupper!

Dette er ikkje kritikk, det er knepet til ein lakei for borgarskapet, ein som kapitalistane har leigd til å baktala arbeidarrevolusjonen.

Fabrikkane må gjevast over til staten, eller til kommunane, eller til dei kooperative forbrukarselskapa, seier Kautsky om att og om att, og til sist legg han til:

«Det er dette dei no freistar gjera i Russland ...» No! Kva tyder dette? I august? Kunne verkeleg ikkje Kautsky ha tinga venene sine Stein eller Axelrod, eller einkvan annan av venene til det russiske borgarskapet til å omsetja i det minste eitt av dekreta om fabrikkane?

«Kor langt dei har gått i denne leia kan vi ikkje seia enno. Under alle omstende er denne sida av verksemda til Sovjetrepublikken av største interesse for oss, men ho er enno heilt mørklagt.

Det manglar ikkje på dekret ...» (difor overser Kautsky *innhaldet* i dei, eller han løyner det for lesarane sine!) «men vi har ingen pålitande opplysningar om verknaden av desse dekreta. Ein sosialistisk produksjon er umogleg utan fullstendig, detaljert, pålitande og raskt opplysende statistikk. Sovjetrepublikken kan umogleg ha skapt slik statistikk enno. Det vi får vita om den økonomiske verksemda der, er sær s motstridande og kan ikkje stadfestast på nokon måte. Dette er og eit resultat av diktaturet og undertrykkinga av demokratiet. Det er ingen pressefridom, eller talefridom» (s.53).

Slik vert det skrive historie! Frå den «frie» pressa til kapitalistane og Dutov-folka kunne Kautsky ha fått opplysningar om fabrikkar som vert tekne over av arbeidarane ... Denne «seriøse vismannen» som står over klassane er sanneleg storfelt! Kautsky nektar å seia eit einaste ord om dei tallause kjensgjerningane som syner at fabrikkane *berre* vert gjevne over til republikken, at dei vert styrde av eit organ for sovjetmakta, det øvste økonomiske rådet, som i hovudsak er sett saman av arbeidarar som er valde av fagforeiningane. Hardnakka og sta som «mennesket i futteral»,* held Kautsky fram å harpa på ein ting: Gjev meg fredeleg demokrati utan borgarkrig, utan diktatur og med god statistikk (Sovjetrepublikken har skipa ei statistikkteneste som har knytt til seg dei beste statistikk-ekspertane i Russland, men sjølv sagt kan det ikkje skaffast til vegar ideell statistikk så snøgt). Med eitt ord er det Kautsky krev revolusjon utan revolusjon, utan vill kamp, utan valdsbruk. Det er jamgodt med å be om streikar der arbeidarane og arbeidskjøparane

* *Mennesket i futteral* — namn på ei novelle av Tsjekov der hovudpersonen er ein innskrenka spissborgar som går mot alt som er nytt og har med initiativ å gjera. — Red.

ikkje vert opphissa. Prøv å finna skilnaden mellom denne sorten «sosialist» og ein vanleg liberal byråkrat!

Såleis «konkluderer» Kautsky, med di han byggjer på «faktisk materiale», dvs. at han medvite og full av forakt overser dei tallause kjensgjerningane:

«Det er tvilsamt om det russiske proletariatet har oppnådd meir av verkeleg praktiske resultat, og ikkje berre av dekret, under Sovjetrepublikken enn det ville ha oppnådd med ei grunnlov-gjevande forsamling, der sosialistane dominerte, nett som i sovjeta, om enn dei hadde annan let» (s.58).

Eit praktstykke, ikkje sant? Vi vil få rå dei som tykker så mykje om Kautsky til å spreia denne uttalen så vidt som råd mellom dei russiske arbeidarane, for Kautsky kunne ikkje ha skaffa fram noko betre materiale for å måla kor djupt han hadde sokke politisk. Kameratar arbeidarar, Kerenski var og «sosialist», berre med «annan let»! Historikaren Kautsky er nøgd med namnet, tittelen som dei høgresosialrevolusjonære og mensjevikane «tileignar» seg. Historikaren Kautsky nektar jamvel å høyra på dei kjensgjerningane som syner at under Kerenski stødde mensjevikane og dei høgresosialrevolusjonære den imperialistiske politikken og plyndrarpraksisen til borgarskapet. Han teier høfleg stilt om at fleirtalet i den grunnlov-gjevande forsamlinga var sett saman av nett desse forkjemparane for imperialistisk krig og borgarleg diktatur. Og dette vert kalla «økonomisk analyse»!

Lat meg som konklusjon sitera endå eit døme på denne «økonomiske analysen»:

«... Etter at Sovjetrepublikken har eksistert i ni månader, kjenner han seg forplikta til å forklåra kvifor det rår allmenn naud, i staden for å spreia allmenn velstand» (s.41).

Vi har vent oss til å høyra slike argument frå kadettane. Alle spyttseleikarane til borgarskapet i Russland argumenterer på denne måten: Syn oss, etter ni månader, den allmenne velstanden dykkar — og det etter fire års øydeleggjande krig, med utanlandsk kapital som gjev all slags stønad til sabotasjen og opprøra til borgarskapet i Russland. *I røynda* er det ikkje lenger att nokon skilnad i det heile, ikkje den minste skugge av skilnad mellom Kautsky og ein kontrarevolusjonær borgar. Det honningsøte snakket hans under «sosialistisk» forkledning tek berre opp att det folk som Kornilov, Dutov og Krasnov i Russland seier rett ut, ende-framt og utan utstasing.

* * *

Linene ovanfor vart skrivne 9. november 1918. Same kvelden fekk vi høyra nytt frå Tyskland der det vart kunngjort at ein sigerrik revolusjon hadde teke til. Fyrst i Kiel og andre byar og havner i nord, der makta hadde gått over i hendene på Råd av arbeidar- og soldatutsendingar. Så i Berlin, der makta og har gått over i hendene på eit råd.

Den konklusjonen som enno sto att å skriva i brosjyren min om Kautsky og om den proletariske revolusjonen, er no ikkje turvande.

10. november 1918.

Vedlegg I

TESAR OM DEN GRUNNLOVGJEVANDE FORSAMLINGA

1. Kravet om å kalla inn til ei grunnlovgjevande forsamling var ein heilt legitim del av programmet til det

revolusjonære sosialdemokratiet fordi Den grunnlov-gjevande forsamlinga står for den høgste forma for demokrati i ein borgarleg republikk, og fordi den imperialistiske republikken med Kerenski i brodden budde seg — med å skipa eit førparlament — på å fuska med vala og gjera vald på demokratiet på mange måtar.

2. Samstundes som det revolusjonære sosialdemokratiet har kravd at ei grunnlov-gjevande forsamling skal kallast inn, har det heilt frå revolusjonen i 1917 tok til, gong på gong streka under at ein sovjetrepublikk er ei høgare form for demokrati enn den vanlege borgarlege republikken med ei grunnlov-gjevande forsamling.

3. For overgangen frå det borgarlege til det sosialistiske systemet, for proletariatets diktatur, er sovjetrepublikken (av arbeidar-, soldat- og bonderepresentantar) ikkje berre eit høgare slag demokratisk institusjon (jamført med den vanlege borgarlege republikken med ei grunnlov-gjevande forsamling på toppen), men den einaste forma som er i stand til å tryggja den mest smertefri overgangen til sosialismen.

4. Innkalling til Den grunnlov-gjevande forsamlinga i revolusjonen vår på grunnlag av lister som vart lagde fram midt i oktober 1917, går føre seg under vilkår som gjer det umogleg at vala til denne grunnlov-gjevande forsamlinga kan gje eit pålitande uttrykk for folkeviljen allment, og viljen til det arbeidande folket særskilt.

5. For det fyrste gjev representasjon etter forholdstal eit pålitande uttrykk for folkeviljen berre når partilistene samsvarar med den verkelege inndelinga av folket etter dei partigrupperingane som kjem til uttrykk i desse listene. I vårt tilfelle er det slik at det partiet som frå mai til oktober hadde flest tilhengjarar mellom folket og særleg mellom bøndene — dei sosialrevolusjonære — la fram samla lister til valet på grunnlov-gjevande forsamling midt i oktober 1917, men i november 1917, etter valet og før forsamlinga kom saman, vart dei splitta.

Av denne grunnen er det ikkje, og kan heller ikkje ve-

ra, eingong eit formelt samsvar mellom viljen til massane av veljarar og samansetjinga av den valde grunnlovgjevande forsamlinga.

6. For det andre er det eit endå viktigare opphav til mishøvet mellom folkeviljen — og særleg viljen til dei arbeidande klassane — på den eine sida og samansetjinga av Den grunnlovgjevande forsamlinga på den andre. Det er ikkje noko formelt eller juridisk opphav, men eit samfunnsøkonomisk klasseopphav. Det er at vala til Den grunnlovgjevande forsamlinga skjedde på ei tid då det overveldande fleirtalet av folket enno ikkje kunne kjenna den fulle rekkjevidda av og meininga med Oktoberrevolusjonen, av sovjetrevolusjonen, revolusjonen av proletarar og bønder, som tok til 25. oktober 1917, dvs. etter at lista over kandidatar til Den grunnlovgjevande forsamlinga var lagd fram.

7. Oktoberrevolusjonen går gjennom fleire utviklingsstadium rett framfor augo våre. Han vinn makta for sovjeta, tek med makt det politiske herredømmet frå borgarskapet og overfører det til proletariatet og dei fattige bøndene.

8. Det tok til med sigeren 24.—25. oktober i hovudstaden, då Den andre allrussiske kongressen av sovjet av arbeidar- og soldatrepresentantar, fortroppen for proletarane og den politisk mest aktive delen av bøndene, gav bolsjevikpartiet fleirtalet og let det få makta.

9. Så, i november og desember, spreidde revolusjonen seg til heile hæren og til bøndene. Dette kom framfor alt til uttrykk ved at dei gamle leiande organa (hærkomitear, bondekomitear i guvernementa*, den sentrale eksekutivkomiteen i det allrussiske sovjetet av bonde-representantar osv.) vart sette til sides, og det vart valt nye leiande organ i deira stad. Dei gamle leiarorganastod for den tilbakeliggjande kompromissfasen i revolusjonen, for den borgarlege og ikkje den proletariske fasen, og var difor uunngåeleg dømde til å forsvinna

* *Guvernement* — russisk forvaltningseining, eit fylke. — *Red.*

under presset frå dei djupare og breiare massane av folket.

10. Denne mektige rørsla i det utbytta folket for å byggja opp dei leiande organa i organisasjonane sine på nytt, er ikkje ferdig enno midt i desember 1917, og jarnbanearbeidarkongressen som framleis er i gang, står for eitt av stega i denne rørsla.

11. Den måten klassekreftene i Russland vert grupperte på gjennom klassekampen tek altså, i november og desember 1917, ei form som i prinsippet skil seg frå den som kunne speglast att av partilistene som var sette saman midt i oktober 1917 over kandidatar til Den grunnlovgevande forsamlinga.

12. Hendingar nyleg i Ukraina (delvis òg i Finland og Kviterussland, så vel som i Kaukasus) peikar på same måten på ei omgruppering av klassekrefter som går føre seg i kampen mellom den borgarlege nasjonalismen til den ukrainske radaen*, den finske riksdagen osv. på ei- ne sida og sovjetmakta, revolusjonen av proletarar og bønder i kvar av desse nasjonale republikkane på den andre.

13. Til sist. Den borgarkrigen som tok til med det kontrarevolusjonære opprøret til kadettane og Kaledin mot sovjetstyresmaktene, mot regjeringa til arbeidara- ne og bøndene, har til sist ført klassekampen til eit høg- depunkt, og har øydelagt alle sjansar for å løysa på ein formelt demokratisk måte dei yttarst akutte problema som historia har stilt folka i Russland, og i fyrste rekkje arbeidarklassen og bøndene, overfor.

14. Berre full siger for arbeidarane og bøndene over opprøret til borgarskapet og godseigarane (slik det kjem til uttrykk i kadett-Kaledin-rørsla), berre nådelaus militær undertrykking av dette slaveeigar-opprøret, kan gje verkeleg trygd til revolusjonen av proletarar og bønder. Hendingsgangen og utviklinga av klassekam-

* *Den ukrainske radaen* — borgarleg-nasjonalistisk reaksjonær forsamling. — *Red.*

pen i revolusjonen har gjeve opphav til slagordet «All makt til Den grunnlovgevande forsamlinga!». Men det ser bort ifrå det arbeidar- og bonderevolusjonen har vunne, det ser bort ifrå sovjetmakta, det ser bort ifrå avgjerdene til Den andre allrussiske kongressen av sovjet av arbeidar- og soldatrepresentantar osb., og det vert i *røynda* slagordet til kadettane og Kaledin-folka og deira hjelparar. Heile folket er no fullt klår over at Den grunnlovgevande forsamlinga uunngåeleg er dømd til politisk utsletting dersom ho skulle skilja lag med sovjetmakta.

15. Eit av dei særleg akutte spørsmåla i livet til nasjonen er spørsmålet om fred. Ein verkeleg revolusjonær kamp for fred tok fyrst til i Russland etter at revolusjonen sigra 25. oktober, og fyrste fruktene av denne sigeren var at dei løynlege traktatane vart offentleggjorde, at våpenstillstand vart slutta og at det kom i gang opne forhandlingar om ein allmenn fred utan anneksjonar og skadebøter.

Fyrst no får dei breie lag av folket verkeleg høve til å fylgja politikken med revolusjonær kamp for fred fullt og ope, og til å studera resultata av han.

På den tida Den grunnlovgevande forsamlinga vart vald, hadde folkemassane ingen slik sjanse.

Det er klårt at mishøvet mellom den samansetjinga Den grunnlovgevande forsamlinga fekk og den verkelege folkeviljen i spørsmålet om å få slutt på krigen, er uunngåeleg frå denne synsstaden òg.

16. Av alle omstenda som er nemnde ovanfor fylgjer at Den grunnlovgevande forsamlinga som er kalla inn på grunnlag av vallister frå dei partia som fanst under herredømmet til borgarskapet, før revolusjonen av proletarar og bønder, uunngåeleg vil koma til å støyta saman med viljen og interessene til dei arbeidande og utbytta klassane som den 25. oktober tok til med den sosialistiske revolusjonen mot borgarskapet. Sjølv sagt står interessene til denne revolusjonen over dei formelle rettane til Den grunnlovgevande forsamlinga, endåtil

om ikkje desse formelle rettane hadde vore undergravne ved at det ikkje finst nokon regel i lova om Den grunnlovgjevande forsamlinga som gjev folket rett til å kalla tilbake representantane sine og halda nyval kva tid som helst.

17. Alle beinveges og omveges freistnader på å sjå på spørsmålet om Den grunnlovgjevande forsamlinga frå ein formell, juridisk sysstad, innanfor rammene til det vanlege borgarlege demokratiet og utan å ta omsyn til klassekampen og borgarkrigen, ville vera å svika den proletariske saka og leggja seg på det borgarlege standpunktet. Dei revolusjonære sosialdemokratane har plikt på seg til å åtvara kvar og ein mot dette mistaket, som er gjort av nokre få bolsjevikleiarar som ikkje var i stand til å gripa kva oktoberoppstanden eigentleg tydde og kva oppgåver som fylgjer med proletariatets diktatur.

18. Einaste høvet til å tryggja ei smertefri løysing på krisa som har kome på grunn av mishøvet mellom vala til Den grunnlovgjevande forsamlinga på den eine sida og folkeviljen og interessene til dei arbeidande og utbytta klassane på den andre, er at folket så vidt og snøgt som råd nyttar retten sin til å velja medlemmer av Den grunnlovgjevande forsamlinga på ny, og at Den grunnlovgjevande forsamlinga godtek lova frå den sentrale eksekutivkomiteen om desse nyvala og kunngjer at ho utan atterhald godkjenner sovjetmakta, sovjetrevolusjonen og den politikken han fører i spørsmåla om fred, jord og arbeidarkontroll, og fastrådd tek plass i leiren til fiendane av kadettane og Kaledin sin kontrarevolusjon.

19. Utan at desse vilkåra vert oppfylte, kan krisa omkring Den grunnlovgjevande forsamlinga berre løysast på ein revolusjonær måte, med at sovjetmakta set i verk dei mest energiske, raske, faste og målretta revolusjonære tiltaka mot kontrarevolusjonen til kadettane og Kaledin, utan omsyn til kva slagord og institusjonar (jamvel å ta del i Den grunnlovgjevande forsamlinga)

denne kontrarevolusjonen kan løyna seg bak. Ein kvar freistnad på å binda hendene til sovjetmakta i denne kampen vil vera jamgodt med å hjelpa kontrarevolusjonen.

Skreven 11. eller 12. (24. eller 25.)
desember 1917
Prenta i *Pravda* nr. 213
13. (26.) desember 1917

Prenta i samsvar
med manuskript
retta av Lenin

Vedlegg II

DEN NYE BOKA TIL VANDERVELDE OM STATEN

Det var fyrst etter at eg hadde lese boka til Kautsky at eg fekk høve til å gjera meg kjent med Vanderveldes *Sosialismen mot staten* (Paris 1918). Det fell uvilkårleg naturleg å jamføra dei to bøkene. Kautsky er den ideologiske leiaren for Den andre internasjonalen (1889—1914). Medan Vandervelde, i eigenskap av formann for Det internasjonale sosialistbyrået³⁸, er den offisielle representanten for han. Båe representerer den fullstendige falltitten til Den andre internasjonalen. Med den «smarte» dugleiken til røynde journalistar maskerer dei båe denne falltitten og sin eigen fallitt og desertering til borgarskapet med marxistiske talemåtar. Den eine gjev oss eit slåande døme på kva som er typisk for tysk opportuniste, tung, teoretiserande og slik at han i store drag forfalskar marxismen med å luka ut alt som borgarskapet ikkje kan godta. Den andre er typisk for den latinske — i ei viss mon kan ein seia for den vesteuropeiske (dvs. vest for Tyskland) varianten av den rådande opportunisten. Han er meir smidig, ikkje så tung,

men forfalskar marxismen med den same grunnleggjande metoden, berre på ein smartare måte.

Båe forvrengr lærer til Marx om staten så vel som lærer hans om proletariats diktatur tvers igjennom. Vandervelde tek mest for seg det fyrste emnet, Kautsky det siste. Båe tilslørar det svært nære og uløyslege sambandet som rår mellom desse to emne. Båe er revolusjonære og marxistar i ord, men renegatar i praksis, og dei gjer alt dei kan for å *fjerne seg* frå revolusjonen. Ingen av dei har noko av det som gjennomsyrr verka til Marx og Engels, og som i røynda skil sosialismen frå ein borgarleg karikatur av han, nemleg klårgjering av oppgåvene til revolusjonen *til skilnad frå* oppgåvene til reforma, klårgjering av den revolusjonære taktikken til skilnad frå den reformistiske taktikken, klårgjering av rolla til proletariatet når det gjeld å *avskaffe* systemet, ordenen eller herredømet til lønsslaveriet til skilnad frå rolla til proletariatet i «stor»-maktene som får del i eit ørlite fnugg av dei imperialistiske superprofittane og superbyttet til borgarskapet.

Vi skal gje att nokre av dei viktigaste argumenta til Vandervelde for å byggja opp under dette synet.

På same måten som Kautsky er Vandervelde svært ivrig med å sitera Marx og Engels. På same måten som Kautsky siterer han kva som helst av Marx og Engels *utanom* det som er fullstendig uakseptabelt for borgarskapet og det som skil ein revolusjonær frå ein reformist. Han let munnen gå rapt om at proletariatet skal vinna den politiske makta, sidan praksis alt har avgrensa dette innanfor strenge parlamentariske grenser. Men når det gjeld det at Marx og Engels etter røyntslene med Pariskommunen, fann det naudsynt å supplera det delvis forelda *Kommunistiske Manifestet* med ei klårgjering av den sanninga at arbeidarklassen ikkje rett og slett berre kan ta over det ferdiglaga statsmaskineriet, men må *knusa* det — om dette har han *ikkje eit einaste ord* å seia! Nett som om dei skulle ha gjort avtale om det, går Vandervelde og Kautsky fullstendig stilt forbi

det som er mest vesentleg i *røynslene* til den proletariske revolusjonen, nett det som skil proletarisk revolusjon frå borgarlege reformer.

På same måten som Kautsky talar Vandervelde om proletariatets diktatur berre for å fjerna seg frå det. Kautsky gjorde det med grove forfalskingar. Vandervelde gjer det på ein meir elegant måte. I del 4 av boka si der han tek for seg «korleis proletariatet skal vinna den politiske makta», tek han i underavsnitt *b* for seg spørsmålet om «proletariatets kollektive diktatur», «Usiterer» Marx og Engels (eg tek opp att: han utelet nett det som har å gjera med hovudsaka, nemleg å *knu-sa* den gamle, borgarleg-demokratiske statsmaskinen), og konkluderer:

« ... I sosialistiske krinsar er det vanleg å forestilla seg den sosiale revolusjonen på fylgjande vis: Ein ny Kommune, som denne gongen sigrar, ikkje berre éin stad, men i dei viktigaste sentra i den kapitalistiske verda.

Dette er ein hypotese, men ein hypotese som ikkje synest det minste usannsynleg i ei tid då det vert berrsynt at etterkrigsperioden vil oppleve klassemotsetningar og sosiale skakingar som aldri før i mange land.

Men dersom nederlaget for Pariskommunen, for ikkje å snakka om vanskane til den russiske revolusjonen, provar noko som helst, provar det at det er umogleg å få ein slutt på det kapitalistiske systemet før proletariatet har budd seg tilstrekkeleg til å gjera seg skikkeleg bruk av den makta som krafta i tilhøva kan leggja i hendene deira» (s. 73).

Og ikkje noko meir i det heile om det punktet det gjeld!

Her har vi dei, leiarane og representantane for Den andre internasjonale! I 1912 skreiv dei under på Basel-

manifestet, som talar uttrykkjeleg om samanhengen mellom nett den krigen som braut ut i 1914 og ein proletarisk revolusjon, og i røynda held det fram som eit *trugsmål*. Og då krigen braut ut og det kom til ein revolusjonær situasjon, tok folk som Kautsky og Vandervelde til å fjerna seg frå revolusjonen. Ein revolusjon av same type som Pariskommunen er berre ein hypotese som ikkje er usannsynleg! Dette svarar heilt til argumentet til Kautsky om kva for rolle sovjeta i Europa kan koma til å få.

Men nett slik er det kvar einaste opplyst *liberalar* argumenterer. Han vil no utan tvil seia seg samd i at ein ny Kommune «ikkje er usannsynleg», at sovjeta har ei stor rolle å spela, osb. Den proletariske revolusjonære skil seg frå liberalaren nett med at han som teoretikar analyserer kva ny tyding Kommunen og sovjeta får *som stat*. Men Vandervelde *hoppar stilt over* alt det Marx og Engels sa så mykje om i samband med dette emnet, då dei analyserte røynslene frå Pariskommunen.

Som praktikar, som politikar, skulle ein marxist ha gjort det klårt at berre dei som svik sosialismen, no kan dra seg unna oppgåva å klårgjera trongen for ein proletarisk revolusjon (av kommunetypen, av sovjettypen, eller kanhende av ein tredje type), å forklåra at det er naudsynt å bu seg på han, å føra ut propaganda for revolusjonen mellom folket, å visa attende dei småborgarlege fordømane mot han, osb.

Men korkje Kautsky eller Vandervelde gjer noko som helst slikt, nett av di dei sjølve er svikarar mot sosialismen, som ynskjer å halda oppe ryet sitt som sosialistar og marxistar mellom arbeidarane.

Lat oss sjå korleis spørsmålet vert stilt teoretisk.

Staten er jamvel i ein demokratisk republikk ikkje anna enn ein maskin ein klasse nyttar for å undertrykkja ein annan. Kautsky kjenner denne sanninga godt, han vedgår henne, seier seg samd i henne, men ... han vik unna for det grunnleggjande spørsmålet om kva særskilt klasse proletariatet må undertrykkja når dei

opprettar den proletariske staten, kva grunnane er for det og kva middel som skal nyttast.

Vandervelde kjenner godt, vedgår, seier seg samd i og siterer denne grunnsetninga i marxismen (s. 72 i boka hans), men ... han seier ikkje eit einaste ord om det «utrivelege» (for dei kapitalistiske herrane) emnet som gjeld å *undertrykkja motstanden frå utbyttarane!*

Både Vandervelde og Kautsky har vike fullstendig unna dette «utrivelege» emnet. I dette ligg fråfallet dei-
ra.

På same måte som Kautsky er Vandervelde ein gamal meister i kunsten å setja eklektisisme* i staden for dialektikk. På den eine sida kan ein ikkje la vera å vedgå det, og på den andre sida er ein nøydd til å innrømma det. På den eine sida kan omgrepet stat tyda «nasjonen som heilskap» (sjå Littrés ordbok — eit lærd verk, det kan ein ikkje nekta for — og Vandervelde, s. 87). På den andre sida kan omgrepet stat tyda «regjeringa» (same stad). Vandervelde siterer desse lærde banalitetane anerkjennande, *side om side* med sitat av Marx.

Den marxistiske tydinga av ordet «stat» skil seg frå den vanlege tydinga, skriv Vandervelde. Av dette kan det verta «misforståingar». «Marx og Engels ser på staten ikkje som staten i vid tyding, ikkje som eit organ for å leia, som representanten for dei allmenne samfunnsinteressene (*intérêts généraux de la société*). Det er staten som makt, staten som organ for autoritet, staten som reiskap for ein klasse til å herska over ein annan» (s. 75—76 i boka til Vandervelde).

Marx og Engels talar om å avskaffa staten berre i den andre tydinga ... «Slår ein noko fast for kategorisk, risikerer ein å vera upresis. Det er mange overgangsstadium mellom den kapitalistiske staten, som grunnar seg på at berre ein klasse herskar, og den proletariske staten, som har til mål å avskaffa alle klassane» (s. 156).

* *Eklektisisme* — filosofisk retning som vel ut brotstykke frå mange ulike system. — Red.

Her har vi eit døme på Vanderveldes «stil», som berre skil seg lite frå Kautskys, og i det vesentlege fell saman med han. Dialektikken viser attende kategoriske sanningar og forklårar den vekslinga som stendig skjer mellom motsetningar og kva krisar har å seia i historia. Eklektikaren ynskjer ikkje setningar som er «for kategoriske», for han ynskjer å driva fram dei spissborgarlege ynskja sine om å setja «*overgangsstadium*» i staden for revolusjon.

Folk som Kautsky og Vandervelde seier ingen ting om at overgangsstadiet mellom staten som eit organ for herredømet til kapitalistklassen og staten som eit organ for herredømet til proletariatet er *revolusjon*, som tyder å *styrta* borgarskapet og *bryta sund*, knusa, statsmaskinen *deira*.

Folk som Kautsky og Vandervelde tilslørar at borgarskapets diktatur må bytast ut med diktaturet til *ein* klasse, proletariatet, og at «overgangsstadia» i *revolusjonen* vil verta fylgde av «overgangsstadia» med at den proletariske staten gradvis visnar bort.

I dette ligg det politiske fråfallet *deira*.

I dette er det det ligg, teoretisk, filosofisk, når dei set eklektisisme og sofisteri i staden for dialektikk. Dialektikken er konkret og revolusjonær og skil mellom «overgangen» frå diktaturet til ein klasse til diktaturet til ein annan, og «overgangen» frå den demokratiske proletariske staten til ikkje-staten («bortvisninga av staten»). For å gleda borgarskapet dimmar eklektisismen og sofisteriet til Kautsky og Vandervelde til alt som er konkret og presist i klassekampen, og fører i staden fram det allmenne omgrepet «overgang». Under dette omgrepet skjuler dei (slik *ni tidelar* av dei offisielle *sosialdemokratane* i vår tid *faktisk gjer*) at dei fornektar revolusjonen!

Som eklektikar og sofist er Vandervelde meir dugande og spissfindig enn Kautsky. *Frasen* om «overgang frå staten i snever tyding til staten i vid tyding» kan tena som eit middel til å unngå alle moglege problem i sam-

band med revolusjonen, alle skilnadene mellom revolusjon og reform, og jamvel skilnaden mellom marxisten og liberalaren. For kva borgar med europeisk danning kunne tenkja seg å nekta for at det «allment sett», finst «overgangsstadium», i denne «allmenne» tydinga?

Vandervelde skriv:

«Eg er samd med Guesde i at det er umogleg å sosialisera produksjonsmidla og bytet utan at dei to fylgjande vilkåra er oppfylde:

1. Den staten vi no har som organ for herredømet til ein klasse over ein annan, må gjerast om til det Menger kallar ein folkearbeidsstat, med at proletariatet vinn den politiske makta.

2. Staten som organ for autoriteten må skiljast frå staten som organ for leiing, eller for å nytta uttrykket til Saint-Simon, det å styra over menneske må skiljast frå det å administrera ting» (s. 89).

Vandervelde set dette i kursiv, og legg særleg vekt på at desse setningane er viktige. Men dette er ei rein eklektisk røre, eit fullstendig brot med marxismen! «Folkearbeidsstaten» er berre ei omskriving av den gamle «frie folkestaten», som dei tyske sosialdemokratane briska seg med i syttiåra, og som Engels brennmerka som ei meiningsløyse.* Uttrykket «folkearbeidsstaten» er ein frase som er dei småborgarlege demokratane (slike som våre venstresosialrevolusjonære) verdig. Det er ein frase som set *klasselause* omgrep i staden for klasseomgrep. Vandervelde set det at *proletariatet* (ein *klasse*) vinn statsmakta side om side med «folke»-staten, og maktar ikkje å sjå at resultatet vert ei einaste røre. Hos Kautsky og «det reine demokratiet» hans vert resultatet ei tilsvarande røre, og ei tilsvarande anti-revolusjonær,

* Sjå brev frå Engels til Bebel 18.—28. mars 1875, Marx/Engels *Verk*, b. 34, tysk utg. 1973, s. 129. — Red.

spissborgarleg vanakt for oppgåvene til klasserevolusjonen, til klassesdiktaturet, det proletariske diktaturet, til *klassestaten* (den proletariske staten).

Vidare vil styret over menneske forsvinna og vika plassen for administrasjonen over ting, fyrst når staten *i alle former* visnar bort. Men med di han talar om denne etter måten fjerne framtida, dekkjer Vandervelde til, han tilslørar oppgåvene for *i morgon*, nemleg å *styrta* borgarskapet.

Dette knepet er jamgodt med å leggja seg på rygg for det liberale borgarskapet. Liberalaren er villig til å tala om kva som vil skje når det ikkje er naudsynt å styra over menneska. Kvifor ikkje kosa seg med slike ufarlege draumar? Men om at proletariatet vil måtta knusa motstanden frå borgarskapet mot å verta eksproprierte — ikkje eitt ord. Det krev klasseinteressene til borgarskapet.

Sosialismen mot Staten. Slik bukkar Vandervelde for proletariatet. Det er ikkje vanskeleg å bukka, kvar einaste «demokratisk» politikar veit korleis han skal bukka for veljarane sine. Og under dekke av eit «bukk» vert det smetta inn ei anti-revolusjonær, anti-proletarisk tyding.

Vandervelde nyttar mykje plass til å referera Ostrogorski,* for å syna kor mykje svik, vald, korrupsjon, lygn, hykleri og undertrykking av dei fattige som ligg løynt bak det siviliserte, polerte og parfymerte ytre til det moderne borgarlege demokratiet. Men han dreg ingen konklusjonar av dette. Han legg ikkje merke til at det borgarlege demokratiet underkuar det arbeidande og utbytta folket, og at det *proletariske demokratiet* vil måtte *underkua borgarskapet*. Kautsky og Vandervelde er blinde for dette. Klasseinteressene til borgarskapet,

* Lenin tenkjer her på boka til M. Ostrogorski, *Demokratiet og dei politiske partia* som vart prenta i Paris i 1903. Ho har rikhaldig materiale om kor falske og hyklerske tilhøva er i dei borgarlege demokratia USA og Storbritannia. — Red.

som disse småborgarlege svikarane mot marxismen sprellar i kjølvatnet etter, *krev* at dette spørsmålet vert unngått, at det vert tagd stilt om det, eller at det beint ut vert nekta for at slik underkuing er naudsynt.

Småborgarleg eklektisisme mot marxisme, sofisteri mot dialektikk, spissborgarleg reformisme mot proletarisk revolusjon — det burde ha vore tittelen på boka til Vandervelde.

Skreven i oktober—november 1918

Prenta som brosjyre i 1918

av Forlaget Kommunist,

Moskva

Prenta i samsvar

med brosjyren

etter gjennomgang

av manuskriptet

VUNNE OG BOKFØRT

Den einaste stabile vinninga i ein revolusjon er den som proletarmassane har skaffa seg. Den einaste vinninga som er verdt å føra til boks, er den som verkeleg står på eit fast grunnlag.

Den tredje, den kommunistiske, Internasjonalen vart grunnlagt i Moskva 2. mars 1919. Dette var eit historisk vitnesbyrd om det som ikkje berre dei russiske arbeidarane hadde vunne, men òg dei tyske, austerriske, ungarske, finske, sveitsiske arbeidarane, kort sagt, arbeidarane i heile verda.

Nett av denne årsaka står grunnlegginga av den tredje kommunistiske Internasjonalen på verkeleg fast grunnlag.

Berre for fire månader sidan var det umogleg å seia at sovjetstyret, den sovjetiske statsforma, var ei internasjonal vinning. Det var noko i dette, og i tillegg noko vesentleg, som hørde alle dei kapitalistiske landa, så vel som Russland, til. Men heilt til det hadde vorte sett på prøve, var det enno umogleg å seia kva endringar utviklinga av verdsrevolusjonen ville føra med seg, og kor djupe og viktige dei ville vera.

Den tyske revolusjonen har sytt for denne prøva. Eit framskride kapitalistisk land, som kjem etter eitt av dei mest tilbakeliggjande, har på ein hundre dagars tid synt fram for heile verda ikkje berre dei same grunnleggjande revolusjonære kreftene og den same grunnleggjande retninga på revolusjonen, men òg den same grunnleggjande forma for det nye, proletariske demokratiet — sovjeta.

Samstundes kan vi i Storbritannia — eitt av dei sig-
rande landa, det som er rikast på koloniar, som har tent
lengst som førdedøme for «sosial fred» eller hatt ord på
seg for det, det eldste kapitalistiske landet — få sjå ein
utstrekt, ukuande, intens og sterk framvekst av sovjet
og av nye sovjetformer for proletarisk massekamp —
tillitsmannskomiteane.

I Amerika, det sterkaste og yngste kapitalistiske lan-
det, har arbeidarane ovstor sympati for sovjeta.

Isen er broten.

Sovjeta har sigra over heile verda.

Dei har sigra i fyrste rekkje av di dei har vunne sym-
patien til arbeidarane. Det er hovudsaka. Ingen villskap
frå det imperialistiske borgarskapet, ingen forfylgingar
eller mord på bolsjevikar kan ta denne vinninga frå fol-
ket. Di meir det «demokratiske» borgarskapet rasar, di
fastare grep vil desse vinningana få om hjarta til arbei-
darane, om sinnet deira, om hugen deira, og di meir vil
dei verta inspirerte i den heltemodige kampen sin.

Isen er broten.

Det er grunnen til at arbeidet til den internasjonale
kommunistkonferansen i Moskva som grunna Den
tredje internasjonale har gått så lett, så glatt, og så ro-
leg og fast målretta.

Vi har ført til boks det som alt er vunne. Vi har skrive
ned det som alt har fått eit fast grep om hugen til folket.
Alle visste, men ikkje nok med det: alle såg, kjende,
sansa frå røynsleane i kvart sitt land at ei ny proletarisk
rørsle var i full gang. Alle skjøna at denne makelaust
sterke og djupe rørsle ikkje kan haldast innanfor nokon
av dei gamle ramene, eller haldast under kontroll av dei
gamle meistrane i småleg politikk, korkje dei verdssko-
lerte, verdsdugande folka som Lloyd George og Wilson
frå den britiske og amerikanske «demokratiske» kapi-
talismen, eller folk som Henderson, Renaudel, Bran-
ting og alle dei andre forherda heltane til sosialsjåvinis-
men.

Den nye rørsle går framover mot proletariatets dikta-

tur. Ho gjer god fart trass i all vakling, trass i fortvila tilbakeslag, trass i eit «russisk» kaos som er heilt make-laust og utruleg (dersom ein ser det overflatisk som ein tilskodar). Ho går framover mot *sovjetstyret* med den rivande makta til millionar og titalls millionar arbeidarar som sopar alt unna vegen sin.

Dette er det vi har ført til boks. Vi har late det som alt er vunne gå inn i resolusjonane, tesane, meldingane og talane våre.

Marxismen, som den nye, altfemnande rike røynsla til dei revolusjonære arbeidarane har kasta eit strålande lys over, har hjelpt oss til å forstå at den utviklinga som no skjer er uunngåeleg. Han vil hjelpa arbeidarane i heile verda, som kjempar for å styrta det kapitalistiske lønsslaveriet, å vurdera måla for kampen sin klårare, å marsjera fastare langs den vegen som alt er trekt opp, å vinna siger meir pålitande og fast og å grunnfesta sigeren.

Grunnleggjinga av den tredje, den kommunistiske, Internasjonalen ber bod om den internasjonale sovjetrepublikken, den internasjonale sigeren for kommunismen.

5. mars 1919

Pravda nr. 51

6. mars 1919

Underteikna: *N. Lenin*

Prenta i samsvar
med *Pravda*-teksten

DEN ÅTTANDE KONGRESSEN TIL RKP(b)³⁹

18. — 23. mars 1919

2. MELDING OM PARTIPROGRAMMET

19. mars

(*Applaus*). Kameratar, i samsvar med korleis kamerat Bukharin og eg har vorte samde om å dela emna mellom oss, er det mi oppgåve å forklåra det synet kommisjonen har på ei rekkje konkrete og svært omdiskuterte punkt, eller på punkt som interesserer partiet mest nett no.

Eg vil byrja med å ta stutt for meg dei punkta kamerat Bukharin kom inn på mot slutten av meldinga si som punkt det rår usemje om mellom oss i kommisjonen. Det fyrste gjeld oppbygginga av innleiinga til programmet. Etter mitt syn forklåra ikkje kamerat Bukharin heilt rett grunnen til at fleirtalet i kommisjonen avviste alle freistnader på å setja opp programmet på ein slik måte at alt som viser til den gamle kapitalismen vert stroke ut. Slik kamerat Bukharin tala, verka det stundom som han let det koma fram at fleirtalet i kommisjonen var redde for kva som kunne verta sagt om dette, redde for at dei kunne verta skulda for å syna utilstrekkeleg respekt for fortida. Det kan ikkje vera tvil om at når standpunktet til fleirtalet vart lagt fram på ein slik måte, synest det heller latterleg. Men det er svært langt frå sanninga. Fleirtalet avviste desse freistnadene av di dei ville vera feil. Dei ville ikkje stå i samsvar med korleis stoda verkeleg er. Nokon rein imperialismen utan kapitalisme som grunnleggjande basis har aldri funnest, finst ingen stad og vil aldri finnast.

Dette er ei feil generalisering av alt som er sagt om syndikata, kartella, trustane og finanskapitalismen, når finanskapitalismen vart framstilt som om han ikkje hadde noko av grunnlaget for den gamle kapitalismen under seg.

Dette er feil. Det ville vera særleg feil for tidbolken til den imperialistiske krigen og for den tidbolken som fylgjer den imperialistiske krigen. I si tid skreiv Engels ein av dei gongene han gjorde seg tankar om den komande krigen, at den ville føra med seg langt hardare øydeleggingar enn dei trettiårskrigen førte med seg. Han skreiv at menneskeslekta i stor grad ville søkkja ned i villskap, at det kunstige apparatet vårt for handel og industri ville bryta saman.* Fyrst i krigen skryt-te svikarsosialistane og opportunistane av kor seig kapitalismen var, og dei gjorde narr av «fanatikarane eller halvanarkistane», som dei kalla oss. «Sjå,» sa dei, «desse spådomane er ikkje oppfylde. Hendingane har synt at dei stemmer berre for svært få land og for ei svært kort tid!» Og no er eit kjempemessig samanbrot i den moderne kapitalismen i ferd med å ta til, ikkje berre i Russland og ikkje berre i Tyskland, men jamvel i dei landa som har sigra. Det er eit samanbrot så kjempestort at det ofte skuvar vekk dette kunstige apparatet og let den gamle kapitalismen stå fram att.

Da kamerat Bukharin sa frå om at det kunne verta gjort ein freistnad på å leggja fram eit heilskapleg bilete av samanbrotet til kapitalismen og imperialismen, gjekk vi imot det i kommisjonen, og eg vil få gå imot det her. Berre prøv, og de vil få sjå at de ikkje vil lykkast. Kamerat Bukharin gjorde ein slik freistnad i kommisjonen, og gav opp sjølv. Eg er heilt ut overtydd om at dersom nokon kunne gjera dette, så er det kamerat Bukharin, som har studert dette spørsmålet

* Sjå Engels, innleiing til Sigismund Borkheims brosjyre «Til minne om dei tyske kraftpatriotane 1806—07» (1887) Marx/Engels *Verk*, b. 21, tysk utg. 1975, s. 346. — *Red.*

svært grundig og inngåande. Eg hevdar at ein slik freistnad ikkje kan lykkast, av di oppgåva er feil. Her i Russland får vi no røyna fylgjene av den imperialistiske krigen og byrjinga på proletariatets diktatur. Til same tid ser vi ofte at kapitalisme veks fram att og utviklar seg på sitt tidlege stadium i fleire område i Russland som er endå meir avskorne frå kvarandre enn før. Dette er noko vi ikkje kan koma unna. Dersom programmet skulle skrivast slik kamerat Bukharin ynskte, ville det verta eit gale program. I beste fall ville det verta ei attgjeving av alt det beste som har vorte sagt om finanskapitalisme og imperialismen, men det ville ikkje gje att røyndomen, nett av di denne røyndomen ikkje er heilskapleg. Eit program som er sett i hop av ueinsarta delar er lite elegant (men det er sjølvsagt ikkje viktig), men kva som helst anna program ville rett og slett vera ukorrekt. Same kor lite triveleg det er, same kor dårleg delane høver til kvarandre, så vil vi ikkje på lange tider sleppa unna at tilhøva er ueinsarta, at det er naudsynt å byggja det opp på ulikt materiale. Når vi slepp unna dette, skal vi skapa eit anna program. Men då vil vi alt leva i eit sosialistisk samfunn. Det ville vera latterleg å lata som om sakene då vil vera som dei er no.

Vi lever i ei tid då ei rekkje av dei mest elementære og grunnleggjande uttrykksformene for kapitalismen er vekte til live att. Ta til dømes samanbrotet i transportvesenet, som vi får røyna så vel, eller heller så dårleg, for vår eigen del. Det same skjer i andre land og, jamvel i dei landa som har sigra. Og kva tyder det at transportvesenet har brote saman under det imperialistiske systemet? Ei tilbakevending til dei mest primitive formene for vareproduksjon. Vi veit svært godt kva profitørane eller skreppekarane* våre er. Dette siste ordet trur eg fram til no har vore ukjent for utlendingar. Og no? Snakk med kameratane som har kome til

* *Skreppekar* — svartebørshandlar. — Red.

kongressen i Den tredje internasjonale. Det syner seg at liknande ord tek til å dukka opp både i Tyskland og Sveits. Og dette er ein kategori de ikkje får til å høva i noko som helst proletariats diktatur. De må venda attende til fyrste framvoksteren av det kapitalistiske samfunnet og vareproduksjonen.

Å røma frå denne triste røyndomen med å skapa eit glatt og heilskapleg program, er å røma inn i noko svevande som ikkje er av denne verda, det er å skriva eit feil program. Og det er på ingen måte vyrndad for fortida, slik kamerat Bukharin ymta så høfleg frampå om, som får oss til å setja inn avsnitt frå det gamle programmet her. Det som tyktest liggja bakom var dette: Programmet var skriva i 1903 med Lenins deltaking. Programmet er utan tvil dårleg. Men sidan gamle folk likar aller best å minnast gamle dagar, har det no i ein ny tidbolk vorte sett opp eit nytt program som ut ifrå vyrndad for fortida tek opp att det gamle programmet. Om det var slik, burde ein le av slike rare påfunn. Eg hevdar at slik er det ikkje. Den kapitalismen som vart skildra i 1903, eksisterer framleis i 1919 i den proletariske Sovjetrepublikken, nett av di imperialismen vert oppløyst, av di han bryt saman. Ein kan t.d. finna kapitalisme av dette slaget i guvernementa Samara og Vjatka, som ikkje ligg særleg langt frå Moskva. I ei tid då landet vert opprive av borgarkrig, vil vi ikkje vinna ut frå denne stoda, frå denne profittørverksemda snart. Det er grunnen til at kva som helst anna oppbygging på dette programmet ville vera ukorrekt. Vi må slå fast det som verkeleg finst. Programmet må innehalda det som er heilt umogleg å visa attende, det som er slege fast som kjensgjerningar. Fyrst då vil det vera eit marxistisk program.

Teoretisk forstår kamerat Bukharin dette fullgodt, og han seier at programmet må vera konkret. Men ein ting er å forstå, noko anna er å handla i samsvar med det ein forstår. Når kamerat Bukharin er konkret, tyder det ei boklærd skildring av finanskapitalismen. I

røynda har vi å gjera med eit ueinsarta fenomen. I kvart einaste jordbruksguvernament rår det fri konkurranse side om side med monopolindustri. Ingen stad i verda har det funnest monopolkapitalisme på ei heil rekkje område utan frikonkurranse. Det vil heller ikkje finnast. Å skriva om eit slikt system er å skriva om eit system som er falskt og fjernt frå røyndomen. Om Marx sa om manufakturen at det var ein overbygning på småproduksjon i masseomfang,* så er imperialisme og finanskapitalisme ein overbygning på den gamle kapitalismen. Vert toppen øydelagd, kjem den gamle kapitalismen fram i dagen. Å halda fast på at det finst noko slikt som ein heilskapleg imperialisme utan den gamle kapitalismen, er berre å la ynskja styra tanken.

Dette er eit naturleg mistak som er svært lett å gjera. Og om vi hadde framfor oss ein heilskapleg imperialisme som hadde forandra kapitalismen fullstendig, ville oppgåva vår ha vore hundre tusen gonger lettare. Det ville ha ført til eit system der alt ville ha vore underordna finanskapitalen aleine. Det ville då berre ha stått att å fjerna toppen og å overføra det som var att til proletariatet. Det ville ha vore svært så hyggeleg, men det er ikkje slik i røynda. I røynda er utviklinga slik at vi må gå fram på ein heilt annan måte. *Imperialismen er ein overbygning over kapitalismen.* Når han bryt saman, ser vi at toppen vert øydelagt og fundamentet drege fram i lyset. Det er grunnen til at programmet vårt må slå fast kva som verkeleg finst, dersom det skal vera korrekt. Den gamle kapitalismen finst, og på ei rekkje område har han vakse til imperialisme. Tendensane i han er utelukkande imperialistiske. Grunnleggjande spørsmål kan berre granskast med imperialismen som utgangspunkt. Det er ikkje eit einaste større spørsmål i innanriks- eller ut-

* Sjå Marx, «Kapitalen», b. 1., Marx/Engels *Verk* b. 23, tysk utg. 1968, s. 358. — *Red.*

anrikspolitikken som kan løysast på nokon annan måte enn sett ut ifrå denne tendensen. Det er ikkje dette programmet no talar om. I røynda finst det eit veldig område av den gamle kapitalismen like under torva. Det finst ein imperialistisk overbygning som førte til krigen, og denne krigen vart til utgangspunkt for proletariatets diktatur. Dette er ein fase de ikkje kan sleppa unna. Denne kjensgjerninga er karakteristisk for sjølve den farten den proletariske revolusjonen har utvikla seg med over heile verda, og vil vera ei kjensgjerning i mange år frametter.

Vesteuropeiske revolusjonar vil kanhende gå glattare. Like fullt vil det trengast svært mange år på å omorganisera heile verda, på å omorganisera fleirtalet av landa. Og det tyder at i den overgangsperioden vi no går igjennom, kan vi ikkje sleppa unna denne mosaikkørøndomen. Vi kan ikkje kasta til sides denne lappetepperørøndomen, same kor lite elegant han kan vera. Vi kan ikkje kasta til sides ein einaste del av han. Dersom programmet var sett opp på nokon annan måte enn det er, ville det ha vore eit gale program.

Vi seier at vi er komne fram til diktaturet. Men vi må vita *korleis* vi kom fram dit. Fortida held fast tak i oss, grip oss med tusen fangarmar og gjev oss ikkje lov til å ta eit einaste steg framover, eller tvingar oss til å ta desse stega på ein så dårleg måte som vi gjer. Og vi seier at skal vi forstå den stoda vi held på å koma fram til, må vi slå fast korleis vi gjekk fram og kva som førte oss til den sosialistiske revolusjonen. Vi vart førde fram dit av imperialismen, av kapitalismen i hans tidlege former for vareproduksjon. Alt dette må vi forstå, for det er berre med at vi teknar ut ifrå røyn- domen at vi kan løysa slike problem som lat oss seia haldninga vår til mellombøndene. Og korleis er det så at det finst ein slik kategori som mellombonden i tid- bolken til den reint imperialistiske kapitalismen. Han fanst ikkje eingong i land som berre var kapitalistiske. Dersom vi skal løysa problemet med haldninga vår

andsynes dette nestan mellomalderlege fenomenet (mellombøndene) sett reint ut ifrå synsstaden til imperialismen og proletariatets diktatur, vil vi verta heilt ute av stand til å få endane til å møtast, og vi vil hamna opp i mange vanskar. Men dersom vi skal endra haldninga vår andsynes mellombonden — kan de då vera så venlege å seia i den teoretiske delen kvar han kom frå og kva han er? Han er ein liten vareproducent. Og dette er abc-boka om kapitalismen, som vi må tala om, for vi har ikkje vakse frå henne enno. Å feia dette til sides med å seia: «Kvifor skal vi studera abc-boka når vi har studert finanskapitalismen,» det ville vera særst lettsindig.

Eg må seia det same om *det nasjonale spørsmålet*. Her og let kamerat Bukharin ynskja styra tanken. Han seier at vi ikkje må godkjenna sjølvråderetten til nasjonane. Ein nasjon tyder borgarskapet i lag med proletariatet. Og skal vi, proletarane, godkjenna at det foraktelege borgarskapet skal ha sjølvråde rett? Det samsvarar på ingen som helst måte! Orsaka meg, det samsvarar med det som verkeleg finst til. Dersom de tek unna det, vil resultatet verta rein fantasi. De viser til den differensieringsprosessen som går føre seg innan nasjonane, prosessen med å skilja proletariatet frå borgarskapet. Men lat oss sjå korleis denne differensieringa vil gå til.

Ta til dømes Tyskland, modellen på eit framskride kapitalistisk land, der organiseringa av kapitalismen, finanskapitalismen, stod over den i Amerika. Tyskland stod attende på mange andre område, i teknisk utvikling og produksjon, og politisk sett. Men når det galdt organiseringa av finanskapitalismen, når det galdt omforminga av monopolkapitalismen til statsmonopolkapitalismen, stod det over Amerika. Det er ein modell, tykkjest det som. Men kva er det som skjer der? Har det tyske proletariatet vorte skilt frå borgarskapet? Nei! Det vart meldt at fleirtalet av arbeidarane står imot Scheidemann berre i nokre få av dei store by-

ane. Men korleis gjekk dette til? Det var ei fylgje av alliansen mellom spartakistane og dei tre gonger forbanna tyske mensjevikaner, dei uavhengige, som lagar ei røre av alt i hop og ynskjer å sameina systemet med arbeidarråd med ei grunnlovgevande forsamling! Og dette er det som skjer nett i det same Tyskland! Og det er vel å merke eit framskride land.

Kamerat Bukharin seier: «Kvifor treng vi nokon sjølvråderett for nasjonane?» Eg må ta opp att det eg sa då eg gjekk imot han sommaren 1917, då han kom med framlegg om å stryka ut minimumsprogrammet og berre la maksimumsprogrammet stå att⁴⁰. Eg svara då: «Ikkje sel skinnet før bjørnen er skoten.» Når vi har vunne makta, og jamvel då fyrst etter at vi har venta ei stund, skal vi gjera dette.* Vi har vunne makta, vi har venta ei stund, og no er eg villig til å gjera det. Vi har teke beinveges til med den sosialistiske oppbygginga, vi har slege attende det fyrste stormåtalet som truga oss — no vil tida vera inne. Det same gjeld for sjølvrådet til nasjonane. «Eg ynskjer å godkjenna berre sjølvrådet til dei arbeidande klassane,» seier kamerat Bukharin. Det vil seia at du berre ynskjer å godkjenna noko som ikkje er oppnådd i eit einaste land utanom Russland. Det er latterleg.

Sjå på Finland. Det er eit demokratisk land som er lenger utvikla og har høgare kultur enn vi. I Finland tek ein utskiljingsprosess, ein prosess der proletariatet vert skilt ut, ei særskilt retning, som er langt meir pinefull enn tilfelle var hos oss. Finlendingane har røynt det tyske diktaturet, dei røyner no diktaturet til dei allierte maktene. Men takk vere at vi har godteke sjølvrådet til nasjonane, har differensieringsprosessen vorte lettare der. Eg minnest svært godt scenen i Smolny då eg leverte traktaten over til Svinhufvud⁴¹ — på russisk tyder det «grisehovud» — representanten for

* Sjå Lenin, «Revisjon av partiprogrammet» (1917) i *Samla verk*, b. 26 eng. utg., s. 169—173. —Red.

det finske borgarskapet, som spela bødde-
rolla. Han tok meg venleg i handa, vi utveksla kompliment. Kor lite triveleg det var! Men det måtte gjerast, for på den tida narra borgarskapet folket. Dei narra det arbeidande folket med å hevda at moskovittane, sjåvinistane, storrussarane, ynskte å knusa finlendingane. Det måtte gjerast.

Var det ikkje naudsynt i går å gjera det same når det galdt den basjkiriske republikken?⁴² Då kamerat Bukharin sa: «Vi kan godta denne retten i ein del tilfelle,» skreiv eg til og med ned at han hadde teke med hottentottane, buskmennene og indianarane på lista si. Då eg hørde denne opprekninga, tenkte eg: Korleis kan det ha seg at kamerat Bukharin har gløymt ein liten bagatell, basjkirane? Det finst ingen buskmenn i Russland. Heller ikkje har eg høyrte at hottentottane har sett fram krav om ein autonom republikk, men vi har basjkirar, kirgisar og ei rekkje andre folk, og desse kan vi ikkje nekta å godkjenna. Vi kan ikkje nekta det til eit einaste av dei folka som lever innanfor grensene til det tidlegare russiske keisarriket. Lat oss jamvel tenkja oss at basjkirane har styrta utbyttarane og at vi har hjelpt dei å gjera det. Det er mogleg fyrst når ein revolusjon er vorten fullmoden, og det må gjerast varsamt, slik at ein ikkje med å blanda seg inn seinkar nett den prosessen med å skilja ut proletariatet som vi bør skunda på. Kva kan vi så gjera når det gjeld slike folk som kirgisarane, usbekane, tadsjikane, turkmenarane, som til denne dag står under innverknaden til mullahene* sine? Her i Russland hjelpte folkesetnaden, som har hatt ei lang røynsle med prestar, til med å styrta dei. Men de kjenner til kor dårleg dekretet om sivil vigsle enno vert sett ut i livet. Kan vi venda oss til desse folka og fortelja dei at vi skal styrta utbyttarane deira? Det kan vi ikkje gjera, for dei er fullstendig underlagt mullahene sine. I slike høve må vi venta til den nasjonen

* *Mullah*—Islamsk (muhammedansk) skriftlærd eller prest.—Red.

det gjeld utviklar seg, til proletariatet er skilt ut frå dei borgarlege elementa, noko som er uunngåeleg.

Kamerat Bukharin ynskjer ikkje å venta. Han er fylt av utolmod: «Kvifor skulle vi det? Når vi sjølve har styrta borgarskapet, proklamert sovjetmakta og proletariatets diktatur, kvifor skulle vi gå fram på ein slik måte?» Dette verkar like eins som ein eggjande appell, det inneheld ei rettleiing for vegen vår, men dersom vi berre skulle proklamera dette i programmet vårt, ville det ikkje vera noko program, men ein proklamasjon. Vi kan proklamera sovjetmakta og proletariatets diktatur, og gje uttrykk for den forakten for borgarskapet som dei fortener tusen gonger, men i programmet må vi skriva nett det som verkeleg finst til så nøyaktig som mogleg. Då kan det ikkje reisast tvil om programmet vårt.

Vi har eit strengt klassestandpunkt. Det vi skriv i programmet er ei sannkjenning av det som verkeleg har gått føre seg sidan den gongen vi skreiv om sjølvrådet til nasjonane allment. På den tida fanst det enno ingen proletariske republikkar. Det var då dei stod fram, og fyrst då dei stod fram, at det vart mogleg for oss å skriva det som er skrive her: «Ein føderasjon av statar som er organiserte etter *sovjettypen*.» Sovjettypen er enno ikkje sovjet slik dei finst i Russland, men sovjettypen tek til å verta internasjonal. Og det er alt vi kan seia. Å gå lenger, eitt steg lenger, ei hårsbreidd lenger, ville vera feil, og difor ikkje høveleg i eit program.

Vi seier at det må takast omsyn til kva stadium den nasjonen det gjeld har nådd på vegen sin frå mellomaldersk til borgarleg demokrati, og frå borgarleg demokrati til proletarisk demokrati. Det er fullstendig rett. Alle nasjonar har rett til sjølvråde — ein treng ikkje tala særskilt om hottentottane og buskmennene. Det overveldande fleirtalet, truleg ni tidelar av folkesetnaden på jorda, kanhende 95 prosent, fell inn under dette, sidan alle land er på veg frå mellomaldersk til bor-

garleg demokrati eller frå borgarleg demokrati til proletarisk demokrati. Dette er ein heilt ut uunngåeleg veg. Noko meir kan ikkje seiast, av di det ville vera feil, av di det ikkje ville vera det som verkeleg finst til. Å avvisa sjølvråde for nasjonane og setja inn sjølvråde for det arbeidande folket ville vera fullstendig feil, av di denne måten å løysa spørsmålet på ikkje reknar med vanskane, ikkje reknar med at vegen til differensiering innan nasjonane går mykje fram og attende. I Tyskland går ho ikkje frametter på same måten som i vårt land. På visse måtar går det snøggare, og på andre måtar saktare og meir blodig. Ikkje eit einaste parti i vårt land godtok ein så uhyrleg tanke som å kombinera arbeidarråd og ei grunnlovgjevande forsamling. Og like fullt er vi nøyddde til å leva side om side med desse nasjonane. No seier partiet til Scheidemann alt at vi ynskjer å erobra Tyskland. Det er sjølv sagt latterleg, meiningslaust. Men borgarskapet har sine eigne interesser og si eiga presse, som ropar dette ut til heile verda i hundremillionvis av eksemplar. Wilson og stør dette i sine eigne interesser. Bolsjevikane, kunngjer dei, har ein stor hær, og dei ynskjer å innføra bolsjevismen sin i Tyskland med hjelp av hærsætjing. Dei beste folka i Tyskland, spartakistane, fortalde oss at dei tyske arbeidarane vert sette opp mot kommunistane. Sjå, får dei høyra, kor dårleg det står til hos bolsjevikane! Og vi kan ikkje seia at tilhøva hos oss er svært gode. Og så verkar fiendane våre i Tyskland inn på folket med det argumentet at den proletariske revolusjonen i Tyskland ville føra til nett den same uorden som i Russland. Uordenen hos oss er ein langvarig sjukdom. Vi strir med fortvila vanskar for å skapa det proletariske diktaturet i landet vårt. Så lenge som borgarskapet, eller småborgarskapet, eller jamvel delar av dei tyske arbeidarane, vert påverka av denne busemannen: «Bolsjevikane ynskjer å føra inn systemet sitt med makt,» så lenge vil formelen «sjølvråde for det arbeidande folket» ikkje hjelpa på sakene. Vi må ord-

na på tinga slik at dei tyske svikarsosialistane ikkje vil kunna seia at bolsjevikane freistar å tvinga igjennom universalsystemet sitt, som så å seia kan førast inn i Berlin på bajonettane til den raude hæren. Og det er dette som kan skje dersom prinsippet om sjølvråde for nasjonane vert forneakta.

Programmet vårt må ikkje tala om sjølvråde for det arbeidande folket, for det ville vera feil. Det må tala om det som verkeleg finst til. Sidan nasjonane står på ulike stadium på vegen frå mellomaldersk til borgarleg demokrati og frå borgarleg demokrati til proletarisk demokrati, er denne tesen i programmet vårt heilt ut korrekt. Det har vore mykje fram og attende med oss langs denne vegen. Kvar einaste nasjon må vinna sjølvråderetten, og det vil gjera sjølvråde for det arbeidande folket lettare. I Finland er prosessen med å skilja proletariatet frå borgarskapet særmerkt klår, sterk og djup. I alle høve vil det ikkje gå like eins til der som det gjorde i vårt land. Om vi skulle kunngjera at vi ikkje godkjenner nokon finsk nasjon, men berre det arbeidande folket, ville det vera reint tøv. Vi kan ikkje nekta å godkjenna det som verkeleg finst til, det vil av seg sjølv tvinga oss til å godkjenna seg. Avgrensinga mellom proletariatet og borgarskapet går fram på sin eigen særskilte måte i ulike land. Her må vi gå særvarsamt fram. Vi må vera særskilt varsame når det gjeld dei ulike nasjonane, for ingen ting er verre enn manglande tillit frå ein nasjon. Sjølvråde for proletariatet har framgang mellom polakkane. Her er dei siste tala for samansettinga av Warszawa-sovjetet av arbeidarutsendingar:⁴³ polske svikarsosialistar 333; kommunistar 297. Dette syner at ifylgje den revolusjonære kalendaren vår ligg ikkje oktober svært langt unna i det landet. Dei ligg nokon stad kring august eller september 1917. Men for det fyrste er det enno ikkje sendt ut noko dekret som slår fast at alle land må leva i samsvare med den bolsjevikiske revolusjonære kalendaren, og jamvel om det hadde vore sendt ut, ville det ikkje

ha vorte fylgt. Og for det andre er stoda nett no slik at fleirtalet av dei polske arbeidarane, som er meir framskridne enn våre og har høgare kultur, står på standpunktet til sosialdefensismen*, sosialpatriotismen. Vi må venta. Her kan vi ikkje tala om sjølvrådet for det arbeidande folket. Vi må halda fram å driva propaganda for denne utskiljinga. Det er det vi gjer, men det finst ikkje den minste skugge av tvil om at vi må godkjenna sjølvrådet for den polske nasjonen no. Det er klårt. Den polske proletariske rørsle går i same retninga som rørsle vår, mot proletariatets diktatur, men ikkje på same måten som i Russland. I Polen vert og arbeidarane skremde av uttalar som går ut på at moskovittane, storrussarane, som alltid har undertrykt polakkane, ynskjer å føra den storrussiske sjåvinismen sin inn i Polen i kommunistisk forkledning. Kommunismen kan ikkje tvingast inn på nokon med makt. Då eg sa til ein av dei beste kameratane mellom dei polske kommunistane: «De vil gjera det på ein annan måte,» svara han: «Nei, vi skal gjera det same, men betre enn dykk.» Eg hadde slett ingen innvendingar til eit slikt argument. Dei må få høve til å oppfylle eit måtehalde ynskje — å skapa ei betre sovjetmakt enn vår. Vi kan ikkje anna enn rekna med at sakene der går framover på ein heller særmerkt måte, og vi kan ikkje seia: «Ned med sjølvråderetten til nasjonane! Vi gjev berre det arbeidande folket sjølvråderett.» Dette sjølvrådet går framover på ein sær flokete og vanskeleg måte. Det finst ingen annan stad enn i Russland, og samstundes som vi ser kvart einaste utviklingsstadium i andre land føreåt, må vi ikkje senda dekret om noko frå Moskva. Dette er grunnen til at dette framlegget er uakseptabelt i prinsippet.

* *Sosialdefensismen* — Lenin nytta dette omgrepet om politikken til dei som under fyrste verdskrigen 1914—18 stod fram som sosialistar, men i røynda verka som forsvararar av borgarskapet når røvarkrigen tok til. — *Red.*

Eg går no over til dei andre punkta eg skal ta for meg ifylgje den planen vi har sett opp. På fyrste plass har eg sett opp spørsmålet om *småeigarar og mellom-bønder*. I samband med dette, seier paragraf 47:

«Når det gjeld mellombøndene, er politikken til Russlands Kommunistiske Parti å trekkja dei gradvis og systematisk inn i arbeidet med den sosialistiske oppbygginga. Partiet set seg som oppgåve å skilja dei frå kulakkane, å vinna dei over til arbeidarklassen med å ha påpasseleg omsut for kva dei treng, med å kjempa mot den tilbakeliggjande stoda deira med ideologiske våpen og under ingen omstende med undertrykkjande åtgjerder, og i alle tilfelle som har å gjera med dei livsviktige interessene deira å leggja vinn på å koma fram til praktisk semje med dei, å gje dei konsesjonar når det gjeld å fastleggja metodane for å setja sosialistiske reformer ut i livet.»

Det ser ut for meg som om vi her formulerer det som grunnleggjarane av sosialismen ofte har sagt om mellombøndene. Den einaste mangelen med denne paragrafen er at han ikkje er tilstrekkeleg konkret. Vi kunne knappast koma med meir i eit program. Men det er ikkje berre programspørsmål vi må diskutera på kongressen, og vi må vurdere spørsmålet om mellombøndene grundig, tre gonger grundig. Vi har opplysningar som går ut på at i dei oppstandane som har kome sume stader er det lett å få auga på ein *sams plan*, og at denne planen tydelegvis heng i hop med den militære planen til kvitegardistane. Dei har teke avgjerd om å setja i gang ein allmenn offensiv i mars og organisera ei rekkje oppreistar. Hos kongresspresidiet ligg det eit utkast til ein appell i namnet til kongressen, det vil verta lagt fram for dykk. Desse oppstandane syner så klårt som det berre går an at dei venstresosialrevolusjonære og ein del av mensjevikanane — i Brjansk var

det mensjevikane som arbeidde for å provosera fram oppstanden — verkar som verkelege agentar for kvitegardistane. Ein allmenn offensiv frå kvitegardistane, oppstandar i landsbyane, brot på jarnbanetrafikken — kanhende vil det vera mogleg å styrta bolsjevikane på denne måten? Her kjem rolla til mellombøndene særskilt klårt, påtvingande og sterkt til syne. På kongressen må vi ikkje berre leggja særskilt vekt på den rimelege haldninga vår andsynes mellombøndene, men og tenkja over ein del åtgjerder som må vera så konkrete som mogleg og beinveges vil gje mellombøndene i det minste noko. Desse åtgjerdene er heilt ut vesentlege for å halda oss sjølve oppe og for kampen mot alle fiendane våre. Dei veit at mellombonden vaklar mellom oss og dei, og dei set mykje inn på å vinna han over til seg. Stillinga vår er no slik at vi sit inne med veldige reservar. Vi veit at både den polske og den ungarske revolusjonen veks, og det svært raskt. Desse revolusjonane vil skaffa oss proletariske reservar, vil letta stoda vår, og vil i svært stor mon styrkja den proletariske basisen vår, som er svak. Dette kan henda dei næraste månadene, men vi veit ikkje nøyaktig når. De veit at det no har kome eit kritisk augeblink, og at spørsmålet om mellombøndene difor vert overlag viktig praktisk.

Vidare kunne eg ha hug til å koma inn på spørsmålet om *kooperasjonen*, det er paragraf 48 i programmet vårt. Til ei viss mon er denne paragrafen forelda. Då vi gjorde utkast til han i kommisjonen, fanst det kooperativ i landet vårt, men det var ingen forbrukarkommunar. Men nokre dagar seinare vart det sendt ut dekret om å slå saman alle former for kooperativ til ein einaste forbrukarkommune. Eg kjenner ikkje til om dette dekretet er offentleggjort eller om fleirtalet av dei som er til stades her har kjennskap til det. Derksom ikkje, vil det verta offentleggjort i morgon eller i overmorgon. I så måte er denne paragrafen alt forelda. Like fullt verkar det for meg som om han er naud-

synt, for vi veit alle særst godt at det er ein temmeleg lang veg frå dekret til oppfylling. Vi har slite og streva med kooperativa sidan april 1918, og sjølv om vi har lykkast eit godt stykke på veg, har vi like vel ikkje lykkast avgjerande. Vi har til sine tider lykkast i å organisera folkesetnaden i kooperativa i så stor mon at i mange av ujesta er 98 prosent av folkesetnaden på landsbygda alt organiserte på denne måten. Men desse kooperativa, som fanst i det kapitalistiske samfunnet, er fylt av innstillinga til det borgarlege samfunnet, og vert leidde av mensjevikar og sosialrevolusjonære, av borgarlege ekspertar. Vi har enno ikkje greidd å setja inn våre styresmakter i dei, og her er oppgåva vår ikkje fullført. Dekretet vårt er eit steg frametter med det det får i stand forbrukarkommunar, det byd at alle former for kooperasjon over heile Russland skal slåast saman. Men sjølv om vi set dette dekretet ut i livet fullt ut, let det dei sjølvstyrte delane til arbeidarkooperativa stå att innanfor dei framtidige forbrukarkommunane, av di representantar for arbeidarkooperativa med praktisk kjennskap til saka fortalde oss og prova at arbeidarkooperativa som ein høgare utvikla organisasjon måtte haldast ved lag, sidan verksemda deira er vesentleg. Det var ein god del usemje og diskusjonar innan partiet vårt om spørsmålet om kooperasjonen. Det var gnissingar mellom bolsjevikane i kooperativa og bolsjevikane i sovjeta. I prinsippet tykkjer eg spørsmålet utan tvil bør løysast på den måten at dette apparatet, som er det einaste kapitalismen la grunnen for mellom folket, det einaste som er i verksemd mellom ein folkesetnad på landsbygda som enno står på nivået til ein primitiv kapitalisme, må haldast ved lag for kvar pris. Det må utviklast, og ikkje under nokon omstende kastast vrak på. Oppgåva her er vanskeleg av di leiarane for kooperativa i dei fleste tilfella er borgarlege spesialistar, og svært ofte verkelege kvitegardistar. Av dette kjem hatet mot dei, som er eit rettvisst hat, av dette kjem kampen mot dei. Men den må sjølvstøtt set-

jast ut i livet på ein kunnig måte: *Vi må få ein stans på dei kontrarevolusjonære framstøytane til kooperatørane, men dette må ikkje vera ein kamp mot apparatet til kooperativa.* Samstundes som vi kvittar oss med dei kontrarevolusjonære leiarane, må vi setja inn våre styresmakter i sjølv apparatet. Her er siktemålet vårt nett det same som når det gjeld dei borgarlege ekspertane. Det er eit anna spørsmål som eg har hug til å visa til.

Spørsmålet om dei *borgarlege ekspertane* valdar ein heil del gnissingar og meiningsskilnader. Då eg nyleg hadde høve til å tala til Petrograd-sovjetet, var det mellom dei skriftlege spørsmåla eg vart stilt, ei rekkje som galdt spørsmålet om lønssatsar. Eg vart spurt om det er tillateleg i ein sosialistisk republikk å gje så høge løner som 3000 rublar. Vi har i røynda teke dette spørsmålet inn i programmet, av di misnøyen på dette feltet har kome temmeleg langt. Spørsmålet om dei borgarlege ekspertane har vorte reist i hæren, i industrien, i kooperativa, overalt. Det er eit svært viktig spørsmål for overgangsperioden frå kapitalismen til kommunismen. Vi vil fyrst verta i stand til å byggja opp kommunismen når vi med dei midla borgarleg vitenskap og teknologi gjev gjer han betre tilgjengeleg for folket. Det finst ingen annan måte å byggja eit kommunistisk samfunn på. Men for å byggja det på denne måten må vi ta apparatet frå borgarskapet, vi må verva alle desse ekspertane til arbeidet. Vi har med vilje forklårt dette spørsmålet i detalj i programmet for å få det løyst radikalt. Vi er fullstendig klår over verknadene av at Russland er kulturelt underutvikla. Vi veit kva det har å seia for sovjetmakta, som i prinsippet har gjeve eit umåteleg mykje høgare proletarisk demokrati, som har skapt ein modell for eit slikt demokrati for heile verda. Vi veit korleis denne mangelen på kultur gjer at sovjetmakta får mindre å seia og vekkjer byråkratiet til live att. I ord er sovjetapparatet tilgjengeleg for heile det arbeidande folket, men i

røynda er det langt ifrå tilgjengeleg for dei alle, slik vi alle kjenner til. Og det er ikkje av di lovene hindrar dette, slik tilfellet var under borgarskapet. Tvert om stør lovene våre oppunder når det gjeld dette. Men i denne saka er lover åleine ikkje nok. Det krevst ei veldig mengd arbeid med utdanning, organisering og kultur. Dette kan ikkje gjerast snøgt med lovgjeving, men krev ei veldig mengd arbeid over lang tid. Dette spørsmålet om dei borgarlege ekspertane må løysast heilt klårt på denne kongressen. Når spørsmålet vert løyst, vil det setja kameratane, som utan tvil fylgjer denne kongressen med stor merksemd, i stand til å stø seg til autoriteten hans og sjå kva slags vanskar vi står framfor. Det vil hjelpa dei kameratane som støyter på dette spørsmålet for kvart einaste steg å ta del i det minste i propagandaarbeid.

Dei kameratane som representerer spartakistane på kongressen her i Moskva, fortalde oss at i Vest-Tyskland, der industrien er lengst utvikla og der innverknaden til spartakistane er størst mellom arbeidarane, kjem ingeniørar og leiarar for svært mange av dei store verksemdene til spartakistane og seier: «Vi vil stå på dykkar side,» — jamvel om spartakistane enno ikkje har sigra der. Noko slikt var ikkje tilfelle i vårt land. Tydelegvis har det høgare kulturelle nivået til arbeidarane, den sterkare proletariseringa av teknikargruppene og kanhende ei rekkje andre årsaker som vi ikkje kjenner til, skapt tilhøve som skil seg ein del frå våre.

I alle høve har vi her ei av dei viktigaste hindringane for vidare framgang. Vi må straks, utan å venta på stønad frå andre land, straks og i denne stund utvikla produktivkreftene våre. Vi kan ikkje gjera dette utan dei borgarlege ekspertane. Det må seiast ein gong for alle. Sjølvsaft har fleirtalet av desse ekspertane ein tvers igjennom borgarleg tankegang. Dei må plasserast i omgivnader med kameratsleg samarbeid, med arbeidarkommissærar og kommunistiske celler. Dei må

plasserast slik at dei ikkje kan bryta ut, men dei må få høve til å arbeida under betre vilkår enn dei gjorde under kapitalismen, sidan denne gruppa menneske, som borgarskapet har øvt opp, ikkje vil arbeida på annan måte. Å tvinga eit heilt sjikt av folkesetnaden til å arbeida under tvang er umogleg, det veit vi svært godt av røynsle. Vi kan tvinga dei til ikkje å ta aktivt del i kontrarevolusjonen, vi kan kua dei slik at dei vert redde for å fylgja oppmodingane frå kvitegardistane. I så måte handlar bolsjevikane energisk. Dette kan gjerast, og dette gjer vi på tilstrekkeleg vis. Dette har vi alle lært å gjera. Men det er umogleg å nytta denne måten for å tvinga eit heilt sjikt til å arbeida. Desse menneska er vane med å gjera kulturelt arbeid. Dei utvikla dette arbeidet innan ramene til det borgarlege systemet. Det vil seia at det gjorde borgarskapet rikare gjennom uhorvelege materielle vinningar, men gav dei til proletariatet i uendeleg små dosar. Like fullt førte dei kulturen framover, det var oppgåva deira. Når dei ser arbeidarklassen føra fram organiserte og framskridne sjikt som ikkje berre set kulturen høgt, men og hjelper til å føra han ut til folket, forandrar dei haldning til oss. Når ein lege ser at proletariatet vekkjer det arbeidande folket til sjølvstendig verksemd med å kjempa mot epidemiar, forandrar han haldning til oss fullstendig. Vi har eit stort sjikt av slike borgarlege legar, ingeniørar, agronomar og kooperatørar, og når dei ser i praksis at proletariatet vervar fleire og fleire menneske til denne saka, vil dei verta vunne over *moralsk*, og ikkje berre avskorne frå borgarskapet politisk. Oppgåva vår vil då verta enklare. Då vil dei av seg sjølve verta dregne inn i apparatet vårt og verta del av det. For å oppnå dette er det naudsynt med offer. Å betala jamvel to tusen millionar for dette er ein bagatell. Å vera redde dette offeret ville vera barnsleg, for det ville tyda at vi ikkje skjønna dei oppgåvene som ligg framfor oss.

Kaoset i transportvesenet, kaoset i industrien og

jordbruket undergrev sjølve livet til Sovjetrepublikken. Her må vi ta i bruk dei mest energiske åtgjerdene og spennna kvar ein muskel i landet til det yste. Vi må ikkje nytta ein politikk med små nålestikk når det gjeld ekspertane. Desse ekspertane er ikkje tenarar for utbyttarane, dei er aktive kulturarbeidarar, som tente borgarskapet i det borgarlege samfunnet, og som alle sosialistar over heile verda har sagt at i eit proletarisk samfunn ville dei tena oss. I denne overgangsperioden må vi gje dei så gode levevilkår som mogleg. Det vil vera den beste politikken. Det vil vera den mest økonomiske måten å styra på. Elles kunne vi nok spare nokre hundre millionar, men vi kunne koma til å tapa så mykje at ingen sum ville strekkja til for å byggja opp att det vi har tapt.

Då vi diskuterte spørsmålet om lønssatsar med arbeidskommissæren, Schmidt, drog han fram ein del slike kjensgjerningar. Han sa at når det gjeld lønsutjamning har vi gjort meir enn nokon borgarleg stat har gjort nokon stad, eller kan gjera på tiårsvis. Sjå på lønssatsane før krigen: Ein kroppsarbeidar fekk då ein rubel for dagen, tjuefem rublar for månaden, medan ein ekspert fekk fem hundre rublar for månaden, for ikkje å rekna med dei som fekk hundretusenvís av rublar. Eksperten fekk tjue gonger meir enn arbeidaren. Dei lønssatsane vi no har, går frå seks hundre rublar til tre tusen rublar — berre fem gonger meir. Vi har gjort mykje for å jamna ut satsane. Sjelvsagt betaler vi no ekspertane for mykje, men å betala dei noko meir for å gje oss kunnskapane sine er ikkje berre verdifullt, men naudsynt og teoretisk uunngåeleg. Etter mitt syn er dette spørsmålet teke opp tilstrekkeleg detaljert i programmet. Det må leggjast særskilt vekt på det. Ikkje berre må det løysast her i prinsippet, men vi må sjå til at kvar einaste utsending på kongressen sikrar at det vert sett ut i livet når dei kjem heim, både i meldinga til organisasjonen sin og i alt dei gjer.

Vi har alt lykkast i å få igjennom ei fullstendig hald-

ningsendring blant dei vaklande intellektuelle. I går tala vi om å tillata dei småborgarlege partia, men i dag arresterer vi mensjevikanane og dei sosialrevolusjonære. Med å svinga slik fram og attende nyttar vi oss av eit svært fast system. Det går ei heilskapleg og svært fast line gjennom desse politiske svingingane, nemleg *å avskjera kontrarevolusjonen og dra nytte av det kulturelle apparatet til borgarskapet*. Mensjevikanane er dei verste fiendane til sosialismen, av di dei tek på seg ei proletarisk forkledning. Men mensjevikanane er ei ikkje-proletarisk gruppe. I denne gruppa er det berre eit uviktig proletarisk topplag, medan sjølve gruppa er sammansett av småborgarlege intellektuelle. Denne gruppa held på og går over på vår side. Vi skal ta henne heilt over, som ei gruppe. Kvar gong dei kjem til oss, seier vi: «Velkomne!» Med kvar einaste ei av desse vaklingane kjem ein del av dei over til oss. Det var tilfelle med mensjevikanane og folka i *Novaja Zjizn*⁴⁴ og dei sosialrevolusjonære. Det vil verta tilfelle med alle desse vaklarane som i lang tid vil halda fram å gå i vegen for oss, sutra og gå over frå den eine leiren til den andre — ein kan ikkje gjera noko med dei. Men gjennom all denne vaklinga vil vi kunna verva grupper av intellektuelle med kultur til rekkjene av sovjetarbeidarar, og vi vil isolera dei elementa som held fram med å stø kvitegardistane.

Det neste spørsmålet som etter slik emna er fordelte fell på meg, er *spørsmålet om byråkrati og om å verva dei breie folkemassane til sovjetarbeid*. Vi har fått høyra klager om byråkrati i lengre tid, det er tvillaust godt grunnlag for klagene. Vi har gjort det som ingen annan stat i verda har gjort i kampen mot byråkratiet. Det apparatet som var eit tvers igjennom byråkratisk og borgarleg undertrykkingsapparat, og som framleis er det jamvel i den friaste borgarlege republikken, har vi øydelagt ned til grunnen. Ta til dømes domstolane. Her var sant nok oppgåva lettare. Vi trong ikkje skapa noko nytt apparat, for kvar og ein kan verka som do-

mar med grunnlag i den revolusjonære rettferdssansen til dei arbeidande klassane. Vi har enno ikkje på nokon måte fullført arbeidet på dette området, men på ein del måtar har vi gjort domstolane til det dei burde vera. Vi har skapt organ der ein ikkje berre kan få menn, men òg kvinner, den mest tilbakeliggjande og konservative delen av folkesetnaden, til å gjera teneste utan unntak.

Dei som arbeider på dei andre forvaltningsområda er meir hardsette byråkratar. Her er oppgåva vanskelegare. Vi kan ikkje leva utan dette apparatet, kvar einaste forvaltningsgrein skaper krav om eit slikt apparat. Her får vi li for at Russland ikkje var tilstrekkeleg utvikla som kapitalistisk land. Tyskland vil etter alt å døma få li mindre av dette, for det byråkratiske apparatet der gjekk igjennom ein omfattande skule, som syg all safta ut av folk, men tvingar dei til å arbeida og ikkje berre slita ut kontorstolane, slikt som skjer på kontora våre. Vi spreidde desse gamle byråkratane, flytta på dei og tok så til å plassera dei i nye stillingar. Dei tsaristiske byråkratane tok til å gå inn i sovjetinstitusjonane og ta i bruk dei byråkratiske metodane sine der. Dei tok til å måla seg i kommunistiske fargar og — for å få snøggare framgang i karrierane sine — skaffa dei seg medlemskort i Russlands Kommunistiske Parti. Så har dei vorte kasta ut døra, men kryp inn att gjennom vindauga. Det som merkest best her, er mangelen på krefter med kultur. Desse byråkratane kan seiast opp, men dei kan ikkje omskolerast alle på ein gong. Her står vi i hovudsak framfor problem som har med organisering, kultur og utdanning å gjera.

Vi kan kjempa mot byråkratiet til siste slutt, fram til full siger, fyrst når heile folkesetnaden tek del i styringsarbeidet. I dei borgarlege republikkane er ikkje dette berre umogleg, *men det vert hindra gjennom lova sjølv*. Dei beste borgarlege republikkane har, same kor demokratiske dei kan vera, tusenvis av legale hinder som avskjer det arbeidande folket frå å ta del i sty-

ringsarbeidet. Det vi har gjort var å fjerna desse hindra, men enno har vi ikkje nådd det stadiet der det arbeidande folket kan ta del i styringa. Sett bort ifrå lova har ein framleis det kulturelle nivået, som ikkje kan underkastast noka lov. Resultatet av dette låge kulturelle nivået er at sovjeta, som i kraft av programmet sitt er styringsorgan *ved det arbeidande folket*, i røynda er styringsorgan *for det arbeidande folket* ved det framskridne sjiktet av proletariatet, men ikkje ved det arbeidande folket som heilskap.

Her står vi framfor eit problem som ikkje kan løysast utan med lengre tids utdanning. Nett no er denne oppgåva umåteleg vanskeleg for oss, for som eg ofte har hatt høve til å seia, er det sjiktet av arbeidarar som styrer umåteleg, utruleg *lite*. Vi må sikra hjelp. Alle teikn tyder på at det veks fram ein slik reserve innan landet. Det kan ikkje vera den minste tvil om at det finst ein veldig kunnskapstyrst og ein veldig framgang i utdanninga — for det meste utanfor skulane — ein veldig framgang når det gjeld å utdanna det arbeidande folket. Denne framgangen kan ikkje avgrensast innanfor nokon slags ramer som skulane set, men han er veldig. Alle teikn peikar i retning av at vi vil få ein svært stor reserve i nær framtid, og den vil avløysa representantane for dei små sjikta av proletarar som har slite seg ut i arbeidet. Men i alle høve er stoda vår når det gjeld dette særst vanskeleg. Byråkratiet har vorte slege. Utbyttarane har vorte fjerna. Men det kulturelle nivået har ikkje vorte heva, og difor tek byråkratane att dei gamle stillingane sine. Dei berre tvingast til å dra seg attende dersom proletariatet og bøndene vert organiserte i langt større mon enn tilfelle har vore fram til no, og berre dersom det vert sett i verk skikkelege åtgjerder for å få med arbeidarane i styringa. De kjenner alle til slike åtgjerder når det gjeld kvart folkekommissariat, og eg vil ikkje koma nærare inn på dei.

Det siste punktet eg må ta for meg er spørsmålet om *den leiande rolla til proletariatet og tap av røysteret*

ten. Forfatninga vår godtek at proletariatet har forrang framfor bøndene, og tek røysteretten frå utbytterne. Det var dette dei reine demokratane i Vest-Europa gjekk hardast til åtak på. Vi svara, og vi svarar, at dei har gløymt grunnsetningane i marxismen, dei har gløymt at hos dei gjeld det eit borgarleg demokrati, medan vi har gått over til eit *proletarisk* demokrati. Det er ikkje eit einaste land i verda som har gjort eingong ein tidel av det Sovjetrepublikken har gjort dei siste månadene for arbeidarane og dei fattige bøndene med å få dei med i arbeidet med å administrera staten. Det er absolutt sanning. Ingen vil nekta for at når det gjeld eit sant demokrati og ikkje eit papirdemokrati, når det gjeld å få med arbeidarane og bøndene, har vi gjort meir enn det som har vorte gjort eller kunne gjerast i dei beste av dei demokratiske republikane på hundrevis av år. Det var dette som gjorde sovjeta så viktige, det var som fylgje av dette at sovjeta har vorte eit slagord for proletariatet i alle land.

Men dette bergar oss på ingen måte frå å snubla i den utilstrekkelege kulturen til folket. Vi ser på ingen måte heilt fastlåst på spørsmålet om å ta røysteretten frå borgarskapet, for det er teoretisk fullt tenkjeleg at proletariatets diktatur kan undertrykkja borgarskapet på kvart einaste steg utan å ta frå dei røysteretten. Dette er teoretisk fullt tenkjeleg. Heller ikkje gjer vi framlegg om å gjera forfatninga vår til modell for andre land. Alt vi seier er at kven det enn er som førestiller seg overgangen til sosialismen utan undertrykking av borgarskapet, så er han ikkje sosialist. Men samstundes som det er heilt vesentleg å undertrykkja borgarskapet som klasse, så er det ikkje heilt vesentleg å ta frå dei røysterett og likskap. Vi ynskjer ikkje fri-dom for borgarskapet, vi godtek ikkje likskap mellom utbyttrarar og utbytta, men dette spørsmålet er teke opp på ein slik måte i programmet at forfatninga ikkje føreskriv slike åtgjerder som ulikskap mellom arbeidarar og bønder. Dei vart tekne inn i forfatninga *etter* at

dei alt var verkeleg til i praksis. Det var ikkje eingong bolsjevikane som sette opp forfatninga til sovjeta, ho vart sett opp av mensjevikane og dei sosialrevolusjonære før bolsjevikrevolusjonen — til skade for dei sjølv. Dei sette henne opp i samsvar med dei vilkåra som verkeleg rådde. Organisasjonen til proletariatet gjekk mykje snøggare framover enn organisasjonen til bøndene, og denne kjensgjerninga gjorde arbeidarane til bolverk for revolusjonen og gav dei eit røyntleg forsprang. Den neste oppgåva er å gå gradvis over frå dette forspranget til å jamna det ut. Ingen dreiv borgarskapet ut av sovjeta korkje før eller etter Oktober-revolusjonen. *Borgarskapet forlet sjølv sovjeta.*

Slik står sakene når det gjeld spørsmålet om røystrett for borgarskapet. Det er oppgåva vår å stilla spørsmålet fullstendig klårt. Vi gjev ikkje den minste orsaking for framferda vår, men reknar opp kjensgjerningane heilt nøyaktig slik dei er. Slik vi peikar på, vart forfatninga vår nøydd til å føra inn denne ulikskapen av di det kulturelle nivået er lågt og av di organiseringa står svakt hos oss. Men vi gjer ikkje dette til noko ideal, tvert om, i programmet sitt set partiet seg føre å arbeida systematisk for å avskaffa denne ulikskapen mellom det betre organiserte proletariatet og bøndene. Vi skal avskaffa denne ulikskapen så snart vi lykkast i å heva det kulturelle nivået. Då vil vi greia oss utan slike restriksjonar. Jamvel no, etter kring sytten månader med revolusjon, tel desse restriksjonane svært lite praktisk.

Dette, kameratar, er dei hovudpunkta eg meinte det var naudsynt å koma nærare inn på i den allmenne diskusjonen om programmet. Den vidare vurderinga overlet eg til debatten. (*Applaus.*)

6. MELDING OM ARBEIDET PÅ LANDSBYGDDA 23. MARS

(*Langvarig applaus.*) Kameratar. Eg må få be om or-

saking for at eg ikkje har vore i stand til å ta del i alle møta i den komiteen kongressen har vald til å vurdere spørsmålet om arbeidet på landsbygda⁴⁵. Dei kameratane som har teke del i arbeidet i komiteen heilt frå starten, vil difor supplera meldinga mi i talane sine. Komiteen sette til sist opp nokre tesar som vart sende over til ein kommisjon, og dei vil verta lagde fram for dykk. Eg kunne ha hug til å ta for meg kva spørsmålet tyder allment sett, slik vi no vert stilte framfor det etter arbeidet i komiteen, og slik heile partiet etter mitt syn no vert stilt framfor det.

Kameratar, det er heilt naturleg at etter som den proletariske revolusjonen utviklar seg, må vi setja fyrst eitt, så eit anna av dei særskildte og viktige problema i samfunnslivet i fremste rekkja. Det er heilt ut naturleg at i ein revolusjon som verkar inn på, og er nøydd til å verka inn på, det djupaste livsgrunnlaget og dei breiaste folkemassane, er det ikkje mogleg for *eit* parti, *ei* regjering, same kor nær ho kan stå folket, å femna alle sidene ved livet *på ein gong*. Og dersom vi no må ta for oss spørsmålet om arbeidet på landsbygda, og i samband med dette spørsmålet å framheva stillinga til mellombøndene, er det ikkje det minste rart eller unormalt i dette sett ut ifrå utviklinga av den proletariske revolusjonen allment. Det er naturleg at den proletariske revolusjonen måtte ta til med det grunnleggjande tilhøvet mellom to fiendtlege klassar, proletariatet og borgarskapet. Hovudoppgåva var å overføra makta til arbeidarklassen, å tryggja diktaturet hans, å styrta borgarskapet og å ta frå det dei økonomiske kjeldene til makta det hadde, som utan tvil ville vera til hinder for all sosialistisk oppbygging allment sett. Sidan vi har kjennskap til marxismen, har ingen av oss ein einaste augeblink tvila på sanninga i tesen om at sjølve den økonomiske strukturen i det kapitalistiske samfunnet er slik at den faktoren som avgjer i det samfunnet anten må vera proletariatet eller borgarskapet. Vi kan no sjå mange tidlegare marxistar

— t.d. frå den mensjektiviske leiren — som hevdar at i ein periode med avgjerande kamp mellom proletariatet og borgarskapet, kan *demokratiet allment sett* rå. Dette seier mensjektivane, som har nådd fram til full semje med dei sosialrevolusjonære. Nett som om det ikkje var borgarskapet sjølv som skaper og avskaffar demokratiet slik det finn det mest høveleg for seg sjølv! Og sidan det er tilfelle, kan det ikkje vera noko spørsmål om demokrati allment sett i ei tid med kvass kamp mellom borgarskapet og proletariatet. Ein kan berre undrast over kor snøgt desse marxistane eller kvasimarxistane — mensjektivane våre til dømes — avslørar seg, og kor snøgt den sanne naturen deira, naturen til småborgarlege demokratar, kjem opp til overflata.

Det Marx heile livet kjempa hardast imot, var illusjonane om småborgarleg demokrati og borgarleg demokrati. Det han spotta hardast var tomt snakk om fridom og likskap, når det berre tener til å skjerma for den fridomen arbeidarane har til å døy av svolt, eller for likskapen mellom den som sel arbeidskrafta si og borgaren som det vert påstått kjøper arbeidet fritt på den opne marknaden liksom frå ein likemann, og så frametter. Marx forklårar dette i alle dei økonomiske verka sine. Ein kan seia at heile *Kapitalen* til Marx er vigd til å forklåra den sanninga at *dei grunnleggjande kreftene i det kapitalistiske samfunnet er, og må vera, borgarskapet og proletariatet*. Borgarskapet som den krafta som byggjer dette kapitalistiske samfunnet, som leiar for det, som drivkraft for det. Og proletariatet som den krafta som grev grava for det, og den einaste krafta som er i stand til å koma i staden for det. Ein kan knapt finna eit einaste kapittel i noko av verka til Marx som ikkje er vigd til dette. Ein kan seia at over heile verda har sosialistane i Den andre internasjonalen stadig vekk banna og bøna for arbeidarane at dei må skjøna denne sanninga. Men når ein så kom fram til stadiet med verkeleg og i tillegg avgjerande kamp om makta mellom proletariatet og borgarskapet, ser vi

at mensjevikanane våre og dei sosialrevolusjonære, til liks med leiarane for dei gamle sosialistpartia over heile verda, gløymde denne sanninga og tok til å herma på reint papegøyevis dei spissborgarlege frasane om demokrati allment sett.

Det vert stundom freista å tilleggja desse orda det ein ser som større vekt med å tala om «demokratiets diktatur». Det er reint sprøyt. Vi kjenner særst godt til frå historia at diktaturet til det demokratiske borgarskapet ikkje tydde anna enn at dei arbeidarane som gjorde oppreist vart undertrykte. Det har vore tilfelle heilt sidan 1848. I alle høve tok det ikkje til seinare. Isolerte døme kan ein jamvel finna tidlegare. Historia syner at det er nett i eit borgarleg demokrati at den mest tilkvesste kampen mellom proletariatet og borgarskapet utviklar seg fritt og i stort omfang. Vi har fått høve til å overtyda oss sjølve om denne sanninga i praksis. Og dei åtgjerdene sovjetregjeringa har teke etter oktober 1917, har merkt seg ut med kor fast dei har teke på alle grunnleggjande spørsmål, nett av di vi aldri har avvike frå denne sanninga og aldri har gløymt henne. Spørsmålet om den kampen som vert ført mot borgarskapet om overherredømet kan berre verta løyst med diktaturet til ein klasse — proletariatet. Berre proletariatets diktatur kan vinna over borgarskapet. Berre proletariatet kan styrta borgarskapet. Og berre proletariatet kan sikra at folket fylgjer med i kampen mot borgarskapet.

Men av dette fylgjer på ingen måte at vi i oppbygginga av kommunismen, når borgarskapet er styrta og den politiske makta alt ligg i hendene på proletariatet, kan gå vidare utan at mellomlaga, dei mellomliggjande elementa, tek del. Å tru dette ville vera eit grovt mistak.

Ved starten på revolusjonen — den proletariske revolusjonen — er det naturleg at heile merksemda til dei aktive deltakarane i han konsentrerer seg om den viktigaste og grunnleggjande saka, overherredømet til

proletariatet, og tryggjer dette overherredømet med ein siger over borgarskapet for å gjera det sikkert at borgarskapet ikkje kan vinna att makta. Vi er fullt klår over at borgarskapet framleis nyt godt av dei fordelane som skriv seg frå den rikdommen dei eig i andre land eller den rikdommen dei har i pengar, stundom til og med i vårt eige land. Vi er fullt klår over at det finst sosiale element som har større røynsle enn proletarane, og som hjelper borgarskapet. Vi er fullt klår over at borgarskapet ikkje har gjeve opp tanken på å vinna att makta, og ikkje har slutta med å freista vinna att overherredømet sitt.

Men dette er slett ikkje alt. Borgarskapet, som på det mest innstendige set fram prinsippet «landet mitt er kvar som helst det er godt for meg», og som når det er tale om pengar alltid har vore internasjonalt — *borgarskapet er internasjonalt framleis sterkare enn vi er*. Overherredømet deira vert snøgt undergrave, dei vert stilte framfor slike kjensgjerningar som den ungarske revolusjonen — som vi hadde den gleda å gje dykk melding om i går, og som vi i dag får stadfestande rapportar om — og dei tek til å skjøna at overherredømet deira står ustøtt. Dei har ikkje lenger handlefridom. Men dersom vi tek omsyn til dei materielle midla i verdsmålestokk, kan vi ikkje anna enn vedgå at materielt sett er borgarskapet enno sterkare enn vi er.

Det er grunnen til at ni tidelar av merksemda og den praktiske verksemda vår var vigd, og måtte viast, til dette grunnleggjande spørsmålet — å styrta borgarskapet, å oppretta makta til proletariatet og å fjerna alle sjansar for at borgarskapet skulle venda attende til makta. Dette er fullt ut naturleg, legitimt og uunngåeleg, og på dette feltet er svært mykje oppnådd.

Men no må vi avgjera spørsmålet om andre lag av folkesetnaden. Vi må — og det var den samrøystes konklusjonen vår i jordbrukskomiteen, og det er vi overttydde om at alle partiarbeidarar vil seia seg samde i, av di vi berre har summert opp resultata av det dei

sjølve har lagt merke til — vi må no avgjera *spørsmålet om mellombonden* i full heilskap.

Sjølvsagt finst det folk som i staden for å studera kva retning revolusjonen vår tek, i staden for å tenkja over dei oppgåvene vi no står framfor, i staden for alt dette gjer kvart steg sovjetstyret tek til skyteskive for spott og kritikk av same slag som vi høyrer frå dei fine herrane, mensjevikane og dei sosialrevolusjonære. Desse folka har enno ikkje skjøna at dei må ta eit val mellom oss og det borgarlege diktaturet. Vi har synt stort tolmod og jamvel vore overberande andsynes desse folka. Vi skal la dei få nyta godt av at vi er overberande ein gong til. Men i svært nær framtid skal vi setja ei grense for kor tolmodige og overberande vi skal vera, og dersom dei ikkje gjer noko val, vil vi på fullt alvor oppmoda dei om å dra til Koltsjak. (*Applaus.*) Vi ventar oss ikkje at dei intellektuelle evnene til desse folka er særskilt strålande. (*Latter.*) Men ein kunne ha venta seg at etter at dei hadde røynt den dyriske framferda til Koltsjak, burde dei skjøna at vi har rett til å krevja at dei skal velja mellom oss og Kolt-sjak. Om det dei fyrste månadene etter Oktoberrevolusjonen var mange naive menneske som var dumme nok til å tru at proletarietets diktatur var noko forbigåande og tilfeldig, burde no jamvel mensjevikane og dei sosialrevolusjonære skjøna at det er noko logisk naudsynt i den kampen som vert førd på grunn av stormåtakinget frå heile det internasjonale borgarskapet.

I røynda har det vorte skapt berre to krefter: borgarskapets diktatur og proletarietets diktatur. Den som ikkje har lært dette frå Marx, den som ikkje har lært dette frå verka til alle dei store sosialistane, har aldri vore sosialist, har aldri skjøna noko om sosialismen og har berre kalla seg sosialist. Vi let desse folka få ei stutt tid å tenkja seg om på og krev at dei må ta ei avgjerd. Eg har nemnt dei av di dei no seier eller kjem til å seia: «Bolsjevikane har teke opp spørsmålet om mellombøndene, dei ynskjer å koma med tilnær-

mingar til dei.» Eg er heilt og fullt klår over at det vert nytta stor plass i mensjevikipressa til argument av dette slaget, og jamvel til dei som er langt verre. Vi overser slike argument, vi ser aldri på skravlet til motstandarane våre som noko viktig. Folk som enno er i stand til å springa fram og attende mellom borgarskapet og proletariatet, kan seia kva dei vil. Vi fylgjer vår eigen veg.

Vegen vår vert framfor alt fastsett gjennom vurderingar av klassekreftene. Det utviklar seg ein kamp mellom borgarskapet og proletariatet i det kapitalistiske samfunnet. Så lenge som den kampen ikkje har teke slutt, vil vi så sterkt vi kan setja oss føre å kjempa han ut til endes. Han er enno ikkje ført til endes, jamvel om det alt er oppnådd mykje i den kampen. Det internasjonale borgarskapet har ikkje lenger frie hender. Det beste prøvet på det er at den proletariske revolusjonen i Ungarn har funne stad. Det er difor klårt at organisasjonsarbeidet vårt på landsbygda alt har gått ut over dei grensene det vart halde innanfor, då alt var underordna det grunnleggjande kravet som kampen for makta stilte.

Denne utviklinga gjekk gjennom to hovudfasar. I oktober 1917 greip vi makta *i lag med alle bøndene*. Dette var ein borgarleg revolusjon, sidan klassekampen i landdistrikta enno ikkje hadde utvikla seg. Som eg har sagt, tok den verkelege proletariske revolusjonen i landdistrikta fyrst til sommaren 1918. Hadde vi ikkje lyktest i å setja fart i denne revolusjonen, ville arbeidet vårt ha vore ufullstendig. Det fyrste stadiet var å gripa makta i byane og oppretta sovjetsystemet som styreform. Det andre stadiet var eit som er grunnleggjande for alle sosialistar, og som sosialistane ikkje er sosialistar forutan, nemleg å skilja ut dei proletariske og halvproletariske elementa i landdistrikta og alliera dei med proletariatet i byane for å føra kampen mot borgarskapet på landsbygda. Dette stadiet er og i hovudsak ført til endes. Dei organisasjonane vi opphavleg skipa med dette for auga, komiteane av fattige

bønder, har vorte så grunnfesta at vi fann ut det var mogleg å byta dei ut med sovjet som var valde på skikkeleg vis, dvs. å skipa om landsbysovjeta for å gjera dei til organa for klasseherredømet, organa for proletarisk makt i landdistrikta. Slike åtgjerder som lova om sosialistisk regulering av jorda og åtgjerdene for overgang til sosialistisk jordbruk, som for ikkje så lenge sidan vart vedtekne av den sentrale eksekutivkomiteen og som alle sjølv sagt har sett seg inn i, summerer opp røynslene våre frå synsstaden til den proletariske revolusjonen vår.

Hovudsaka, den fyrste og grunnleggjande oppgåva til den proletariske revolusjonen, har vi alt fullført. Og nett av di vi har fullført henne, har eit meir samansett problem kome i framgrunnen — *haldninga vår til mellombøndene*. Og den som trur at det å stilla dette problemet i fremste rekkje på nokon måte er eit symptom på at karakteren til styret vårt vert svekkja, på at proletariatets diktatur vert svekkja, at det er symptom på ei forandring i den grunnleggjande politikken vår, same om ho berre gjeld ein del, same om ho er lita — den er fullstendig ute av stand til å forstå måla til proletariatet og måla for den kommunistiske revolusjonen. Eg er overtydd om at vi ikkje har nokon slike i partiet vårt. Eg hadde berre hug til å åtvara kameratane mot folk som ikkje høyrer til i partiet til arbeidarene, og som vil snakka på denne måten, ikkje fordi det fylgjer av noko idesystem, men av di dei ynskjer å øydeleggja tilhøva for oss og hjelpa kvitegardistane — eller for å seia det enklare, å setja opp mellombøndene, som alltid vaklar, som ikkje har råd for at dei vaklar og som vil halda fram å vakla ei temmeleg lang tid frametter, imot oss. For å setja opp mellombøndene mot oss vil dei seia; «Sjå, dei gjer tilnærmingar til dykk! Det tyder at dei har teke omsyn til oppstandane dykkar, dei tek til å vingla», og så vidare og frametter. Alle kameratane våre må vera væpna mot den slags agitasjon. Og eg er viss på at dei vil vera væpna, så

fremt vi lykkast no i å ta for oss dette spørsmålet frå synsstaden til klassekampen.

Det er fullstendig klårt at dette grunnleggjande problemet — *korleis ein kan fastsetja proletariatet si haldning til mellombøndene nøyaktig* — er eit meir samansett, men ikkje mindre påtvingande problem. Kameraatar, frå ein teoretisk synsstad, som det veldige fleirtalet av arbeidarane har lært seg å meistra, byd ikkje dette spørsmålet på nokon vanskar for marxistar. Eg vil til dømes minna dykk om kva Kautsky skreiv i boka si om jordbruksspørsmålet. Ho vart skriven på ei tid då Kautsky enno la fram læra til Marx korrekt og vart sett på som ein umotseieleg autoritet på dette området. Her slår han fast i samband med overgangen frå kapitalismen til sosialismen, at oppgåva til eit sosialistisk parti *er å nøytralisera bøndene*, dvs. å sjå til at bøndene held seg nøytrale i striden mellom proletariatet og borgarskapet, og ikkje vert i stand til å gje aktiv hjelp til borgarskapet mot oss.

Gjennom den svært lange perioden då borgarskapet hadde herredømet, stod bøndene på borgarskapet si side og stødde makta deira. Dette er forståeleg om ein ser på den økonomiske styrken til borgarskapet og dei politiske reiskapene for herredømet deira. Vi kan ikkje rekna med at mellombøndene kjem over på vår side straks. Men dersom vi fylgjer ein korrekt politikk, vil denne vaklinga halda opp etter ei tid, og bøndene vil kunna koma over på vår side.

Det var Engels — som saman med Marx la grunnlaget for den vitskaplege marxismen, dvs. den læra som partiet vårt alltid har late seg leia etter, og særskilt i revolusjonstider — det var Engels som fyrst delte inn bøndene i småbønder, mellombønder og storbønder, og denne inndeling gjeld for dei fleste landa i Europa jamvel i dag. Engels sa: «Kanhende vil det ikkje vera naudsynt overalt å underkua eingong storbøndene med makt.» Og at vi nokon gong kan koma til å nytta makt når det gjeld mellombonden (småbonden er ve-

nen vår), er ein tanke som aldri har falle nokon fornuftig sosialist inn. Dette sa Engels i 1894, eitt år før han døydde, då jordbruksspørsmålet vart aktuelt.* Dette synspunktet uttrykkjer ei sanning som stundom vert gløymt, men som vi alle i teorien er samde i. I høve til godseigarane og kapitalistane er målet vårt full ekspropriasjon. *Men vi vil ikkje tola nokon maktbruk i høve til mellombøndene.* Jamvel når det gjeld dei rike bøndene seier vi ikkje like fast som vi gjer det om borgarskapet: Full ekspropriasjon av dei rike bøndene og kulakkane. Dette skiljet er sett inn i programmet vårt. Vi seier at motstanden frå det kontrarevolusjonære strevet til dei rike bøndene må kuast. Det er ikkje full ekspropriasjon.

Den grunnleggjande skilnaden i haldninga vår til borgarskapet og mellombøndene — full ekspropriasjon av borgarskapet og ein allianse med dei mellombøndene som ikkje utbytтар andre — denne grunnleggjande lina vert godteken av alle i teorien. Men ho vert ikkje fylgd fylgjestrengt i praksis, folket i distrikta har enno ikkje lært å følgja henne. Då proletariatet tok til frå ulike kantar med å skapa eit nytt samfunn etter at det hadde styrta borgarskapet og grunnfesta si eiga makt, kom spørsmålet om mellombøndene i framgrunnen. Ikkje ein einaste sosialist i verda nekta for at kommunismen ville verta bygd på ulike måtar i land der jordbruket i houvdsak vart drive i store einingar, og der det i hovudsak vart drive i små einingar. Dette er eit elementær sanning, ein ABC. Og av denne sanninga følgjer det at når vi går laus på problema med den kommunistiske oppbygginga, må vi til ei viss mon retta fremste merksemda vår nett inn på mellombonden.

Mykje vil avhenga av korleis vi fastlegg haldninga vår til mellombonden. Teoretisk har dette spørsmålet

* Sjå Engels, «Bondespørsmålet i Frankrike og Tyskland» (1894) i Marx/Engels *Verk*, b. 22, tysk utg. 1974, s. 485—506. — Red.

vorte løyst, men vi veit særst godt av våre egne røyninger at det er ein skilnad mellom å løysa eit problem teoretisk og å setja løysinga om i praksis. Vi vert no stilte beinveges andsynes denne skilnaden, som var så karakteristisk for den store franske revolusjonen. Då la det franske Konventet* i veg med vidtrekkjande tiltak, men det fekk ikkje naudsynt stønad til å gjera dei til røyndom, og det visste ikkje eingong kva klasse det skulle lita på for å gjennomføra dei særskilde tiltaka.

Vi står i ei uendeleg meir heldig stilling. Takk vere eit heilt hundreårs utvikling, veit vi kva klasse vi lit på. Men vi veit og at den praktiske røyninga til den klassen er svært utilstrekkeleg. Det grunnleggjande målet var klårt for arbeidarklassen og partiet til arbeidarane — å styrta makta til borgarskapet og å overføra makta til arbeidarane. Men *korleis* skulle det gjerast? Alle hugsar kor store vanskar vi hadde og kor mange mistak det kosta, då vi gjekk over frå arbeidarkontroll til arbeidarstyre over industrien. Og like vel var det arbeid innan vår eigen klasse, mellom proletarane, som vi alltid har hatt å gjera med. Men no vert det kravt av oss at vi skal fastleggja haldninga vår til ein ny klasse, ein klasse som arbeidarane i byane ikkje kjenner. Vi må fastleggja haldninga vår til ein klasse som ikkje står i noka fast eller stabil stilling. Massen av proletarane er for sosialismen, massen av borgarskapet går imot sosialismen. Det er lett å fastslå tilhøvet mellom desse to klassane. Men når vi står framfor folk som mellombøndene, ser vi at dei er *ein klasse som vaklar*. Mellombonden er delvis ein som har eigedom, og delvis ein arbeidsmann. Han utbyttar ikkje andre arbeidande menneske. I tiårsvis har mellombonden forsvara stilligna si med dei største vanskar, han laut finna seg i utbyttinga frå godseigarane og kapitalistane, han laut

* *Konventet* — Nasjonalforsamling vald med allmenn røysterett for menn, 1792—1795. Den franske revolusjonen nådde høgdepunktet i denne tida. — *Red.*

tola alt. Like fullt har han eigedom. Haldninga vår til denne vaklande klassen byr difor på ovstore vanskar. Sett i lys av meir enn eitt års røymsler, i lys av meir enn seks månaders proletarisk arbeid i landdistrikta, og i lys av den klassesifferensieringa som alt har gått føre seg i landdistrikta, må vi her fyrst og fremst ta oss vel i vare for å gå for snøgt fram. Vi må ta oss vel i vare for å handla berre utfrå teori. Det strekk ikkje til. Vi må ikkje sjå på det som er i ferd med å verta fullført, men enno ikkje har vorte gjort til røyndom, som om det var fullført. I resolusjonen som den kommisjonen komiteen har vald gjer framlegg om, og som ein seinare talar vil lesa opp for dykk, vil de finna tilstrekkeleg åtvaring mot dette.

Frå ein økonomisk synsstad er det openbert at vi må hjelpa mellombonden. Teoretisk er det ingen tvil om det. Men på grunn av vanane våre, det kulturelle nivået vårt, at dei kulturelle og tekniske kreftene vi er i stand til å stilla til rådvelde for landdistrikta er utilstrekkelege, og på grunn av den hjelpelause framgangsmåten vi ofte nyttar når vi går ut til landdistrikta, grip kameratar ofte til tvangsmiddel, og såleis øydelegg dei alt. Så seint som i går gav ein kamerat meg ein brosjyre med tittelen *Instruksar og føreseigner for partiarbeidet i guvernementet Nisjni-Novgorod*, som Nisjni-Novgorod-komiteen til Russlands Kommunistiske Parti (bolsjevikane) hadde gjeve ut. I denne brosjyren finn eg t.d. dette på side 41: «Heile tyngda til dekretet om naudsskatten må leggjast på skuldrene til kulakkane og profitørane i landsbyane og på mellomelementa av bøndene allment.»⁴⁶ Vel vel. Desse folka har verkeleg «forstått». Dette er anten ein prentefeil — og det er utillateleg at nokon skal gjera slike prentefeil. Eller så er det eit stykke hastverksarbeid som er gjort i full fart, og det syner kor farleg det er på alle vis å ha det travelt når det gjeld desse sakene. Eller — og det er det verste eg kan tenkja meg, eg ville ikkje lika å måtta tru det om kameratane i Nisjni-

Novgorod — så har dei rett og slett ikkje makta forstå. Det kan svært gjerne henda at dette er ei flause.

I praksis har vi fleire tilfelle som liknar eitt ein kamerat i kommisjonen fortalde om. Han vart omringa av bønder, og alle spurde han: «Sei meg, er eg ein mellombonde eller ikkje? Eg har to hestar og ei ku ... eg har to kyr og ein hest,» osb. Og denne agitatoren, som reiser rundt i ujest, vert det venta skal ha eit termometer som ikkje kan ta feil, og som han skal nytta for å måla kvar einaste bonde og seia om han er ein mellombonde eller ikkje. For å gjera det må ein kjenna heile historia til det gardsbruket det gjeld, kva tilhøve bonden står i til høgare og lågare grupper, og dette kan vi ikkje vita nøyaktig.

Her krevst det ein stor del praktiske evner og kunnskapar om lokale tilhøve, og dei har vi ikkje enno. De treng ikkje skjemmaast over å tilstå det, vi må vedgå det ope. Vi har aldri vore utopistar, og tenkte oss aldri at vi skulle byggja det kommunistiske samfunnet med reine hender til reine kommunistar, som var fødde og opplærde i eit reint kommunistisk samfunn. Det er eit eventyr. Vi må byggja kommunismen med skraprestane etter kapitalismen, og berre den klassen som er vorten stålsett i kampen mot kapitalismen kan gjera det. Som de kjenner svært godt til, er ikkje proletariatet fri for manglane og veikskapene til det kapitalistiske samfunnet. Det kjempar for sosialismen, men til same tid kjempar det mot sine egne manglar. Den beste og fremste delen av proletariatet — som førde ein fortvila kamp i byane i tiårsvis — var i den stillinga at dei medan denne kampen stod på, kunne tileigna seg den kulturen som høyrer livet i hovudstaden og andre byar til, og til ei viss mon tileigna dei seg han. De veit at jamvel i dei framskridne landa var landdistrikta dømdet til å vera uvitande. Sjølv sagt skal vi lyfta kulturnivået i landdistrikta, men det vil ta mange, mange års arbeid. Dette gløymer kameratane våre overalt, og det vert gjort slåande klårt for oss med kvart einaste ord

vi får høyra av folk som kjem frå landdistrikta — ikkje av dei intellektuelle som arbeider der, ikkje av tenestemennene — vi har høyrte mykje på dei — men av folk som har fylgt med arbeidet i landdistrikta i praksis. Det var desse synspunkta som vi fann var av særskilt stor verdi i jordbrukskomiteen. Desse synspunkta vil vera særskilt verdifulle no for heile partikongressen, det er eg overtydd om, for dei kjem ikkje frå bøker og ikkje frå dekret, men frå røynsle.

Alt dette tvingar oss til å arbeida med det for auga å gjera haldningane våre til mellombøndene så klåre som mogleg. Dette er svært vanskeleg, av di *ein slik klårleik ikkje finst i det røyngle livet*. Ikkje berre er dette problemet uløyst, det er *uløyseleg*, om ein ynskjer å løysa det *straks og fullt ut med ein gong*. Det finst folk som seier at det ikkje trongst skrivast så mange dekret. Dei klandrar sovjetstyret for at vi har gjeve oss til med å skriva dekret utan å vita korleis dei skal setjast ut i livet. Desse folka skjønar i røynda ikkje at dei søkk ned til stillinga åt kvitegardistane. Om vi hadde venta at livet i landdistrikta ville ha vorte heilt forandra med at vi skreiv hundre dekret, ville vi ha vore fullstendig idiotar. Men om vi hadde late vera å peika på den vegen som må fylgjast i dekret, ville vi ha sviike sosialismen. Samstundes som desse dekreta i praksis ikkje kunne setjast fullstendig ut i livet straks, så spela dei ei viktig rolle som propaganda. Medan vi før førte ut propagandaen vår med hjelp av allmenne sanningar, *fører vi no ut propagandaen vår gjennom arbeidet vårt*. Det er og å forkynna, men det er å forkynna med handling — det er berre ikkje handling i tydinga isolerte framstøytar frå ein eller annan oppkomling, slike som vi spotta så hardt i tida til anarkistane og sosialismen av det gamle slaget. Dekretet vårt er ei oppmaning, men ikkje den gamle oppmaninga: «Arbeidarar, reis dykk og styrt borgarskapet!» Nei, det er ei oppmaning til folket, det manar dei til praktisk arbeid. *Dekret er instruksar som manar til prak-*

tisk arbeid i masseomfang. Dette er det som tel. Lat oss gå ut ifrå at dekreta inneheld mykje som verkeleg er nyttelaust, mykje som i praksis ikkje kan setjast ut i livet. Men dei inneheld materiale til praktisk handling, og formålet med eit dekret er å læra bort praktiske steg til dei hundrevis, tusenvis og millionvis av menneske som aktar på røysta til sovjetstyret. Dette er ei prøve i praktisk handling når det gjeld den sosialistiske oppbygginga i landdistrikta. Dersom vi tek for oss tilhøva på denne måten, vil vi kunna tileigna oss ein god del frå den samla summen av lovene, dekreta og føresegnene våre. Vi skal ikkje sjå på dei som absolutte pålegg som må setjast ut i livet på flekken og for kvar pris.

Vi må unngå alt som i praksis kan peika mot å oppmuntra individuelle overtramp. Sume stader har karrieristar og eventyrarar hengt seg på oss som igler. Dette er folk som kallar seg kommunistar og narrar oss. Dei har åla seg veg inn i rekkjene våre av di kommunistane no sit med makta, og av di dei meir ærlege offentlege tenestemennene nekta å koma og arbeida i lag med oss på grunn av dei tilbakeliggjande ideane sine, medan karrieristane ikkje har nokon idear og ikkje er heiderlege. Desse folka, som ikkje har noko anna mål enn å gjera karriere, tyr til tvangsmiddel ute i distrikta, og innbiller seg at det dei gjer er bra. Men resultatet av dette vert stundom at bøndene seier: «*Lenge leve sovjetmakta, men ned med kommunja!*» (dvs. kommunismen). Dette er ikkje eit tenkt døme, desse kjensgjerningane er tekne frå det røynelege livet, frå rapportane til kameratar i distrikta. Vi må ikkje gløyma kor ovstore skadar som alltid vert gjort på grunn av manglande måtehald, på grunn av all tankeløysa og hastverket.

Vi var nøyddde til å skunda oss og til å ta eit fortvila sprang for å koma oss ut av den imperialistiske krigen for kvar pris, for han hadde ført oss til kanten av samanbrotet. Vi måtte gjera ein heilt fortvila innsats for

å knusa borgarskapet og dei kreftene som truga med å knusa oss. Alt dette var naudsynt, utan dette kunne vi ikkje ha sigr. Men om vi skulle gå fram på same måten mot mellombøndene, ville det ha vore ein slik idioti, ein slik dumskap, det ville ha vore så øydeleggjande for saka vår at berre provokatørar kunne gå medvite fram på ein slik måte. Målet her må vera eit heilt anna. Her er ikkje målet vårt å knusa motstanden til openberre utbyttrarar, å kjempa dei ned og styrta dei, slik det målet vi tidlegare sette oss var. Nei, no når dette hovudmålet er nådd, stig det fram meir innfløkte problem. Ein kan ikkje skapa noko her med tvangsmiddel. *Å nytta tvangsmiddel mot mellombøndene ville føra til useieleg skade.* Dette sjiktet er talrikt, det inneheld millionar av menneske. Jamvel i Europa, der det ikkje er så talrikt nokon stad, der teknologi og kultur, byliv og jarnbanar er veldig utvikla, og der det ville ha vore det enklaste av alt å tenkja på noko slikt, har ingen, ikkje eingong dei aller mest revolusjonære sosialistane, nokon gong gjort framlegg om å nytta tvangsmiddel mot mellombonden.

Då vi tok makta, leit vi på stønaden frå bøndene sett under eitt. På den tida var målet for alle bøndene det same, å slåss mot godseigarane. Men fordomane deira mot jordbruk i store einingar har vara ved til denne dag. Bøndene trur at dersom garden er stor, tyder det at han vil verta gardsarbeidar att. Det er sjølv sagt feil. Men den ideen bøndene har om jordbruk i store einingar, heng i hop med hatkjensla og minnet om korleis godseigarane undertrykte folket. Denne kjensla er der framleis, ho har ikkje døydd enno.

Vi må særskilt streka under den sanninga at ut ifrå sjølvne naturen i saka, kan ikkje tvangsmetodar oppnå noko her. Den økonomiske oppgåva her er ei heilt anna. Det er ikkje noko lag øvst oppe som kan skjerast av, medan grunnmuren og resten av bygningen står heile att. Det laget øvst oppe som kapitalistane representerte i byane, finst ikkje i landsbyane. *Her ville*

tvangsbruk øydeleggja heile saka. Det trengst eit langvarig opplæringsarbeid. Vi må gje bonden, som ikkje berre i vårt land, men i heile verda er ein praktisk mann og realist, konkrete døme for å prova at «kommunja» er det beste som er mogleg. Sjølv sagt vil det ikkje koma noko ut av dette, dersom det kjem travle einskildmenneske flagrande ned til ein landsby frå ein by for å prata og øsa opp ein del kvasiintellektuell og stundom heller uintellektuell småkrangel, og så kringla med alle og dra sin veg. Det skjer stundom. I staden for å vekkja respekt, vekkjer dei spott, og det fortener dei.

Når det gjeld dette spørsmålet må vi seia at vi verkeleg oppmuntrar til at det vert skipa kommunar, men dei må organiserast *slik at dei kan vinna tilliten til bøndene.* Og fram til då er vi elevane til bøndene og ikkje lærarane deira. Ikkje noko er dummare enn når folk som ikkje veit noko som helst om jordbruk og det som er særmerkt med det, renner til landsbyane berre av di dei har høyrte om fordelane med sosialisert jordbruk, er vortne leie bylivét og ynskjer å arbeida i landdistrikta. Det er særstoskete når slike folk ser seg sjølve som lærermeistrar for bøndene på alle område. *Ikkje noko er dummare enn sjølve den ideen å nytta tvangsmiddel i økonomisk samband med mellombonden.*

Målet er ikkje å eksproprierast mellombonden, men å ha i minnet dei særskilte vilkåra som bonden lever under, å læra metodar for overgang til eit betre system av han, og *ikkje å våga å gje ordrar!* Det er den regelen vi har sett opp for oss. (*Allmenn applaus.*) Det er den regelen vi har freista leggja fram i utkastet vårt til resolusjon, for på dette feltet, kameratar, har vi verkeleg synda ein god del. Vi skjemmaest ikkje for å vedgå det. Vi var urøynde. Sjølve kampen vår mot utbytтарane tok vi ut ifrå røynsle. Om vi stundom har vorte fordømde for det, kan vi seia: «Kjære mine herrar kapitalistar, de har berre dykk sjølve å skulda på. Dersom de ikkje hadde bydd på slik vill, sanselaus, skamlaus og desperat mot-

stand, dersom de ikkje hadde alliert dykk med verdsborgarskapet, ville revolusjonen ha teke meir fredelege former.» No når vi har vist attende det ville stormlaupt frå alle sider, kan vi leggja om til andre metodar, av di vi ikkje går fram som ein trong krins, men som eit parti som leier millionane. Millionane kan ikkje skjøna ei kursending straks, og slik skjer det ofte at slag som er retta inn mot kulakkane fell på mellombøndene. Det er ikkje overraskande. Ein må berre forstå at dette kjem av historiske vilkår som vi no har levd over, og at dei nye vilkåra og nye oppgåvene i høve til denne klassen krev ein ny psykologi.

Dekreta våre om bondejordbruket er i hovudsak korrekte. Vi har ingen grunn til å gå attende på eit einaste eitt av dei, eller å seia oss lei for eit einaste eitt av dei. Men om dekreta er rette, *så er det feil å tvinga dei inn på bøndene med makt*. Det står ikkje i eit einaste dekret. Dei er rette på den måten at dei peikar på kva vegar som skal fylgjast, på den måten at dei oppmodar til praktiske tiltak. Når vi seier: «Samanslutningar må oppmuntrast», gjev vi instruksar som å prøvast mange gonger før ein finn den endelege *forma* for å setja dei ut i livet. Når det vert slege fast at vi må arbeida for å vinna frivillig samtykke frå bøndene, tyder det at dei må overtalast, og overtalast med praktiske handlingar. Dei vil ikkje la seg overtyda med berre ord, og det gjer dei heilt rett i. Det ville ha vore ille om dei let seg overtyda berre med å lesa dekret og agitasjonsflygeblad. Dersom det hadde vore mogleg å omskapa det økonomiske livet på denne måten, ville ei slik omskaping ikkje ha vore ein skilling verdt. Det må fyrst provast at ei slik samanslutning er betre, folk må samlast på ein slik måte at dei verkeleg vert samla og ikkje står på kant med kvarandre. Det må provast at samanslutninga fører fordelar med seg. Slik er det bonden stiller spørsmålet, og slik er det dekreta våre stiller det. Om vi ikkje har vore i stand til å oppnå dette fram til no, er det ingen ting å skjemmast over, og vi må vedgå det ope.

Fram til no har vi berre fullført den grunnleggjande oppgåva til kvar einaste sosialistisk revolusjon, den å slå borgarskapet. Dette er i hovudsak gjennomført, sjølv om det no byrjar eit sær s vanskeleg halvår der imperialistane i verda gjer ein siste freistnad på å knusa oss. Vi kan no seia utan den minste overdriving at *dei skjønar sjølve at etter dette halvåret vil saka deira vera fullstendig vonlaus*. Anten nyttar dei seg no av at vi er så utslitne og slår oss, eit isolert land, eller så kjem vi til å sigr ikkje berre når det gjeld vårt eige land. I dette halvåret, då matvarekrisa vert forverra av ei transportkrise, og då imperialismaktene freistar gå til åtak på oss på fleire frontar, er stoda vår sær s vanskeleg. Men *dette er det siste vanskelege halvåret*. Vi må halda fram å mobilisera alle kreftene våre i kampen mot den ytre fienden som går til åtak på oss.

Men når vi talar om måla for arbeidet vårt i landdistrikta, trass i alle vanskane og trass i at røynslene våre fullt ut har dreid seg om den næraste oppgåva å knusa utbyttarane, må vi hugsa og aldri gløyma at måla våre i landdistrikta, når det gjeld mellombøndene, er heilt annleis.

Alle dei klassemedvitne arbeidarane — frå Petrograd, Ivanovo-Voznesensk eller Moskva — som har vore i landdistrikta, fortel døme på korleis ei rekkje misforståingar som tyktest umoglege å fjerna, og ei rekkje konflikhtar som tyktest vera svært alvorlege, vart fjerna eller mildna då intelligente arbeidande menneske stod fram og tala — ikkje bokspråk, men eit språk som bøndene skjøna. Dei tala, ikkje som kommandantar som tek seg den fridomen å gje ordrar utan å vita noko om livet på landsbygda, men som kameratar, som forklårar stoda og appellerer til kjenslene deira som arbeidande menneske mot utbyttarane. Og med ei slik kameratsleg forklåring oppnådde dei det som hundrevis av andre, som bar seg åt som kommandantar og overordna, ikkje oppnådde.

Dette er den ånda som gjennomsyrrar den resolusjonen vi no legg fram for dykk.

I den stutte meldinga mi har eg freista leggja vekt på dei underliggjande prinsippa, på kva resolusjonen tyder allment politisk. Eg har freista syna — og eg vil gjerne få tru at eg har lykkast i det — at sett ut ifrå interessene til revolusjonen som heilskap gjer vi ingen forandringar i politikken, vi forandrar ikkje lina. Kvitegardistane og leigesveinane deira skrik om, eller vil skrika om at vi gjer det. Lat dei skrika. Det bryr vi oss ikkje om. Vi søkjer etter å nå måla våre på ein svært prinsippfast måte. Vi må overføra merksemda vår frå det målet å kua borgarskapet til det målet å ordna livet til mellombonden. Vi må leva i fred med han. I eit kommunistisk samfunn vil mellombøndene fyrst vera på vår side når vi lettar og betrar den økonomiske stillinga deira. Om vi i morgon kunne skaffa til vegar eitt hundre tusen fyrsteklasses traktorar, utstyra dei med brensl, utstyra dei med traktorførarar — de veit svært godt at dette nett no er rein fantasi — ville mellombonden seia: «Eg er for kommunja» (dvs. for kommunismen). Men for å gjera det må vi fyrst slå det internasjonale borgarskapet, vi må tvinga dei til å gje oss desse traktorane, eller så må vi utvikla produktivkreftene våre slik at vi vert i stand til å skaffa dei fram sjølve. Dette er den einaste rette måten å stilla spørsmålet.

Bøndene treng industrien i byane, dei kan ikkje leva utan han, og han er i våre hender. Dersom vi tek for oss oppgåva på skikkeleg vis, vil bøndene vera takksame mot oss for at vi fører desse produkta, desse reiskapene og denne kulturen til dei frå byane. Det vil ikkje vera utbyttrarar og ikkje godseigarar som fører dette til dei, men arbeidskameratar, som dei verdset svært høgt, men verdset på ein praktisk måte for den verkelege hjelpa dei gjev, til same tid som dei viser attende — og det med full rett — all dominering og «ordrar» ovanfrå.

Gje fyrst hjelp, og freist så å vinna tillit. Dersom de går i gang med denne oppgåva på rett måte, dersom

kvar einaste ei av gruppene våre i ujest, volosta, matvareinnkrevingsgruppene* og i kvar einaste annan organisasjon tek kvar einaste steg på skikkeleg vis, dersom kvart einaste steg vi tek vert nøye granska frå denne synsstaden, vil vi vinna tilliten til bøndene, og fyrst då vil vi verta i stand til å gå vidare. Det vi må gjera no er å hjelpa dei og gje dei råd. Dette vert ikkje ordrane til ein kommandant, men råd frå ein kamerat. Bøndene kjem då til å stå heilt på vår side.

Dette, kameratar, er det resolusjonen vår inneheld, og dette må etter mitt syn verta vedtaket til kongressen. Dersom vi vedtek dette, dersom det tener til å fastsetja arbeidet til alle partiorganisasjonane våre, vil vi rå med den andre store oppgåva framfor oss.

Vi har lært korleis vi skal styrta borgarskapet, korleis vi skal kua dei, og vi er byrge av det. Men vi har enno ikkje lært korleis vi skal ordna tilhøva våre med millionane av mellombønder, korleis vi skal vinna tilliten deira, og vi må vedgå det ope. Men vi har skjøna oppgåva, vi har stilt ho, og vi seier i full tiltru, med full kunnskap og fastrådd hug at vi skal greia denne oppgåva — og då vil sosialismen verta absolutt uovervinneleg.

(Langvarig applaus.)

Prenta etter ordrett referat
retta av Lenin.

* *Matvareinnkrevingsgruppene* — organ for fattigbondekomiteane som vart skipa 11. juni 1918 for å sikra mattilførselen på landsbygda.
— *Red.*

BREV TIL ARBEIDARANE I PETROGRAD OM HJELP TIL AUSTFRONTEN

Til arbeidarane i Petrograd

Kameratar. Stoda på austfronten har vorte særst vanskeleg. I dag tok Koltsjak jarnverket i Votkinsk, og Bugulma står i fare. Etter alt å døme kjem Koltsjak til å rykka endå lenger fram.

Faren er alvorleg.

I dag vil rådet av folkekommissærar vedta ei rekkje naudsynte åtgjerder for å gje hjelp til austfronten, og vi aukar agitasjonsarbeidet.

Vi oppmodar arbeidarane i Petrograd om å gjera *alt som står i deira makt for å mobilisera alle krefter* til å hjelpa austfronten.

Der vil soldatarbeidarane skaffa seg mat sjølve, og dei vil kunna senda matvarepakker til familiane sine. Men det som er hovudsaka er at lagnaden til revolusjonen vert avgjort der.

Sigrar vi der, *vil vi få slutt på krigen*, for dei kvite vil ikkje få noko meir hjelp frå utlandet. I sør står vi nær sigeren. Vi kan ikkje dra styrkar vekk frå sør før vi har vunne fullstendig der.

Difor, *hjelp austfronten!*

Både sovjeta av arbeidar- og raudehærrepresentantar og fagforeiningane må setja inn alt dei har for å mobilisera alle krefter og gje all mogleg hjelp til austfronten.

Eg er viss, kameratar, på at arbeidarane i Petrograd vil gå framom som eit døme for heile Russland.

Moskva 10. april 1919

Med kommunistisk helsing
Lenin

Petrogradskaja Pravda
nr. 81 12. april 1919

Prenta i samsvar
med avisteksten

TESAR FRÅ SENTRAL- KOMITEEN I RUSSLANDS KOMMUNISTISKE PARTI (BOLSJEVIKANE) OM STO- DA PÅ AUSTFRONTEN

Sigrane til Koltsjak på austfronten set Sovjetrepublikken i ein svært alvorleg fare. Vi må setja inn det vi eig og har for å knusa Koltsjak.

Sentralkomiteen gjev difor alle partiorganisasjonar instruks om å setja inn innsatsen sin fyrst og fremst om dei fylgjande åtgjerdene, som må utførast av partiorganisasjonane og særskilt av fagforeiningane for å dra inn breiare lag av arbeidarklassen i det aktive forsvaret av landet.

1. Stø på alle måtar den mobiliseringa det vart gjeve ordre om 11. april 1919.

Alle kreftene til partiet og fagforeiningane må straks mobiliserast slik at dei innan dei fyrste dagane, utan den minste utsetjing, kan gje så energisk hjelp som råd til den mobiliseringa rådet av folkekommissærar vedtok 10. april 1919.

Dei som er mobiliserte må straks få sjå den aktive deltakinga til fagforeiningane og kjenna at dei har arbeidarklassen i ryggen.

Særskilt må det gjerast klårt for kvar einaste mobilisert mann at det at han reiser til fronten straks, tyder at det vert lettare for han med mat. For det fyrste av di soldatane i frontsonen i korndistrikta får betre rasjonar, for det andre på grunn av at den maten som vert ført inn i dei sveltande guvernementa vert fordelte på færre personar, for det tredje av di det er organisert i

stort omfang at folk i den raude hæren i frontområda sender matpakker til familiene sine heime.

Sentralkomiteen krev at kvar parti- og fagforeiningsorganisasjon kvar veke skal senda melding — same om ho er stutt — om kva som er gjort for å hjelpa fram mobiliseringa og dei mobiliserte.

2. I områda nær fronten, særleg i Volga-distriktet, må medlemene i fagforeiningane vera væpna til siste mann, og i tilfelle det skulle mangla våpen, må dei alle mobiliserast til å gje all mogleg hjelp til den raude hæren, for å gå inn i staden for dei falne og såra, osb.

Slike byar som Pokrovsk, der fagforeiningane sjølve vedtok å mobilisera 50 prosent av medlemene sine straks, bør tena som eit føredøme for oss. Hovudstaden og dei store industrisentra må ikkje stå attende for Pokrovsk.

Fagforeiningane overalt må nytta sine eigne krefter og middel til å gjennomføra ei kontrollregistrering av medlemene sine, slik at alle som ikkje er heilt ut uunnverlege heime kan sendast for å slåss for landområda ved Volga og Ural.

3. Det må takast særleg god hand om å auka agitasjonsarbeidet, særskilt mellom dei som skal mobiliserast, dei som alt er mobiliserte og menn i den raude hæren. Dei vanlege agitasjonsmetodane — førelesingar, møte osb. — er ikkje nok. Det bør førast ut agitasjon mellom mennene i den raude hæren av arbeidarar, aleine eller i grupper. Slike grupper av vanlege arbeidarar, medlemmer i fagforeiningane, må nemnast opp særskilt for forlegningar, einingar av den raude hæren og fabrikkar. Fagforeiningane må innføra ein kontroll for å sjå til at kvar og ein av medlemene deira tek del i husagitasjonen, utdeling av flygeblad og personlege samtalar.

4. Alle mannlege funksjonærar skal bytast ut med kvinner. Med dette for auga skal det gjennomførast ei ny registrering, både i partiet og fagforeiningane.

Det skal innførast særskilte kort for alle medlemmer i

fagforeiningane og alle funksjonærar. Der skal det først opp korleis dei personleg tek del når det gjeld å hjelpe den raude hæren.

5. *Hjelpekontor* eller *aksjonskomitear*, lokale og sentrale, må opprettast straks gjennom fagforeiningane, fabrikkomiteane, partiorganisasjonane, kooperative selskap osv. Adressene deira må gjerast kjent. Folkesetnaden skal få opplysningar om dei i så stort omfang som det er mogleg. Kvar einaste mann vi meiner bør mobiliserast, kvar mann i den raude hæren og kvar person som har hug til å dra sørover til Don eller Ukraina for å arbeida med matforsyningane, bør vita at det er eit hjelpekontor eller ein aksjonskomite i nærleiken, at det er tilgjengeleg for kvar arbeidar og bonde og at han kan få råd eller rettleiing der, at det vil verta gjort lettare for han å få kontakt med dei ansvarlege i hæren, osv.

Desse kontora vil få til særskilt oppgåve å hjelpe til å *skaffa utstyr til den raude hæren*. Vi kan auka styrken til hæren vår stort dersom vi betrar tilførsel av våpen, klede osv. Og ute mellom folk er det framleis store mengder våpen som har vorte gøymt bort eller ikkje vert nytta til hæren. Det er framleis store lager i fabrikkane av ymse slag varer som hæren treng. Dei må finnast snøgt og sendast over til hæren. Dei hærorganisasjonane som har ansvaret for forsyningane, må straks få brei og effektiv hjelp av folk rundt omkring. Det må nyttast full innsats på denne saka.

6. Fagforeiningane må organisera utstrekt verving av bønder, særleg av bondeungdom i guvernementa med lite jordbruk, til rekkjene i den raude hæren, til å skipa matforsyningsavdelingar og til matforsyningshæren i Don og Ukraina.

Denne verksemda kan og må utvidast til å verta mange gonger så stor som no. Ho hjelper til å stø både dei svoltne innbyggjarane i hovudstadene og guvernementa med lite jordbruk, og til å styrka den raude hæren.

7. Når det gjeld mensjevikaner og dei sosialrevolusjonære, går partilina slik stoda er nett no, ut på å fengsla

dei som gjev hjelp til Koltsjak, anten det no er medvite eller umedvite. I republikken vår av arbeidande menneske vil vi ikkje tola nokon som ikkje hjelper oss i handling i kampen mot Koltsjak. Mellom mensjevikane og dei sosialrevolusjonære finst det folk som er villige til å yta slik hjelp. Desse menneska må oppmuntrast og få praktisk arbeid, i fyrste rekkje med å gje teknisk hjelp til den raude hæren bak fronten, og arbeidet deira må haldast under streng oppsikt.

Sentralkomiteen appellerer til alle partiorganisasjonane og alle fagforeiningane om å setja i gang å arbeida på revolusjonært vis, og ikkje avgrensa seg til dei gamle stivna metodane.

Vi kan slå Koltsjak. Vi kan vinna ein tidleg og endelig siger på grunn av at sigrane våre i sør og den internasjonale stoda — som betrar seg for kvar dag og endrar seg til beste for oss — garanterer at vi kommer til å sigrast til sist.

Vi må setja alle krefter inn, syna revolusjonær energi, og Koltsjak blir snart slått. Volga, Ural og Sibir kan og må forsvarast og vinnast att.

*Sentralkomiteen i Russlands Kommunistiske Parti
(bolsjevikane)*

Skreven 11. april 1919
Prenta i *Pravda* nr. 79
12. april 1919

Prenta i samsvar
med manuskriptet

DEN TREDJE INTERNASJONALEN OG PLASSEN HANS I HISTORIA

Imperialistane i ententelanda blokkerer Russland i ein freistnad på å stenga av Sovjetrepublikken, som ei smittekjelde, frå den kapitalistiske verda. Desse folka, som skryter av dei «demokratiske» institusjonane sine, er så forblinda av hat til Sovjetrepublikken at dei ikkje ser korleis dei gjer seg til lått. Tenk berre, dei framskridne, mest siviliserte og «demokratiske» landa som er væpna til tennene og har full militær styring over heile verda, er dødeleg redde den *ideologiske* smitten frå eit øydelagt, sveltande, tilbakeliggjande og jamvel, etter det dei hevdar, halvvilt land!

Denne motseiinga greier aleine å opna augo til dei arbeidande massane i alle land og hjelpa til å avsløra hykleriet til imperialistane Clemenceau, Lloyd George, Wilson og regjeringane deira.

Men vi får ikkje berre hjelp av det blinde hatet kapitalistane kjenner mot sovjeta, men og av den innbyrdes småkranglinga deira som får dei til å stikka kjeppar i hjula for kvarandre. Dei har gått inn i ei retteleg samsverjing av togn, for dei er livande redde for at det vert spreidd sanne opplysningar om Sovjetrepublikken allment, og særskilt om dei offisielle dokumenta hans. Like fullt har *Le Temps*, hovudorganet til det franske borgarskapet, offentleggjort ei melding om grunnlegginga av den tredje, kommunistiske Internasjonale i Moskva.

For dette vil vi få uttrykkja vår djupaste takk til ho-

vudorganet til det franske borgarskapet, til denne leiareren for fransk sjåvinisme og imperialismen. Vi er budde på å senda *Le temps* eit vakkert takkekort som teikn på at vi set pris på den effektive og dyktige hjelpa dei gjev oss.

Den måten *Le Temps* set saman meldinga si på utifrå telegramma våre, avslører klårt og fullt kva motiv som låg bak for dette organet til pengesekkane. Dei ynskte å gje Wilson eit sidespark, liksom for å seia: «Sjå kva slags folk du forhandlar med!» Dei klokingane som skriv etter ordre frå pengesekkane, ser ikkje at freistnadene deira på å skremma Wilson med bolsjevik-busemannen, vort til reklame for bolsjevikane i augo til det arbeidande folket. Enno ein gong — vår djupaste takk til organet til dei franske millionærane!

Den tredje internasjonale er grunnlagt i ein verdssituasjon som ikkje gjev rom for forbod, smålege og stakkarslege rådgjerdar frå imperialistane i ententen eller frå kapitalistlakeiar som Scheidemann i Tyskland og Renner i Austerrike, for å hindra at nyhende om denne Internasjonale og sympati for han spreier seg i arbeidarklassen i verda. Det som har ført til denne situasjonen er veksten i den proletariske revolusjonen, som utviklar seg klårt og tydeleg overalt i rykk og sprang. Det er *sovjet*rørsla mellom det arbeidande folket, som alt har nådd slik styrke at ho har vorte verkeleg *internasjonal*.

Den fyrste internasjonale (1864—72) la grunnlaget for ein internasjonal organisasjon av arbeidarane for å førebu det revolusjonære åttaket deira på kapitalen. Den andre internasjonale (1889—1914) var ein internasjonal organisasjon av den proletariske rørsla som voks i *breidda*, på kostnad av ei mellombels senking av det revolusjonære nivået, ei mellombels styrking av opportunismen, noko som til sist førte med seg at denne Internasjonale braut skammeleg saman.

Den tredje internasjonale oppstod i røynda i 1918, då dei lange åra med kamp mot opportunismen og sosi-

alsjåvinismen, særskilt under krigen, førte til at det vart skipa kommunistparti i ei rekkje land. Offisielt vart Den tredje internasjonale skipa på den fyrste kongressen sin i mars 1919 i Moskva. Og det fremste særdraget til denne Internasjonen er oppgåva hans med å fullføra, å setja ut i livet, det som marxismen byd og gjera til røyndom dei eldgamle ideala til sosialismen og arbeidarrørsla. Dette fremste særdraget til Den tredje internasjonen har straks kome til uttrykk gjennom at det nye, tredje «internasjonale sambandet av arbeidsmenn» *alt har teke til å utvikla seg* til ein viss grad til ein *union av sosialistiske sovjetrepublikkar*.

Den fyrste internasjonen la grunnlaget for den proletariske, internasjonale kampen for sosialismen.

Den andre internasjonen markerte ein periode då grunnen var lagt for ei brei massespreiing av rørsla i ei rekkje land.

Den tredje internasjonen har hausta fruktene av arbeidet til Den andre internasjonen, forkasta det opportunistiske, sosialsjåvinistiske, borgarlege og småborgarlege slagget frå han, og *har teke til å iverksetja* proletariatets diktatur.

Den internasjonale alliansen av dei partia som leier den mest revolusjonære rørsla i verda, rørsla til proletariatet for å kasta av åket til kapitalen, kviler no på eit så fast grunnlag som aldri før, i form av fleire *sovjetrepublikkar*. Dei set proletariatets diktatur ut i livet og gjer sigeren over kapitalismen i internasjonal målestokk til noko handfast.

Det epokegjerande viktige med den tredje kommunistiske Internasjonen ligg i at han har teke til å gjera hovudslagordet til Marx til røyndom, det slagordet som summerer opp den hundreårgamle utviklinga av sosialismen og arbeidarrørsla, det slagordet som vert uttrykt gjennom omgrepet proletariatets diktatur.

Dette framsynet og denne teorien — framsynet og teorien til eit geni — vert no til røyndom.

Dei latinske orda har no vorte omsett til språka til al-

le folka i dagens Europa — og endå meir, til alle språka i verda.

Ein ny tidbolc i verdshistoria har teke til.

Menneskeslekta kastar av seg den siste forma for slaveri: Kapitalistisk slaveri eller lønsslaveri.

Med at mennesket gjer seg fri frå slaveri, går det for fyrste gong fram mot verkeleg fridom.

Korleis har det seg at eit av dei mest tilbakeliggjande landa i Europa var det fyrste landet som oppretta proletariatets diktatur og organiserte ein sovjetrepublikk? Vi tek knapt feil om vi seier at det er denne motseiinga mellom kor tilbakeliggjande Russland er og det «spranget» det har gjort over det borgarlege demokratiet til den høgste forma for demokrati, til sovjetdemokrati eller proletarisk demokrati — det er denne motseiinga som har vore ein av grunnane (sett bort ifrå dødvekta av opportunistiske vanar og spissborgarlege fordomar som tyngja ned fleirtalet av dei sosialistiske leiarane) til at folk i vest har hatt særleg vanskeleg med, eller har vore seine til å forstå, rolla til sovjeta.

Det arbeidande folket over heile verda har instinktivt gripe kva sovjeta tyder som reiskap i den proletariske kampen og som ei form for den proletariske staten. Men «leiarane» som er korrumperte av opportunisme, held framleis fram med å dyrka det borgarlege demokratiet, som dei kallar «demokrati» allment sett.

Er det overraskande at opprettinga av proletariatets diktatur fyrst og fremst har sett lyset på «motseiinga» mellom det at Russland er tilbakeliggjande og det at Russland har teke «spranget» *over* det borgarlege demokratiet? Det ville ha vore overraskande om historia hadde late oss oppretta ei *ny* form for demokrati *utan* ei rekkje motseiingar.

Dersom einkvan marxist eller einkvan person i det heile som har allmenn kunnskap om moderne vitskap, vart spurt om det er truleg at dei ulike kapitalistiske landa ville gå over til proletariatets diktatur på same måten eller på måtar som samsvara harmonisk til kvarandre,

ville han utan tvil ha svara nei. Det har aldri vore og kunne aldri verta noka jamn, harmonisk, eller samsvarande utvikling i den kapitalistiske verda. Kvart land har utvikla sterkare fyrst ei, så ei anna side eller eit anna særdrag eller ei gruppe særdrag ved kapitalismen og ved arbeidarrørsla. Utviklingsprosessen har vore ujamn.

Då Frankrike gjennomførde den store borgarlege revolusjonen sin og vekte heile det europeiske kontinentet til eit historisk nytt liv, synte det seg at Storbritannia stilte seg i brodden for den kontrarevolusjonære koalisjonen, trass i at dette landet samstundes var mykje meir kapitalistisk utvikla enn Frankrike. Likevel føregreip den britiske arbeidarrørsla på den tida på strålande vis mykje av det som var innhaldet i den framtidige marxismen.

Då Storbritannia gav verda chartismen*, den fyrste breie, politisk organiserte proletariske revolusjonære rørsla av verkeleg masseomfang, gjekk det føre seg borgarlege revolusjonar på det europeiske kontinentet. Dei fleste av dei var svake. Og i Frankrike hadde den fyrste store borgarkrigen mellom proletariatet og borgarskapet brote ut. Borgarskapet slo dei ymse nasjonale avdelingane av proletariatet ei for ei, på ulike måtar i ulike land.

Storbritannia var føredømet på eit land der borgarskapet, slik Engels uttrykte det, ved sida av eit borgarleg aristokrati hadde skapt eit svært borgarleg øvre sjikt av proletariatet.** I mange tiår låg dette framskridne kapitalistiske landet i bakleksa i den revolusjonære kampen til proletariatet. Det såg ut for at Frankrike hadde tømt ut styrken til proletariatet i to heroiske

* *Chartismen* — stor masserørsle av engelske arbeidarar i 1830- og 40-åra som sette opp demokratiske krav om kortare arbeidstid og røysterett. — *Red.*

** Sjå Engels, brev til Marx 7. okt. 1885 i Marx/Engels *Verk*, b. 29, 1973, s. 358. — *Red.*

arbeidaroppstandar i 1848 og 1871 mot borgarskapet, som gav monalege tilskot til utviklinga av verdshistoria. Leiinga i internasjonale til arbeidarrørsla gjekk så over til Tyskland. Det var i syttiåra i det nittande hundreåret, då Tyskland låg økonomisk etter Storbritannia og Frankrike. Men ved det andre tiåret i det tjugande hundreåret hadde Tyskland gått forbi desse to landa økonomisk. Då stod det marxistiske arbeidarpartiet i Tyskland, dette føredømet for heile verda, under leiinga til ei handfull gjennomførte slynglar, overlag skitne kjeltringar — frå Scheidemann og Noske til David og Legien — avskyelege bødlar frå rekkjene til arbeidarene som hadde selt seg til kapitalistane, som stod i tene- sta til monarkiet og det kontrarevolusjonære borgarskapet.

Verdshistoria fører urokkeleg fram mot proletariats diktatur, men det gjer ho langs vegar som er alt anna enn jamne, enkle og rette.

Då Karl Kautsky enno var marxist og ikkje den renegaten frå marxismen som han vart då han tok til å gå inn for einskap med folk som Scheidemann og å stø det borgarlege demokratiet mot det sovjetiske eller proletariske demokratiet, skreiv han ein artikkel med tittelen «Slavarane og revolusjonen». Dette var kring hundreårsskiftet. I denne artikkelen fylgde han dei historiske vilkåra som peika mot at det var mogleg leiarskapen i den revolusjonære rørsla i verda gjekk over til slavarane.

Og slik har det gått. Leiinga i den revolusjonære proletariske internasjonale har for ei tid — for ei kort tid, det seier seg sjølv — gått over til russarane, på same måten som ho til ymse tider i det nittande hundreåret låg i hendene på britane, så franskmennene, så tyskarane.

Eg har meir enn ein gong hatt høve til å seia at det var enklare for russarane enn for dei framskridne landa å *byrja* den store proletariske revolusjonen, men at det vil verta vanskelegare for dei å *halda fram* med han og fø-

ra han til endeleg siger, i den tydinga at det vert organisert eit sosialistisk samfunn fullt ut.

Det var enklare for oss å byrja, for det fyrste av di tsarmonarkiet var så uvanleg tilbakeliggjande politisk til å vera Europa i tjugande hundreåret, og det gav det revolusjonære stormlaupet til massane uvanleg styrke. For det andre gjorde det at Russland var så tilbakeliggjande at den proletariske revolusjonen mot borgarskapet smelta saman med bonderevolusjonen mot godseigarane på ein særmerkt måte. Det var dette som var utgangspunktet vårt i oktober 1917, og vi ville ikkje ha sigra så lett utan dette. Så langt attende som i 1856 tala Marx i samband med Preussen om at det var mogleg med ein særmerkt kombinasjon av proletarisk revolusjon og bondekrig.* Frå fyrst i 1905 gjekk bolsjevikane inn for tanken om eit revolusjonært-demokratisk diktatur av proletariatet og bøndene. For det tredje gjorde revolusjonen i 1905 overlag mykje for den politiske utdanninga til arbeidar- og bondemassane. Han gjorde fortroppen deira fortruleg med «nyaste nytt» av sosialismen i vest, og drog massane med i revolusjonær handling. Utan ein slik «generalprøve» som den vi hadde i 1905, ville revolusjonane i 1917 — både den borgarlege februarrevolusjonen og den proletariske Oktoberrevolusjonen — ha vore umoglege. For det fjerde gjorde dei geografiske vilkåra i Russland det mogleg for landet å halda ut lenger enn andre land kunne ha gjort mot den overlegne militære styrken til dei kapitalistiske, framskridne landa. For det femte gjorde den særskilte haldninga proletariatet hadde til bøndene overgangen frå den borgarlege revolusjonen til den sosialistiske revolusjonen enklare. Ho gjorde det lettare for byproletariatet å verka inn på dei halvproletariske, fattigare sjikta av det arbeidande folket på landsbygda. For det sjette gjorde lang skoloring i streikeaksjonar og

* Sjå Marx, brev til Engels 16. april 1856, Marx/Engels *Verk*, b.29, 1973, s. 47. — *Red.*

røynslene til den europeiske masserørsla til arbeidar-klassen det lettare at det i ein revolusjonær situasjon som gjekk djupt og skjerpa seg snøgt, voks fram ei slik eineståande form for proletariske revolusjonære organisasjonar som *sovjeta*.

Denne lista er sjølv sagt ikkje fullstendig, men ho greier seg nett no.

Eit sovjetdemokrati, eller proletarisk demokrati, vart fødd i Russland. Pariskommunen var det fyrste steget, no var det teke eit andre epokegjerande steg. Sovjetrepublikken av proletarar og bønder har synt seg å vera den fyrste stabile sosialistiske republikken i verda. Som *ei ny statsform* kan han ikkje døy. Han står ikkje lenger aleine.

For å halda fram og fullføra arbeidet med å byggja sosialismen krevst det enno mykje, svært mykje. Sovjetrepublikkar i meir utvikla land, der proletariatet har større vekt og innverknad, har alle sjansar til å gå forbi Russland så snart dei har slege inn på vegen til proletariatets diktatur.

Den bankerotte andre Internasjonalen held no på å døy, og rotnar levande opp. I røynda spelar han rolla som lakei for verdsborgarskapet. Han er ein sann gul internasjonal. Dei fremste ideologiske leiarane hans, slike som Kautsky, hyllar det *borgarlege* demokratiet og kallar det «demokrati» allment sett, eller — noko som er endå dummare og endå grovare — «reint demokrati».

Det borgarlege demokratiet har overlevd seg sjølv, på same måten som Den andre internasjonalen. Og det sjølv om Internasjonalen utførte historisk naudsynt og nyttig arbeid då oppgåva i tida var å øva opp massane i arbeidarklassen innan ramene til dette borgarlege demokratiet.

Ingen borgarleg republikk, same kor demokratisk han var, var nokon gong eller kunne ha vore noko anna enn ein maskin som kapitalen undertrykkjer det arbeidande folket med, ein reiskap for borgarskapets dikta-

tur, det politiske herredømet til kapitalen. Den demokratiske borgarlege republikken lova og proklamerte fleirtalsstyre, men det kunne aldri gjera dette til røyndom så lenge som det fanst privat eigedomsrett til jorda og andre produksjonsmiddel.

«Fridom» i den borgarleg-demokratiske republikken var i røynda fridom *for dei rike*. Proletarane og dei arbeidande bøndene kunne og skulle ha utnytta han til å førebu styrkane sine på å styrta kapitalen, på å vinna over det borgarlege demokratiet, men i *røynda* var dei arbeidande massane i regelen ute av stand til å dra nytte av demokratiet under kapitalismen.

Sovjetdemokratiet, eller det proletariske demokratiet, har for fyrste gong i verda skapt *demokrati* for massane, for det arbeidande folket, for fabrikkarbeidarane og småbøndene.

Enno har verda aldri sett at *fleirtalet* av folkesetnaden har hatt den politiske makta, at dette fleirtalet *verkeleg* har hatt makta slik det er under sovjetstyret.

Det undertrykkjer «fridomen» til utbyttarane og dei ra medskuldige. Det tek frå dei «fridomen» til å utbytta, «fridomen» til å gjø seg opp på svoltten, «fridomen» til å kjempa for å gjenoppretta herredømet til kapitalen, «fridomen» til å gå i lag med det utanlandske borgarskapet mot arbeidarane og bøndene i deira eige land.

Lat folk som Kautsky gjera seg til talsmenn for slik fridom. Berre ein renegat frå marxismen, ein renegat frå sosialismen, kan gjera det.

Ingen stad kjem fallitten til dei ideologiske leiarane for Den andre internasjonale, folk som Hilferding og Kautsky, så slåande klårt til uttrykk som i det at dei ikkje i det heile kan forstå kva som ligg i sovjetdemokratiet, eller det proletariske demokratiet, kva tilhøve det står i til Pariskommunen, kva plass det har i historia, korleis det er naudsynt som ei form for proletariatets diktatur.

Avisa *Die Freiheit*, som er organ for det «uavhengi-

ge» (alias mellomklasse, spissborgar, småborgar) tyske sosialdemokratiske partiet, offentliggjorde i nr. 74 for 11. februar 1919 eit opprop «Til det revolusjonære proletariatet i Tyskland».

Dette oppropet er underteikna av partileiinga og alle medlemene deira i nasjonalforsamlinga, den tyske varianten av vår grunnlovgjevande forsamling.

Dette oppropet skuldar Scheidemann & Co. for at dei vil avskaffa *arbeidarråda*, og dei gjer framlegg — ikkje le! — om at råda skal *slåast saman* med forsamlinga, at råda skal få visse politiske rettar, ei viss stilling i forfatninga.

Å semja, å semeina borgarskapets diktatur og proletariatets diktatur! Noko så enkelt! For ein strålende spissborgaride!

Det einaste som er synd er at dette vart prøva i Russland under Kerenski av dei sameinte mensjevikane og sosialrevolusjonære, desse småborgarlege demokratane som innbillar seg at dei er sosialistar.

Den som har lese Marx og ikkje har forstått at i det kapitalistiske samfunnet, ved kvart einaste tilkvesst tidspunkt, i kvar einaste alvorleg klassekonflikt, er alternativet anten borgarskapets diktatur eller proletariatets diktatur — han har ikkje skjøna noko korkje av dei økonomiske eller politiske læresetningane til Marx.

Men dei strålende spissborgarideane til Hilferding, Kautsky & Co om å kombinera borgarskapets diktatur med proletariatets diktatur på fredeleg vis, krev særskilt undersøking, dersom den økonomiske og politiske meiningsløysa som dette særskilde merkverdige og komiske oppropet fra 11. februar er fullt av, skal handsamast utfyllande. Det må utsettast til ein annan artikkel.*

Moskva 15. april 1919

Prenta i mai 1919

Prenta i samsvar
med manuskriptet

* Sjå Lenin, «Heltane i Bern-internasjonalen» (1919) i *Samla verk* eng. utg., b. 29, s.392—402. — *Red.*

HELSING TIL DEI UNGARSKE ARBEIDARANE

Kameratar. Dei nyhenda vi har fått frå dei ungarske sovjetleiarane fyller oss med entusiasme og glede. Det har ikkje vore sovjetstyre i Ungarn i meir enn noko over to månader, men når det gjeld organisering ser det like vel ut for at det ungarske proletariatet alt har overgått oss. Det er forståeleg, for i Ungarn er det allmenne kulturelle nivået i folkesetnaden høgare. Vidare er det umåteleg mange fleire industriarbeidarar i høve til folketallet (i Budapest finst tre millionar av dei åtte millionane som i dag bur i Ungarn). Til sist har overgangen til sovjetsystemet, til proletariatets diktatur, vore umåteleg mykje lettare og fredelegare i Ungarn.

Dette siste omstendet er særskilt viktig. Fleirtalet av dei europeiske sosialistleiarane, både innanfor det sosialsjåvinistiske og det kautskyanske straumdraget, har i så stor mon vorte bytte for reint spissborgarlege fordomar som har vorte fostra gjennom tiår med etter måten «fredeleg» kapitalisme og det borgarleg-parlamentariske systemet, at dei er ute av stand til å forstå kva sovjetmakt og proletariatets diktatur tyder. Proletariatet kan ikkje utføra den epokegjerande frigjeringsoppgåva si utan at det fjernar desse leiarane frå vegen sin, utan at det sopar dei ut av vegen sin. Desse folka trudde, eller trudde halvveges, på dei borgarlege lygnene om sovjetmakta i Russland. Dei var ute av stand til å skilja naturen til det nye, proletariske demokratiet — demokrati for det arbeidande folket, sosialistisk demokrati, slik det vert lekamleggjort i sovjetstyret — frå det bor-

garlege demokratiet, som dei dyrkar slavisk og kallar «reint demokrati» eller «demokrati» allment sett.

Desse blinde folka som er bundne fast av borgarlege fordomar, greidde ikkje skjøna den epokegjerande forandringa frå borgarleg til proletarisk demokrati, frå borgarleg til proletarisk diktatur. Dei blanda saman visse særdrag ved det russiske sovjetstyret, ved den utviklingshistoria det har hatt i Russland, med sovjetstyret som eit internasjonalt fenomen.

Den ungarske proletariske revolusjonen hjelper jamvel dei blinde til å sjå. Forma for overgangen til proletariatets diktatur i Ungarn er fullstendig ulike den i Russland. Den borgarlege regjeringa drog seg frivillig attende, einskapen i arbeidarklassen vart straks gjenoppretta, og det var ein sosialistisk einskap *på eit kommunis-tisk program*. Naturen til sovjetmakta er no endå klårare: Den einaste forma for herredøme som no er mogleg nokon stad i verda og som vert stødd av det arbeidande folket og av proletariatet i leiinga for dei, er sovjetstyret, proletariatets diktatur.

Dette diktaturet føreset at det nådelauust strengt, snøgt og fullrådd vert nytta makt for å knusa motstanden til utbytтарane, kapitalistane, godseigarane og deira undermenn. Den som ikkje forstår dette, er ingen revolusjonær, og må fjernast frå stillinga som leiar eller rådgjevar for proletariatet.

Men kjernen i det proletariske diktaturet ligg ikkje i makta aleine, eller eingong i hovudsak i makta. Viktigaste særdraget ved det er organisasjonen og disiplinen til den framskridne avdelinga til det arbeidande folket, til fortroppen deira, til den einaste leiaren deira, proletariatet. Proletariatet har til mål å byggja sosialismen, avskaffa oppdelinga av samfunnet i klassar, gjera alle medlemene av samfunnet til arbeidande menneske og fjerna grunnlaget for at eitt menneske kan utbytta eit anna. Dette målet kan ein ikkje nå med eitt slag. Det krevst ein heller lang overgangsperiode frå kapitalismen til sosialismen, av di omorganiseringa av produksjonen

er ei vanskeleg sak, av di det krev tid å få til radikale forandringar på alle livsområde, og av di den veldige krafta i vanen med å ordna sakene på ein småborgarleg og borgarleg måte berre kan overvinnast gjennom ein lang og hardnakka strid. Dette er grunnen til at Marx tala om ein heil periode med proletariatets diktatur som overgangsperioden frå kapitalismen til sosialismen.*

Gjennom heile denne overgangsperioden vil det verta gjort motstand mot revolusjonen både frå kapitalistane og dei talrike leigesveinane deira mellom dei borgarlege intellektuelle, som vil gjera medvite motstand, og frå dei veldige massane av det arbeidande folket, medrekna bøndene, som er svært bundne av småborgarlege vanar og tradisjonar, og som reint for ofte vil gjera motstand umedvite. Det er uunngåeleg at desse gruppene kjem til å vakla. Som eit arbeidande menneske vert bonden dregen mot sosialismen, og han vil heller ha diktaturet til arbeidarane enn diktaturet til borgarskapet. Som ein som sel korn, vert bonden dregen mot borgarskapet, mot fri handel, dvs. attende til den «tilvande», gamle, «heiderskronte» kapitalismen.

Det som trengst for å setja proletariatet i stand til å *leia* bøndene og dei småborgarlege gruppene allment, er proletariatets diktatur. Det er naudsynt med herredømet til ein klasse, styrken hans når det gjeld organisasjon og disiplin, den sentraliserte makta hans på grunnlag av alt det kapitalismen har nådd fram til i kultur, vitskap og teknologi. Det er naudsynt med den proletariske slektskapen med mentaliteten til kvart einaste arbeidande menneske, den vyrnaden denne klassen møter mellom dei åtskilde, mindre utvikla arbeidande menneska på landsbygda eller i småindustrien, som ikkje er så politisk støe. Her er frasemakeri om «demokrati» allment, om «einskap» eller «einskapen i demo-

* Sjå Marx, *Kritikk av Gotha-programmet*, Forlaget Oktober 1977, s. 26. — *Red.*

kratiet til arbeidarane», om «likskapen» mellom alle «arbeidets menn», og så vidare og så frametter til inga nytte i det heile. Dette er eit frasemakeri som dei som no er småborgarlege sosialsjåvinistar og kautskyanarar har slik ein godhug for. Frasemakeri forvillar berre, det gjer hugen blind og styrkjer den gamle dumskapen, konservatismen og vanegjengeriet til kapitalismen, det parlamentariske systemet og det borgarlege demokratiet.

Å avskaffa klassane krev ein lang, vanskeleg og stri *klassekamp*, som *etter* at det kapitalistiske herredømet er styrta, *etter* at den borgarlege staten er øydelagd, *etter* at proletariatets diktatur er oppretta, *ikkje kjem bort* (slik vulgærrepresentantane for den gamle sosialismen og det gamle sosialdemokratiet innbillar seg), men berre skiftar former og på mange måtar vert villare.

Med hjelp av klassekampen mot motstanden til borgarskapet, mot konservatismen, vanegjengeriet, råd-løysa og vaklinga til småborgarskapet, må proletariatet halda oppe makta si. Det må styrkja den organisatoriske innverknaden sin, «nøytralisera» dei gruppene som er redde for å forlata borgarskapet og som fylgjer proletariatet for nølande. Dei må grunnfesta den nye disiplinen, den kameratslege disiplinen til det arbeidande folket, dei faste banda deira til proletariatet, einskapen deira med proletariatet. Denne nye disiplinen er det nye grunnlaget for sosiale band i staden for disiplinen til dei liveigne i mellomalderen og disiplinen til svolten, disiplinen til det «frie» lønsslaveriet under kapitalismen.

For å avskaffa klassane trengst det ein periode med diktaturet til ein klasse, diktaturet til nett den undertrykte klassen som er i stand til ikkje berre å styrta utbytтарane, ikkje berre til å knusa motstanden deira nådelaust, men òg til å bryta ideologisk med heile den borgarleg-demokratiske måten å sjå tinga på, med alt det spissborgarlege frasemakeriet om fridom og likskap allment sett (i røynda inneber dette frasemakeriet, slik Marx syntet det for lenge sidan, «fridom og likskap» for

dei som eig varene, «fridom og likskap» for kapitalisten og arbeidaren).

Vidare kan klassane berre avskaffast gjennom diktaturet til den undertrykte klassen som er vorten skolert, samla, øvt opp og stålsett gjennom tiårs streik og politisk kamp mot kapitalen. Berre denne klassen har teke opp i seg heile den industrielle, storkapitalistiske bykulturen og har fastleik og evne til å verna han og ta vare på og utvikla vidare alt han har nådd fram til og gjera det tilgjengeleg for alt folket, for heile det arbeidande folket. Berre denne klassen vil vera i stand til å bera alle påkjenningane, børene, saknaden og store ofra som historia uunngåeleg legg på dei som bryt med fortida og djervt ryddar seg veg mot ei ny framtid. Berre i denne klassen er dei finaste medlemene fulle av hat og forakt mot alt som er småborgarleg og spissborgarleg, mot dei eigenskapene som blømer så rikeleg mellom småborgarskapet, småfunksjonærane og dei «intellektuelle». Berre denne klassen har «gått igjennom den herdande skulen til arbeidet» og er i stand til å få kvart arbeidande menneske og kvar ærleg mann til å kjenna respekt for effektiviteten sin.

Ungarske arbeidarar! Kameratar! De har gjeve verda eit endå betre føredøme enn Sovjet-Russland gjennom evna dykkar til å samla alle sosialistar med eitt slag om plattformen til det ekte proletariske diktaturet. De står no framfor den særst ærerike og særst vanskelege oppgåva å halda stillinga dykkar i ein hard krig mot Ententen. Stå fast. Dersom det skulle koma til syne vakling mellom dei sosialistane som stødde dykk, stødde proletariatets diktatur i går, eller mellom småborgarskapet; undertrykk det nådelaust. I krig er kula lovleg lagnad for den feige.

De fører den einaste lovlege, rettvise og sant revolusjonære krigen, ein krig av dei undertrykte mot undertrykkjarane, ein krig av det arbeidande folket mot utbytтарane, ein krig for at sosialismen skal sigra. Alle ærlege medlemmer av arbeidarklassen i heile verda står

på dykkar side. Kvar månad som går fører den proleta-
riske verdsrevolusjonen nærare.

Stå fast! Sigeren vert dykkar!

27. mai 1919

Lenin

Pravda nr. 115

29. mai 1919

Prenta i samsvar med
manuskriptet

AKTA DYKK FOR SPIONAR!

Død over spionane!

Frammarsjen til kvitegardistane mot Petrograd har gjort det fullstendig klårt at nær frontlina har dei kvite i kvar einaste stor by ein vidfemnande organisasjon som driv spionasje, undergraving, sprengjer bruer, stellar til oppstandar bak fronten og myrdar kommunistar og framståande medlemer av arbeidarorganisasjonane.

Kvar mann må vera på vakt.

Overalt må vi passa dobbelt så godt på. Vi må òg arbeida ut og gjennomføra ei rekkje åtgjerder så strengt som råd, for å spora opp og fanga spionar og samansvorne kvitegardistar.

Jarnbanemenn og politiske arbeidarar i alle militæreiningar må særskilt, utan unntak, dubla tryggingsåtgjerdene.

Alle klassemedvitne arbeidarar og bønder må reisa seg for å forsvara sovjetmakta, og må kjempa mot spionane og dei kvitegardistiske svikarane. Lat kvar einaste mann vera på vakt og i fast kontakt, som må organiserast på militært vis, med komiteane til partiet, med den ekstraordinære kommisjonen* og med dei mest pålitande og røynde kameratane mellom sovjettenestemennene.

* *Den ekstraordinære kommisjonen* — Tsjeikaen, det hemmelege politiet. — Red.

V. Uljanov (Lenin)

Formann i rådet for arbeidar- og bondeforsvaret.

F. Dsjersjinski

Folkekommissær for innanrikssaker

Pravda nr. 116

31. mai 1919

Prenta i samsvar med

Pravda-teksten

EIN STOR OPPTAKT

HELTEMOTET TIL ARBEIDARANE BAK FRONTEN, «KOMMUNISTISKE SUBBOTNIKAR»*

Pressa gjev melding om mange døme på heltemotet til mennene i den raude hæren. I kampen mot Koltsjak, Denikin og andre av styrkane til godseigarane og kapitalistane viser arbeidarane og bøndene svært ofte mirakel av mot og evne til å halda ut, når dei forsvorar det den sosialistiske revolusjonen har vunne. Vi held på å vinna over geriljahaldninga, trøytteleiken og mangelen på disiplin. Det er ein sein og vanskeleg prosess, men han gjer framgang trass i alt. Heltemotet til det arbeidande folket som gjev frivillige offer for at sosialismen skal sigra — dette er grunnlaget for den nye, kameratslege disiplinen i den raude hæren, det grunnlaget som denne hæren byggjer seg opp att på, vinn styrke frå og veks ut ifrå.

Det er ikkje mindre grunn til å vera merksam på heltemotet til arbeidarane bak fronten. I denne samanhengen får dei *kommunistiske subbotnikane* som arbeidarane organiserer på eige initiativ, verkeleg overlag mykje å seia. Tydelegvis er dette berre ein opptakt, men det er ein opptakt som er uvanleg viktig. Det er opptakten til ein revolusjon som er vanskelegare, meir handfast, meir radikal og meir avgjerande enn den å styrta borgarskapet. Det er ein siger over vår eigen konservatisme, disiplinmangel, småborgarlege egoisme, ein siger over dei vanane som den forbanna kapitalismen har la-

* *Subbotnik* — av russ. *subbota* = laurdag, «laurdagsarbeid», frivillig arbeid. — *Red.*

te etter seg som ein arv til arbeidarane og bøndene. Fyrst når *denne* sigeren er grunnfesta, vil den nye sosiale disiplinen, den sosialistiske disiplinen vera skapt. Då, og fyrst då, vil ei tilbakevending til kapitalismen verta umogleg, og kommunismen verkeleg uovervinneleg.

17. mars offentleggjorde *Pravda* ein artikkel av A. J. med tittelen: «Arbeid på revolusjonært vis. *Ein kommunistisk laurdag*». Denne artikkelen er så viktig at vi gjev han att her i heilskap.

«ARBEID PÅ REVOLUSJONÆRT VIS EIN KOMMUNISTISK LAURDAG»

Brevet frå sentralkomiteen i Russlands Kommunistiske Parti om å arbeida på *revolusjonært vis*, var ein mektig stimulans for kommunistiske organisasjonar og for kommunistar. Den allmenne bylgja av entusiasme førte mange kommunistiske jarnbanearbeidarar til fronten, men fleirtalet av dei kunne ikkje forlata dei postane dei hadde ansvaret for eller finna nye former for å arbeida på ein revolusjonær måte. Meldingar frå lokalt hald om kor tregt mobiliseringsarbeidet vart utført, og om kor utbreidd det var med byråkratisk sommel, tvinga Moskva-Kazan Jarnbanedistrikt til å ta for seg korleis jarnbanen fungerte. Det synte seg at som fylgje av mangel på arbeidskraft og låg produktivitet på arbeidet, vart presserande oppdrag og reparasjonar på lokomotiv forsinka. På eit allmøte for kommunistar og sympatisørar i Moskva-Kazan Jarnbanedistrikt den 7. mai vart spørsmålet reist om å gå over frå ord til handling når det galdt å hjelpa til å vinna siger over Koltsjak. Denne resolusjonen vart lagt fram:

«I lys av den alvorlege stoda innanlands og utanlands må kommunistar og sympatisørar endå ein gong ta eit lyft for å få overtaket over klassefienden. Dei må ta ein ekstra time frå kviletida si, dvs. forlengja arbeidsdagen med ein time. Dei må samla opp desse ekstra timane og gjera seks timars ekstra manuelt arbeid på laurdagar for å skapa røynlege verdiar som straks kjem til nytte. Sidan kommunistar ikkje må spara liv og helse for at revolusjonen skal vinna fram, bør dette arbeidet utførast utan betaling. *Kommunistiske laurdagar* skal innførast over heile distriktet, og skal halda fram heilt til vi har vunne full siger over Koltsjak.»

Etter ein del att og fram vart resolusjonen vedteken samrøystes.

Laurdag 10. mai kl. 18 møtte kommunistar og sympatisørar opp for å arbeida liksom soldatar. Dei skipa rekkjer, og utan mas og styr tok formennene dei med til dei ymse oppgåvene.

Resultata av arbeida *på revolusjonært vis er klåre*. Tabellen som ligg ved syner kvar det vart arbeidd og kva slag oppgåver som vart utført.

Arbeidsstad	Kva slags arbeid	Kor mange tilsette	Arbeidstimar		Utført arbeid
			pr. mann	samla	
Moskva, hovudverkstaden for lokomotiv	Lasta materiale til lina, utstyr for å reparera lokomotiv og vogndelar til Perovo, Muron, Alaty og Sysran	48	5	240	Lasta 7500 pud lossa 1800 pud
		21	3	63	
		5	4	20	
Moskva, passasjertogdepot	Kompliserte løpande reparasjonar av lokomotiv	26	5	130	Reparasjonar utført på 1 ½ lokomotiv
Moskva skiftestasjon	Løpande reparasjonar av lokomotiv	24	6	144	2 lokomotiv fullførte og delar som skal reparerast demonterte på 4
Moskva, vognavdelinga	Løpande reparasjonar på passasjer-vogner	12	6	72	2 tredjeklasses vogner
Perovo, hovudverkstaden for vogner	Vognreparasjonar og mindre reparasjonar laurdag og sundag	46	5	230	12 overdekte og 2 opne godsvogner
		23	5	115	
	<i>Samla</i>	205		1014	4 lokomotiv og 16 vogner ferdige, og 9300 pud lossa og lasta

Totalverdien på det utførte arbeidet er etter vanlege lønssatsar 5 millionar rublar, etter overtidssatsar vil han vera 50 prosent høgare.

Arbeidsproduktiviteten når vognene vart lasta var 270 prosent høgare enn produktiviteten til vanlege arbeidarar. Arbeidsproduktiviteten i andre arbeidsoppgåver var om lag den same.

Det vart utført (presserande) arbeid som hadde vorte forsinka i frå mellom sju dagar til tre månader som fylgje av mangelen på arbeidskraft og byråkratisk sommel.

Arbeidet vart utført trass i at utstyret var i uorden (lett å retta på). Som fylgje av det vart visse grupper mellom 30 og 40 minutt forsinka.

Den administrasjonen som hadde ansvaret for arbeidet, kunne knappast halda unna for mennene med å finna nye oppgåver til dei, og kanhende var det inga stor overdriving når ein gamal formann sa at det var gjort like mykje arbeid denne *kommunistiske laurdagen*, som det ville ha vore gjort på ei veke av slurvete arbeidarar som ikkje var klassemедvitne.

Ut ifrå at mange ikkje-kommunistar som stør sovjetstyret av hjarta tok del i arbeidet og at vi ventar mange fleire seinare laurdagar, og vidare ut ifrå at mange andre distrikt gjerne vil fylgja dømet til dei kommunistiske jarnbanearbeidarane ved Moskva-Kazan-banen, skal eg ta for meg meir detaljert dei organisatoriske sidene av saka, slik dei går fram av rapportar vi har fått frå lokalt hald.

Av dei som tok del i arbeidet, var kring ti prosent fast tilsette på staden. Resten var folk som sit i ansvarlege og valde stillingar for einskilde føretak, representantar for fagforeininga og tilsette ved hovudkontoret ved jarnbanekommissariatet.

Entusiasmen og laganda som vart synt under arbeidet var eineståande. Når arbeidarar, kontoristar og tilsette ved hovudkvarteret utan banning og krancling greip tak i den førte pud tunge hjulringen på eit passasjertoglokomotiv og rulla han på plass lik flittige maur, då fyltes hjarta av ei varm glede ved synet av denne kollektive innsatsen, og ein vart styrkt i overtydinga om at sigeren til arbeidarklassen er urikkande. Dei internasjo-

nale bandittane kjem ikkje til å knusa dei sigrande arbeidarane. Dei indre sabotørane kjem ikkje til å leva til dei får sjå Koltsjak.

Då arbeidet var ferdig, vart dei som var til stades vitne til ei makelaus scene: Eitt hundre kommunistar stod slitne, men med gleda lysande or augo og helsa framgangen med dei høgtidelege tonane av *Internasjonalen*. Og det verka som om dei triumferande tonane til sigersongen skulle stryka gjennom murane over heile arbeidarklassen i Moskva, og at dei på same måten som bylgjene etter ein stein som er kasta i vatnet, skulle spreia seg over heile det arbeidande Russland og vekkja dei trøytte og trege.

«A. J.»

I ein artikkel i *Pravda* 20. mai der kamerat N. R. vurderer dette strålende «føredømet til etterlikning», skriv han med dette som overskrift:

«Det er ikkje sjeldan ein høyrer døme på at kommunistar arbeider på denne måten. Eg kjenner liknande tilfelle på ein kraftstasjon og på fleire jarnbanar. På Nikolajevskaja-jarnbanen arbeidde kommunistane overtid ei rekkje kveldar for å heva eit lokomotiv som hadde falle ned i grava ved vendeskiva. I vinter arbeidde alle kommunistane og sympatisørane på nordbanen ei rekkje sundagar med å rydda lina for snø, og kommunistcellene på mange godsstasjonar patruljerer stasjonane om natta for å hindra tjuveri. Men alt dette arbeidet var tilfeldig og usystematisk. Kameratane på Moskva-Kazan-banen gjer dette arbeidet systematisk og fast, og det er noko nytt. I resolusjonen sin seier dei: «Heilt til det er vunne full siger over Koltsjak», og i dette ligg det viktige med arbeidet deira. Dei forlenger arbeidsdagen til kvar einaste kommunist og sympatisør med ein ti-

me så lenge krigstilstanden varar ved. På same tid er arbeidsproduktiviteten deira framifrå.

Dette føredømet har ført med seg, og det *må* føra med seg, vidare etterlikning. Eit allmøte av kommunistar og sympatisørar på Alexandrovskaja-banen vedtok etter at dei hadde diskutert den militære stoda og den resolusjonen kameratane ved Moskva-Kazan-banen hadde vedteke: 1) Å innføra «subbotnikar» for kommunistane og sympatisørane på Alexandrovskaja-banen. Den fyrste subbotniken skulle gå føre seg 17. mai. 2) Å organisera kommunistane og sympatisørane i eksemplariske mønsterlag som må syna arbeidarane korleis dei skal arbeida og kva som verkeleg kan gjerast med det materiellet og dei reiskapene vi har no, og med den matforsyningsstoda som no rår. Moskva-Kazan-kameratane seier at føredømet deira har gjort eit stort inntrykk, og at dei ventar det skal koma ei stor mengd *partilause* arbeidarar neste laurdag. No når desse linene vert skrivne, har kommunistane enno ikkje teke til å arbeida overtid i verkstadene ved Alexandrovskaja-banen, men så snart ryktet spreidde seg om at dei skulle ta til med det, vart det liv i massen av partilause arbeidarar. 'Vi visste det ikkje i går, elles ville vi òg ha arbeidd!' 'Eg kjem for visst neste laurdag,' kan ein høyra frå alle kantar. Det inntrykket arbeid av dette slaget gjer, er svært stort.

Det føredømet kameratane ved Moskva-Kazan har gjeve, bør etterliknast av alle kommunistceller bak fronten, ikkje berre kommunistcellene i knutepunktet Moskva, men heile partiorganisasjonen i Russland. I landdistrikta bør kommunistcellene i fyrste rekkje ta til å arbeida med å dyrka åkrane til mennene i den raude hæren, og såleis hjelpa familiane deira.

Kameratane ved Moskva-Kazan-banen fullfør-

te den fyrste kommunistiske subbotniken sin med å syngja *Internasjonalen*. Dersom dei kommunistiske organisasjonane over heile Russland fylgjer dette føredømet og tilmåtar det fylgjestrengt, vil Den russiske sovjetrepublikken lykkast i å meistra dei strenge månadene som kjem, til dei mektige tonane av *Internasjonalen* når heile det arbeidande folket i republikken syng han ...

Til arbeid, kommunistiske kameratar!»

23. mai 1919 kunne *Pravda* melda fylgjande:

«Den fyrste kommunistiske subbotniken på Alexandrovskaja-banen gjekk føre seg 17. mai. I samsvar med fråsegna frå allmøtet deira, arbeidde nittiåtte kommunistar og sympatisørar fem timar overtid utan betaling. Det einaste dei fekk til gjengjeld var retten til å kjøpa ein middag nummer to, og som kroppsarbeidarar eitt halvpund brød til middagen.»

Jamvel om arbeidet var dårleg førebudd og organisert, var *arbeidsproduktiviteten* like fullt *frå to til tre gonger høgare enn vanleg*.

Her er nokre få døme.

Fem dreiarar dreia åtti akslingar på fire timar. Produktiviteten er 213 prosent høgare enn det vanlege nivået.

Tjue ufaglærte arbeidarar samla på fire timar i alt 600 pud skrot, og sytti bladfjører til vogner som kvar vog 3 ½ pud, slik at det i alt vart 850 pud. Produktivitet, 300 prosent av det vanlege nivået.

«Kameratane forklårar dette med at arbeidet deira til vanleg er keisamt og trøyttande, medan dei her arbeidde av eigen vilje og med entusiasme. Men no vil dei skjemmast av å produsera mindre i

den vanlege arbeidstida enn dei gjorde på den kommunistiske subbotniken.

No seier mange partilause arbeidarar at dei kunne ha hug til å ta del i subbotnikane. Lokomotivmannskapa byd seg no frivillig til å ta lokomotiv frå 'kyrkjegarden' under ein subbotnik, reparera dei og få dei i drift.

Det vert meldt frå om at det skal organiserast tilsvarande subbotnikar på Vjazma-banen.»

Korleis arbeidet vert drive på desse kommunistiske subbotnikane, fortel kamerat A. Djatsjenko i ein artikkel i *Pravda* 7. juni under tittelen «Merknader frå ein subbotnik-arbeidar». Vi gjev att dei viktigaste avsnitta frå denne artikkelen:

«Ein kamerat og eg var svært huga på å gå og gjera vår 'del' i den subbotniken som vart skipa til etter ei avgjerd i partikomiteen for jarnbandedistriktet. Ei stund, nokre timar, ville eg kvila hovudet mitt og lata musklane få eit grann trening ... Vi vart sende over til snikkarverkstaden på banen. Vi kom dit, trefte ein del andre folk, helsa på kvarandre, fleipa lite grann, rekna saman styrkane og fann ut at vi var tretti ... Og framfor oss låg eit retteleg «beist», ein dampkjele som ikkje vog mindre enn 6—700 pud. Arbeidet vårt var å «flytta» han ei kvart eller tredels verst over til fundamentet hans. Vi tok til å tvila ... Men vi fekk teke til med arbeidet. Nokre kameratar la trerullar under kjelen, batt fast to reip i han, og vi tok til å hala og dra ... Kjelen var lite huga på å leda på seg, trass i alt var vi ikkje så mange ... I nesten to veker hadde denne kjelen stått seg imot strevet til tre gonger så mange ikkje-kommunistiske arbeidarar, og ingen ting kunne få han til å leda på seg før vi greidde opp med han ... Vi arbeidde i ein time, hardt og rytmisk, etter kommandoen til 'for-

mannen' vår — 'ein, to, tre', — og kjelen rulla vidare. Brått vart det forvirring, og nokre av kameratane våre ramla i koll på ein komisk måte. Det var reipet som 'svikta' ... Ein liten pause, så vart eit tjukkare reip gjort fast ... Det vart kvelden. Det tok til å mørkna, men vi hadde enno att å koma over ein liten haug. Då ville arbeidet vårt snart vera gjort. Armane våre verka, hendene våre brann, vi var varme og drog alt vi makta, og det gjekk framover. 'Administrasjonen' stod ved sida, og av di dei skjemdest litt av at vi lykkast, greip dei eit tau. 'Gjev oss ei handshjelp, det var på tide!' Ein mann frå den raude hæren stod og såg på arbeidet vårt. Han heldt eit trekkspel i handa. Kva tenkte han på? Kven var desse folka? Kvifor måtte dei arbeida laurdag når alle var heime? Eg løyste floken for han med å seia 'Kamerat, spel ein lystig song for oss. Vi er ikkje vanlege grovarbeidarar, vi er rettelege kommunistar. Ser du ikkje kor fort arbeidet går unna for hendene våre? Vi er ikkje late, vi halar og dreg alt vi maktar!' Mannen frå den raude hæren svara med å leggja trekkspelet sitt varsamt ned på bakken, og skunda seg å gripa ein tauende ...

Brått slo kamerat U. i med arbeidarsongen 'Dubinusjka'. '*Anglisjanin mudrets*', song han med den klåre tenoren sin, og vi fall alle inn i refrenget på denne arbeidarvisa: '*Eh, dubinusjka, uknem, podjornem, podjornem ...*'

Vi var uvande med å arbeida, musklane våre trøytna, akslene og ryggen verka ... men dagen etter ville vera fridag, kviledag, og vi ville kunne sova alt vi ynskte. Målet var nær, og etter noko drying rulla 'beistet' vårt mest rett opp til fundamentet. 'Legg nokre bord under, reis han opp på fundamentet og lat kjelen gjera det arbeidet som lenge har vore venta av han.' Vi gjekk samla bort på 'klubbrommet' til den lokale particella. Rom-

met var strålande opplyst, veggene pryda med plakatar, det stod rifler over heile rommet. Etter at vi hadde songe *Internasjonalen* med kraft og styrke, kosa vi oss med eit glas te og 'rom' og jamvel med litt brød. Denne trakteringa som vi fekk av kameratane på staden, var svært velkommen etter det harde slitet vårt. Vi tok farvel som brør med kameratane våre, og stilte opp i rekkjer. Tonane av dei revolusjonære songane gjekk som ekko gjennom dei sovande gatene i den stille natta, og dei taktfaste stega våre heldt takta i musikken. Vi song: 'Brødre til sol og til frihet', 'Opp alle trælær no kring jorda', songer for *Internasjonalen* og arbeidet.

Det gjekk ei veke. Armane og akslene våre var i orden att, og vi var på veg til ein annen 'subbotnik', denne gongen ni verst unna, for å reparera jarnbanevogner. Målet vårt var Perovo. Kameratane kleiv opp på taket på ei 'amerikansk' lukka godsvogn og song *Internasjonalen* godt og vakert. Folk på toget lydde til songen, tydelegvis overraska. Hjula slo taktfast, og dei av oss som ikkje greidde koma opp på taket, klamra oss til stigbretta og lest vera 'gje faen'-passasjerar. Toget rulla inn. Vi var komne dit vi skulle. Vi gjekk over ein lang gardsplass, og vart helsa hjarteleg velkomne av kommissæren, kamerat G.

Det er nok å gjera, men få til å gjera det! Vi er berre tretti, og på seks timar skal vi få unna eit drygt dusin vogner som treng vanleg overhaling! Her er alt hjulpara merka. Vi har ikkje berre tomme vogner, men òg ei fylt kjelevogn ... Men det er ingen ting. Vi skal 'ta det som eit arbeid', kameratar!

Arbeidet gjekk strykande. Fem kameratar og eg arbeidde ved lyftebukkane. Under trykket frå skuldrene våre og to lyftebukkar og med rettleiing frå 'formannen' vår vart desse hjulpara, som

kvar veg frå seksti til sytti pud, så kjapt som råd lyfta over frå eitt spor til eit anna. Eitt par vart ført bort, eit nytt rulla på plass. Til sist var alle der dei skulle vera, og vi lempa snøgt alt det gamle utslitne skrapet inn i eit skjol ... Ei, to, tre — og med hjelp av ei svingkran vart dei tekne vekk frå skjenene i ei hand vending. Der borte i mørket høyrde vi raske hammarslag. Liksom arbeidsbier arbeidde kameratane travelt med dei 'sjuke' vognene sine. Nokre snikra, andre måla, andre tekte tak, til glede både for kamerat kommissæren og oss sjølve. Smedane spurde oss og om hjelp. I ein transportabel smiavl lå ei kvitglødande koplingstong med krok. Ho hadde fått ein bøy under ei uforsiktig sporskifting. På ambolten spytta ho kvite gneister, og under røynt rett-leiing av smeden hamra vi henne ut att i rett form med stødige slag. Enno glødde ho raudt og spytta gneistar då vi tok henne på skuldrene og bar henne dit ho skulle. Vi skuva henne på plass i muffa der ho skulle stå. Eit par hammarslag, og ho sat fast. Vi kraup inn under vogna. Koplinga er slett ikkje så enkel som ho ser ut, det er ei mengd merkelege innretningar med klinknaglar og fjører ...

Arbeidet var i full sving. Natta fall på. Faklane tyktest brenna klårare enn før. Snart var det tid for å bryta av. Nokre av kameratane tok 'eit femminutt' mot nokre hjulringar og 'nippa til' varm te. Mainatta var kald, og nymånen skein vent som ein glødande sigd på himmelen. Folk lo og spøkte.

'No får vi gje oss, kamerat G. Tretten vogner greier seg!'

Men kamerat G. var ikkje tilfreds.

Vi drakk ut teen, stemte i med sigerssongane og marsjerte mot døra ...»

Rørsla med «kommunistiske subbotnikar» avgrensar seg ikkje til Moskva. 6. juni melder *Pravda* fylgjande:

«Den fyrste kommunistiske subbotniken i Tver gjekk føre seg 31. mai. Eitt hundre og tjuen-åtte kommunistar arbeidde på jarnbanen. På tre og ein halv time lasta og lossa dei fjorten vogner, reparerte tre lokomotiv, skar opp ti famner ved og utførte anna arbeid. Arbeidsproduktiviteten til dei røynte kommunistiske arbeidarane var tretten gonger over det normale.»

Og 8. juni les vi igjen i *Pravda*:

«KOMMUNISTISKE SUBBOTNIKAR

Saratov, 5. juni. Som svar på appellen frå kameratane sine i Moskva, har dei kommunistiske jarnbanearbeidarane her på eit allmøte i partiet vedteke: Å arbeida fem timar overtid på laurdagar utan betaling for å stø opp under den nasjonale økonomien.»

* * *

Eg har gjeve så fullstendige og detaljerte opplysningar som råd om dei kommunistiske subbotnikane, av di vi i dei tvillaust kan sjå ei av dei aller viktigaste sidene ved den kommunistiske oppbygginga. Pressa vår har brydd seg for lite om dei, og vi har alle hittil ikkje verdsett dei høgt nok. Mindre politisk fyrverkeri og større merksemd på dei enklaste, men levande kjensgjerningane i den kommunistiske oppbygginga, slik dei vert tekne frå og prøva ut av det røynelege livet — dette er det slagordet vi alle, skribentane, agitatorane, propagandistane, organisatorane osb. må ta opp att utan stans.

Det var naturleg og uunngåeleg den fyrste tida etter den proletariske revolusjonen at vi i fyrste rekkje var opptekne av den viktigaste og grunnleggjande oppgåva å vinna over motstanden frå borgarskapet, å sigra over utbyttarane, å knusa samansverjinga deira (slik som «slaveigar-samansverjinga» for å gje over Petrograd, der alle, frå Svartehundra* og kadettane til mensjevikane og dei sosialrevolusjonære var innblanda)⁴⁷. Men samstundes med denne oppgåva kjem ei anna oppgåve i fyrste rekkje nett like uunngåeleg og endå meir bydande etter som tida går, nemleg den endå viktigare oppgåva med positiv kommunistisk oppbygging, å skapa nye økonomiske tilhøve, eit nytt samfunn.

Som eg har hatt høve til å peika på meir enn ein gong, mellom anna i den talen eg heldt på møtet i Petrograd-sovjetet 12. mars, er ikkje proletariatets diktatur berre maktbruk mot utbyttarane, og ikkje eingong i hovudsak maktbruk. Det økonomiske grunnlaget for denne revolusjonære maktbruken, garantien for at han er effektiv og vil føra fram, er at proletariatet står for og skaper ein høgare type for samfunnsmessig organisering av arbeidet jamført med kapitalismen. Det er dette som er viktig, dette er kjelda til styrken og garantien for at kommunismen uunngåeleg vil sigra til sist.

Den føydale organiseringa av det samfunnsmessige arbeidet kvilde på disiplinen til pisen, medan det arbeidande folket, som ei handfull godseigarar plyndra og tyranniserte, var fullstendig uvitande og kua. Den kapitalistiske organiseringa av det samfunnsmessige arbeidet kvilde på disiplinen til svolten, og trass i all framgangen for den borgarlege kulturen og det borgarlege demokratiet vart dei veldige massane av det arbeidande folket i dei mest framskridne, siviliserte og

* *Svartehundra* — reaksjonær organisasjon sett opp av tsarpolitiet for å kjempa mot den revolusjonære rørsle ved mord og valdsferd.
— *Red.*

demokratiske republikkane verande ein uvitande og kua masse av lønsslaver eller undertrykte bønder som ei handfull kapitalistar plyndra og tyranniserte. Den kommunistiske organiseringa av det samfunnsmessige arbeidet, som sosialismen er det fyrste steget imot, kviler, og vil kvila sterkare og sterkare etter som tida går, på den frie og medvitne disiplinen til det arbeidande folket sjølve, som har kasta av seg dette åket til både godseigarane og kapitalistane.

Denne nye disiplinen fell ikkje ned frå himmelen, heller ikkje fødest han av fromme ynskje. Han veks ut av dei materielle vilkåra til den kapitalistiske storproduksjonen, og berre ut av dei. Utan dei er han ikkje mogleg. Og opplagshuset eller reiskapen for desse materielle vilkåra er ein særskilt historisk klasse, som er skapt, organisert, samla, lært opp, skolert og herda av storkapitalismen. Denne klassen er proletariatet.

Om vi omset det latinske, vitskaplege, historisk-filosofiske omgrepet «proletariatets diktatur» til enklare språk, tyder det fylgjande:

Berre ein særskilt klasse, nemleg arbeidarane i byane og fabrikk- og industriarbeidarane i det heile, er i stand til å leia heile massen av det arbeidande og utbytta folket i kampen for å kasta av seg åket til kapitalen, i å verkeleg gjennomføra han, i kampen for å halda på og grunnfesta sigeren, i arbeidet for å skapa det nye, sosialistiske samfunnssystemet og i heile kampen for å avskaffa klassane fullstendig. (Lat oss i parentes merkja oss at det einaste vitskaplege skiljet mellom sosialismen og kommunismen er at det fyrste omgrepet gjeld det fyrste stadiet til det nye samfunnet som stig opp av kapitalismen, medan det andre gjeld det neste og høgare stadiet.)

Den feilen den gule «Bern»-internasjonalen gjer, er at leiarane hans godtek klassekampen og den leiande rolla til proletariatet berre i ord, og er redde for å føra denne tanken ut til sin logiske konklusjon. Dei er redde den uunngåelege konklusjonen som særskilt skrem-

mer borgarskapet, og som dei ikkje i det heile kan godta. Dei er redde for å vedgå at proletariatets diktatur *også* er ein periode med klassekamp, noko som er uunngåeleg så lenge klassane ikkje er avskaffa. Dette er eit diktatur som forandrar form og er særskilt kvass og særskilt særmerkt i den perioden som kjem straks etter at kapitalen er styrta. Proletariatet stansar ikkje klassekampen etter at det har teke den politiske makta, men held fram heilt til klassane er avskaffa — sjølvsagt under ulike omstende, i ulike former og med ulike middel.

Og kva tyder det å «avskaffa klassane»? Alle som kallar seg sosialistar ser dette som det endelege målet for sosialismen, men langt ifrå alle tenkjer over kva som ligg i det. Klassar er store grupper av menneske som skil seg frå kvarandre gjennom den plasseringa dei har i eit historisk fastlagt system for samfunnsmessig produksjon. Dei skil seg gjennom tilhøvet deira til produksjonsmidla (som i dei fleste tilfelle er fastlagt eller formulert i lovene), gjennom den rolla dei har i den samfunnsmessige organiseringa av arbeidet, og fylgjeleg gjennom kor stor del av den samfunnsmessige rikdomen dei rår over og kva måte dei skaffar seg denne delen på. Klassar er grupper av menneske der ei gruppe kan eigna til seg arbeidet til ei anna, som fylgje av den ulike plasseringa dei har i eit fastlagt samfunnsøkonomisk system.

Det er klårt at for å avskaffa klassane fullstendig er det ikkje nok å styrta utbyttarane, godseigarane og kapitalistane, ikkje nok å avskaffa eigedomsrettane *deira*. Det er og naudsynt å avskaffa *all* privat eigedom av produksjonsmidla, det er naudsynt å avskaffa skiljet mellom by og land, så vel som skiljet mellom kroppsarbeidarar og åndsarbeidarar. Dette krev svært lang tid. For å nå fram til dette må det takast eit kjempesteg framover med å utvikla produktivkreftene. Det er naudsynt å vinna over motstanden (ofte passiv motstand, som er særskilt hardnakka og særskilt vanske-

leg å vinna over) frå dei talrike leivningane av småproduksjonen. Det er naudsynt å vinna over dei veldige kreftene i vanane og konservatismen som heng i hop med desse leivningane.

Å tru at alle «arbeidande menneske» er like mykje i stand til å gjera dette arbeidet ville vera ein tom frase, eller illusjonane til ein sosialist frå før syndefloda og før Marx. For denne evna kjem ikkje av seg sjølv, men veks historisk. Ho veks *berre* ut av dei materielle vilkåra til den kapitalistiske storproduksjonen. Denne evna er det *einast* proletariatet som har, der vegen frå kapitalismen til sosialismen byrjar. Proletariatet er i stand til å fullføra den uhorvelege oppgåva som vert stilt framfor det, for det fyrste av di det er den sterkaste og mest framskridne klassen i siviliserte samfunn, for det andre av di det er fleirtalet av folkesetnaden i dei mest utvikla landa, og for det tredje av di fleirtalet av folkesetnaden i tilbakeliggjande kapitalistiske land som Russland er halvproletarar, dvs. folk som til vanleg lever på proletarisk vis delar av året, som til vanleg tener ein del av livsopphaldet sitt som lønsarbeidarar i kapitalistiske føretak.

Dei som freistar løysa dei problema som overgangen frå kapitalismen til sosialismen fører med seg ut ifrå allment snakk om fridom, likskap, demokrati allment sett, likskap for arbeidsdemokratiet osv. (slik Kautsky, Martov og andre heltar av den gule Berninternasjonale gjer). Dei avslørar med det berre den småborgarlege, spissborgarlege naturen sin, og fylgjer ideologisk slavisk i kjølvatnet til borgarskapet. Den rette løysinga på dette spørsmålet kan ein berre finna med å studera konkret dei særskilte tilhøva mellom den særskilte klassen som har vunne den politiske makta, nemleg proletariatet, og heile den ikkje-proletariske og i tillegg halvproletariske massen av den arbeidande folkesetnaden. Dette er tilhøve som ikkje vert til under fantastisk harmoniske, «ideelle» vilkår, men under dei røynelege vilkåra med den rasande mot-

standen frå borgarskapet, som får mange og ulike former.

Det overveldande fleirtalet av folkesetnaden — og endå meir av den arbeidande folkesetnaden — i alle kapitalistiske land, medrekna Russland, har tusenvis av gonger fått røyna både sjølv og gjennom slekt og vener, undertrykkinga til kapitalen, plyndringa og alle dei sortane tyranni den gjer seg skuld i. Den imperialistiske krigen, dvs. nedslaktinga av ti millionar menneske for å avgjera om det var britisk eller tysk kapital som skulle ha overtaket i å plyndra heile verda, har forsterka desse påkjenningane stort. Han har auka og utdjupa dei, og har fått folket til å skjøna kva dei tyder. Av dette kjem den uunngåelege sympatien som det overveldande fleirtalet av folkesetnaden, særleg det arbeidande folket, legg for dagen for proletariatet. Dette skjer av di proletariatet med heltemodig mot og revolusjonær nådeløyse kastar av seg åket til kapitalen, styrtar utbytтарane, undertrykkjer motstanden deira, og gjev blodet sitt for å jamna vegen for å skapa det nye samfunnet der det ikkje vil vera rom for utbytтарar.

Dei ikkje-proletariske og halvproletariske massane av den arbeidande folkesetnaden vil uunngåeleg og i stort omfang vakla på småborgarleg vis og uunngåeleg og i stort omfang verta dregne i retning av å gå attende til den borgarlege «orden» under «vengjene» til borgarskapet. Dei kan ikkje anna enn godta den moralske og politiske autoriteten til proletariatet, som ikkje berre styrtar utbytтарane og undertrykkjer motstanden deira, men byggjer eit nytt og høgare sosialt samhald, ein samfunnsmessig disiplin, disiplinen til klassemedvitne og sameinte arbeidande menneske, som ikkje kjenner noko åk og nokon autoritet utanom autoriteten til sin eigen einskap, til sin eigen meir klassemedvitne, djerne, stødige, revolusjonære og trauste fortropp.

For å vinna siger, for å byggja og grunnfesta sosia-

lismen, må proletariatet oppfylle ei tosidig eller dobbelt oppgåve: For det fyrste må det gjennom det maelause heltemotet i den revolusjonære kampen mot kapitalen vinna til seg heile massen av det arbeidande og utbytta folket, det må vinna dei over, organisera dei og leia dei i kampen for å styrta borgarskapet og undertrykkja motstanden deira fullstendig. For det andre må det leia heile massen av det arbeidande og utbytta folket, så vel som alle dei småborgarlege gruppene, på vegen med den nye økonomiske utviklinga, mot å skapa nye sosiale band, ein ny arbeidsdisiplin, ei ny organisering av arbeidet, som vil kombinera dei siste nyvinningane i vitskap og kapitalistisk teknologi med massesamanslutninga av klassemedvitne arbeidarar som skaper sosialistisk storindustri.

Den andre oppgåva er vanskelegare enn den fyrste, for det er ikkje mogleg å gjennomføra henne med ein-skilde handlingar av heltemotig brennhug. Ho krev sær sars langvarig, sær uthaldande og sær vanskeleg masseheltemot i *vanleg, daglegdags* arbeid. Men denne oppgåva er meir vesentleg enn den fyrste. I siste omgangen kan den djupaste kjelda for å vinna styrke til å sigra over borgarskapet, og den einaste garantien for at desse sigrane skal vara og halda seg, nemleg berre vera ein ny og høgare samfunnsmessig produksjonsmåte. Det kan berre vera å setja sosialistisk storproduksjon i staden for kapitalistisk og småborgarleg produksjon.

* * *

«Kommunistiske subbotnikar» er så overlag historisk viktige nett av di dei syner det medvitne og frivillige initiativet til arbeidarane med å utvikla arbeidsproduktiviteten, med å tileigna seg ein ny arbeidsdisiplin, med å skapa sosialistiske vilkår for økonomi og liv.

J. Jacoby, ein av dei få — i røynda ville det vera rettare å seia ein av dei heilt sjeldne — tyske borgarlege

demokratane som etter lærdomane i 1870—71 ikkje gjekk over til sjåvinismen eller nasjonalliberalismen, men til sosialismen, sa ein gong at skipinga av ei einaste fagforeining var historisk viktigare enn slaget ved Sadowa⁴⁸. Det er sant. Slaget ved Sadowa avgjorde kva for eitt av to borgarlege monarki, Austerrike eller Preussen, som skulle verta leiande i å skapa ein tysk nasjonal kapitalistisk stat. Å skipa ei fagforeining var eit lite steg i retning av at proletariatet sigrar over borgarskapet i verdsomfang. Og på same måten kan vi seia at den fyrste kommunistiske subbotniken, som arbeidarane ved Moskva-Kazan-banen organiserte 10. mai 1919, var viktigare for historia enn nokon av sigrane til Hindenburg eller til Föch og britane i den imperialistiske krigen 1914—18. Sigrane til imperialistane tyder at millionar av arbeidarar vert slakta for skuld profitten til dei anglo-amerikanske og franske mange-millionærane. Dei er overgrep frå den dødsdømde kapitalismen, som har svolle ut av å ha forete seg, og rotnar levande. Den kommunistiske subbotniken som arbeidarane ved Moskva-Kazan-banen har organisert, er ei av cellene i det nye, sosialistiske samfunnet, som fører frigjering til alle folka på jorda fra åket til kapitalen og frå krig.

Dei borgarlege herrane og deira etterslep, medrekna mensjevikane og dei sosialrevolusjonære som er vane med å sjå seg sjølv som representantane for «den allmenne folkemeininga», driv sjølv sagt ap med vonene til kommunistane. Dei kallar desse vonene «eit apebrødtre i ei resedakrukke»*. Dei talar spottande om kor få subbotnikar det er jamført med det veldige talet på tjuveri, skoft, lågare produktivitet, svinn på råvarer og ferdigvarer, osb. Svaret vårt til desse herrane er at

* «Apebrødtre i ei resedakrukke» — eigenleg tyder dette at det kjempestore afrikanske apebrødtreet (el. baobabtree) er planta i krukka til ei lita plante (resedaen med lindrande verknad). Her eit uttrykk for noko malplassert og misvisande. — *Red.*

dersom dei borgarlege intellektuelle hadde nytta kunnskapene sine til å hjelpa det arbeidande folket i staden for å gje kunnskapene til dei russiske og utanlandske kapitalistane for at dei skal kunne gjenoppretta makta si, ville revolusjonen ha gått snøggare og meir fredeleg fram. Men dette er utopisk, for saka vert avgjort av klassekampen, og fleirtalet av dei intellektuelle hallar til borgarskapet. Proletariatet vil ikkje vinna siger med hjelp av dei intellektuelle, men trass i motstanden deira (i det minste i eit fleirtal av tilfella). Det vil fjerna dei av dei som er hardnakka borgarar, reformera, omskolera og underordna dei som vinglar, og gradvis vinna stadig større delar av dei over på si side. Å gle seg over vanskanes og tilbakeslaga for revolusjonen, å så panikk, å tala varmt for å venda attende til tidlegare tider, alt dette er våpen og metodar dei borgarlege intellektuelle nyttar i klassekampen. Proletariatet vil ikkje la seg narra av dei.

Men når vi skjer igjennom dette, har det nokon gong i historia hendt at ein ny produksjonsmåte har slege rot straks utan ein lang serie tilbakeslag, feil og tilbakefall? Eit halvt hundreår etter at liveigenskapen var oppheva fanst det enno ei lang rekkje leivningar etter liveigenskapen på den russiske landsbygda. Eit halvt hundreår etter at slaveriet var avskaffa i Amerika, var negrane enno svært ofte i stillinga til halvslavar. Dei borgarlege intellektuelle, medrekna mensjevikane og dei sosialrevolusjonære, er trugne mot seg sjølve når det gjeld å tena kapitalen og i å nytta fullstendig falske argument: Før den proletariske revolusjonen krev dei at vi skal viska ut alle spor av fortida med fantastisk fart!

Men vi er ikkje utopistar, og vi kjenner til kva borgarlege «argument» verkeleg er verdt. Vi veit og at i ei viss tid etter revolusjonen vil spora etter den gamle etikken uunngåeleg dominera over dei unge spirane av det nye. Når det nye nyss er fødd, vil det gamle alltid vera sterkare enn det ei tid. Dette er alltid tilfelle i na-

turen og i samfunnslivet. Spottord om kor veike dei unge spirane til den nye ordenen er, billeg skepsis frå dei intellektuelle og liknande — dette er i grunnen metodane til den borgarlege klassekampen mot proletariatet. Det er eit forsvar for kapitalismen mot sosialismen. Vi må studera dei veike nye spirane grundig, vi må vera særskild merksame på dei, gjera alt for å fremja veksten deira og «verna» dei. Nokre av dei vil uunngåeleg forsvinna. Vi kan ikkje garantera at nett dei «kommunistiske subbotnikane» vil spela ei særskilt viktig rolle. Men det er ikkje poenget. Poenget er å fostra fram kvar einaste spire av det nye, og livet vil velja ut dei mest levedyktige. Om den japanske vitenskapsmannen som ville hjelpe menneskeslekta å vinna over syfilis hadde tolmod til å prøva ut seks hundre og fem preparat før han kom fram til det seks hundre og sjette som stetta visse særskilte krav, då må dei som ynskjer å løysa eit vanskelegare problem, nemleg å vinna over kapitalismen, ha tolmod til å prøva hundrevis og tusenvis av nye metodar, middel og kampvåpen for å utvikla dei som høver best av dei.

Dei «kommunistiske subbotnikane» er så viktige av di det var arbeidarar som på ingen måte stod under særskilt gode vilkår, som tok opptakten til dei. Det var arbeidarar med ymse slag spesialitetar, og nokre utan nokon spesialitet i det heile, berre ufaglærte arbeidarar som lever under *normale*, dvs. *overmåte harde* vilkår. Vi kjenner alle svært godt hovudårsaka til den nedgangen i arbeidsproduktiviteten som ein kan finna ikkje berre i Russland, men over heile verda. Det er øydeleggingar og fattigdom, forbitring og trøytteleik som den imperialistiske krigen har ført med seg, det er sjukdom og undernæring. Det siste er det viktigaste. Hungersnaud, det er årsaka. Og for å vinna over hungersnauda, må arbeidsproduktiviteten aukast i jordbruket, i transporten og i industrien. Slik får vi ein slags vond sirkel: For å auka arbeidsproduktiviteten må vi berga oss frå hungersnauda, og for å berga oss

frå hungersnauda må vi auka arbeidsproduktiviteten.

Vi veit at i praksis vert slike motseiingar løyste med å bryta den vonde sirkelen, med å få i stand ei radikal endring i sinnsstemninga til folket, med det heltemodige initiativet til dei einskilde gruppene som ofte spelar ei avgjerande rolle med ei slik radikal endring som bakgrunn. Dei ufaglærte arbeidarane og jarnbanearbeidarane i Moskva (sjølv sagt tenkjer vi på fleirtalet av dei, og ikkje på ein handfull profitørar, tenestemenn og andre kvitegardistar) er arbeidande menneske som lever under fortvila harde vilkår. Dei går samanhengande utan nok mat, og no, før den nye avlinga er hausta inn, når matforsyningsstoda i det heile vert verre, svelt dei i røynda. Og like fullt organiserer desse sveltande arbeidarane «kommunistiske subbotnikar» med den vondlyndte kontrarevolusjonære agitasjonen til borgarskapet, mensjevikane og dei sosialrevolusjonære kring seg på alle hald. Dei arbeider overtid *utan betaling*, og dei greier *auka arbeidsproduktiviteten enormt* trass i at dei er trøytte, pinte og utslitne av undernæring. Er ikkje det heltemot av fremste slag? Er ikkje dette opptakten til ei endring som tyder overlag mykje?

I siste omgang er arbeidsproduktiviteten det viktigaste, det fremste som skal til for at det nye samfunnsystemet skal sigra. Kapitalismen skapte ein arbeidsproduktivitet som var ukjend under liveigenskapen. Kapitalismen kan overvinnast heilt, og vil verta heilt overvunnen av sosialismen som skaper ein ny og mykje høgare arbeidsproduktivitet. Dette er ei særskilde vanskeleg sak, og ho må ta lang tid. Men *det har byrja*, og det er hovudsaka. Dersom dei sveltande arbeidarane som hadde gått igjennom fire stride år med imperialistisk krig og eit og eit halvt år til med endå stridare borgarkrig kunne byrja med dette store arbeidet i det sveltande Moskva sommaren 1919, korleis vil tilhøva utvikla seg seinare når vi sigrar i borgarkrigen og vinn freden?

Jamført med tilhøva under kapitalismen tyder kommunismen høgare arbeidsproduktivitet frå frivillige, klassemedvitne og sameinte arbeidarar som nyttar ein framskriden teknikk. Kommunistiske subbotnikar er uvanleg verdifulle som den *røynde* opptakten til *kommunismen*. Dette er noko særst sjeldant, av di vi står på det stadiet der «berre dei *fyrste stadia* i overgangen frå kapitalismen til kommunismen vert tekne» (slik partiprogrammet vårt heilt rett seier).

Kommunismen tek til når dei *vanlege arbeidarane* syner ein brennhuga omsut som vert gjort heilhuga gjennom energisk slit for å auka arbeidsproduktiviteten. Han tek til når dei vernar om *kvar einaste pud korn, kol, jarn* og andre produkt som ikkje gjev føremoner til arbeidarane personleg eller til deira «nære» slekt og vener, men til deira «fjerne» slekt og vener, dvs. til samfunnet som heilskap, til titalls og hundretals millionar menneske som fyrst er samla i ein sosialistisk stat, og så i ein union av sovjetrepublikkar.

I *Kapitalen* gjer Karl Marx narr av det pompøse og stororda borgarleg-demokratiske store fridomsbrevet om fridom og menneskerettar. Han gjer narr av alt dette frasemakeriet om fridom, likskap og brorskap *allment*, som blendar småborgarane og spissborgarane i alle land, medrekna våre dagars foraktelege heltar av den foraktelege Bern-internasjonalen. Marx set desse pompøse kunngjeringane om rettart opp imot den endeframme, smålåtne, praktiske, enkle måten proletariatet legg fram spørsmålet på. Lovfestinga av ein kortare arbeidsdag er eit typisk døme på slik handsaming.* Kor treffande og djup merknaden til Marx er, vert berre klårare og tydelegare for oss di meir innhaldet i den proletariske revolusjonen kjem fram. «Formlane» for ekte kommunisme skil seg frå det pompøse, innfløkte og høgtidelege frasemakeriet til folk som

* Sjå Marx, «Kapitalen», b. 1 i Marx/Engels *Verk*, b. 23, tysk utg. 1968, s. 320. — *Red.*

Kautsky, mensjektivane og dei sosialrevolusjonære og deira elska «brør» frå Bern, med det at dei fører alt attende til *arbeidsvilkår*. Mindre preik om «arbeidsdemokrati», om «fridom, likskap og brorskap», om «styre av folket» og alt slikt. Dei klassemedvitne arbeidarane og bøndene i våre dagar ser gjennom desse pompøse frasane til dei borgarlege intellektuelle. Dei skil jukset ut like lett som eit menneske med vanleg sunt vett og røynsle som etter eit augekast på det uklanderleg «velpussa» ytre og den lytelause framtoninga til «flottenfeiaren» straks og utan mistak plasserer han som «høgst sannsynleg ein kjeltring».

Færre pompøse frasar, meir endeframt, *kvardagsleg* arbeid, omsut for kornpudet og kolpudet! Større omsut for å skaffa fram dette kornpudet og kolpudet som dei svoltne arbeidarane og fillete og berrførte bøndene treng, *ikkje* med å *tinga og pruta*, ikkje på kapitalistisk måte, men gjennom det medvitne, frivillige, endelaust heltemodige arbeidet til vanlege arbeidande menneske som dei ufaglærte arbeidarane og jarnbane-arbeidarane på Moskva-Kazan-banen.

Vi må alle vedgå at spora etter den borgarleg-intellektuelle frasemakarmåten å nærma seg dei revolusjonære spørsmåla på kjem til syne for kvart einaste steg, overalt, jamvel i våre egne rekkjer. Pressa vår gjer til dømes lite for å kjempa mot desse rotne leivningane av den rotne borgarleg-demokratiske fortida, ho gjer lite for å fostra dei enkle, smålåtne, vanlege, men levedyktige spirane til ekte kommunisme.

Ta stillinga til kvinnene. På dette feltet har ikkje eit einaste demokratisk parti i verda, ikkje eingong i dei mest framskridne borgarlege republikkane, gjort så mykje på fleire tiår som ein hundredel av det vi gjorde det fyrste året vi sat med makta. Vi jamna verkeleg med jorda dei nedrige lovene som gjorde kvinnene underlegne, som gjorde skilsmål vanskeleg og omgav det med motbydelege formaliteter, nekta å godkjenna barn som var fødde utanfor ekteskap, tvang fram lei-

ting etter fedrane deira osb. Til skam for borgarskapet og for kapitalismen finst det mange leivningar av slike lover i alle siviliserte land. Vi har tusen gonger rett til å vera stolte over kva vi har gjort på dette feltet. Men di *grundigare* vi har reinska grunnen for restane etter dei gamle borgarlege lovene og institusjonane, di klårare vert det for oss at vi berre har reinska grunnen vi skal byggja på, men enno ikkje er komne i gang med bygginga.

Utan omsyn til alle dei kvinnefrigjerande lovene held kvinna fram å vera ein *husslave*, av di *mindreverdige husarbeid* knusar og kvelar henne. Det held henne for narr og nedverdigar henne, lenkjer henne til kjøkkenet og barnerommet, og ho kastar bort arbeidet sitt på barbarisk uproduktivt, mindreverdige, nerveslitande, fordummande og knusande slit. Den verkelege *frigjeringa av* kvinnene, verkeleg kommunisme, vil fyrst ta til der og når ein altfemnande kamp tek til (under leiing av proletariatet som har statsmakta) mot dette mindreverdige husstellet, eller rettare når ei *gjennomgripande omforming* tek til der det vert ført over i ein sosialistisk stordriftsøkonomi.

Er vi i praksis tilstrekkeleg merksame på dette spørsmålet, som kvar einaste kommunist ser som udiskutabelt i teorien? Sjølvsaft ikkje. Tek vi tilstrekkeleg godt vare på dei *spirane* til kommunisme som alt finst på dette feltet? Igjen er svaret *nei*. Offentlege storkjøkken, dagheimar, barnehagar, her har vi døme på desse spirane. Her har vi dei enkle, kvardagslege midla som ikkje har noko pompøst, stortalande eller høgtidsamt i seg, og som *verkeleg* kan *frigjera kvinnene*, verkeleg minska og avskaffa ulikskapen deira i høve til mennene når det gjeld rolla deira i samfunnsmessig produksjon og offentlig liv. Desse midla er ikkje nye. Dei vart (liksom alle dei materielle føresetnadene for sosialismen) skapte av storkapitalismen. Men under kapitalismen vart dei for det fyrste verande noko sjeldsynt. For det andre — og det er særskilt viktig — vart dei

anten *profittskapande* företag, med alle dei verste draga av spekulasjon, profitørverksemd, svindel og snyteri, eller «borgarleg veldedighetsakrobatikk», som dei beste arbeidarane med full rett hata og forakta.

Det er inga tvil om at talet på slike institusjonar i vårt land har auka enormt, og at dei *byrjar* endra karakter. Det er inga tvil om at vi har langt meir *organisasjonstalent* mellom arbeidar- og bondekvinnene enn vi er merksame på, at vi har langt fleire menneske enn vi kjenner til som kan organisera praktisk arbeid. Dei kan gjera det i samarbeid med store mengder arbeidarar og endå større mengder forbrukarar, utan den store mengda av preik, ståk, tretting og skravl om planar, system, osb., som dei innbilske «intellektuelle» eller halvferdige «kommunistane» er «påverka» av. Men vi *vernar ikkje* om desse spirane til det nye som vi skulle.

Sjå på borgarskapet. Kor godt kjenner ikkje dei til korleis dei skal gjera kjent kva dei er tent med! Sjå korleis millionopplag av avisene *deira* hevar opp i skyene det kapitalistane ser som «modell»-företak, og korleis borgarlege «modell»-institusjonar vert stilte opp for at nasjonen skal vera stolte av dei! Pressa vår gjer seg ikkje umak, eller gjer det knappast, med å fortelja om dei beste storkjøkkenföretaka eller dagheimane for å få nokre av dei gjorde til modellar i sitt slag gjennom å slå det fast dagleg. Pressa gjer ikkje nok for at dei skal verta vidkjende. Ho skildrar ikkje i detalj innsparinga i menneskeleg arbeid, kor lageleg det er for forbrukarane, eller kor økonomiske dei er i drift. Ho tek heller ikkje opp korleis desse *föredöma på kommunistisk arbeid* kan frigjera kvinnene frå husslaveri, betra dei sanitære tilhøva, og korleis dette kan förast vidare til heile samfunnet, til heile det arbeidande folket.

Mønstergyldig produksjon, mønstergyldige kommunistiske subbotnikar, mønstergyldig varsemd og samvitsfull framferd i innkrevjing og fordeling av kvart pud korn, mønstergyldige storkjøkkenföretak, møns-

tergyldig reinleik i den og den arbeidarheimen, i det og det kvartalet, burde alle få ti gonger større merksemd og omsut i pressa vår, så vel som frå *kvar* arbeidar- og bondeorganisasjon, enn dei får no. Alt dette er spirar til kommunisme, og det er vår sams og fremste skuld- nad å verna dei. Kor vanskeleg matforsynings- og pro- duksjonsstoda vår enn er, så har det halvtanna året bolsjevikane har rådd, vore tvillaus framgang *over hei- le lina*: Kornoppdrivinga har auka frå 30 millionar pud (frå 1. august 1917 til 1. august 1918) til 100 millionar pud (frå 1. august 1918 til 1. mai 1919). Grønsakdyr- kinga er utvida, arealet usådd jord har minka, jarnba- netransporten har teke til å verta betre trass i dei enor- me vanskane med brensla, og så vidare. Imot denne allmenne bakgrunnen, og med stønad i den proletari- ske statsmakta, vil ikkje spirane til kommunismen vis- na, dei vil veksa og bløma til full kommunisme.

* * *

Vi må tenkja svært godt igjennom kva dei «kommu- nistiske subbotnikane» tyder, slik at vi kan dra alle dei særers viktige praktiske lærdomane som fylgjer av den- ne store opptakten.

Den fyrste og viktigaste lærdomen er at denne opp- takten må få all mogleg hjelp. Ordet «kommune» vert nytta altfor slepphendt. Alle slags føretak som kom- munistar tek til med eller tek del i, vert svært ofte straks kunngjorde som ein «kommune». Ikkje sjeldan vert det gløymt at denne *svært ærerike nemninga* må *vinnast* gjennom langvarig og uthaldande strev, gjen- nom *praktiske* vinningar i ekte kommunistisk utvik- ling.

Dette er grunnen til at det etter mitt syn er ei heilt rett avgjerd som har modnast fram hos eit fleirtal av medlemene i den sentrale eksekutivkomiteen, når det gjeld å *visa attende* dekretet frå rådet av folkekommis- særar om nemninga «forbrukarkommunar»⁴⁹. Lat

nemninga vera enklare, og då kan elles ikkje «kommunane» klandrast for feila og manglane på dei *fyrste* stadia av det nye organisatoriske arbeidet, men dei *dårlege* kommunistane (slik det når alt kjem til alt bør vera). Det ville vera bra å få fjerna ordet «kommune» frå *daglegtalet* for å hindra at kvar Per og Pål tyr til det, eller å *tillata at nemninga berre vert nytta* om ekte kommunar, som verkeleg har demonstrert i praksis (og har prova gjennom samstemt godkjenning frå heile folkesetnaden omkring) at dei er i stand til å organisera arbeidet sitt på ein kommunistisk måte. Syn fyrst at de er i stand til å arbeida utan vederlag for interessene til samfunnet, for interessene til heile det arbeidande folket, syn at de er i stand til å auka arbeidsproduktiviteten, og så kan de rekkja ut handa etter heidersnemninga «kommune»!

Slik sett er dei «kommunistiske subbotnikane» eit svært verdifulle unntak. Dei ufaglærte arbeidarane og jarnbanearbeidarane ved Moskva-Kazan-banen synte *fyrst med handling* at dei er i stand til å arbeida som *kommunistar*, og så tok dei i bruk nemninga «kommunistiske subbotnikar» om tiltaket sitt. Vi må sjå etter og forvissa oss om at kven som helst som i framtida kallar føretaket sitt, institusjonen sin eller tiltaket sitt ein kommune *utan at dei har prova* det gjennom hardt arbeid og praktisk *framgang gjennom langvarig strev*, gjennom mønstergyldig og sann kommunistisk organisering, vert gjort nådelaust narr av og sett i gapestokken som juksemarak eller som skrytepave.

Denne store opptakten, dei «kommunistiske subbotnikane», må og nyttast ut til eit anna føremål, nemleg å *reinsa* partiet. I den fyrste tida etter revolusjonen, då massane av «ærlege» og spissborgarsinna menneske var særskilt redde av seg, og då dei borgarlege intellektuelle til siste mann, sjølv sagt medrekna mensjevikaner og dei sosialrevolusjonære, spela lakeiar for borgarskapet og utførte sabotasje, vart det heilt uunngåeleg at eventyrarar og andre skadelege element haka seg

fast i det herskande partiet. Det har aldri vore, og det vil aldri koma, nokon revolusjon utan at det skjer. Heile poenget er at det herskande partiet må lita på ein sunn og sterk framskriden klasse og vera i stand til å reinsa rekkjene sine.

Vi tok til med dette arbeidet for lenge sidan. Vi må halda fram med det stødige og utan å verta trøytte. Mobiliseringa av kommunistane til krigen hjalp oss i så måte: Feigingane og slynglane rømde frå rekkjene til partiet. Det var godt å vera kvitt dei! Når medlemstalet i partiet går ned på ein *slik* måte, tyder det at det *aukar enormt* i styrke og vekt. Vi må halda fram med reinsinga, og denne nye opptakten, dei «kommunistiske subbotnikane» må nyttast ut med dette for auga: Partiet skal sleppa inn nye medlemmer fyrst etter lat oss seia seks månaders «prøvetid» med å «arbeida på revolusjonært vis». Ei tilsvarande prøve må krevjast av *alle* partimedlemmer som gjeikk inn etter 25. oktober 1917, og som ikkje har prova gjennom særskilt arbeid eller tenester at dei er fullstendig pålitande, lojale og i stand til å vera kommunistar.

Gjennom dei stendige *aukande krava* partiet set til å arbeida på ekte kommunistisk vis, vil reinsinga av partiet gjera statsapparatet betre og føra med seg at den stunda kjem mykje nærare då bøndene *endeleg går over* på sida til det revolusjonære proletariatet.

Elles har dei «kommunistiske subbotnikane» kasta eit uvanleg sterkt lys over klassekarakteren til statsapparatet under proletariatets diktatur. Sentralkomiteen i partiet gjer utkast til eit brev om «å arbeida på revolusjonært vis».* Ideen vert sett fram av sentralkomiteen i eit parti med frå 100 000 til 200 000 medlemmer (eg går ut ifrå at om lag så mange vil vera att etter ei grundig reinsing. Nett no er medlemstalet høgare).

* Sjå Lenin, «Tesar frå sentralkomiteen i Russlands Kommunistiske Parti (bolsjevikane) om situasjonen på austfronten» (1919) s. 204—207 i dette bandet. — *Red.*

Ideen vert teken opp av dei fagorganiserte arbeidarane. I Russland og Ukraina er det kring fire millionar av dei. Det overveldande fleirtalet av dei er for statsmakta til proletariatet, for proletarisk diktatur. To hundre tusen mot fire millionar, slik er utvekslingstilhøvet i «gearboksen», om ein kan seia det på den måten. Så fylgjer dei *titalls millionane* bønder, som er delte inn i tre hovudgrupper: Den mest talrike og den som står proletariatet nærast er halvproletarane eller dei fattige bøndene. Så kjem mellombøndene, og til sist den gruppa som tel svært få, kulakkane eller borgarskapet på landsbygda.

Så lenge som det er mogleg å handla med korn og gjera profitt på hungersnauda, vil bonden framleis vera halvt arbeidsmann og halvt spekulant (og det vil ei tid vera uunngåeleg under proletariatets diktatur). Som profitør er han fiendsleg til oss, fiendsleg til den proletariske staten, han hallar mot å vera samd med borgarskapet og deira trugne lakeiar, opp til og medrekna mensjeviken Sjer eller den sosialrevolusjonære B. Tsjernenkov, som går inn for fridom til å handla med korn. Men *som arbeidsmann* er bonden ein ven av den proletariske staten, ein sær sers lojal alliert med arbeidaren i kampen mot godseigaren og mot kapitalisten. Som arbeidsfolk stør bøndene, den overveldande massen av dei, bondemillionane, den stats-«maskinen» som vert leidd av dei eitt eller to hundre tusen kommunistane i den proletariske fortroppen, og som er samansett av millionar av organiserte proletarar.

Ein stat som er meir demokratisk i den rettelege tydinga av ordet, ein stat som er nærare knytt i hop med det arbeidande og utbytta folket, har *fram til no ikkje funnest*.

Det er nett slikt proletarisk arbeid som det som vert lagt i dei «kommunistiske subbotnikane», som vil vinna den fulle respekten og kjærleiken til bøndene for den proletariske staten. Slikt arbeid, og slikt arbeid aleine, vil overtyda bonden fullstendig om at vi har

rett, at kommunismen er rett. Det vil gjera han til våre trugne allierte, og såleis føra med seg at alle matforsyningsvanskane våre fell heilt bort. Det vil føra til at kommunismen sigrar fullstendig over kapitalismen når det gjeld å produsera og fordela korn, og at kommunismen vert grunnfesta utan atterhald.

28. juni 1919.

Prenta i juli 1919
som eigen brosjyre i Moskva
Underteikna: *N. Lenin*

Prenta i samsvar
med manuskriptet

NOTAR OG PERSONREGISTER

NOTAR

1. Om hungersnauda (eit brev til arbeidarane i Petrograd), vart skriven av Lenin etter ein samtale med A. V. Ivanov, formann i innkjøpskomiteen til Putilov-verka (nå Kirov-verka). Lenin hørde fyrst nøye etter på kva representanten for Putilov-arbeidarane hadde å si. Så spurde han om han ville fortelja arbeidarane i Petrograd at regjeringa tok «fastrådde tiltak for å betra matsituasjonen i landet». Lenin ga han så ein kopi av eit dekret, som han skulle gje vidare til Putilov-arbeidarane. Dette dekretet ga folkekommissæren for matvarer ekstraordinære fullmakter for å kjempa mot hungersnauda. I eit brev til A. D. Tsjurupa skreiv Lenin om samtalen sin med Ivanov: «Eg sa kva eg meinte: Dersom dei beste arbeidarane i Petrograd ikkje skaper ein utvald *hær* av pålitande arbeidarar for ein kampanje mot borgarskapet på landsbygda «er hungersnaud og øydelegging ikkje til å koma frå». Lenin ga ordre om at folkekommisariatet for matvarer skulle gje all mogleg hjelp til Petrograd-arbeidarane. I byrjinga av juni 1918 sende arbeidarane i Petrograd av stad dei fyrste matavdelingane deira på 400 mann. s. 8

2. *Konstitusjonelle demokratar (Kadettane)* — medlemmer av Det konstitusjonelt-demokratiske partiet, det leiande liberal-monarkistiske partiet i Russland. Partiet vart stifta i oktober 1904. Medlemene kom frå borgarskapet, dei var jordeigarar, Zemstvo-medlemmer og borgarlege intellektuelle (Zemstvo er lokale sjølvstyreorgan med adelen i brodden. Dei vart oppretta i 1864 av tsaren og skulle vera eit slags fylkesting der ein kunne ta opp lokale økonomiske problem. Zemstvo sto under kontroll av dei lokale guvernørane og innanriksministeren. Han kunne oppheva vedtaka deira dersom regjeringa ville det).

Kadettane kalla seg sjølv «partiet for fridomen til folket» for å narra det arbeidande folket. I røynda gjekk dei aldri ut over kravet om eit konstitusjonelt demokrati. Under den fyrste verdskrigen var dei aktive tilhengjarar av utanrikspolitikken til tsarregjeringa. Då den borgarlege demokratiske revolusjonen tok til i februar 1917, freista dei å berga monarkiet. Kadettane hadde ei leiande stilling i den bor-

garlege provisoriske regjeringa og førte ein anti-folkeleg kontrarevolusjonær politikk som vart godteken av dei britiske, franske og amerikanske imperialistane. Etter Oktoberrevolusjonen organiserte dei kontrarevolusjonære samansverjingar og oppreistar mot Sovjetrepublikken. s. 11

3. *Dei høgresosialrevolusjonære* — høgrefløya i det småborgarlege sosialrevolusjonære partiet som kom til i 1901—02, då einskilte narodnikgrupper og -sirklar slo seg saman (Den sosialrevolusjonære unionen, Partiet for dei sosialrevolusjonære og andre).

Dei sosialrevolusjonære skilde ikkje mellom proletariatet og småeigarane, dei sletta over klasseskilnadene mellom bøndene og gjekk imot at proletariatet spelar ei leiande rolle i revolusjonen. Deira synsstader var ei blanding av narodnik-idear og revisjonisme. For å nytta eit uttrykk frå Lenin, så freista dei «å bota riftene i narodnik-ideane med bitar frå moderne opportunistisk 'kritikk' av marxismen». (Lenin, «Sosialismen og bøndene» (1905) i *Samla verk*, eng. utg. 1965, band. 9, s. 310.)

Bolsjevikpartiet reiv sløret av freistnadene frå dei sosialrevolusjonære på å gøyma seg bak ei sosialistisk maske, og det førte ein fast strid mot dei for å få innverknad mellom bøndene. Bolsjevikane synte at den terroristiske taktikken til dei sosialrevolusjonære var til skade for arbeidarrørsla. Likevel gjekk bolsjevikane, i visse høve, inn i mellombels semjer med dei i striden mot tsarismen. Under den fyrste russiske revolusjonen braut høgrefløya mellom dei sosialrevolusjonære ut og skipa det legale Folkesosialistpartiet som sto nær kadettane i politiske synsstader. Venstrefløya skipa det halv-anarkistiske maximilistforbundet. I perioden med Stolypinreaksjonen forfall det sosialrevolusjonære partiet ideologisk og organisatorisk, og under den fyrste verdskrigen vart dei fleste av medlemene sosialsjåvinistar.

Etter februarrevolusjonen i 1917 var dei sosialrevolusjonære saman med mensjevikane og kadettane hovudstommen i den kontrarevolusjonære borgar- og godseigarregjeringa, der leiarane var sosialrevolusjonære (Kerenski, Avksentjev, Tsjernov). Seint i november 1917 skipa venstrefløya i partiet Det sjølvstendige venstresosialrevolusjonære partiet. I ein freistnad på å halda på innverknaden sin mellom bøndene anerkjende dei sosialrevolusjonære sovjetmakta formelt og gjekk inn i ein avtale med bolsjevikane, men snart gjekk dei over til å stri mot dei.

Under den utanlandske intervensjonen og borgarkrigen tok dei sosialrevolusjonære del i kontrarevolusjonær undergravingsverksemd, dei støtta aktivt intervensjonistane og kvitegardistgeneralane, dei tok del i kontrarevolusjonære samansverjingar og organiserte terroristiske aksjonar mot leiarane i sovjetregjeringa og i det kommunistiske partiet. Etter borgarkrigen heldt dei sosialrevolusjonære fram med

dei fiendslege handlingane mot Sovjetstaten, både innanlands og mellom kvite-emigrantane. s. 11

4. *Mensjevikane* — dei som støtta det småborgarlege, opportunistiske straumdraget innanfor Russlands sosialdemokratiske arbeidarparti (RSDAP) og var reiskapen for borgarleg innverknad mellom arbeidarane. Namnet, som tyder «medlemar av mindretalet», skriv seg frå Den andre kongressen til RSDAP i 1903, frå vala til dei sentrale organa i partiet som vart haldne på slutten av kongressen. Mensjevikane var i mindretal, medan dei revolusjonære sosialdemokratane leia av Lenin, var i fleirtal (ordet «bolsjevik» tyder «medlem av fleirtalet»). Under revolusjonen 1905—07 var mensjevikane imot at proletariatet skulle ta leiinga i revolusjonen, dei var imot forbundet mellom arbeidarklassen og bøndene, dei gjekk inn for ei semje med det liberale borgarskapet og var for at det skulle ha leiinga i revolusjonen. I reaksjonsåra (1907—10) som fylgde etter at revolusjonen var slege ned, forkynte mensjevikane likvidasjonisme, dvs. dei ville avskipa det revolusjonære partiet til proletariatet som arbeidde illegalt.

Under den fyrste imperialistiske verdskrigen fylgde mensjevikane den same lina som dei opportunistiske leiarane i Den andre internasjonalen, som sentristane Kautsky & Co. Deira politikk var å taka fråstand frå revolusjonen og stilla inn klassekampen under krigen for ikkje å hindra «deira» regjering i å taka del i den imperialistiske krigen.

Den borgarleg-demokratiske februarrevolusjonen i 1917 førte til at det vart skipa ei dobbeltmakt i Russland — borgarskapet sitt diktatur gjennom den provisoriske regjeringa, og proletariatets og bøndenes diktatur gjennom sovjeta. Mensjevikane og dei sosialrevolusjonære (sjå note 4) gjekk inn i den provisoriske regjeringa, støtta den imperialistiske politikken ho fylgde og stridde mot den proletariske revolusjonen som heldt på å voksa seg sterk. Innanfor sovjeta fylgde mensjevikane den same politikken med å støtta den provisoriske regjeringa og skilja massane frå den revolusjonære rørsla.

Etter Oktoberrevolusjonen vart mensjevikane eit ope kontrarevolusjonært parti som organiserte og tok del i samansverjingar og oppreistar som hadde som mål å styrta sovjetmakta. s. 11

5. *Dei venstresosialrevolusjonære* — venstrefløya i Det sosialrevolusjonære partiet. Rett etter fyrste verdskrigen braut ut vart kløyvinga i Det sosialrevolusjonære partiet stadig større og etter Julihendingane i 1917 vokste venstrefløya sterkt etter som bondemassane gjekk til venstre. Leiarane for denne gruppa var Spiridonova, Kamkov, Natanson (Bobrov). På den andre allrussiske sovjetkongressen hadde venstrefløya fleirtalet i den sosialrevolusjonære gruppa. Spørsmålet om det skulle ta del i Kongressen splitta partiet full-

stendig. Dei høgresosialrevolusjonære marsjerte ut, medan dei venstresosialrevolusjonære vart att og røysta saman med bolsjevikane i alle viktige spørsmål. Bolsjevikane ynskte å få dei med i regjeringa, men dei avlo, og satte istaden fram krav om at det skulle stiftast «ei sosialistisk samlingsregjering», der også mensjevikane, dei høgresosialrevolusjonære og andre skulle vera med. For å halda på den store støtta dei hadde frå bøndene ynskte dei likevel samarbeid. Og sist på året i 1917, kom det til semje om at dei skulle gå inn i regjeringa. Då var dei venstre-revolusjonære formelt stifta som eige parti, på ein kongress 19.—28. nov. (2.—11. des.) 1917.

Trass i regjeringssamarbeidet var dei venstresosialrevolusjonære sterkt usamde med bolsjevikane på ei rekkje punkt. Det galdt t.d. spørsmålet om proletariatets diktatur og fleire sider ved den sosialistiske oppbygginga. Dei gjekk sterkt imot freden i Brest og trekte seg frå regjeringa i mars 1918 av den grunnen. I juli 1918 organiserte sentralkomiteen deira mordet på den tyske ambassadøren i Moskva og sette i verk ein væpna oppstand for å sabotera fredsavtalen og provosera fram ein ny krig mellom Sovjet-Russland og Tyskland. Den femte all-russiske Sovjet-kongressen som vart halde etter at juli-opprøret var slått ned, vedtok at alle venstresosialrevolusjonære som delte synet til leiarane, skulle stengjast ute frå sovjeta. Etter at dei no hadde tapt all støtte frå massane, sette partiet i gang væpna kamp mot sovjetmakta. Mange venstresosialrevolusjonære ynskte å halda fram med samarbeidet med bolsjevikane og ein god del av dei gjekk seinare inn i Kommunistpartiet. s. 11

6. *Det tsjekkosllovakiske regimentet* — Før Oktoberrevolusjonen sigra vart det sett opp eit regiment av tsjekkiske og slovakiske krigsfangar. Dette regimentet var på over 60 000 mann sommaren 1918. Etter at Sovjetmakta vart oppretta vart regimentet finansiert av Ententen. Sovjetregjeringa gjekk med på å evakuera tsjekkosllovakane på det vilkåret at dei russiske soldatane i Frankrike skulle sendast heim. Den 26. mars 1918 fekk det tsjekkiske regimentet løyve til å dra frå Russland via Vladivostok, vilkåret var at dei leverte inn alle våpna sine og sende frå seg dei kontrarevolusjonære kommandantane. Men dei kontrarevolusjonære kommandantane i regimentet braut semja på forrædersk vis og sette i gong væpna oppstand i slutten av mai. Regjeringane i USA, Frankrike og Storbritannia støtta heilt og fullt opp om oppstanden. Franske offiserar tok jamvel direkte del i han. Regimentet knytta nær kontakt med kvitegardistane og kulakkane og okkuperte ein stor del av Uralfjella, Volgaområdet og Sibir. Overalt oppretta dei eit borgarleg styre. Med støtte frå mensjevikane og dei sosialrevolusjonære vart kvitegardistiske regjeringar skipa overalt i dei okkuperte områda. I Sibir vart det satt opp ei regjering i Omsk, ein komite av medlemmer av den grunnlovjevande forsamlinga vart oppretta i Samara osb.

Rett etter at opprøret starta den 11. juni sende den sentrale eksekutivkomiteen av dei tsjekkosllovakiske kommunistiske gruppene i Russland ut ein appell til soldatane i regimentet der dei avslørte det kontrarevolusjonære formålet med oppstanden. Dei tsjekkiske og slovakiske arbeidarane og bøndene vart bedne om å nekta å vera med, og i staden gå saman med dei tsjekkiske og slovakiske kameratane i den raude hæren. Fleirtalet av dei tsjekkiske og slovakiske krigsfangane var sympatisk innstilt overfor Sovjetmakta og nekta å verta tekne til inntekt for anti-sovjetisk propaganda av den reaksjonære leiinga. Då dei skjøna at dei hadde vorte lurt, forlet mange soldatar regimenet. Dei nekta å kjempa mot Sovjetmakta. Nesten 12 000 tsjekkarar og slovakar gjorde teneste i den raude hæren. Volgaområdet vart frigjort av den raude hæren hausten 1918 og dei kvitegardistiske tsjekkosllovakane vart slått for godt i den sigerrike kampanjen mot Koltsjak. s. 20

7. *Storverka i Tsjekkoslovakia* — Lenin tenkjer her på byar som var okkuperte av tsjekkarane og område der kvitegardistiske regjeringar var danna. Desse regjeringane som hadde mensjevikar og sosialrevolusjonære som medlemer sto for ei rekkje grusomme handlingar. s. 22

8. Den 6. august 1918 gjorde rådet av folkekommissærar vedtak «om faste prisar for kornhausten i 1918». Dette vedtaket gjorde det mogleg å tredobla kornprisane. Lenin tok fyrst opp spørsmålet om å auka kornprisane i «Tesar om matspørsmålet» som han skreiv 2. aug. (sjå *Samla verk*, eng. utg. 1965, b. 27, s. 45—47). Vedtaket vart prenta 8. aug. i *Izvestia*. s. 24

9. *Dagen til dei raude offiserane* vart oppretta for å gje opplæring for offiserar til den raude hæren. Den 4. nov. 1918 paraderte militære kadettar på den raude plassen. s. 25

10. *Den proletariske revolusjonen og renegaten Kautsky* — Denne boka tok Lenin til å skriva i okt. 1918 rett etter at han hadde lest boka til Kautsky *om proletariatets diktatur*, der Kautsky rakka ned på og vulgariserte den marxistiske teorien om den proletariske revolusjonen og baktalte sovjetstaten.

Lenin meinte det var særst viktig å avsløra dei opportunistiske synsmåtane til Kautsky når det galdt den sosialistiske revolusjonen og proletariatets diktatur. I aug. 1918 hadde tidsskriftet *Sozialistische Auslandspolitik* prenta artikkelen til Kautsky der han oppmoda dei sosialdemokratiske partia til å kjempa mot bolsjevikane. Etter å ha lese utdrag av artikkelen som vart prenta i Pravda 20. sep. skreiv Lenin til V. V. Vorovsky i Stockholm: «Det skammelege tullpratet til Kautsky, det barnslege skravlet og den vulgære opportunisten hans gjer det naudsynt å spørja: Kvifor gjer vi ikkje noko for å

kjempa mot Kautskys *teoretiske* vulgarisering av marxismen? (*Samla verk*, eng. utg., b. 35)

Lenin spurde Vorovsky som då var diplomatisk utsending med alle fullmakter til dei skandinaviske landa om han ville senda han pamfletten til Kautsky om dikaturet så snart han fekk tak i han, og dessutan alle artiklane hans om bolsjevikane. s. 27

11. *Den andre internasjonale* — Ei internasjonal samanslutning av sosialistiske parti stifta i 1889. Då fyrste verdskrigen tok til i 1914, sveik leiarane i Den andre internasjonale sosialismens sak og tok parti for dei imperialistiske regjeringane deira. På det viset gjekk Den andre internasjonale under. s. 29

12. *Sosialdemokrat* — ei illegal avis for Russlands sosialdemokratiske arbeidarparti frå feb. 1908 til jan. 1917. Det fyrste nummeret kom ut i Russland. Deretter vart avisa gjeve ut i Paris og Genève. Frå og med des. 1911 var Lenin sjefsredaktør for avisa. s. 29

13. *Kommunist* — eit tidsskrift organisert av Lenin og utgjeve i Genève i 1915 av redaksjonsstaben i avisa Sosialdemokrat. Pjatakov og Bosch finansierte tidsskriftet. Bukharin var også med i redaksjonen. Det kom berre ut eit dobbeltnummer i sep. 1915. I 1916 uttalte Sosialdemokrat etter framlegg av Lenin at det ikkje lenger var mogleg å halda fram med å gje ut tidsskriftet på grunn av den partifiendslege haldninga til Bukharin, Bosch og Pjatakov. s. 29

14. *Basel-manifestet* — eit manifest om krigen som vart vedteke av den ekstraordinære internasjonale sosialistkongressen 24.—25. nov. 1912 i Basel i Sveits. Manifestet åtvara folka om den komande verdskrigen. Det avslørte denne krigen som imperialismen førebudde for sine egne rovgriske føremål. Alle arbeidarar i alle land vart oppmoda om å kjempa energisk mot den kapitalistiske imperialismen: Dersom det skulle bryta ut ein imperialistisk krig sa manifestet at sosialistane skulle nytta den økonomiske og politiske krisa som krigen førte med seg til å kjempa for den sosialistiske revolusjonen. s. 30

15. *Den 4. august 1914* — dagen då den sosialdemokratiske partigruppa i den tyske riksdagen stemte for krigsløyvingane. s. 44

16. *Dreyfussaka* — rettssaka mot den franske jøden, kaptein Alfred Dreyfus, som i 1894 vart dømd til livsvarig fengsel som spion og landsforrædar. Dommen over Dreyfus vart nytta av reaksjonære til ein offensiv mot det republikanske styret og dei demokratiske rettane. I 1898 vart saka tatt opp att, og førde til svære avsløringar av korrupsjon i staten og til ei politisk krise i Frankrike. I 1899 vart

Dreyfus frikjend, men ikkje før i 1906 vart han reinvaska slik at han kunne gå inn att i hæren. s. 50

17. Opprøret i Irland mot det engelske herredømet i 1916 vart slege brutalt ned. *Ulster* er den nordøstre delen av Irland der mange engelskmenn er busatt. Troppar frå Ulster tok del i undertrykkinga av det irske folkeopprøret saman med troppar frå England. s. 50

18. *Riksdumaen* — var ei representativ forsamling som tsarregjeringa vart tvungen til å kalla saman etter dei revolusjonære hendingane i 1905. Formelt var dumaen eit lovgjevande organ, men i røynda hadde han ikkje nokon reell makt i det heile. Dei arbeidande klassane og dei ikkje-russiske nasjonalitetane i Russland hadde svært innskrenka stemmerett. Den fyrste riksdumaen (april—juni 1906) og den andre (februar—juni 1907) vart oppløyst av tsarregjeringa. Tsarens manifest 3. juni 1907, var i røynda eit statskupp. Gjennom dette vart røysteretten til arbeidarane, bøndene og småborgarskapet i byane endå meir avgrensa. Den nye valglova garanterte herredømet for godseigarane og storkapitalistane endå meir i den tredje (1907—1912) og i den fjerde (1912—1917) riksdumaen. s. 50

19. Etter sigeren for Pariskommunen i 1871 flykta tilhengarane av den franske borgarlege kontrarevolusjonære regjeringa med Thiers i brodden, til Versailles. For å slå ned opprøret til Parisarbeidarane gjekk dei i militærallianse med dei prøyssiske troppane. s. 59

20. *Den grunnlovgjevande forsamlinga* — Vala til denne forsamlinga vart halde etter at den sosialistiske Oktoberrevolusjonen hadde signa den 12. (25.) november 1917. Valet vart halde med lister over kandidatar som hadde vorte sett opp før Oktoberrevolusjonen. Dette vart nytta av dei høgresosialrevolusjonære som samla dei fleste røystene sine i område utanfor hovudstaden og industrisentrene. Den grunnlovgjevande forsamlinga vart kalla saman den 5. (18.) januar 1918 i Petrograd. Den kontrarevolusjonære majoriteten i forsamlinga forkasta fråsegna frå den allrussiske sentraleksekutivkomiteen om rettane til dei arbeidande og utbytta folket. Fleirtalet nekta òg å godkjenna dekretet om freden, om jorda og om at sovjeta skulle få makta. Difor vart den grunnlovgjevande forsamlinga oppløyst den 6. (19.) januar. s. 76

21. *Den allrussiske demokratiske konferansen* — vart kalla saman i september 1917 i Petrograd av den sentrale eksekutivkomiteen for å avgjera spørsmålet om makta. Mensjevikanane og dei sosialrevolusjonære hadde fleirtal i komiteen og leiarane deira gjorde det dei kunne for å svekkja representasjonen frå arbeidar- og bondemassane. Fleirtalet ville også auka talet på delegatar frå ulike småborgarlege

og borgarlege organisasjonar for å sikra fleirtalet sitt på konferansen. Bolsjevikane tok del i konferansen for å avsløra mensjevikane og dei sosialrevolusjonære.

Den demokratiske konferansen vedtok at det skulle skipast eit forparlament som skulle verta eit lovgjevande organ for regjeringa.

Lenin kravde at bolsjevikane ikkje skulle gå med i forparlamentet, alle krefter måtte nyttast for å førebu oppreisten, meinte han. Sentralkomiteen i partiet diskuterte framlegget til Lenin og vedtok at bolsjevikane skulle gå ut av forparlamentet. Då dette vart opna den 7. (20.) oktober, gjekk bolsjevikane ut etter å ha gjort erklæringa si kjent. s. 80

22. *Kornilov-mytteriet* — ein kontrarevolusjonær kuppfreistnad i august 1917, for å verna om interessene til borgarskapet og godseigarane. Tsargeneralen Kornilov sto i brodden for opprøret. Dei reaksjonære ville ta Petrograd, knusa bolsjevikpartiet, løysa opp sovjeta, oppretta militærdiktatur i landet og gjeninnføra monarkiet. Den 25. august (7. september) vart opprøret starta, men det vart slått ned av arbeidarane og bøndene under leiing av bolsjevikane. s. 82

23. *Liberdanane* — ei ironisk nemning på mensjevikleiarane Liber og Dan og tilhengarane deira. s. 87

24. *Aktivistar* — den yste høgrefløya i mensjevikpartiet som nytta seg av væpna kampmetodar mot sovjetmakta, dei tok del i kontrarevolusjonære aksjonar og i den kvite terroren, og dei fekk militær og finansiell støtte av intervensjonsmaktene. s. 87

25. *August Bebel* nemnde dette i talen sin den 19. oktober 1891 på Erfurtkongressen til Tysklands sosialdemokratiske parti. s. 88

26. *Frankfurter Zeitung* — dagsavis og organ for dei store tyske finansinteressene. Avisen kom ut i Frankfurt am Main frå 1856 til 1943. s. 89

27. *Vorwärts* — (framover) dagsavis og hovudorgan for dei tyske sosialdemokratane frå 1891 til 1933. s. 89

28. *Venstrezimmerwaldistane* — ei gruppe revolusjonære sosialistar på den internasjonale sosialistkonferansen i Kienthal i september 1915. Lenin kalla denne konferansen det fyrste steget i retning av ei internasjonal rørsle mot krigen. Bolsjevikane under leiing av Lenin, tok det einaste rette standpunktet i Zimmerwaldvenstre, standpunktet med konsekvent motstand mot krigen. Med i gruppa var også nokre inkonsekvente internasjonalar. s. 95

29. «*Venstre kommunistane*» — ei partifriendsleg gruppe som vart danna fyrst i 1918 under fredstingingane med Tyskland. Dei nytta seg av venstre frasar om revolusjonær krig og ville at Sovjetrepublikken skulle halda fram med krigen mot det imperialistiske Tyskland. Då Sovjetrepublikken ikkje hadde ein hær som var i stand til å kjempa, ville ein slik krig ha øydelagt sovjetmakta. «Venstre kommunistane» var imot arbeidsdisiplin og personleg ansvar i industrien og dei ville ikkje nytta seg av borgarlege spesialistar. s. 102

30. *Spartakistane* — medlemene av ein tysk venstresosialdemokratisk organisasjon som vart danna ved starten på den fyrste verdskrigen av Liebknecht, Luxemburg, Mehring, Zetkin med fleire. Dei dreiv revolusjonær propaganda blant massane mot den imperialistiske krigen og avslørte røverpolitikken til den tyske imperialismen og sviket til dei opportunistiske sosialdemokratiske leiarane. Men dei klarte ikkje å fri seg frå halv-mensjevikiske mistak i sentrale spørsmål om teori og politikk. På ein kongress ved årsskiftet 1918—1919 danna spartakistane Tysklands Kommunistiske Parti. s. 105

31. *Narodnik-kommunistar og revolusjonære kommunistar* — to nye parti som skilte seg ut frå dei venstresosialrevolusjonære etter at desse hadde organisert mordet på den tyske Moskva-ambassadøren Mirbach i juli 1918.

Narodnik-kommunistane danna partiet sitt på ein konferanse i september 1918, og fordømde den anti-sovjetiske verksemda til dei venstresosialrevolusjonære. Den 6. november same året vedtok partikongressen deira samrøystes å oppløysa partiet og gå inn i RKP(b).

Den Revolusjonære Kommunismens Parti vart danna på ein kongress i Moskva den 25.—30. september 1918. Partiet eksisterte som ei lita gruppe fram til september 1920, då den 6. kongressen deira gjorde vedtak om å gå opp i RKP(b). I oktober same året fekk dei også høve til å verta medlemmer av Kommunistpartiet. s. 111

32. *Forræderiet til M. A. Muravjov* — kommandant for sovjettroppane på austfronten hengde nøye saman med opprøret til dei venstresosialrevolusjonære i juli 1918. I fylge planane til opprørarane skulle Muravjov setja i gang eit opprør mot sovjetmakta og marsjera mot Moskva etter å ha slutta seg til dei kvitegardistiske tsjekkarane. 10. juli nådde Muravjov fram til Simbirsk og erklærte der at han ikkje anerkjende Brestfreden og at han no ville føra krig mot Tyskland. Troppane som var førde bak lyset okkuperte post-, telegraf- og radiostasjonen og omringa bygningen til eksekutivkomiteen og hæravdelinga i Simbirsk. Muravjov sende telegrafiske meldingar der han oppmoda kvitegardistane og intervensjonistane mellom Samara og Vladivostok til å marsjera mot Moskva.

Sovjetregjeringa tok fastrådde tiltak for å slå attende Muravjov.

Kommunistane i Simbirsk dreiv med omfattande propagandaarbeid mellom garnisonstroppane og innbyggjarane i byen. Hæreiningane som tidlegare hadde støtta Muravjov, erklærte no at dei ville kjempa mot han. Natta til den 11. juli vart Muravjov beden om å koma til møte i eksekutivkomiteen i Simbirsk. Dette tolka han som at eksekutivkomiteen ville overgje seg. Då dei forræderske meldingane hans om å stansa motstanden mot intervensjonistane og kvitegardistane vart leste opp på møtet kravde kommunistane at han skulle arrestrast. Muravjov sette seg til motverge og vart skoten og tilhengarane hans vart arresterte. s. 118

33. *Komitear av fattige bønder* — vart danna i juni 1918. Oppgåvene deira var å halda oppsyn med matvaresituasjonen på landsbygda. Dei skulle konfiskera overskotet av matvarer som kulakkane hadde gøymt unna og fordela maten mellom dei fattige. Mot slutten av 1918 hadde fattigbondekomiteane gjort seg ferdig med oppgåvene sine og vart slått saman med sovjetorganisasjonane. s. 119

34. *Julikrisa* — her tenkjer Lenin på dei kontrarevolusjonære kulakk-oppreistene i Volga-området, i Ural og Sibir sommaren 1918. Dei var organiserte av mensjevikane og dei sosialrevolusjonære med støtte frå dei framande intervensjonistane. s. 119

35. *Blanquismen* — eit straumdrag innanfor den franske sosialistiske rørsla under leiing av den revolusjonære utopiske kommunisten Louis August Blanqui (1805—1881). Blanquismen meinte at ein kunne koma bort frå lønsslaveriet ikkje gjennom klassekamp, men gjennom samansverjing av eit lite mindretal inntellektuelle. s. 121

36. Nokre dagar før Oktoberrevolusjonen kom jordbruksminister Maslov med eit lovframlegg som dei sosialrevolusjonære hadde utarbeidd. Etter dette framlegget skulle det skipast eit rentefond som jorda til staten og klostra skulle gå over i. Godseigedomane skulle ikkje verta rørt, godseigarane skulle berre gje den jorda dei tidlegare hadde leigd ut over til fondet. Bøndene skulle så betala leige for jorda til godseigarane. s. 122

37. «*Mandatet*» — er mandatet frå bøndene om jorda som vart utarbeidd av 242 lokale bondemandat og som var del av dekretet om jorda vedteke av den andre allrussiske sovjetkongressen 26. oktober (8. november) 1917 (sjå Lenin, *Utvalgte verker i 12 bind*, b. 9, Forlaget Oktober 1978, s. 22—25). s. 125

38. *Det internasjonale sosialistbyrået* — utøvande organ for Den andre internasjonalen oppretta etter vedtak av Pariskongressen i 1900. s. 145

39. *Den åttande kongressen til RKP(b)* — vart halde i Moskva, deltakarar var 301 delegatar med røysterettar som representerte 313 766 partimedlemmer og 102 delegatar med talerett men ingen røysterett. Lenin åpna kongressen med ein kort tale. På dagsordenen på kongressen sto meldinga frå sentralkomiteen, programmet til RKP(b), grunnleggjinga av Den kommunistiske internasjonale, krigssituasjonen og krigspolitikken, arbeidet på landsbygda, organisatoriske problem og andre saker.

Lenin ga meldinga om arbeidet til sentralkomiteen og om parti-programmet og arbeidet på landsbygda. I ein resolusjon om meldinga frå sentralkomiteen ga kongressen full støtte til den politiske verksemda til sentralkomiteen.

Kongressen vedtok det nye partiprogrammet som Lenin hadde gjort framlegg om. Dei anti-bolsjeviske synspunkta til Bukharin vart viste attende. Bukharin hadde gjort framlegg om at ein skulle fjerna avsnitta om førmonopolistisk kapitalisme og liten vareproduksjon frå programmet. Synspunkta til Bukharin var dei same som mensjevikane og Trotski hadde når dei nekta for at mellombøndene hadde mykje å seia i den sosialistiske oppbygginga. På denne måten gjorde Bukharin det og vanskeleg å sjå at kulakkane utviklar seg frå den vesle vareøkonomien. Kongressen forkasta også dei anti-bolsjeviske synspunkta til Bukharin og Pjatakov på det nasjonale spørsmålet, dei talte mot nasjonanes rett til sjølvråde og gjekk imot at alle nasjonar hadde like rettar. Kongressen vedtok ein resolusjon om meldinga frå Lenin om arbeidet på landsbygda. Den resolusjonen gjekk ut på å gå bort frå politikken med å nøytralisera mellombøndene til ein politikk med ein fast allianse med dei. Resolusjonen synte stor tiltru til bøndene i kampen mot kulakkane medan proletariatet framleis hadde den leiande rolla i alliansen. Vedtaket på kongressen om alliansen med mellombøndene var svært viktig når det galdt å få heile det arbeidande folket med i kampen mot intervensjonen og kvitegardistane og for bygginga av sosialismen. Eit særskilt punkt på kongressen var oppbygginga av den raude hæren. Det vart vedteke at den regulære raude hæren måtte styrkast, den jernharde disiplinen i hæren måtte aukast, ikkje svekkjast. Kongressen slo også fast at det var naudsynt å nytta gamle hærspecialistar når det galdt krigføring. Kongressen gjekk sterkt imot framlegga til den militære opposisjonen som ville halda på den raude hæren som ein geriljahær (sjå *SUKP(b)s historie*, Forlaget Oktober 1974, s. 242—246). s. 157

40. Programmet som vart vedteke på den andre partikongressen i 1903 hadde to delar — minimums- og maksimumsprogrammet. Minimumsprogrammet kunne settast ut i livet under det kapitalistiske systemet, det galdt å styrta tsarismen og oppretta ein demokratisk republikk og innføra 8-timarsdagen osv. Maksimumsprogrammet

formulerte dei endelege måla til arbeidarklassen: den sosialistiske revolusjonen, opprettinga av proletariatets diktatur og overgangen til sosialismen. s. 164

41. Den 18. (31.) des. 1917 møttest Lenin og Svinhufvud, leiaren for den borgarlege finske regjeringa, etter at rådet av folkekommissærar hadde vedteke at Finland skulle vera sjølvstendig. Dette vedtaket vart stadfest av den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen den 22. desember 1917 (4. januar 1918). s. 164

42. Her refererer Lenin til drøftingane i Moskva i mars 1919 om å oppretta ein autonom basjkirisk sovjetrepublikk. Den 23. mars 1919 prenta Izvestia «Avtalen mellom den sentrale sovjetmakta og den basjkiriske regjeringa om å oppretta det autonome Sovjetbasjkiria». s. 165

43. *Warszawasovjetet av arbeidarutsendingar* vart oppretta 11. november 1918. Sovjet av arbeidarrepresentantar vart og sett opp i mange polske byar og industriområde. Warszawasovjetet av arbeidarutsendingar fekk igjennom 8-timarsdag i fabrikkane og byrja kampen mot sabotasjen til fabrikkeigarane. Sovjetet vedtok også å taka kontakt med det revolusjonære Russland. Sommaren 1919 vart dei polske sovjeta forbode av den borgarlege regjeringa. s. 168

44. *Novaja Zjizn* — (nytt liv) — mensjevikisk dagsavis, organ for ei gruppe sosialdemokratar som var kjend som internasjonalistane. Mellom dei var mensjevikar, tilhengarar av Martov og intellektuelle som halla mot mensjevikane. Avisa kom ut i Petrograd frå april 1917 til juli 1918. s. 177

45. *Komiteen for arbeidet på landsbygda* — vart oppretta på det fyrste møtet til den åttande kongressen til RKP(b) 18. mars 1919. Denne komiteen hadde tre møte. Han tok for seg meldingar om jordpolitikken og arbeidet på landsbygda og valde ein kommisjon som skulle gjera framlegg om resolusjonar. Resolusjonen til Lenin om haldninga overfor mellombøndene og ein resolusjon om politisk propaganda og opplysningsarbeid på landsbygda vart godteke av kongressen. s. 182

46. Delegatane frå Nisjni-Novgorod-partiorganisasjonen gjorde det klårt for presidiet på den åttande kongressen at pamfletten som Lenin hadde sitert, inneheldt ein prentefeil. s. 197

47. Dette viser til samansverjinga om å overgje Petrograd, som vart leidd av ein organisasjon der dei konstitusjonelle demokratane, mensjevikane og dei sosialrevolusjonære tok del. Denne spionorganisasjonen sto under leiing av eit «nasjonalt senter» som arbeidde etter

instruksar frå utanlandske spionasjesentralar. Den 13. juni 1919 starta konspiratorane eit kontrarevolusjonært opprør ved Krasnaja Gorka og Seraja Losjad-festningane. Opprøret vart raskt slått ned av sovjettroppane. s. 239

48. *Sadowa* var en landsby i Böhmen i nærleiken av byen Königgratz (no Hradec Kralove i Tsjekkoslovakia). Her sto det eit slag den 3. juli 1866. Slaget endte med siger for Prøyssen over dei austerrikske styrkane og avgjorde på den måten kven som skulle sigrå i krigen mellom Austerrike og Prøyssen. s. 245

49. Etter eit dekret frå rådet av folkekommissærar den 16. mars 1919, vart forbrukarkooperativa omorganisert som «forbrukarkommunar». Dette namnet førde til ei rekkje misforståingar blant bøndene i nokre distrikt. Den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen vedtok derfor å endra namnet frå «forbrukarkommunar» til «forbrukarlag». Dette vedtaket vart gjort den 30. juni 1919. s. 253

PERSONREGISTER

AVKSENTJEV, Nikolai Dmitrijevitsj (1878—1943): Ein av dei høg-resosialrevolusjonære leiarane. Etter februarrevolusjonen 1917 var han medlem av eksekutivkomiteen i Petrogradsovjetet av arbeidar- og soldatrepresentantar og formann i eksekutivkomiteen for det all-russiske rådet for bonderepresentantar. I juli—august 1917 var han innanriksminister i Kerenski-regjeringa. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen vart han ein av dei som organiserte kontrarevolusjonære og anti-sovjetiske handlingar. Etter det vart han «kvit» emigrant. s. 118

AXELROD, Pavel Borisovitsj (1850—1928): Russisk sosialdemokrat. Var med på å grunnlegga Gruppa for frigjering av arbeidet, den fyrste marxistiske gruppa i Russland. Slutta seg til *Iskra*-mindretalet på den andre kongressen til RSDAP i 1903. Etter det vart han ein av leiarane for mensjevikane. Han var leiar for likvidatorane i reaksjonsåra, dvs. dei mensjevikane som sto for lina med å likvidera det revolusjonære illegale partiet til proletariatet, gjera det til inkjes. Under den fyrste verdskrigen var han sentrist, dvs. han løynde det sosialsjåvinistiske standpunktet sitt under «venstre»-frasar om kamp mot krigen, frasar som tok sikte på å narra arbeidarklassen. I røynda støtta sentristane krigen. A. var fiendsleg til den sosialistiske Oktoberrevolusjonen. Han budde i utlandet og støtta væpna intervensjon mot Sovjet-Russland. s.65, 73ff., 135

BAUER, Otto (1882—1938): Ein av leiarane for sosialdemokratane i Austerrike og Den andre internasjonale. Ein av ideologane bak opportunisten og opphavsmann til teorien om «kulturelt nasjonalt sjølvstende». I 1918 og 1919 var han utanriksminister i den borgarlege austerrikske republikken, han tok aktivt del i undertrykkinga av den revolusjonære arbeidarrørsla i Austerrike. s. 114

BEBEL, August (1840—1913): Ein av grunnleggjarane av og ein framståande leiar for Det tyske sosialdemokratiske partiet og Den andre internasjonale. Var opphaveleg dreiar av fag. Aktiv motstandar av revisjonismen og reformismen i den tyske arbeidarrørsla. s. 47, 75, 83, 88, 101

BERNSTEIN, Eduard (1850—1932): Leiaren for den stridaste opportunistiske fløya i det tyske sosialdemokratiet og Den andre internasjonale. Under dekke av at det trongst ein «revisjon» av Marx si lære, forkasta han alle grunnsetningane i marxismen og sette fram eit reint reformistisk program for den tyske arbeidarrørsla. Dette ga opphav til ein langvarig internasjonal strid mot revisjonismen frå midten av 1890-åra og fram til hundreårsskiftet. Han forkasta den revolusjonære kjernen i marxismen og meinte at hovudoppgåva for arbeidarrørsla var å kjempa for reformar som kunne «forbetra» tilværet for arbeidarane under kapitalismen. Under den fyrste imperialistiske verdskrigen støtta han det tyske borgarskapet. s. 33, 45, 91

BLANC, Louis (1811—1882): Fransk småborgarleg sosialist og historikar, tok del i revolusjonen i 1848. s. 42

BRANTING, Hjalmar Karl (1860—1925): Reformistisk leiar for det svenske sosialdemokratiske partiet, ein av leiarane i Den andre internasjonale. s. 155

BRENTANO, Lujo (1844—1931): Borgarleg tysk økonom, han ville gjere slutt på klassekampen og meinte det var mogleg å oppheva dei sosiale motseiingane og forsona interessene til arbeidarane med interessene til kapitalistane ved å organisera reformistiske fagforeiningar og ei betre lovgeving om arbeidssituasjonen. s. 30

BUKHARIN, Nikolai Ivanovitsj (1888—1938): Medlem av Russlands sosialdemokratiske arbeiderparti (RSDAP) frå 1906. Under den fyrste verdskrigen gjekk han imot Lenin i spørsmålet om imperialismen, staten og den nasjonale sjølvråderetten. I 1917 hevda han at det var umogleg for den sosialistiske revolusjonen å kunne sigra i Russland. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen gjekk han fleire gonger imot generallina til partiet. I 1918 var han leiar for anti-partigruppa av «venstrekomunistar». I 1920—21 støtta han Trotski i diskusjonane om fagforeiningene, og frå 1928 var han ein av leiarane for høgreavviket i partiet. I 1937 vart han ekskludert frå partiet for anti-partiverksemda si. s.158ff.

CLEMENCEAU, Georges Benjamin (1841—1929): Borgarleg fransk statsmann. Forgrunnsfigur i fransk politikk i meir enn femti år. Han var statsminister under fyrste verdskrigen og leiar for fredsdrøftingane i Versailles. s. 49, 98, 208

DAN, (Gurvitsj) Fjodor Ivanovitsj (1871—1947): Russisk sosialdemokrat, mensjevikleiar. Leiar for ei utanlandsk likvidatorgruppe under reaksjonsåra 1907—10. Etter februarrevolusjonen i 1917 var han medlem av eksekutivkomiteen i Petrogradsovjetet der han støtta den

borgarlege provisoriske regjeringa. *D.* stridde aktivt mot Sovjetmakta etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen. I 1922 vart han vist bort frå landet på grunn av den kontrarevolusjonære verksemda si. s. 87, 268

DAVID, Eduard (1863—1930): Ein av leiarane for høgrefløya i det tyske sosialdemokratiet, revisjonist. Var sosialsjåvinist under den fyrste verdskrigen. s. 213

DENIKIN, Anton Ivanovitsj (1872—1947): General i den russiske tsarhæren. I 1919 oppretta han borgarskapets diktatur i Sør-Russland og Ukraina, med støtte frå dei britiske, amerikanske og franske imperialistane. Sommaren og hausten 1919 starta han ein offensiv mot Moskva, men vart slått av den raude hæren tidleg i 1920. s. 226

DJAVTSJENKO, Andrei Pavlovitsj (1875—1952): Gjekk med i Bol-sjevikpartiet 1917. I 1919 arbeidde han som sjukepleiar på Moskva-Kazan-jarnbanen. s. 234

DUTOV, Aleksander Iljitsj (1864—1921): Oberst i generalstaben til tsaristhæren. Ataman (d.e. leiar) for kosakkhæren i Orenburg. Han var ein av leiarane for dei kontrarevolusjonære kosakkopprøra i Ural 1917—1920. s. 16, 83, 137, 139

FOCH, Ferdinand (1851—1929): Framståande fransk general, ein av organisatorane av den væpna intervensjonen frå imperialismaktene mot Sovjet-Russland 1918—1920. s. 245

GOGOL, Nikolai Vasilevitsj (1809—52): Russisk forfattar. Debuterte med ei rekkje merkelege og fargerike fantasihistorier frå Ukraina. Skreiv komediar og humoristiske satirar over korrupsjonen i det russiske byråkratiet. Han var grunnleggjar av realismen i den russiske litteraturen. I hovudverket sitt, «Døde sjeler», skildrar han tilhøva for dei fattige bøndene undertrykt av liveigenskapen. På slutten av livet vart han religiøs grublar og ga opp skrivinga. s. 83

GOMPERS, Samuel (1850—1924): Ein av leiarane for den amerikanske fagrørsla. Fiende av sosialismen. Var president for den amerikanske arbeidarføderasjonen The American Federation of Labour (AFL). Han gjekk imot den internasjonale kampen til arbeidarklassen og tok eit sosialsjåvinistisk standpunkt under den fyrste verdskrigen. s. 99

GRIMM, Robert (1881—1958): Sosialdemokratisk leiar i Sveits. Var sentrist under den fyrste verdskrigen. Leiar for kongressen i Zimmerwald og Kinthal i 1915, som førde til styrking av den kommunistiske opposisjonen innanfor dei sosialdemokratiske vesteuropeiske partia. s. 92

GUESDE, Jules (1845—1922): Ein av grunnleggjarane og leiarane for Frankrikes sosialistiske parti og Den andre internasjonale. Før den fyrste verdskrigen leidde han den revolusjonære venstrefløya i partiet. Seinare vart han sosialsjavinist. Då den fyrste verdskrigen braut ut, gjekk han inn i den borgarlege franske regjeringa. s. 151

HAASE, Hugo (1863—1919): Tysk sosialdemokratisk leiar, sentrist, representant i Riksdagen 1897—1907 og 1912—1918. Saman med Kautsky var han med å organisera Det uavhengige sosialdemokratiske partiet i Tyskland i april 1917. s. 93, 100

HILFERDING, Rudolf (1877—1941): Ein av dei opportunistiske leiarane i Tysklands sosialdemokratiske parti og Den andre internasjonale. I den fyrste verdskrigen gjekk han inn for samarbeid med sosialimperialistane. s. 217

HINDENBURG, Paul von (1847—1934): Tysk general og president. Øvstkommanderande på Austfronten 1914—16. Generalstabs-sjef og leiar for alle dei tyske stridskreftene 1916—18. I 1925 vart han vald til president i Tyskland. Attvald i 1932, med Hitler som motkandidat. Året etter utnemnde han Hitler som rikskansler. Han var sjølv av junkerslekt (godseigar) og fremma interessene til junkarane. s. 245

JACOBY, Johan (1805—1877): Tysk journalist og politiskar, borgarleg demokrat. I 1872 gjekk han med i Det sosialdemokratiske partiet, under påverknad av hendingane i Pariskommunen. Marx og Engels sette stor pris på han som ein demokrat som slutta seg til den proletariske rørsle. s. 244

KALEDIN, Aleksei Maksimovitsj (1861—1918): Tsaristisk general, øvstkommanderande over Don-Kosakkhæren. Etter Oktoberrevolusjonen var han leiar for den kontrarevolusjonære oppstanden mot sovjetmakta i Don-området. s. 16, 78, 142ff.

KAUTSKY, Karl (1854—1938): Ein av leiarane og teoretikarane i det tyske sosialdemokratiet og Den andre internasjonale. Han var fyrst marxist og arbeidde med å gje ut dei etterlatne verka til Marx og Engels. Kritiserte Bernsteins revisjonisme i 1890-åra (sjå Bernstein). Seinare renegat og teoretiskar for ein avart av opportunismen, nemleg sentrismen (kautskyanismen). K. vende seg mot dei revolusjonære under den fyrste verdskrigen og støtta borgarskapet. Han kjempa mot bolsjevikane under Oktoberrevolusjonen og vart ein leiar fiende av den sosialistiske Sovjetstaten. s. 27ff., 242, 250

KERENSKI, Aleksander Fjodorovitsj (1881—1970): Sosialrevolu-

sjonær. Med i den borgarlege provisoriske regjeringa i Russland frå februar 1917, og leiar for den frå juli 1917. Førte ein anti-folkeleg politikk ved å halda fram med den imperialistiske krigen. Han let storborgarskapet og godseigarane halda på makta og undertrykte revolusjonen. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen levde han i utlandet. s. 10, 14, 22, 82, 95, 97, 118, 138, 140, 217

KOLB, Wilhelm (1870—1918): Tysk sosialdemokrat, ekstrem opportunist og revisjonist. s. 91

KORNILOV, Lavr Georgivitsj (1870—1918): Tsaristisk general, kommandant for Petrograd militærdistrikt frå mars 1917. Leiar for ein kontrarevolusjonær oppstand i august 1917. Etter Oktoberrevolusjonen kommanderte han kvitegarden «Den frivillige hæren». s. 82, 96, 117

KOLTSJAK, Aleksander Vasiljevitsj (1873—1920): Tsaristisk admiral. Ein av hovudmennene bak den russiske kontrarevolusjonen i 1918—1919, med god støtte frå dei imperialistiske intervensjonsmaktene. Kasta seg i 1920 opp til eineherskar av Russland, og leidde kontrarevolusjonen i Sibir. Han dro fram mot Sovjet-Russland frå aust gjennom Sibir og Ural, men vart slått av den røde hæren tidleg i 1920. s. 186, 202ff., 226ff.

KRASNOV, Pjotr Nikolajevitsj (1869—1947): Tsaristisk general, ein av leiarane for Kornilov-oppstanden i august 1917. I november 1917 kommanderte han over troppane som Kerenski sende mot Petrograd. I 1918—19 var han leiar for den kvite kosakkhæren ved Don. I 1919 rømte han til Tyskland, der han heldt fram med den kontrarevolusjonære anti-sovjetiske verksemda si. s. 83, 87, 139

LEGIEN, Karl (1861—1920): Leiar for den opportunistiske fløya i den tyske fagforeiningsrørsla. Under den fyrste verdskrigen tok han eit sosialsjåvinistisk standpunkt. s. 213

LIEBER (Goldmann Mikhail Isakovitsj) (1880—1937): Ein av dei russiske mensjevikleiarane. Etter februarrevolusjonen i 1917 var han medlem av eksekutivkomiteen i Petrogradsovetet av arbeidar- og soldatrepresentantar, og av presidiet av den sentrale eksekutivkomiteen der han tok eit mensjevikisk standpunkt. Han var mot Oktoberrevolusjonen. s. 87

LIEBKNECHT, Karl (1871—1919): Framstående leiar for den tyske og den internasjonale arbeidarrørsla. Han var ein av dei få som stilte seg klårt imot den sosialsjåvinistiske politikken til det tyske sosialdemokratiske partiet då krigen braut ut i 1914. Han var ein av dei leiande tyske internasjonalistane og røysta mot krigsløyvingane i Riks-

dagen, og vart ekskludert frå den sosialdemokratiske riksdagsgruppa. Han var ein av leiarane i Spartakusforbundet som kravde at dei kontrarevolusjonære troppane skulle verta avvæpna, at proletariatet skulle verta væpna, at statsmakta skulle vera i hendene på arbeidar-, bonde- og soldatråda, og at dei skulle samarbeida med Sovjet-Russland. I januar 1919 braut Spartakusforbundet med det sosialdemokratiske partiet og oppretta Tysklands kommunistiske parti. 15. januar 1919 vart *L.* myrda av kontrarevolusjonære. *s. 105f.*

LLOYD GEORGE, David (1863—1945): Britisk politiskar, leiar for det liberale partiet, statsminister 1916—1922. Han var ein av organisatorane av intervensjonen mot Sovjet-Russland og av blokaden mot Sovjetstaten. *s. 155, 208*

LONGUET, Jean (1876—1938): Ein av dei reformistiske leiarane for Det franske sosialistiske partiet og Den andre internasjonale. Under den fyrste verdskrigen var han sosialsjåvinist. I trettiåra gjekk han inn for aksjonseinskap mellom sosialistar og kommunistar mot fascismen og han tok del i internasjonale organisasjonar som kjempa mot fascismen og krigen. *s. 49, 89f., 92f., 99f., 105, 107, 114*

LUXEBURG, Rosa (1871—1919): Forgrunnsfigur i den polske og tyske arbeidarrørsla. Ein av leiarane i venstrefløya i Den andre internasjonale.

Om lag 1910 tok det til å veksa fram motseiingar innanfor venstrefløya i det tyske sosialdemokratiske partiet. *L.* gjekk m.a. til åtak på Kautsky, som tidlegare hadde stått som den teoretiske leiareren for denne fløya. Ho propaganderte for at massane skulle verta mobiliserte mot imperialismen og krigsfaren. Den gamle venstretreninga i partiet delte seg i sentristar med m.a. Kautsky og Hilferding på den eine sida, og i ei revolusjonær fløy på den andre, leidd av *L.*, Liebknecht og Zetkin. Den fyrste verdskrigen gjorde desse motseiingane djupare. *L.* tok straks eit klårt standpunkt både mot dei opne sjåvinistane og mot sentristane med Kautsky i brodden. *L.* var ein av dei leiande tyske internasjonale, og ein av leiarane for Spartakusforbundet. 15. januar 1919 vart *L.* myrda av kontrarevolusjonære.

Ho var ein stor revolusjonær, men veik av frå marxismen m.a. i det nasjonale spørsmålet og i spørsmålet om partiorganisasjonen, og vart kritisert av Lenin for det. (Sjå Lenin, «Nasjonenes rett til sjølbestemmelse» (1914) i *Utalgte verker i 12 bind*, Forlaget Oktober 1977, b. 5, s. 143—215.) *s. 44*

MACDONALD, James Ramsay (1866—1937): Britisk politiskar, ein av dei som starta og leidd Arbeidarpartiet. Sentrist under den fyrste verdskrigen. Statsminister i ei rekkje arbeidarpartiregjerings. I

1918—20 freista han å hindra dei britiske arbeidarane i å protestera mot den væpna intervensjonen mot Sovjetstaten. s. 89f., 93, 107, 114

MARTOV, L., (Tsederbaum, Juli Osipovitsj) (1873—1923): Mensjevikleiar, leidde det opportunistiske mindretalet på den andre kongressen til RSDAP i 1903. Tok eit sentristisk standpunkt under den fyrste verdskrigen. Etter Oktoberrevolusjonen fiende av sovjetregjeringa. I 1920 emigrerte han til Tyskland. s. 66, 70f., 242

MASLOV, Pjotr Pavlovitsj (1867—1946): Russisk sosialdemokrat og økonom. Han skreiv om jordbruksspørsmål, der han freista gjera om dei grunnleggjande læresetningane i marxismen om den politiske økonomien. Etter Oktoberrevolusjonen trekte han seg ut av politisk arbeid og heldt fram med pedagogisk arbeid og forskning. s. 110, 112, 118, 122, 129f.

MILJUKOV, Pavel Nikolajevitsj (1859—1943): Ein av leiarane for kadettpartiet. Etter februarrevolusjonen vart han utanriksminister i den borgarlege provisoriske regjeringa. Var tilhengjar av å halda fram med den imperialistiske krigen. Tok aktivt del i det kontrarevolusjonære Kornilov-opprøret i august 1917. Etter Oktoberrevolusjonen tok han del i fleire av intervensjonane mot Sovjetstaten. s. 82

MURAVJOV, Mikhail Artemjevitsj (1880—1918): Oberstløytnant i tsaristhæren. Etter februarrevolusjonen i 1917 slutta han seg til dei venstresosialrevolusjonære. Som øvstkommanderande for den raude hæren på austfronten då det tsjekkosllovakiske regimentet gjekk til opprør, synte han seg som forrædar og freista setja i verk ein oppreist som straks vart knust. s. 118

NOSKE, Gustav (1868—1946): Tysk høgresosialdemokrat, forrædar mot og slaktar av arbeidarklassen. Organiserte mordet på Karl Liebknecht og Rosa Luxemburg i januar 1919. s. 213

PLEKHANOV, Georgi Valentinovitsj (1856—1918): Framstående leiar for den russiske og den internasjonale arbeidarrørsla. Den fyrste som propaganderte for marxismen i Russland, og grunnleggjar av Gruppa for frigjering av arbeidet, den fyrste russiske marxistiske organisasjon (stifta 1883). Etter den andre kongressen til RSDAP (1903) inntok P. ei forsonande haldning til opportunismen og slutta seg til mensjevikane. Under den fyrste russiske revolusjonen i 1905—07 hadde han alvorlege usemjer med bolsjevikane i dei grunnleggjande spørsmåla om taktikken.

I reaksjonsåra sto han fram mot den machistiske revisjonismen av marxisme, dvs. mot tilhengjarane av den austerrikske fysikeren og filosofen *Ernst Mach*, som *proklamerte empiriokritismen* som den marxistiske oppfatninga av røyndomen. Lenin gjekk skarpt imot

empiriokritisismen i *Materialisme og empiriokritisisme* (1908). *P.* gjekk og imot likvidatorane (dei mensjevikane som ville likvidera proletariatets revolusjonære illegale parti. Han leidde den mensjevikgruppa som var for partiet. Under den fyrste verdskrigen tok han eit sosialsjåvinistisk standpunkt og etter den borgarleg-demokratiske revolusjonen i februar 1917, dro *P.* attende til Russland, der han støtta den borgarlege provisoriske regjeringa. Han var fiendsleg innstilt til den sosialistiske Oktoberrevolusjonen. s. 30, 76, 91, 110

POTRESOV (Starover), Aleksander Nikolajevitsj (1869—1934): Mensjevikleiar. Sto i brodden for likvidatorane under reaksjonsåra 1907—10 og var sosialsjåvinist under den fyrste verdskrigen. Etter Oktoberrevolusjonen vart han kvit-emigrant og fiende av sovjetregjeringa. s. 87

RENAUDEL, Pierre (1871—1935): Ein av dei opportunistiske leiarane for Det franske sosialistpartiet. s. 49, 89, 99, 107, 155

RENNER, Karl (1870—1950): Austerriksk rettssosiolog og politkar, leiar og teoretikar for høgrefløya til dei austerrikske sosialdemokratane. Ein av opphavsmennene til den borgarleg-nasjonalistiske teorien om «nasjonalt og kulturelt autonomi». s. 209

RODBERTUS, Johan Karl (1805—75): Tysk økonom, gjekk imot klassekampen og meinte at samfunnsproblema berre kunne løysast av ein sterk nasjonalstat med monarkistisk leing. Tilhengjar av reformer og ein av teoretikarane bak «statssosialismen». s. 133

SAVINKOV, Boris Viktorovitsj (1897—1925): Ein av dei sosialrevolusjonære leiarane. Han førte ein aktiv kamp mot Sovjetmakta og organiserte fleire kontrarevolusjonære oppreister og samansverjingar. s. 87, 117

SAINT-SIMON, Henri Claude (1760—1825): Fransk utopisk sosialist. s. 151

SCHEIDEMANN, Phillip (1865—1939): Ein av leiarane for den ekstreme høgrefløya i det tyske sosialdemokratiet. Leiar for den borgarlege tyske regjeringa frå februar til juni 1919. Undertrykte arbeidarrørsla brutalt. s. 49, 91ff., 163, 167, 209, 213, 217

SINOVJEV, Grigori Jevsejevitsj (Radomiski) (1883—1936): Slutta seg til den sosialdemokratiske rørsla frå 1901, til bolsjevikane i 1903, etter den andre kongressen til RSDAP. Sto på ei forsoningsline overfor likvidatorane, otzovistane og trotskistane under reaksjonsåra 1907—10. Internasjonalt under den fyrste verdskrigen. Saman med

Kamenev sveik han i oktober 1917 vedtaket i sentralkomiteen om å setja i gang væpna oppstand. I 1925 organiserte han «Den nye opposisjonen» og i 1926 var han ein av leiarane for Trotski-Sinovjev-blokka. Han vart ekskludert frå partiet i 1934 for anti-parti-verksemda si. s. 29f.

SJER, V. V. (1884—1940): Russisk sosialdemokrat, mensjevik. s. 256

STRUVE, Pjotr Bergardovitsj (1870—1944): Russisk borgarleg økonom og skribent, den fremste talsmannen for den «legale marxismen» på 1890-talet. Vart seinare ein av leiarane for kadettpartiet. Under den fyrste verdskrigen var han ein av ideologane til den aggressive russiske imperialismen. Etter Oktoberrevolusjonen vart han ein stor fiende av Sovjetmakta og var med i den kontrarevolusjonære regjeringa til Wrangel. Seinare emigrerte han. s. 30

SVINHUFVUD, Pehr Eyvind (1861—1944): Finsk jurist og politiskar. President då Finland vart sjølvstendig i nov. 1917. Med hjelp frå den tyske imperialismen slo han ned den finske revolusjonen med stor villskap. s. 164

TSERETELI, Irakly Georgievitsj (1882—1959): Mensjevikleiar. Sentrisk under den fyrste verdskrigen. Etter februarrevolusjonen vart han post- og telegrafminister i den borgarlege provisoriske regjeringa, etter julihendingane vart han innanriksminister. Han var leiar for anti-sovjetblokka i Den grunnlovgevande forsamlinga som kom saman etter Oktoberrevolusjonen, og sto i brodden for den kontrarevolusjonære mensjevikorganiseringa i Grusia. Etter at sovjetmakta vart oppretta i Grusia 1921 vart han kontrarevolusjonær emigrant. s. 118

TJERNENKOV, V. N. (f. 1883): Russisk sosialrevolusjonær, medlem av ei gruppe som i 1919 ikkje ville gå til væpna åtak mot sovjetmakta. s. 256

TURATI, Filippo (1857—1932): Reformistisk leiar i den italienske arbeidarrørsla. Ein av grunnleggjarane av Det italienske sosialistpartiet og leiar for høgrefløya. Sto for ei klassesamarbeidslinje mellom proletariatet og borgarskapet. Han gjekk imot Oktoberrevolusjonen og den revolusjonære rørsla mellom dei italienske arbeidarane. s. 93, 97, 99f.

VANDERVELDE, Emile (1866—1938): Leiar for den opportunistiske fløya i Det belgiske arbeidarpartiet og formann i det internasjonale sosialistbyrået i Den andre internasjonalen. V. vart sosialsjåvi-

nist og medlem av den borgarlege belgiske regjeringa under den fyrste verdskrigen, og gjekk hardt ut mot den sosialistiske Oktoberrevolusjonen. s. 145ff.

WEBB, Sidney (1859—1947): Velkjend engelsk reformist. Saman med kona si, Beatrice Webb (1858—1943), skreiv han fleire verk om historia til den britiske arbeidarrørsla. Under den fyrste verdskrigen tok han eit sosialsjåvinistisk standpunkt. Hadde stor sympati for Sovjet-Russland etter Oktoberrevolusjonen. s. 49

WILHELM II (Hohenzollern) (1859—1941): Prøyssisk konge og tysk keisar (1888—1941). s. 98

WILSON, Woodrow (1856—1924): President i USA (1913—1920). Ein av hovudmennene bak den militære intervensjonen mot Sovjet-Russland frå dei imperialistiske statane. s. 155, 167, 208f.

Våren 1918 slår framande imperialistar og russiske kontrarevolusjonære seg saman for å knusa Sovjetrepublikken. Den utanlandske militærintervensjonen og borgarkrigen tar til.

I denne boka drøftar Lenin korleis ein må gå fram for å hindra at revolusjonen lir nederlag. Han skriv «*Den proletariske revolusjonen og renegaten Kautsky*». Her svarar han på dei rasande åtaka den tyske opportunisten Kautsky retta mot proletariatets diktatur. Lenin syner at Kautsky i røynda var for borgarskapets diktatur.

Boka om Kautsky er eit sviande oppgjer med all slags «marxisme» i ord, men opportunisme i gjerning. Moderne revisjonistar og alle som svindlar med dei marxistiske klassikarane vert her brennmerkt som handlangarar for borgarskapets kamp mot den proletariske revolusjonen.

LENIN: UTVALGTE VERKER

Den proletariske revolusjonen og renegaten Kautsky er band 10 i Lenin-serien *Utvalgte verker i 12 bind* frå Forlaget Oktober. Lenins skrifter er ein del av sjølve grunnlaget for den revolusjonære teorien til arbeidarklassen, difor høyrer desse 12 banda heime i bokhylla hos alle klassemédvitne arbeidarar og andre revolusjonære.



ISBN 82-7094-210-3

Kr. 38,-